

WIDENER
HN NbZ1 J



Harald Jensen
Kjöbenhavn, Danmark, 1902.

Noregs Saga

i Stuttmaal.

Elder

Forteljning om dei største Tilburdarne med Nordmennerne og deira Tilstand i Noreg gjenom Forntidi til vaare Dagar.

Skrivi i Landsmaalet

av

Eirik M. Torvaldsson Sommer.

Christiania.
P. T. Mallings Forlagsboghandel.

1862.

Noregs Saga

i Stuttmaal.

Elder

Forteljning um dei største Tilburdarne med Nordmennerne og deira Tilstand i Noreg gjenom Forntidi til vaare Dagar.

Skrivt i Landsmaalet

av

Eirik M. Torvaldsson Sommer.

Christiania.

P. T. Mallings Forlagsboghandel.

1862.

P. T. Mallings Bogtrykkeri.

Fortale.

Forleggjaren til denne Boki hever bedet meg um at skriva nokre Ord som ein Fortale; og naar eg visste, at det kunde vera til nokor Rettleiding, so skulde eg inkje hava so myket imot det helder.

Det vil vera kunnigt, at Seminarist E. Sommer i Trondheim fyre nokre Aar sidan hadde sendt ei Prøva av ei Noregs-Saga i Landsmaalet til Folkupplysnings-Selskapet i Christiania, og at nokre smaae Stykke av denne Skrifti vaaro prentade i „Folkevennen" i 1858. Etter som det no vil syna seg, hever han sidan drivet trottigt paa med det tiltekne Verket; og me vita ogso, at han hever kostat baade Tid og Tenkning paa det og gjort mange Umbøtingar i Uppskrifti, fyre det at Boki skulde verda til større Gagn fyre Aalmugen.

Det, som Folk vilja fyrst merka ved denne Boki, er at ho er skrivi i eit Maal, som er litet kunnigt i Skrift. Den Tanken, som visar seg i denne Freistnaden, kann vel snaraste tydast soleides, at sidan det no lenge hever voret so, at Aalmugen laut læra tvau Maal, eit til Tale og eit til Skrift, so vilde det inkje skada, um Aalmugen ogso fekk nokre Bøker til at lesa i det Maalet, som han sjølv kann tala, og som høyrer Landet til ifraa gamle Tider. Det hever ymist voret freistat at skriva beint fram etter Talen i eit Bygdarmaal; men detta hever den Meinsemdi med seg, at det daa vil verda mange Maalformer, og ingi som er rett til Gagns. Difyre var det helder freistande at taka det beste, som finst i Landet, og lempa seg nokot etter det gamle Maalet, som er Roti til alle vaare Bygdarmaal. Paa denne Maaten kann Maalet verda lettare til at lesa og greidare til Likning med alle Bygdarmaali; og so hever det ogso den store Vinningen med seg, at Aalmugen daa kann faa ein rettare Tanke um Landsens Maal, en som han fyrr hever havt.

Denne Tanken hever ymist voret sett i Verk, og me ero fleire, som hava freistat paa det same. Og som det her visar seg, hever denne Mannen rettat seg myket etter oss andre, so det inkje er nokon stor Skilnad i Skrivemaaten. Vistnog kunde eg segja, at det kanskje er eit og annat Ordlag, som eg vilde hava sett paa ein annan Maate; men detta hever no inkje so stort at tyda; for det er so litet, som er skrivet i detta Maalet, at det inkje er ventande, at alle Smaating skulde no alt vera so grant avgjorde, at det inkje kunde vera ein einaste Skilnad i nokon Ting.

Um Innhaldet i Boki kunde det ogso vera nokre faae Ord at segja. Det er synligt, at Boki er mest etlad til Lesnad fyre Aalmugen i Bygdom og helst fyre Ungdomen. Det er so til at taka, som um ein Mann vilde tala til ei Samning av Aalmugafolk og fortelja deim alt det vigtugaste, som hever hendt i Landet fraa dei eldste Tider, som me vita nokot um. Det maatte her vera mest etterseet, at ForteIningi var greid elder tydeleg, og at det alltid var nokot med, som kunde vera huglegt at høyra og lett at minnast. Her er soleides mange Smaasegner og Samtalar innflettade, som vel inkje hava nokor stor Vigt i ei Landssaga, men som derimot hava den Dygdi, at dei ero lette at lesa og festa seg lett i Minnet. Av same Orsaki er det vel ogso, at Framsetningi hever vordet nokot lang i fyrste Deildi og derimot myket stutt i sidste Parten av Boki; for det fell alltid lettare at fortelja um den gamle Tidi, daa alle Tilburdar ero so meisterlega framsette i vaare gamle Skrifter; medan derimot den seinare Tidi hever litet til at bjoda av slik Fortelning, som Aalmugen hever meste Hugen til at høyra.

Eg tenkjer soleides, at Aalmugafolk vist kunna hava Gagn av at lesa denne Boki, og at Lesnaden vil falla deim nokorleides lett, naar dei fyrst hava vant seg nokot til Skrivemaaten, so dei kunna tenkja seg Ordi uttalade i det Maalføre, som dei sjølve ero vande til. For det vil vera eit litet Lag med Lesnaden i detta Maalet som i alle andre, naar det skal vera greidt og heimlegt fyre deim, som høyra paa Upplesingi.

Christiania, 6te Oktober 1862.

J. Aasen.

I. Noreg i den eldste Tidi.

1. Den fyrste Skipnaden[1] hjaa Nordmennerne i Noreg. Deira Tru og Sed.

Noreg er Fedralandet vaart, og Nordmenner kalladest Federne vaare, likasom Folket vaart kallast enno. Det var inkje Folk her i Landet fyre Nordmennerne, utan berre nokre Finnar, som raako um[2] paa Fjelli med Reins-Dyrom sine, og nokot annat faamennt Folk, som det er funnet Merke etter mest sud i Landet. I Dalarne og paa Slettorna stod Skogen daa so stor og tjukk, som han hadde vakset fraa Skapingar-Tidi; Oks eller Eld hadde inkje minkat honom endaa.

Nokre Hundrad Aar fyre Kristi Burd[3] og lenge etter strøymde det stora Folkaferder austan or Asia vest yver Europa[4] og funno seg nye Bustader dar. Dei toko ymse Veger og stadnade i ymse Land. Soleides for[5] det Folket, som kallast Tydskar, mest den midre Vegen; andre vaaro Angelsaksar (Engelskmenner), Gautar og fleire. Men av den Folka-Greini, som tok den nordste Vegen, er vaart Folk Nordmennerne komet. Denne nordste Folkagreini hadde fyrr Heimen sin i Asia aust-med Volga-Elvi, og ferdadest vest og nord etter, til dess ho møtte Hav. So skilde[6] ho seg paa ymse Veger: sume Flokkar foro nord um

1) Skipnad (les Skjipnad) av skjipa, det er: stella i Lag (kvat Maate dei lagade seg paa i Landet, so dei kunde hjelpast). 2) Raako um, rak, flakkade um. 3) Burd, Fødsla. 4) Sjaa etter paa Landkart. 5) for, (med lang o), av fara. 6) Les skjilde.

Noregs Saga

i Stuttmaal.

Elder

Forteljning om dei største Tilburdarne med Nordmennerne og deira Tilstand i Noreg gjenom Forntidi til vaare Dagar.

Skrivi i Landsmaalet

av

Eirik M. Torvaldsson Sommer.

Christiania.
P. T. Mallings Forlagsboghandel.

1862.

Noregs Saga

i Stuttmaal.

Elder

Forteljning um dei største Tilburdarne med Nordmennerne og deira Tilstand i Noreg gjenom Forntidi til vaare Dagar.

Skrivt i Landsmaalet

av

Eirik M. Torvaldsson Sommer.

Christiania.

P. T. Mallings Forlagsboghandel.

1862.

P. T. Mallings Bogtrykkeri.

Fortale.

Forleggjaren til denne Boki hever bedet meg um at skriva nokre Ord som ein Fortale; og naar eg visste, at det kunde vera til nokor Rettleiding, so skulde eg inkje hava so mykret imot det helder.

Det vil vera kunnigt, at Seminarist E. Sommer i Trondheim fyre nokre Aar sidan hadde sendt ei Prøva av ei Noregs-Saga i Landsmaalet til Folkupplysnings-Selskapet i Christiania, og at nokre smaae Stykke av denne Skrifti vaaro prentade i „Folkevennen“ i 1858. Etter som det no vil syna seg, hever han sidan drivet trottigt paa med det tiltekne Verket; og me vita ogso, at han hever kostat baade Tid og Tenkning paa det og gjort mange Umbøtingar i Uppskrifti, fyre det at Boki skulde verda til større Gagn fyre Aalmugen.

Det, som Folk vilja fyrst merka ved denne Boki, er at ho er skrivi i eit Maal, som er litet kunnigt i Skrift. Den Tanken, som visar seg i denne Freistnaden, kann vel snaraste tydast soleides, at sidan det no lenge hever voret so, at Aalmugen laut læra tvau Maal, eit til Tale og eit til Skrift, so vilde det inkje skada, um Aalmugen ogso fekk nokre Bøker til at lesa i det Maalet, som han sjølv kann tala, og som høyrer Landet til ifraa gamle Tider. Det hever ymist voret freistat at skriva beint fram etter Talen i eit Bygdarmaal; men detta hever den Meinsemdi med seg, at det daa vil verda mange Maalformer, og ingi som er rett til Gagns. Difyre var det helder freistande at taka det beste, som finst i Landet, og lempa seg nokot etter det gamle Maalet, som er Roti til alle vaare Bygdarmaal. Paa denne Maaten kann Maalet verda lettare til at lesa og greidare til Likning med alle Bygdarmaali; og so hever det ogso den store Vinningen med seg, at Aalmugen daa kann faa ein rettare Tanke um Landsens Maal, en som han fyrr hever havt.

Denne Tanken hever ymist voret sett i Verk, og me ero fleire, som hava freistat paa det same. Og som det her visar seg, hever denne Mannen rettat seg myket etter oss andre, so det inkje er nokon stor Skilnad i Skrivemaaten. Visstnog kunde eg segja, at det kanskje er eit og annat Ordlag, som eg vilde hava sett paa ein annan Maate; men detta hever no inkje so stort at tyda; for det er so litet, som er skrivet i detta Maalet, at det inkje er ventande, at alle Smaating skulde no alt vera so grant avgjorde, at det inkje kunde vera ein einaste Skilnad i nokon Ting.

Um Innhaldet i Boki kunde det ogso vera nokre faae Ord at segja. Det er synligt, at Boki er mest etlad til Lesnad fyre Aalmugen i Bygdom og helst fyre Ungdomen. Det er so til at taka, som um ein Mann vilde tala til ei Samning av Aalmugafolk og fortelja deim alt det vigtugaste, som hever hendt i Landet fraa dei eldste Tider, som me vita nokot um. Det maatte her vera mest etterseet, at Forteljingi var greid elder tydeleg, og at det alltid var nokot med, som kunde vera huglegt at høyra og lett at minnast. Her er soleides mange Smaasegner og Samtalar innflettade, som vel inkje hava nokor stor Vigt i ei Landssaga, men som derimot hava den Dygdi, at dei ero lette at lesa og festa seg lett i Minnet. Av same Orsaki er det vel ogso, at Framsetningi hever vordet nokot lang i fyrste Deildi og derimot myket stutt i sidste Parten av Boki; for det fell alltid lettare at fortelja um den gamle Tidi, daa alle Tilburdar ero so meisterlega framsette i vaare gamle Skrifter; medan derimot den seinare Tidi hever litet til at bjoda av slik Forteljing, som Aalmugen hever meste Hugen til at høyra.

Eg tenkjer soleides, at Aalmugafolk visst kunna hava Gagn av at lesa denne Boki, og at Lesnaden vil falla deim nokorleides lett, naar dei fyrst hava vant seg nokot til Skrivemaaten, so dei kunna tenkja seg Ordi uttalade i det Maalføre, som dei sjølve ero vande til. For det vil vera eit litet Lag med Lesnaden i detta Maalet som i alle andre, naar det skal vera greidt og heimlegt fyre deim, som høyra paa Upplesingi.

Christiania, 6te Oktober 1862.

J. Aasen.

I. Noreg i den eldste Tidi.

1. Den fyrste Skipnaden[1] hjaa Nordmennerne i Noreg. Deira Tru og Sed.

Noreg er Fedralandet vaart, og Nordmenner kalladest Federne vaare, likasom Folket vaart kallast enno. Det var inkje Folk her i Landet fyre Nordmennerne, utan berre nokre Finnar, som raako um[2] paa Fjelli med Reins-Dyrom sine, og nokot annat faamennt Folk, som det er funnet Merke etter mest sud i Landet. I Dalarne og paa Slettorna stod Skogen daa so stor og tjukk, som han hadde vakset fraa Skapingar-Tidi; Oks eller Eld hadde inkje minkat honom endaa.

Nokre Hundrad Aar fyre Kristi Burd[3] og lenge etter strøymde det stora Folkaferder austan or Asia vest yver Europa[4] og funno seg nye Bustader dar. Dei toko ymse Veger og stadnade i ymse Land. Soleides for[5] det Folket, som kallast Tydskar, mest den midre Vegen; andre vaaro Angelsaksar (Engelskmenner), Gautar og fleire. Men av den Folka-Greini, som tok den nordste Vegen, er vaart Folk Nordmennerne komet. Denne nordste Folkagreini hadde fyrr Heimen sin i Asia aust-med Volga-Elvi, og ferdadest vest og nord etter, til dess ho møtte Hav. So skilde[6] ho seg paa ymse Veger: sume Flokkar foro nord um

1) Skipnad (les Skjipnad) av skjipa, det er: stella i Lag (kvat Maate dei lagade seg paa i Landet, so det kunde hjelpast). 2) Raako um, rak, flakkade um. 3) Burd, Fødsla. 4) Sjaa etter paa Landkart. 5) for, (med lang o), av fara. 6) Les skjilde.

Dystressjoen[1] og lenger vest etter; det var Nordmennerne, og dæa komo dei inn i Noreg; andre Flokkar kalladest Svear (Sviar), dei foro midt yver Dystressjoen, og toko det Landet som vardt kallat Svitjod elder Sverike; Danerne siglde lenger sud yver Dystressjoen, og dei toko det Landet, som sidan er kallat Danmark. Soleides ero Svearne og Danerne dei næste Skyldsolki[2] aat oss Nordmennerne. Nokre Flokkar av same Folkegreini vordo verande atter paa hi Sida aat Dystressjøen, — og vordo raadande der i Gardarike (Rysland). Gautarne vaaro fyrr komne sunnan fraa inn i Danmark og i den synnste Luten av Sverike og i nokra Bygder i Noreg. Med deim og Nerdste-Folki vardt det eit hardt Møte ein Gong sidan.

Det Folka-Namnet Nordmenner, som dei forne Federne vaare aatte, og som me hava ervt[3] etter deim, det kom av di, at Folket for i Nord og breidde seg ut nordan ifraa yver Landet. (Nordmenner — det er Menner nordanfraa). Lands-Namnet Noreg kjem av det same, det var i Forntidi Norðrvegr, som tyder den nørdre Vegen. Federne vaare kallade seg og Noregsmenner og norrøne Menner. Alt det, som kom ifraa Nordmennerne, elder som aatte Heim i Noreg, var kallat norrønt (no verd sagt norskt); soleides norrøn Klædnad, norrønt Tungo-Maal, norrønt Skip, norrøna Varor).

Nordmann var eit govugt[4] Namn,
Noreg var dess trygge Hamn,
Alt norrønt var Æra,
— U-øydt[6] skal det vera!

Nordmenner, Svear og Daner vordo kvar fyre seg eit Hovudfolk elder ei Tjod[6], som dei Gamle sagde. Nordmanna-Tjodi breidde seg langsamt ut-yver alt Landet vest fyre Fjellet Kjølen[7], og hundrad Aar fyre Krist skal dei hava naatt fram paa alle Leiti, der som Landslaget var nokot lettvinnt, berre Finnmarki fraateki. Svea-Tjodi[8] bu-

---

1) Dystressjoen er Havet imillom Sverike og Rysland. 2) Les Skjyldfolki. 3) Erva — erver — ervde — ervt (Fengjet i Arv). 4) Govugt, same som hævt. 5) U-øydt, ikkje øydt elder gjort til inkje. 6) Les Tjood. Det, som fyrr hadde voret berre eit stort Folkaslag, det skilde seg i tri store olk (Hovud-Folk), eit af deim var Nordmennerne. 7) Kjølen, Fjellet imellom Noreg og Sverike. 8) Svearne, det svenske Folket.

sette seg austfyre Kjølen sud til dei store Vatni Venern og Vettern. Sunnan fyre desse Vatni budde Gautar og Daner. Lika so budde Gautar og Daner paa den jutske Halv-øyi og Øyarne atmed henne (det som no er kallat Danmark). Nordmanna-Tjodi skilde seg i manga stora Ættar-Greiner[1], og det var kvor av desse, som var kallad eit Folk[2]. Kvart Folk tok ein Bolk[3] av Landet fyre seg sjølv, og det Landstykket var kallat eit Fylke[4] (Folk-land), soleides Raumar, Folket i Rauma-Fylke[5], Sygner i Sygna-Fylke[6] osv. Fylki laago ofta langt fraa kvarandre og store Fjell og Skogar laago imillom deim, so dei hadde inkje myket Samkvæme med kvarandre. Difyre laut kvart Folk skipa[7] seg fyre seg sjølv i Fylket sit, og det vardt inkje Samfeste imillom Fylki. Kvart Fylke hadde sit Ting og sine Loger[8] og Lands-Stjorn[9] fyre seg sjølv. Soleides vardt kvart Fylke som eit sjølvstødugt Rike og hadde ingi Samgreidor med dei andre. Berre i Kaupferd og stundom i Stridsferd søkte dei heim aat kvarandre. Det var kringum tretti slike Fylke elder Smaa-Rike her i Noreg. Etter di som Folket busette seg i Landet, so toko dei rike og velduge Mennerne seg ei Jordvidd kvar, og no laut Øksi ljoma, Skog vardt rudd og Gardar bygde. Faatøke[10] Folk fingo leiga seg Jordrum av hine og luto reida Landskyld[11] fyre di; dei kalladest Leiglendingar. Den Mannen, som tok Jord og bygde Gard, han aatte og Garden med di all si Tid og reidde ingen Skatt av honom; etter hans Dagar kunde ingen annan en næste Ættingen hans faa honom i Eiga; var Garden seld, so hadde han Rett til aat loysa hanom atter. Denne Retten til Jordi var kallad Odal, og Eigaren kalladest Odalsmann elder Hauld[12]. Baade Odalsmann og Leiglending var kallad Bonde (bu-

1) Ei Ætt er det same som eit Skyldfolk. 2) Eit Folk var daa berre et Deild af all Nordmanna-Mugen. 3) Bolk, et Avdeild, ein Lut. 4) Eit Fylke, fleire Fylke, — desse Fylki. 5) Raumarike rokk fraa Oslofjorden og upp med Mjøsi. 6) Sogn, vest i Landet. 7) Skipa seg: laga, stella seg. 8) Ei Log er Bodord, som dei lyt retta seg etter alle, som ero under deim. (Fleirtal: Loger). 9) Styrnad, det aat styra. 10) Faatøk, den, som hever berre faatt (litet) aat taka, som eig berre Litet. 11) Landskyld er Leigo-Pengar fyre Jord. 12) Hauld var eit gildt Namn paa den, som aatte stor Jord. Kunde det inkje brukast no og lika godt som eit framandt Namn?

ande, ein som hever fast Bu). Dei kalladest og Tegnar, fyre di dei vaaro frie Menner. Rike Menner aatte og Trælar elder ufrie Tenarar, som fraa fyrsto vaaro hertekne (i Strid) elder kaupte, so Husbonden aatte deim som Kyr og Hestar og kunde gjera med deim, kvat han vilde, men dei livde daa tollega, og sume fingo tena seg lause.

Dei forne Federne vaaro inkje Kristne fyrr tusund Aar etter Kristi Burd. Men Guda-Trui deira var vitugare og reinare en dei fleste Heidinga-Truer, og ho hadde og nokon god Verknad paa Folket. Ho kallast Aasa-Trui, og ein kann vita henne av dei gamle Kvædi deira og Visorna, som det stend mange av i tvo gamla Bøker, kallast den eldre og den yngre Edda. — Det skulde i Upphavet[1] vera tvo store Heimar, ein Muspelheim, full av Eld og Ljos, og ein Nivlheim, full av Myrker og Kalde. Imillom deim var eit stort Rum, der som Jotunen[2] Ymer og Av-Eldet hans livde. Gudarne kalladest Æserne[3]; dei draapo detta rimkalde Trollet, han Ymer, og gjorde det, som betre var, i Staden: dei skapade Verdi (elder Himelen og Jordi) av Likamen hans, so som dette Verset segjer:

Or Ymis holdi
var iörð um sköpuð,[4]
en or beinum biörg,[5]
himinn or hausi
ins hrimkalda iötuns,[6]
en or sveita sior.[7]

Aasgudarne skulde sidan hava skapat den fyrste Mannen, som heitte Ask, og den fyrste Kona, som heitte Embla,

---

1) Uppbavet: Byrja, Fyrsta. 2) I Staden fyre Jotun verd og sagt Jutul (Troll). 3) Ein Aas, fleire Æser, Æserne. 4) Verset er av Vavtrudnesmaal i Edda. Eg set dette her i det gamle norske Maalet utan Avbrøyte til ei litt Syning av Norrøna-Tunga. Tydning: Or Holdet (Kjøtet) hans Ymer var Jordi skapad. 5) Men or Beini hans vaaro Bergi skapade. 6) Himelen var skapad or Hausen (Skolten) av hin rimkalde Jotunen. 7) Men or Sveiten (Blodet hans) var Sjoen skapad. — Dei Gamle hadde mange Rim i Versi sine; men det høyrest inkje so hert fyre deim, som ero uvane med deim. I det fyrste Par Rader er desse Rim: fyrste Bokstaven i: Or — Ymis — iörð, o — y — jö, (Sjølvljod skal vera ulike). I tridje Radi: b — b (i beinum — biörg; Medljod skal vera like). I andre Halv-Verset er desse Rim: h — h — h (i: himinn — hausi — hrimkalda) og: s — s (i sveita — sior).

og gjevet deim Jordi. Av deim vlost daa alle Menne[1] sidan. Gudarne saato i Himelen og styrde Folket og all Verdi. Den veldugaste av deim var Odin, han kalladest All-fader, og fraa honom kom alt Liv og Ande. Han gav og Folk Gaava til aat dikta og herde Hugen deira til Strid. Kona hans var Frigg; Sønerne deira var Tor og Tyr og den blide Balder, som raadde fyre Uskyld og Godlynde[2]. Tor var Styrkens Gud; han var alle Manna Ven og Verja imot Jøtnarne, Ætti til Ymer, som laago kringum deim med alt Illt. Jøtnarne laago og i Strid med Aasgudarne og vilde støyppa ned Skipnaden deira i Verdi og øyda alle God-Verki, som Aasgudarne gjorde; dei slengde ut Daude medan Æserne sende Liv. Tor hadde ein Hamar, som han kunde knustra Alting smaa som Mjøll[3] med, endaa Bergi, og di fyre var Hamaren kallad Mjøllner. Denne Hamaren slengde Tor jamnan imot Jøtnarne, og det var med Naud, at han varde[4] Riket deira Aasgudarne[5] med di. Ein Jøtun heitte Loke, han var myket fager men endaa meir svikal og full av Illska[6]. Aasgudarne hadde teket honom i Lag med seg, og det vardt deira Skade; fyredi Loke drap Balder, og Hel, Dotter til Loke, den bleike Seggja, som raadde fyre Dauden, ho tok honom til Helheim aat seg. Og so veikte han og Styrken aat Aasgudarne med di, at han let Jøtnarne faa vita Raaderna, som Æserne toko, og freistade jamnan at hjelpa Jøtnarne og skada Æserne sjølve og øyda det, som dei vilde fremja og verja. Æserne bundo Loke; men dei kunde inkje tyna honom. Det var og mange andre Gudar og Diser (Gydjor, kvinnelege Gudar), so som dei tri Nornerna, som raadde myket yver baade Gudar og Menne, og Valkyrjorna, som Odin sende ut, der som Strid var, til aat heimta inn i Valhalli, Salen hans, dei Venerne hans, som fallne vaaro; dei kalladest Einherjar[7], og dei skulde fylgja Aasgudarne i den sidste Striden deira imot Jøtnarne. — Dei Menne, som merkte seg med Dygd og Godverk og Sannmæle[8] og Mod i Strid, deira Ander skulde hevjast upp til Samliv

---

1) Menne: eit Menne, fleire Menne, dette er eit lett Ord i Staden fyre Menneskja. 2) Lynde: Huglag, Hjartalag; Godlynde, godt Hjartalag. 3) Mjøll: det som er ør smaat. 4) Varde, av verja. 5) Det er: Æserne sit Rike. 6) Illska, det som vondt er. 7) Einherjar er Stridsmenner; ein tyder her utmerkt, soleides: utmerkta Kjempor. 8) Sannmæle, det aat vera sann-orden, inkje ljuga.

med Gudarne i deira skinande[1] Himla-Salar, so Hel inkje fekk meir av deim en det likamlega Emnet. — Den sidste Striden kalladest Ragnarøk (Styrke-Slitingi); daa kom Loke til aat slita seg laus, og han sjølv med det storille Avelde't sit, Midgards-Ormen og Fenris-Ulven, skulde samna alle Jøtnarne og Trolli og møta Æserne i det hardaste Kapp[2]. Daa skulde Æserne og Jøtnarne fella kvarandre, og Surt, Høvdingen i Muspelheim, skulde slengja ut Logarne sine yver Jordi og brenna henne upp, og so skulde ho søkka ned i Havet.

Men Jordi skulde øydast berre til dess, at ho kunne nyskapast hævt og dyrlega[4]. Det skulde koma upp ei fagrare Jord or Havet og ho skulde mannast med ei sterkare Folka-Ætt. Æserne skulde og livna upp atter og sitja i dei forne Himla-Salarne sine. Daa skulde og dei avlidne, gode Anderna samnast med Odin i den ljosande Salen Gimle. Dei vonde skulde støypast ned i Naastrondi[3] i Nivlheim og vada der um all Æva[5] i tunge og kalde Eiter-Straumar imillom kvasse Orma-Ryggjer. Daa skulde det og koma ein veldug ein, som ingen torde nemna, og syna seg i Stor-Dyrd[6], og med di skulde alt Godt hava vunnet fullkomen Siger[7], og alt det Vonde vera burte. Myrker-Draken Nidhogg skulde fljuga burt med Dauden paa Vengjerne sine. — Denne Trui gjorde visst nog dei forne Federne vaare lika hjelplause som andre Heidingar; men det finnst daa mange reine Grunn-Tankar atter i henne, og ho var lagleg til aat halda Folket nokot av ifraa det vonde og driva deim til det, som godt var. Men ho gjorde og det, at Nordmennerne fingo ovsterk[8] Hug til Strid.

Dei heidne Nordmennerne dyrkade Gudarne mest i Gudahus, som dei kallade Hov[9], og der hadde dei Bilæte[10] av dei kjæraste Gudarne uppsette. Dei blotade[11] Dyr, mest Hestar, som dei hoggo ned og limade[11] sunder; og dei

1) Les skjinande. 2) Strid, av kappast, strida. 3) Dyrlega, det er: som allagjildast, hævast. 4) Naastrondi, (oven o, mest som Straand) det er: Lik-strandi. 5) Æva: ævig Tid, Endeløysa. 6) Stordyrd, størst Hævskap og Heider. 7) Siger, open i, mest som Seger. 8) Ov- — tyder: for myket. 9) Hov, open o, mest som Haav. Paa det Gardarne, som enno kallast Hov, Hove, Hoven, Haav osv., hever det visst stadet Hov (Gudahus), som Namnet daa er komet av. 10) Bilæte, open i (Bel —). 11) Blota, blotade: ofra. 12) Limade, open i (mest som lem —).

skvette Blodet paa Guda-Bilæti, paa Hovs-Veggjerne og paa Folka-Mugen; di næst heldo dei Veitsla[1] (elder Gjestalag) og aato Kjøtet og Soddet og drukko or Horn Minnes-Skaaler aat Aasgudarne. Naar det var stor Naud, so blotade dei og Menne, jamnast Trælar og Illmenne[2]. Dei heldo tri stora Blot-Veitslor[3] um Aaret, det var Vetternatta-Blot, daa dei blotade til godt Aar, og Midvetters-Blot (elder Jol), daa dei blotade til Fred og god Vetter, og Sumarnatta-Blot, daa dei blotade til Siger.

Nordmennerne hadde inkje eigenlege Prestar, men Hov[4] hadde dei mange. Den Bónden, som aatte eit Hov, han var Prest sjølv og blotade; han var kallad Gode. Nokra Bygder vaaro saman um aat halda eit Hov, som dei sokte alle til, og dessa Bygderna vaaro kallade til saman eit *Herad*. Den Bonden, som raadde fyre Herads-Hovet, han var kallad *Herse*, og han var Formann fyre dei andre Godarne og Aalmugen i alt Heradet. Det var fleire Herad i kvart Fylke. Dei hadde og Hov, som alt Fylket var saman um (Fylkes-Hov), og den Goden, som raadde fyre det, han var Høvding yver Hersarne og Aalmugen i alt Fylket. Han var i fyrste Tidi kallad *Fylker* og sidan *Konung*; men det var og andre ætt-store[5] Menner, som vordo kallade Konungar. Andre Høvdingar, som styrde Her i Strid, kalladest Jarlar; sidan vaaro dei kallade *Jarlar*, som hadde største Byrdingi og Valdet næst Konungen. Soleides vaaro Høvdingarne Konungar, Jarlar og Hersar; Konungen og Jarlen hadde *Tign*[6], men inkje Hersen. Konungen hadde ein Mann-Flokk i Tenesta si, som han gav Kost og Løn; dei vaaro jamnan ikring Konungen og gaavo honom Raader og greidde dei Ærenderna, som han sette deim til. Flokken kalladest *Hyrd*, og kvar Mann *Hyrdmann*, fyre di dei skulde hyrda elder varna Konungen; dei vaaro dei æro-gjernaste

1) Veitsla, av veita, gjeva, lata til (dei Ting, som dei skulde gjera seg til Goda med i Laget). 2) Illmenne, et Menneskja, som hever gjort vond Gjerning, so han skulde hava Dauden elder onnor hard Refsing fyre det. 3) Blot, det var Ofring. Blot-Veitslor, Høgtider, daa Folket samnadest aat Hovi og ofrade og hadde glade Lag til Æra aat Gudarne. Vetter, same som Vet', Vinter; Vetternæter: dei fyrste Samdøgri av Vettren (15 Okt.); Sumarnæter: Fyrsta av Sumaren (15 Apr.). 4) Gudahus. 5) Ætt-stor, som er komen av stor Ætt, av hævt Folk. 6) Tign er Storvyrda (Majestæt).

Menner og dei snarpaste Kappar[1] i Striden, dei hadde og Heiders-Staden næst Konugen.

Nordmennerne vaaro myket kjære fyre Fridomen, dei gaavo inkje Konungarne og dei andre Høvdingarne nokot stort Vald yver seg. Fylkes-Konungen kunde ikkje fremja nokon aalmenn Sak, som var vigtug, utan han fekk Samtykkje av Aalmugen til di. Han var den høgste Hov-Gode i Fylket. Han var Semjar[2] i Trættor elder Domar, naar dei, som usaatte[3] vaaro, vilde hava honom til aat telja til Sætt[4] elder segja Dom i Saki deira. Han var Herførar i Ufred og hadde Umsyn med, at Log vardt fylgd og Rett gjekk fram. Folket greidde sjølv Sakerna sina paa Tinget. Konungen elder dei Mennerne, som klokaste vaaro, sagde der fram Emne til Loger, — og Aalmugen samtykte elder neittade[5] deim, fyre di Folket sjølv hadde Vald til aat setja Log i Landet. Der vardt og sagt Dom i Trættor, og det var tolv Bønder, kalladest Logretta, som dømde. — Naar Konungen kravde det, so laut eit vist Tal af Stridsmenner, baade Odals-Menner og Leiglendingar, fylgja honom i Strid anten til dess aat verja Fylket deira elder til aat vinna seg Land elder Gods. Slik Utferd var kallad Leidang.

Dei gamle Nordmennerne vaaro inkje so raae og villmannslege i Sed og Aatferd og Livemaate, som no jamnast verd trutt um deim. Dei vaaro kjære fyre Fridomen; men dei visste daa aat stydja og greida honom med goda Loger. Dei skrivo inkje Logerna, men dei sette deim lika væl saman i eit fast Ordalag[6], og dei vitugaste Mennerne gjøymde det i Minnet ifraa den eine Ætti til den, som etter kom. Dei vaaro duglege til aat gjera Kvæde og Visor, og Kvædi deira vaaro prydde baade med fagre Tankar og strenge Rim. Den som var hag til aat dikta han kalladest Skald, og denne Gjerdi kalladest Skaldskap. Dei hadde og stor Hugnad i dei gamle Minne, og dei samnade Fraasegner um dei merkjelege Tilburdarne, som hende. Slike Fraasegner (elder Forteljningar) fingo og eit fast Ordalag, medan dei gingo

---

1) Ein Kappe, fleire Kappar (av kappa, strida) same som Kjempa. 2) Semjar, av semja, telja ifraa Uvinskap. 3) Usaatte ero dei, som trætta om nokot. 4) Sætt er Semja etter ei Trætta. 5) Neittade, av neitta, segja nei til. 6) So Logi vardt jamnan framsagd paa same Vist. 7) Kvæde: Songar (av kveda: syngja, gjera Songvers.

ned igjenom Ætterna; dei kalladest Sagor[1]. Ei Skrift hadde dei og, som dei kallade Runar. Denne Skrifti nytte dei jamnast, naar dei vilde senda løynlega Tidender, daa dei skaaro inn Ordi i en Stav (Runekjevle), — og til aat hogga inn Minnes-Ord paa Gravsteinar elder andre Minnes-Merke (Bauta-Steinar). Her stend ei liti Prøva:

ᚬᛚᛆᚠᚱ ᚴᚢᚾᚢᚴᚱ ᛋᛆ ᚢᛏ ᛘᛁᛚ ᛍᛏᛆᛁᚾ ᚦᛁᛋᛆ[2]

Olafr konungr saa ut milli steina thessa.

Tungomaalet deira (Norrøna-Tunga) var eit gildt Maal; og dei talade det baade fyndugt og tekkjelegt; dei lagde myken Hug paa di aat vera maalsnild elder hag i Tala; so laut den vera, som vilde hava nokor Byrding. Dei vaaro myket vande um Æra si; sviklause og sannmælte vaaro dei, so sume vilde inkje sleppa Sanningi, um det endaa galdt Livet. I Huslivet deira vaaro dei rett blide og tekkjelege mot kvarandre. — Men naar tvo hadde nokot aat trætta um, og Breiden fekk koma fram, so bar det ofta hardt til. Dei fleste tykte det var Skamm aat lida Urett av andre og inkje kunna taka Hevnd fyre di, og det vardt inkje so sjeldan Strid med Odd og Egg. Dei, som hadde Trætta, kunde lata henne greidast med Log og Dom paa Tinget, um dei so vilde; men dei valde stundom aat greida henne med Vaapni paa den Maaten, at ein baud annan til Einvige (Holmganga)[3], og daa hoggost dei ofstast, til ein fekk Dauden, elder dei vordo liggjande der baade. Det var daa og mange, som freistade alt til aat semja Uvenerne, so det vardt gjort Sætt og Fred imillom deim. Naar ein vardt drepen, so var det etter Folkatrui Skylda[4] aat næste Ættingen, at han bar Hevnd yver Draapsmannen (Banen), og han tyktest daa inkje kunna hava Ro i Hugen sin elder Æra si heil, fyrren han hadde røktat Hevndi. Sume gingo myket naudlega til di; men stundom vardt Strid og Manndraap av di endaa gjenom fleira Æt-

---

1) Et Saga (av segja). 2) Dessa Runarne standa paa Stedjo-Steinen i Sogn og skulde vera eit Minne etter Heilage Olav Konung. 3) Ein-Vige: Strid ein imot ein. Det var og kallat Holmganga, naar dei gingo ut paa ein Holm (som dei ofta gjorde) og hadde Striden der. 4) Skjylda er det, som nokon er skjyldug til aat gjera.

ter, fyrr en nokon kunde faa semja Sætt imillom Uvenerne. Soleides gjorde Einviget og Hevndi stora Uheppor hjaa Folket.

Dei forne Federne vaare livde mest av Jord-Avlen deira (av Aakrarne og Fenaden) og av Fisket. Dei gingo og paa Veiding[1] etter Fuglar og Dyr. Mange siglde i Kaupferd til framande Land; fyre di dei vaaro duglege Sjomenner og bygde gilde Skip. Men Strids-Hugen raadde so myket med dessa Kaupmennerne, at dei gingo ofta paa Land og kaupte med kvast Staal i Staden fyre annan Kaupøyre[2], dei toko med Strid det Godset, som dei vilde hava, og daa vaaro no dei minst hepne, som selja luto. Naar tvau Skip med slike Kaupmenner møttest, so vardt det Strid paa Liv og Daude um, kven som skulde hava alt Godset, som var i baade Skipi. Dei, som sterkaste vaaro og god nog Lukka hadde, dei komo heim med full Farm av dyrt Gods i Skipi sine. Desse Sjomennerne, som foro med Ran[3], kalladest Vikingar, og dei sagdest fara i Viking elder Vikingaferd. Dei heldo inkje slik Aatferd fyre Illverk og Skamm, dei tykte, det var heiderlegt aat fara ute soleides og røyna[4] Manndomen sin. Den, som vilde vera i god Byrding, han laut fara i Viking elder annan Strid; ellers kunde han lett verda halden fyre berre ein Heimstøyt, som dugde best til aat sitja inne i Stova og varma seg; fyre di den, som inkje var røynd, han vardt helder inkje væl vyrd.

I dei tri Nordlandi vaaro manga Konga-Ætter. Ei av deim var Ynglinga-Ætti. Desse Kongarne talde Ætti si ifraa ein av Aasgudarne sjølve, heitte Yngve Frey. Dei hadde Sætet sit i Uppsala[5], og Riket deira var det sterkaste i Sverike. Men Kongarne av Skjoldunga-Ætti hadde eit større Rike i Danmark. Dei hadde Bustaden sin i Leidre paa Sjæland. Ein Konung av denne Ætti heitte Ivar Vidfadme[6]; han raadde yver alle Gautarne og Danerne ifraa syndre Enden av Danmark og nord til Vatni, Venern og Vettern[7]. Ivar Konung drog saman ein stor Her og

---

1) Veiding; aat ganga og dreva elder taka Dyr (Skyting, fanga i Snara). 2) Kaupøyre er Pengar elder annat Gods aat koupa med. 3) Ran, av rana: taka Gods med Magt ifraa andre. 4) Røyna: freista og syna. 5) Upsala, den gamle Hovudstaden i Sverike, ligg nær Stokholm. 6) Vidfadme, som famnade vidt, raadde yver vide Land. 7) Det liggja i Sverike.

for i Strid mot Ynglinga-Konungen Ingjald Illraade[1]. Ingjald hadde fyrr brennt inne mange Kongar og teket Riki deira; men sidst vardt han so naudsett av Ivar Vidfadme, at han saag ingi Raad til aat berga seg. Daa brende han seg og inne sjølv med Mennerne sine. Med di var Ynglingarne sit Vald endt i Sverike. Ein Son etter Ingjald var Olav, han flydde med myket Folk vest etter til Skogen imillom Noreg og Sverike, der rudde han Skogen med Øks og Eld og bygde Landet; av di vardt Namnet hans aukat til Olav Tretelgja[2]; og Fylket vardt kallat Vermaland[3]. Olav var Konung der sidan.

Etter Ivar Vidfadme var Harald Hildetonn[4] Konung i Leidre. Han fann upp ein ny Maate aat fylkja Heren sin paa (elder setja Folket i Rad til Strid). Han lagade Fylkingi[5] so, at ho vardt som eit Tryne elder ein Snjoplog, og naar Heren rende fram soleides, daa var det so, som det kom ein stor Bløyg og sprengde Fiend-Heren sunder i Smaa-Flokkar, som vaaro snøgt nedhogne. Detta var kallat Svin-Fylking, og med henne vann Harald mange Sigrar og tok mange Land. Han raadde baade yver Sverike og Danmark og nørdste Luten av Tydskland. Han hadde ein Under-Konung i Sverike, som heitte Sigurd Ring og var av den nørdste Folkaferdi. Daa no desse tvo Folkaferderna, den nørdste og den gautske, hadde møttest og blandat seg saman nokot, so vilde dei baade hava Yvervaldet. Gautarne hadde no fenget mest Vald; men den andre Folkaferdi var inkje væl nøgd med di. Og so samnade dei seg under Sigurd Ring — baade Svear og Nordmenner og Menner fraa Gardarike. Harald Hildetonn var daa eldegamall og livtrøytt. Han for imot deim med all den danske (elder gautske) Her-Styrken og møtte deim paa Braavollarne i Auster-Gautland[6]. Der vardt ein ovlega stor og hard Bardage[7]; sidst paa vardt Mannfallet størst i Dana-Heren, Harald Hildetonn fall, og mest all Mann-Styrken hans vardt nedhoggen. Der var den sterke Kappen Starkad

1) Illraade, som er raadd paa illt, ein vond Mann. 2) Tretelgja, Telgja er Øks. 3) Vermaland ligg nordmot Venern vest til Merkjet med Noreg. 4) Hildetonn, det er Tonni hennar Hilde (el. Gydja, som raadde fyre Strid). 5) Fylking er ein Mannflokk, som stend i Rad til Strid. 6) Høyrer no til Sverike. 7) Bardage, det same som Slag, Strids-Møte, av berjast-bardest: slaast, strida.

Storverksson[1] med Trønder[2] og Boga-Skytarar fraa Telamarki[3] med i Bardagen, og desse Nordmennerne gjorde myket til Sigren. (Kringum 720 Aar etter Krist). Sigurd Ring vardt daa Konung i alt det Riket, som Harald hadde aatt, og han fekk og Vald yver Viki[4] i Noreg. Den nørdste Folkaferdi fekk soleides Yvervaldet; men sidan blandadest dei tvo Folkaferderna saman og vardt mest som eit Folk, der som dei budde saman.

Son til Sigurd Ring heitte Ragnar Lodbrok[5]. Han tok seg til aat fara i Viking og sviva all si Tid um i framande Land og vilde gjera seg namngjeten. Lika so foro og Sønerne hans sidan, i Staden fyre aat styra Riki deira heima og halda deim saman. Myket Land sleit seg daa ifraa deim; so gjorde og dei Fylki, som dei aatte i Noreg. Fraa den Tidi vardt det aalmenn Sed i Nordlandi aat fara i Viking. Kongs-Søner og Høvdingar og andre, som kunde raada seg til Skip og Folk, dei foro i Viking og vilde vinna seg Fe og Frægd[6] paa den Vegen. I meir en tvau Aar-Hundrad strøymde no store Mann-Fjøldar paa Skips-Flotar ut or Noreg og Sverike og Danmark, og dei breidde Rædsla og Dyding ut yver England, Tydskland, Frankrike og andre Land. Dei kristne Folki, som budde i desse Landi, dei kunde inkje verja seg fyre desse sterke og harde Kapparne, og dei lido[7] so myket illt av deim, at dei baado i Kyrkjo-Boni Gud frelsa seg ifraa Nordmennerne si Styrløysa, som det var den verste Landa-Plaaga. — Dei ættstore Mennerne, som styrde Her-Skip, vordo oftast kallade Kongar, um dei aatte inkje Land aat raada. Sume av desse Kongarne aatte eit Nes til aat setja upp Skipi sine paa um Vettren, og dei vordo kallade Nes-Kongar. Sume Kongar aatte inkje so myket Land helder; dei heldo seg paa Skipi baade Sumar og Vetter; difyre vordo dei kallade Sjo-Kongar, og illa høvde no inkje det Namnet helder.

---

1) Starkad er den Kjempa, som det hava kallat Stærkodder. 2) Trønder, Menner fraa Trondheim. 3) Telamarki i Kristians-sands Umdøme. 4) Viki kalladest Landet paa baade Sider aat Oslofjorden, fra Gauta-Elvi til Gjerness-Tangen vest fyre Kraakerøy. 5) Lodbrok var han kallad av di han brukade Skinn-Brok og veitte Ulli ut. 6) Fe og Frægd er det same som Gods og Gitord (les Gjet—), Frægd, av fræg: vidspurd. 7) Han leid, dei lido.

2. Ynglinga-Kongarne i Noreg.

Ynglinga-Konungen Olav Tretelgja i Vermaland styrde Fylket sit so, at han vardt væl likad av Folket. Men Lukka snudde seg um fyre honom sidan. Det flutte so myket Folk til Vermaland, at Mann-Fjolden vardt større en Landet kunde føda. Daa vardt det trong Tid og Svult der. Olav Konung var liten Bløt-Mann[1]. Han var so vitug, at han trudde inkje paa Aasgudarne, og blotade inkje myket aat deim. Folket meinte, at Gudarne sende denne Naudi, fyre di dei vaaro vreide paa Konungen, som inkje vilde dyrka deim. Det bar inkje betr til, en at Folket samnadest og vilde blota sjølve Konungen, og dei kringde um Garden hans og brende honom inne og gaavo honom til Odin fyre godt Aar. — Son etter Olav heitte Halvdan Kvitbein. Han tok Soløyr[2] i Noreg etter Morfader sin. Sidan vann han meir Land med Herferd[3], og baade han og Eystein[4] Konung, Son hans, ervde og nokre Fylke. Med di var no Ynglinga-Ætti komi inn i Noreg og hadde fenget Rike der. Dei vaaro myket fyre seg — desse Kongarne, og dei aukade jamnan Riket sit anten med Herstrid elder med Arv, so dei aatte snart mange Fylke paa Upplandet[5] og i Viki, dei slito[6] seg og lause fraa det Valdet, som Lodbrokar-Sønerne hadde fyrr yver deim. Son til Eystein var Halvdan hin Milde og Matar-ille; han fekk dette Auknamnet[7] av den undarlege Aatferdi si, at han gav Mennerne sine lika so mange Gull-Pengar i Løn, som andre Kongar gaavo Sylvpengar, men paa Mat svelte han deim. Son hans var Gudrød Veide-Konung. Han aukade Riket i Noreg og raadde endaa yver Syndre-Jutland (Slesvik) i Danmark. Han hadde og Strid med den velduge Romverja-Keisaren[8] Karl hin Store og stod seg væl imot honom, og han hotade endaa Keisaren med di, at han skulde

---

1) Blotmann, ein som blotade elder ofrade trottugt aat Gudarne. Liten Blotmann, ein som inkje brydde seg myket med det. 2) Soløyr ligg ved Kongsvinger aust etter til Landa-Skilet med Sverike. 3) Herferd: Strid (med Her). 4) Les Oistein. Namnet er no avlagat til Østen, Esten. 5) Upplandet kallast Landet nord fraa Oslofjorden alt upp til Dovrafjellet. 6) Slito, han sleit, dei slito. 7) Aukmann er inkje det same som Spott-Namn men som Tilnamn. 8) Romverjarne var Folket i det store Roma-Riket, som hadde Rom i Italia til Hovudstad.

søkja heim aat honom i Aken[1], Bustaden hans. Men Karl gjorde helder Sætt med honom.

Son til Gudrød var Halvdan Svarte[2], og han vardt Konung i det Riket, som Fader hans hadde aatt. Kongarne i Granna-Fylki, som hadde mist myket Land fyre Ynglingarne fyrr, dei gingo paa Riket hans med Herstrid og toko myket Land ifraa honom, medan han var i Barn-Alderen. Men det vardt sjølvs deira Uheppa. Daa Halvdan mannadest so myket, so drog han Her saman og bardest[3] med dessa Kongarne, til dess han hadde teket atter dei Fylki, han hadde mist, og vunnet meir Land til. Han var veldugare Konung en dei fyrre Ynglingarne i Noreg; han raadde yver næsta alt Upplandet og all Viki, og endaa Sygna Fylket[4], og det var eit av dei største Rike i Nordlandi paa den Tidi. Halvdan Konung hadde no gjort Storverk lika som Federne hans med aat auka Riket; men han gjorde og eit annat Storverk til aat styðja Riket. Kvart Fylke hadde si eigi Log og Skipnad fyre seg, og inkje meir hadde dei saman en ein Konung, og dei kunde snart verda skilde aat og faa kvar sin Konung atter. Difyre vilde Halvdan gjera eit Samfeste imillom deim, so dei vordo som berre eit Rike. Han fekk Fylki sine til aat samfesta seg under eit aalmennt Ting (Lagting), som dei inkje skulde skiljast ifraa; og det Tinget skulde standa paa Eidsvoll[5]. Paa Tinget der sette han og fram eit Emne til Log fyre allt Tinglaget, som Torleiv Spake[6] hadde hjelpt honom aat laga saman. Folket samtykte det til Log, og ho vardt kallad Eidsiva-Logi. Med di var Upplandet og Viki samfeste under ei Log og eit Ting, og aldri slito dei dette Samfestet. — Halvdan Konung heldt og Folket til aat lyda Logi, og refste deim, som bruto henne. Ein av hans eigne Vener, heite Herjulv, slog i Fullskapen ein Mann i Hel med Drykkjo-Hornet. Difyre vardt Herjulv dømd utlæg[7], so han skulde drepast, um han inkje rømde braadt or Landet. Konungen vilde ingi

1) Aken er ein By vest i Tydskland. 2) Auknamnet fekk han av det svarte Haaret og Skjegget sit. 3) Bardest: stridde, av berjast; slaast, strida. 4) Sygna-Fylke: Sogn vest i Landet. 5) Eidsvoll ligg litet sudfyre Mjøsi paa Upplandet. 6) Spak tydde i Gamlemaalet: klok. Namnet Torleiv er mangstad avlagat til Tollev, Tellev. 7) Utlæg er det same som landlyst.

Bon høyra fyre honom; han laut forda seg. Fyre dette Verket fekk Herjulv Auknamnet Hornbrjot. (Sidan rudde og bygde han eit Fylke, som kallast Herjedal[1]).

Halvdan Konung var gift med Ragnhild, Dotter til Sigurd Hjort Konung paa Ringarike; ho drøymde ofta store Draumar. Halvdan Konung var inkje van aat drøyma, og han spurde Torleiv Spake um Raad til aat faa ein Draum. Torleiv bad honom leggja seg i eit Svinabol. Halvdan gjorde no detta fyre ein Gongs Skuld, og — Draumen kom solleides: Han hadde gildare Haar en nokon; det var mange Lokkar, sume vaaro so side, at dei toko ned i Jordi, dei andre vaaro stuttare, sume vaaro nyst utsprottne. Det var ymis Lit paa deim; men ein sigrade yver alle baade i Fegra[2] og Ljosleike og Storleike. — Torleiv tydde Draumen so, at hans Ættmenner skulde verda mange og raada Land med Heider, daa inkje alle med jamnstor Heider. — Sidan fødde Ragnhild Drotning ein Son, som dei auste Vatn yver og kallade Harald[3].

Halvdan Konung hadde voret i Veitsla paa Hadaland. Daa han for heim, so kjøyrde han yver Vats-Isen paa Rand[3]. Det var um Vaaren, og Isen var myket brædd av Soli; og daa dei foro um Rykinsvik, so brotnade Isen, Konungen kjøyrde ned der og tyntest og mange Hyrdmenner med honom. Daa var han berre 40 Aar gamal. Han hadde voret ein dugleg og lukkeleg Konung, og Folket hadde elskat han myket. Daa det spurdest, at han var daaen[5], og Liket vardtført til Ringarike, so foro Stormenner der til fraa dei andre Fylke, og kravde alle Liket og vilde haugleggja det kvar i sit Fylke, av di dei meinte, at det munde jamnan vera deim til Heppa. Sidan sættest dei daa so, at Liket vardt skift[6] i 4 Luter. Hovudet vardt hauglagt paa Stein paa Ringarike, og Mennerne fraa dei andre Fylki toko dei andre Luterne og jordade deim kvar i sit Fylke. (Aar 860 etter Krist).

1) Herjedalen ligg i Sverike. 2) Fegra, av fager. 3) Det Namnet er sammensett av Har (Stridsmann) og Vald (Styrke). 4) Dette Vatnet er no kallat Rands-Fjorden. 5) Var daaen, same som hadde døytt. 6) Les skjift.

II. Noreg i si Vælmagt.

1. Harald Haarfagre.

Harald, Son etter Halvdan, var Barn, berre 10 Aar gamal, daa Fader hans do. Men han var større og sterkare og meir framkomen i Vitet end dei fleste Jamnaldrarne hans; han hadde myket Mod og Styrke i Hugen og traadde myket etter Heider og stort Vald. Han vardt strakst teken til Konung i det Riket, som Fader hans hadde aatt. Han fekk ein god Hjelpar-Mann i Gudtorm Sigurdsson, Morbroder sin; han Gudtorm vardt sett til Formann fyre Hyrdi og Lands-Stjorni[1] og til Hertoge fyre Her-Styrken.

Mange Hovdingar i dei andre Fylki gingo paa Riket aat Harald med Hernad og vilde taka atter dei Lands-Bolkarne, som dei hadde mist fyrr, og meir til di. Dei meinte at det skulde inkje vera nokot Vandaverk aat vinna, naar Konungen var eit Barn; og dei gingo fram med Herar paa kvor si Leid baade paa Upplandet og i Viki. Men dette Verket deira greidde seg inkje so væl, som dei vonade. Harald Konung og Gudtorm Hertoge samnade Her og foro imot deim og heldo mange Bardagar imot stort Overevle[2]. Enden vardt den, at alle desse Kongarne volto[3] i Grafet, og Harald Konung sat eine atter baade i sit Rike og i Riki deira.

Harald Konung hadde fenget Tidend um ei væn og fager Kongsdotter, som heitte Ragna Adilsdotter og var kallad Ragna hin Fagra; og han sende Menner avstad til aat føra henne til honom, fyre di han vilde hava henne til Kona. Men Ragna var ei storlaati[4] Moy; ho svarade, at ho vilde inkje hava den Konuug til sin Mann, som raadde yver nokre Fylke. „Det tykkjest meg undarlegt, sagde ho, at det er ingen Konung, som vil eignast alt Noreg og vera Einvalde[5] yver det, som Gorm Konung yver Danmark

1) Stjorn: Styrnad, Styring. 2) Bardagar: Slag. Overevle større Styrke, en dei hadde sjølve. 3) Volto, han valt, dei volto, 4) Ein storlaaten, ei storlaati, eit storlaatet (som vyrder seg sjølv myket). 5) Einvalde: Einkonung, Konung eine yver all Nordmanna-Tjodi; det same er Tjod-Konung.

og Eirik Konung yver Svitjod[1]. Seg Harald Konung det, at eg vil inkje jatta aat verda Eigenkona hans, utan han gjerer so myket fyre mi Skuld fyrst, at han legg under seg alt Noreg; fyredi einast med det tykkjer eg, han kann heita Tjod-Konung," sagde ho. Sume av Kongs-Mennerne tykte, at ho var verd nokor Hevnd fyre denne Svari. Men Harald sagde, at ho hadde kvaarkje mælt elder gjort illa, so det var Hevnd verdt; „helder skulde ho hava myki Takk, fyre di ho hever minnt meg um dei Ting, som det no tykkjest meg undarlegt, at eg hever inkje tenkt nog paa deim fyrr." „Det lovar eg no, sagde han, og sver det ved den Gud, som skapade meg og raader yver Alting, at inkje skal eg skjera elder kjemba Haaret mit, fyrr en eg hever vunnet alt Noreg med Skatt og Skyld og Forraad[2], aat annan Kost[3] vil eg lata Livet." Gudtorm Hertoge takkade honom myket fyre denne Lovnaden og sagde, at det var konunglegt aat halda Ordi sine.

Sidan samnade dei Frendarne[4] Harald og Gudtorm ein stor Mann-Styrke og foro med Heren nord yver Upplandet og Dovra-Fjellet inn i Trondheim[5] (elder Trondalaget). Dei heldo Bardagar paa Rise og Vang i Uppdal og sidan paa Grjote[6] med Gryting Konung i Orkadalen, og Harald vann Siger. Di næst hadde Harald Bardage i Gauldalen og vann Siger, der fall tvo Kongar fraa Gauldøla-Fylke og Strinda-Fylke, og Harald lagde alle desse Fylki[7] under seg. Han hadde og fenget ein god Ven og Hjelpar-Mann i Haakon Grjotgardsson[8]. Denne Mannen var Jarl yver Helgaland og hadde myken Styrke, han kom til Harald med ein stor Mannstyrke og gjekk godviljug i Tenesta hans med Mennerne sine og

1) Svitjod: Sverike. 2) Forraad, det aat raada fyre, hava Vald til aat styra. 3) Kost: Val; annan Kost: andre Tingen, som han valde seg (kjosa, kys, kaus, koset). 4) Frendar: Menner som ero i Skylda, elder av same Ætti. 5) Trondheim, kalladest 8 Fylke ikring um Trondheims-Fjorden. Sjaa Noregs Kart. 6) Grjote, i Orkadal. 7) Desse Namn paa Fylki finnst atter paa Noregs-Kartet paa den Vist, det er. 8) Haakon er eit gildt Namn, berre det inkje verd avlagat til Haako, Haakkaa, Haakka, — Hakon, Hakkon, Haagen. I Gamle-Maalet Hákon, (á er aa), av haa, høg, og Kon: Ætting. Aat segja Hakon er lika so rangt som aat segja Ar, Rad i Staden fyre Aar, Raad. Trønderne nemnde Eimbaaten sin Hakon („Hakkon"), endaa dei hadde fenget høyra, kvor galet det var.

gav honom Vald yver Helgaland. Harald Konung tok væl imot honom og hadde stor Hjelp av honom i Striden. Sidan gav han Haakon Jarldom i Trondheim og gifte seg med Aasa Dotter hans (fyre di Harald tok seg manga Konor). Haakon Jarl hadde sidan Bustaden sin paa Lade[1] Kongsgard; Ætti hans vardt myket veldug og vardt kallad Lada-Jarla-Ætti. — Sidan for Harald med Herstyrken til Stjordalen[2] og heldt Bardage der og vann Fylket. Daa samnadest Inn-Trønderne[3] med deira fjore Kongar og vilde freista seg mot Harald Konung. Dei hadde Bardage, Harald vann Siger, sume Kongar flydde og sume fello. I alt hadde Harald 8 Bardagar i Trondheim og vann Siger i alle og lagde dei 8 Fylki der under seg.

Nord i Naumdalen[4] vaaro tvo Brøder Kongar, dei heitte Herlaug og Rollaug. Daa dei høyrde gjetet Framtaket hans Harald Konung, só let Herlaug grava Hola i ein stor Haug, og dei tekte honom med Stein og Tre. Daa Harald kom imot deim, so let Herlaug kjøyra Mat og Drykk inn i Haugen og gjekk so inn der sjølv med 12 Menner; di næst vardt Haugen atterkastad, og ingen kom ut atter. Herlaug for aat so, fyre di han vilde inkje liva lenger, en han kunde halda med Konungs-Tigni[5] si, so stor Hug var det i honom. Rollaug, Broder hans, sette upp Konungs Haagsætet[6] paa den Haugen, der som Kongarne vaaro vare aat sitja, og han sette seg i Haagsætet og let leggja Dynor paa Fotpallen[7], der som Jarlar vaaro vane aat sitja. So velte han seg or Konungs Sætet ned paa Jarls Sætet og gjorde seg sjølv til Jarl. Harald Konung saag no gjerna detta; han lagde Naumdøla-Fylket under seg og tok Sverd og feste det um Rollaug og hengde Skjold um Halsen hans og sette honom med di til sin Jarl i det Fylket.

Sidan var Harald Konung i Trondheim, og han sagde, der var rette Heimen hans. Der raadde han til mange og store' Skip og samnade stor Mannstyrke. I Hyrdi si

1) Lade, i Strind atmed Trondheims Byen. 2) Stjordalen inn fyre Strind. 3) Inn-Trønderne; Folket i det 4 indre Fylki i Trondheim. (Skaun, Verdalen, Dyna-Fylki, Sparbu). 4) Nord fyre Trondheim var Naumdøla-Fylke (Naumdalen), som no reiknast med til Trondheim; nordfyre Naumdalen er Helgaland. 5) Tign, Storvyrda. 6) Elder Høgsætet, Konungs-Stolen (Trona). 7) Fotpallen, Fotbenkjen.

hadde Konungen dei største og sterkaste Kapparne[1], som funnost i Landet. Mange Skaldar fylgde honom, og dei gjorde Kvæde[2] um Storverki hans. Harald Konung siglde til Møre med Herstyrken, og møtte Kongarne av Nordmøre og Raumsdalen ut med Solskjer[3]. Der vardt ein hard Bardage, men Harald vann Siger, og dei andre Kongarne fall, men Sølve Klove Kongsson av Nordmøre, ein stor Hermann[4], han kom seg undan. Konungen sette Rognvald Eysteinsson, Venen sin, til Jarl i dei tvau Fylki. Sølve Klove rødde[5] med Kongarne paa Sunnmøre og i Fyrda-Fylke[6] um det, at „det var inkje Kost fyre dei Mennerne, som inkje vaaro utignare[7] i Namn en Harald, aat gjerast til hans Trælar," og dei heldo Bardage med Harald andre Gongen med Solskjer. Der var hard Strid; Harald Konung vardt so uppøst, at han rende fram sjølv imot Mennerne paa Skipet hans Arnvid Sunnmøra-Konung og gav deim harde Hogg, og han steig inn paa Skipet, og det vardt snart rudt[8]. Hine Kongarne fall, men Sølve kom seg undan. Harald Konung lagde daa under seg Sunnmøre, og Rognvald Mørejarl fekk det til Forraad. Um Vetteren for Ragnvald til Fyrda-Fylke og tynte av ein ny Konung der; so hadde Harald det Fylket og.

Svea-Konungen Eirik hin Sigersæle hadde lagt under seg Vermaland, og han sagde endaa det, at han skulde inkje enda, fyrr en han hadde so stort Rike i Viki, som Sigurd Ring aatte fyrr. Daa for Harald Konung aust i Viki, og han og Eirik var i Veitsla[9] paa same Garden hjaa ein rik Bonde, heitte Aake. Han visade Svea-Konungen aat Gamal-Stova, men Harald aat Nystova, som fagrast var; Veitsla var lika fullhæv aat deim baade. Daa Kongarne skulde fara, so fylgde Aake honom Eirik Svea-Konung litet paa Veg. Daa spurde Konungen honom so: „Kvi

---

1) Kappar, Kjempor. 2) Kvæde, Visor. 3) Nordmøre kalladest Landet ut med Sjoen vest fyre Trondheim; Raumsdalen ligg sud fyre Nordmøre; Solskjer, et Oy i Nordmøre. 4) Hermann, Stridsmann. 5) Rødde, snakkade. 6) Sunnmøre ligg sud fraa Raumsdalen til Stad (eld. Stadlandet, det store Utneset vest i Landet); Fyrdafylke er sud fraa Stad. 7) Inkje hadde mindre Tign (Storvyrda). 8) Rudt, gjort audt fyre Menner, som høyrde til det 9) Kongarne foro jamnan um i Landet i Veitslor, Bønderne gaavo Gjestahaldet.

fyre skifte Du Fagnaden[1] so med meg og Harald Konung, at han skulde hava den beste Luten av alt? Veit Du inkje det, at Du er min Mann?" Aake svarade: „Eg meinte so, at ingen Fagnad skulde hava skortat Dykker, Konung, i denne Veitsla. Men at De drukko i Gamalstuva, det kjem av di, at De er no sjølv gamal; men Harald Konung er i Alders Blomen; difyre visade eg honom aat Nystova. Men der som du minte meg, at eg var Din Mann, daa veit eg inkje det mindre, at Du er min Mann." Daa drog Konungen Sverdet og hogg Aake ihel. Harald Konung reid etter Eirik, han naadde honom inkje, so han kunde gjera honom same Kosten, som Aake hadde fenget. Sidan heldt Harald Bardagar med Gautarne (som vaaro under Sverike), og lagde under seg Vermaland og alt Landet vest med Venern og Gauta-Elvi. Daa let han Gudtorm Hertoge faa vera Hovding baade i Viki og Upplandet og halda Landvorn[2] der. Sjølv for han atter til Trondheim.

Det spurdest sunnan fraa Landet, at Kongarne paa Hordaland og Rogaland, Agder og Telamarki[3] hadde gjort Samband og drogo all Styrken sin saman imot Harald. Daa vaaro berre desse Fylki frie fyre hans Vald, og no vilde dei freista alt til aat verja Landet sit. Harald Konung siglde sud etter og samnade Folk og Skip or kvart Fylke. I Havsfjorden atmed Jadren[4] vardt Bardagen, og han var baade hard og lang, fyredi der vaaro alle harde Kapparne samnade, som vaaro uppøste av den verste Harm og Hat imot Harald. Ein stor Kappe, Tore Haklang Kongsson av Agder, laag med Skipet sit imot Harald Konung, og dei leikade hardt, fyrr en Tore Haklang fall. Sidst paa fekk daa Harald Siger der som andre Stader; mest alle Konungarne fall og myket Folk med deim, og det flydde alt, som fluttført var (Aar 872).

No hadde Harald fullgjort det store Verket, som han hadde lovat. Dei harde Kapparne, som stodo imot honom, vaaro no fallne mest alle. Ingen trøyste seg meir til aat gjera honom Motstada: Han var no Einvalde i alt

---

1) Fagnaden, Mottakingt. 2) Landvorn, det aat verja Landet. 3) Hordaland ligg ikring Bergens Byen, sud fraa Hordaland ligg Rogaland (Rygja-Fylke), og aust fraa di ligg Agder paa baada Sidor aat Lidandesneset. 4) Jadren er i Rygja-Fylke.

Noreg. No vardt og Ragna hin Fagra Kona hans. Harald Konung var i Veitsla med Rognvald Mørajarl; daa greidde og skar Ragnvald Haaret hans. Det hadde inkje voret skoret i 10 Aar, og det var no fulla baade langt og tovott og flokott; difyre var han kallad Harald Luva[1], daa han for med Herstrid yver Landet. Rognvald synde fram Haar-Dotten og sagde so: „No er Haaret Dit fagert, Herre min.“ Med di fekk Harald det Auknamnet Haarfagre.

I kvart Fylke, som Harald lagde under seg, der sette han den Logi, at alt Landet og alle Gardarne skulde Konungen eiga. Med di tok han Odalen ifraa Bønderne, so dei aatte inkje lenger Gardarne sine, Konungen vardt den einaste Jord-Eigaren i Landet, og Bønderne luto reida Landskyld aat honom fyre Gardarne sine. Detta var hard Kost aat Aalmugen; men han laut tegja, fyredi Harald hadde myken Rett i Sverds-Eggi si. Han styrde alt etter sin eigen Vilje, so det var no ute med Fridomen, som Nordmennerne hadde fyrr. Konungen sette ein Jarl under seg i kvart Fylke til aat døma Folket etter Logi og heimta inn Landskyldi og taka Bøter av deim, som gjorde Logbrot[2]; so skulde og Jarlen varna Freden i Landet; — Folket skulde inkje faa slita seg laust fraa Haralds Vald. Harald sette og tvo elder tri Hersar under kvar Jarl, og dei hadde same Skylda som Jarlarne. Jarlarne skulde halda 60 Hermenner[3] kvar og møta fram med deim, naar Konungen baud det. Jarlen fekk til Løn ein Tridjung[4] av all Skatt og Skyld i Fylket, elder 60 Merker Sylv. Kvar Herse skulde halda 20 Hermenner og hava 20 Merker Sylv. Desse Jarla-Mennerne og Hersa-Mennerne og Konungens eigen Mannstyrke vardt daa Landvorni, som Konungen sjølv maatte kosta, og Bønderne sleppa, naar han sjølv eine skulde eiga alt Landet. Ein Jarl fekk no meir Inntekt, en ein Fylkes-Konung hadde fyrr; og alt detta Sylvet[5] lokkade mange velduge Menner i Tenesta til Harald og heldt deim i Truskap imot honom. Men sveitta fekk no Aalmugen fyre alt saman.

---

1) Luva, so myket som ei Flokja, ein Lufs, Flure. 2) Logbrot, det aat brjota Logi (med vond Gjerning). 3) Hermenner, Stridsmenner. 4) Tridjung, tridje Parten. 5) Sylvet verd reiknat 10 Gonger dyrare i Forntidi en i vaar Tid.

Det vardt tungt fyre Nordmennerne, som vaaro vane aat raada sjølve fyre Lands-Stjorni, at dei no skulde lyda Haralds Hardvelde og sitja som Leiglendingar paa Gardarne sine, som dei hadde ervt etter Fedrom, og reida Landskyld fyre deim aat Harald Luva. Difyre flutte mange rike Ætter ut or Landet og vilde finna seg Heim der, som dei fingo raada seg sjølve. Sume foro aust etter til dei store Skogarne imillom Noreg og Sverike og rudde Skogen og bygde Gardar, so det vardt tvau store Fylke der, kalladest Jamtaland og Helsingjaland[1]. Sume siglde til den store Oyi Island[2], som nyst var funni, og skipade der ei fri Folka-Stjorn slik, som dei likade henne. Islendingarne vordo sidan myket vidfarande, og dei lagde myken Hug paa Skaldskap og Saga[3]. Sume sette seg ned paa Færoyarne og paa Oyarne atmed Skotland[4] og dei gjorde Vikingaferd til Noreg og gjorde myken Landskade der med Ran og Draap. Konungen var ute med Herskip etter deim kvar Sumar[5]; men dei varade seg so væl, at han naadde deim inkje. Han vardt sidan so leid av dette Starvet[6], at han siglde helder vest til Oyom og drap der so myket av dette Illtydet, som han kunde raaka; daa lagde han desse Oyarne under Noregsvelde, det var Orkn-oyarne og Hjaltland og Suder-oyarne[7], og Torv-Einar[8], Son til Rognvald Mørajarl, vardt Jarl sidan der paa Oyarne.

Mørajarlen hadde ein Son, heitte Rolv; han var so stor i Vokster, at ingen Hest orkade bera honom, so han fekk inkje rida, og han vardt difyre kallad Gongo-Rolv. Han for myket i Viking; og ein Gong, daa han var paa Heimferdi, so traut Matnista deira det Bilet[9] daa dei naadde Noreg. Daa gingo Vikingarne i Land og hoggo Strandhogg, det er, dei hoggo ned nokre Naut til Kost aat seg. Konungen hadde sett hard Refsing fyre detta aat rana innan-

1) Jamtaland og Helsingjaland lyder no under Sverike og liggja aust fraa Trøndalag. 2) Island ligg 120 Mil vest fraa Noreg ut i Atlantar-Havet. 3) Skaldskap: Dikting, at gjera Songar og Visor. Saga: sanna Fraasegner um gamle Tilburdar. 4) Færoyarne liggje i Vest-Havet vest fraa Bergens Byen. Skotland med dei Oyarne er ein Lut av det engelske Riket. 5) Sumar, open u (So —). 6) Starv: Arbeid, Møda. 7) Orknoyarne hava mest det gamle Namnet enno; men Hjaltland kallast Shetland; Suderoyarne, no Hebriderne. 8) Torv-Namnet fekk Einar av di, at han lærde Folk til aat skjera Torv til Eldsved. 9) Bil: Stund.

lands. Han fekk braadt vita Verket hans Rolv, og han sette Ting og dømde Rolv utlæg[1]. Det var ingen Naade aat faa. Rolv laut fara burt, medan han hadde Livet; fyre di det var han inkje tenad med aat missa, helst no, naar han skulde verda ein stor Høvding. Han styrde ut i Sjoen atter og samnade store Mannfjøldar av norske Vikingar, og han vardt Høvding fyre deim. Di næst siglde dei til Frankrike med 40 Tusund Mann (som det er sagt). Der vilde dei vinna seg Land, og dei foro upp etter Seine-Elvi[2] og gingo so mannlega fram, at ingen Her stodst imot deim, og det stod stor Rædsla av deim yver Landet. Franka-Konungen Karl hin Einfalde laut gjeva deim det, som dei kravde. Dei fingo eit godt Land atmed Seina og Havet, og Rolv vardt Jarl elder Hertoge fyre det og fekk Konungens Dotter til Kona; imot di skulde dei taka ved Kristendomen og hylla og hjelpa Frankarne. Dette Landet, som Rolv og Vikingarne fingo, vardt kallat Nordmandi og kallast so enno. Desse Nordmennerne slepte snart deira Maal og talade Fransk sidan. Dei vordo so velduge, at den femte i Ætti etter Gongo-Rolv, Vilhjalm Landvinnaren, lagde under seg Englands Rike væl hundrad Aar etter.

Harald for etter den sløge Raadi, at han gifte[3] seg med Døtterna av dei Høvdingarne, som hadde stor og veldug Ætt; fyredi daa hadde han Medhald og Styrke av deim, naar han turvte det, og han kunde vera trygg paa Truskapen deira. Han hadde manga Konor, og fekk ein stor Barna-Flokk, yver tjugo Søner og manga Døtter. Dei merkjelegaste av Sønerne hans vaaro desse: Gudtorm (den eldste), Halvdan Svarte og Sigfrød, Olav og Bjørn Farmann, Dag og Ring og Gudrød Skirja, Sigurd Rise[4], Halvdan Haalegg og Gudrød Ljome. Dei tri sidste vaaro Born av ei Finnkvinna, heitte Snjofrid; ho var so væn og fager, at Harald Konung vardt reint hugteken av henne, og di fyre vardt ho Drotning. Harald tok og ei Kona heitte Ragnhild, ei Kongsdotter fraa Danmark, og ol ein Son med henne, som vardt kallad Eirik[5]. Det er fortalt, at daa Harald fekk Ragnhild, so rak han fraa seg

---

1) Utlæg: landlyst. 2) Sjaa paa Landkart. 3) Les gjifte. 4) Sigurd eld. Sigvard, av Siger og Vard (Vakt). Dette Namnet er mangstad avlagat til Sjur, Sjugur, Sivert. 5) Eirik, av: ei (altid) og rik (veldug).

nie av dei andre Konom sine. Harald Konung var inkje gamal Mann, daa mange av Sonom hans vaaro vaksne. Dei vordo sterke Menner og myket braadlynde[1] og ustyrne. Dei vaaro illnøgde med di, at Harald, Fader deira, gav deim inkje eit Rike kvar til aat styra, men helder sette Jarl i kvart Fylke, og naar dei inkje fingo, so vilde dei taka. Dei gjorde myken Ufred kring um i Landet; Aalmugen hjelpte deim, fyredi at mange Fylke vilde freista aat koma undan Valdet hans Harald med di, at dei toko seg ein Konung kvar av Sønerne hans. Dei raako[2] Jarlarne ut or Fylki og draapo sume. Halvdan Haalegg og Gudrød Ljome foro uventande yver Rognvald Mørajarl med ein stor Mannstyrke og brende honom inne, og Gudrød tok daa det Fylket; men Halvdan fekk Mannstyrken og Skipi og siglde til Orkn-øyarne og rak Torv-Einar Jarl or Fylket. Men Konungen kom sjølv og sette Tore Tegjande, Son etter Rognvald, til Jarl paa Møre; og Einar Jarl kom atter mannsterk og uventande yver Halvdan Haalegg og handtok honom, og han „riste ein Orn paa Baket hans“ (skar upp Ryggen paa honom), so det vardt Halvdans Daude. Jarlen laut no og bøta fyre detta seksti Merker Gull. Kongs-Sønerne gjörde mange slike Styrverk; Fader deira, so sterk han var baade innvendes og utvendes, kunde inkje stilla deim. Harald Konung var visst inkje hugad til aat skifta isunder Riket, som han hadde nyst samnat under eit Vald; men det laut han daa gjera lika væl. Daa han var femti Aar gamall, so hadde han eit stort Ting paa Upplandet, og daa gav han alle Sønerne sine Konungs Namn og sette det i Logi, at Ætt-Mennerne hans skulde alle taka Konungdom etter Fader sin; men dei Mennerne, som ættadest fraa Døtterna hans, skulde taka Jarldom. Han gav Sønerne sine eit Fylke kvar til Forraad, og med di vaaro no Fylki i Noreg nokot aatskilde atter, endaa Harald sjølv skulde vera Yver-Konung yver alle elder Tjodkonung og nemna ein til di i Staden sin. Soleides fingo Olav og Bjørn m. fl. sine Fylke i Viki; Dag og Ring og Ragnar fingo Heidmarki og Gudbrandsdalen. Sigurd Rise og fleire fingo Ringarike og nokot meir. Gudtorm Hertoge

1) Braadlynd, same som „braasinna.“ 2) Raako, han rak, det raako (jagade).

var daaen dua, og Gudtorm Kongsson fekk Fylki aust med Gauta-Elvi. Harald Konung unde Eirik mest av Sønerne sine; han fekk Helgaland og Raumsdalen og Nordmøre. Halvdan Svarte og fleire fingo sine Fylke i Trondheim. Harald sjølv var jamnast vest i Landet sidan. Han gav Sønerne sine Helvti av Innkomorna med seg, soleides hadde dei ein Tridjung kvar — Yverkonungen, Fylkes-Konungen og Jarlen, av Innkomorna or kvart Fylke. Fylkes-Kongarne skulde sitja i Høgsætet ein Ses høgre en Jarlarne og ein Ses laagare en Yverkonungen sjølv.

Men det vardt no inkje Fred i Landet med denna Skipnaden helder. Kvar av Haralds Søner etlade seg Høgsætet hans og vilde vera Yverkonung etter hans Dagar, men Harald sjølv etlade Eirik det. Av di vardt det Ovund og Illtykkje av nyo millom Brøderne. Eirik var ein hard og strid Mann og gjorde mange Illverk. Broder hans, han Bjørn Farmann i Viki, var ein spaklynd Mann; han budde paa Kongsgarden Sæheim[1] og stundom i Tunsberg, den eldste Kaupstaden i Noreg. Bjørn Konung dreiv myken Kaupskap og bar difyre Auknamnet Farmann elder Kaupmann. Eirik Konung kom til honom og kravde Landskyldi, som Harald skulde hava. Bjørn Konung vilde greida henne til Harald sjølv daa som fyrr. Daa vardt Eirik hardla vreid, og han for sidan uventande yver Bjørn, Broder sin, og brende honom inne. Bjørn Farmann vardt lagd i en Haug paa Sæheim, som kallast enno Farmanns-Haugen. Fyre slik Aatferd vardt Eirik illa likad av Folket, og han fekk det Auknamnet Blodøks. Brøderne hans tenkte og paa Hevnd yver honom. Sidan fekk Halvdan Svarte spyrja, at Eirik sat paa Møre; og han for der ut og brende Garden og meinte, at Eirik fekk Hevnd nog der. Men Eirik var sløg, han hadde lagt seg i ei Stova, som stod ut ifraa Garden, og med di kom han seg burt og for til Harald Konung og sagde honom denne Tidendi. Harald vardt hardla vreid, og for nordetter med Herstyrke og vilde refsa Halvdan og Trønderne. Halvdan samnade Her imot og møtte Fader sin ut med Reinsletta[2]. Det hadde nog vordet

---

1) Sæheim, no Jarlsberg atmed Tunsberg paa Vest-Sida aat Oslofjorden. 2) Reinsletta, paa Garden Rein i Stadsbygdi ut med Trondheimsfjorden vest fraa Byen.

ein harmeleg Strid der, um inkje ein fredsam og godlynd Mann, heitte Gudtorm Sindrel, hadde gjenget imillom Faderen og Sonen. Han var Skald, og han hadde tenat baade Kongarne og gjort fagre Kvæde um deim. Dei hadde og bodet honom fager Løn; men han hadde berre teket til Løn den Lovnaden av deim, at dei skulde gjera det, som han bad deim um eingong. No gjekk han millom deim med den Bøni si, at dei skulde sættast; og det gjorde dei og, so det vardt Fred. Alle tykte, at fagert nytte Gudtorm Skaldløni si.

Daa Harald Konung tok til aat eldast, so hadde han ein Son med ei Kona, heitte Tora Mosterstong. Han vardt fødd paa ei Berghella[1] paa Strandi, daa Moderi var ute paa ei Sjoferd og laut upp i Land der. Sigurd Jarl, Son etter Haakon Jarl i Trondheim, auste Vatn paa honom og kallade honom Haakon etter Jarlen. Paa den Tidi raadde en veldug og storlaaten Konung i England, heitte Adalstein. Det er fortalt, at han gjorde av ei Sending til Harald Haarfagre soleides: Sendemannen kom inn fyre Konungen med eit fagert Sverd, som hadde rikleg Pryda av Gull og Sylv og dyre Steinar. Han sagde so til Konungen: „Her er eit Sverd, som Adalstein Konung sende Deg, og bad, at Du vilde taka ved det.“ Konungen tok Sverdet. Daa sagde Engelskmannen: „No skal Du vera Adalsteins Tegn[2]; fyredi Du tok ved Sverdet hans.“ Det var Sed, at ein Mann fekk Sverd av Konungen, naar han gjekk i Tenesta hans. Harald Konung skynade Spotti, og vardt hardla vreid; fyredi han vilde fulla inkje vera Tegn under nokon, og han vilde gjera Adalstein ei Pretta til Heimgjeld. Han sende Hauk Haabrok, ein vaagsam Kappe, med Haakon, yngste Sonen sin, til England, og dei funno Adalstein i ei stor Veitsla i London[3]. Hauk sagde dei 30 Mennerne sine, at dei skulde hava Sverdi gjøymde under Kaaporna og standa i Rad fyre Bordet; den, som gjekk fyrst inn, skulde ganga sidst ut. Hauk gjekk fremst og heilsade Konungen og sette Guten paa Kne'et hans. Konungen spyrr Hauk: „Kvi fer Du aat so?“ Hauk svarade:

---

1) Denne Hella vardt sidan kallad Haakons-Hella, ho ligg litet sud fraa Bergens Byen. 2) Tegn: Lydmann, Undermann. 3) London er Hovudstaden i England.

„Harald Konung bad Deg fostra detta Trælkone-Barnet fyre honom[1].“ Konungen vardt vreid og greip eit Sverd, so som han vilde drepa Barnet. Daa sagde Hauk: „Du hever no kne-sett[2] Guten, og Du kann myrda honom, um Du vil, men inkje øyder Du med di alle Sønerne hans Harald Konung.“ Di næst synde dei fram Sverdi sine, og gingo ut og foro heim. Harald Konung tykte, at Adalstein hadde fenget Fullnad; fyredi det var dei minste Høvdingarne, som fostrade Kongs-Borni.

Daa Harald Konung var aatteti Aar gamall og hadde styrt Riket i sjautti Aar, so vardt han so tungfør, at han orkade inkje aat fara um i Landet, som Kongarne vaaro vane den Tidi, og røkta Stjorni[4]. Daa leidde han Eirik Son sin aat Høgsætet sit og sette honom til Yverkonung i Staden sin (Aar 930). Try Aar etter do Harald Haarfagre paa Kongsgarden Agvaldsnes. Han vardt lagd i ein stor Haug atmed Haugasund. Store Bauta-Steinar vordo sette paa Gravi hans, og Haugen syneſt enno i Dag[4].

2. Eirik Haraldsson Blodøks.

Eirik Konung var ein stor og fager Mann, sterk og drusteleg og ein dugleg Hermann og sigersæl[5]. Men han hadde ovlega hardt og illt Lynde. Kona hans heitte Gunnhild, ho var og fager men vond og svikfull, og ho sette meir illt i Mannen sin. — Eirik Konung fekk inkje det Valdet, som Harald, Fader hans, hadde havt og gjevet honom. Strakst det spurdest, at Harald Konung hadde gjevet upp Riket til Eirik, so sette Halvdan Svarte i Trondheim seg i Yverkonungs-Sætet, og Trønderne vilde ingen annan Konung hava yver seg. Halvdan Konung do strakst etter; daa steig Sigfrød, Broder hans, i Staden hans paa same Maaten. Mange av Haralds Søner vaaro daa daude, og Olav Haraldsson raadde eine fyre Viki; han aatte ein Son, heitte Tryggve, og hadde Gudrød, Son etter Bjørn

1) Tora vardt inkje kallad Drotning men berre Konungens Ambaatt, elder Trælkona, Teneſt-Kona. 2) Det var Sed, at ein sette eit Barn paa Kne'et sit, naar han tok det til Fostring. 3) Stjorni, Styringi. 4) Agvaldsnes og Haugen hans Harald er paa Kormt (elder Karm-øyi) nordan fyre Jadren. 5) sigersæl: sæl elder heppen til aat vinna Siger.

Konung, i Fostring. Olav sette seg og i Yverkonungs-Sætet med Samtykkje av Vikværingarne; fyredi at ingen vilde koma under Eriks Vald; alt Folket hadde Illtykkje aat honom. Det var berre i Helgaland og vest i Landet, Eirik hadde Konungs Vald i Røyndi [1], medan Faderen livde, og dette var han myket illnøgd med. Etter Fraafallet hans Harald sagde Eirik, at han vilde gjera ein Freistnad mot Brødrom sine, um han inkje skulde faa Einvald yver alt Riket. Olav Konung i Viki og Sigfrød Konung i Trondheim hadde sidan eit Møte i Tunsberg og lagde Raad um aat halda Samstyrke imot Eirik, naar han vilde byrja Freistnaden sin. Men dei vaaro for seine til aat bua seg. Eirik Konung hadde dreget saman ein stor Her, og han siglde so snøgt til Viki, at ingi Njosn [2] gjekk fyre honom. Olav og Sigfrød hadde Bardage med honom utan fyre Byen; men Eirik hadde stort Overevle [3] og vann Siger; der fall Kongarne Olav og Sigfrød og vordo hauglagde paa same Staden. Daa lagde Eirik meir Land under seg; men det vardt no inkje stor Vinning. Han fekk endaa meir Hat av Folket; og Haakon Broder hans kom snart heim og rak Eirik fraa Landet (Aar 935). Eirik og Gunnhild aatte nokre Søner, som vordo Kongar i Noreg eingong sidan.

3. Haakon Haraldsson hin gode.

Haakon, den yngste Sonen etter Harald Haarfagre, var i Fostring med Adalstein Konung i England. Adalstein let døypa Haakon og læra honom upp i den kristne Trui, i god Sed og i allskyns Idrotter [4]. Adalstein elskade honom meir en Frendarne sine, og dei unde honom væl alle, som kjende honom. Daa han voks til, so vardt han større og sterkare og fagrare en andre Menner, han vardt klok og ordhag og ein trufast Kristen. Adalstein gav honom eit Sverd, som Hjaltet og Medalkavlen paa var av Gull, men sjølve Branden [5] var daa en betre; han var so godt stælt,

---

1) I Røyndi, inkje berre i Namn men og i Gjerning og Gagn. 2) Njosn, Tidend, Spurn. 3) Overevle, større Evle elder Styrke. 4) Idrotter, Mannsverk. 5) Hjaltet var Skaftet paa Sverdet kallat; Medalkavlen, Tver-Stykket framman fyre Skaftet; Branden, Bladet, Bit-Jarnet.

at Haakon hogg igjenom ein Kvernstein med det Sverdet lika til Augat. Difyre var det kallat Kvernbit.

Daa Haakon fekk spyrja, at Harald, Fader hans, var fraafallen, so vardt han hugad til aat fara heim til Noreg og freista, um inkje han og kunde faa seg eit Rike. Daa gav Adalstein honom Skip og Mannstyrke og budde honom væl til Ferdi. Haakon kom til Noreg og nord i Trondheim og fann der Sigurd Jarl. Sigurd hadde Jarldom i Trondheim etter Haakon Grjotgardsson, Fader sin. Han var halden fyre den djupvitugaste Mann i Noreg og hadde myket Vald. Haakon og Sigurd blundo seg i Lag soleides, at Jarlen skulde hjelpa Haakon til aat verda Konung, og Haakon lovade honom en større Vald, um Raadi deira gjekk fram. Dinæst stemnde dei Ting, og der talade Sigurd fyre Haakon og bad Bønderne taka honom til Konung. Haakon stod og upp sjølv og talade; daa rødde Bønderne seg imillom, at Harald Haarfagre var der komen atter og vorden ung andre Gongen. Haakon bad Bønderne gjeva seg Konungs Namn og Styrke til aat halda med Konungdomen; og han lovade at gjeva Bønderne atter Odalen deira. Daa ropade all Bonde-Mugen, at dei vilde taka Haakon til Konung, og so vardt gjort (Aar 935). Haakon var daa berre 15 Aar gamall. Di næst tok Konungen seg Hyrd og for sud gjenom Landet. Den Tidendi for som Eld i Halm alt aust til Landsenden, at Trønderne hadde teket seg ein slik Konung, som var lik Harald Haarfagre i alt, og berre det skilde, at Harald hadde trælkat[1] alt Folket, men Haakon vilde kvar Mann væl og gjeva atter Bønderne Odalen deira; og alle vordo glade. Haakon vardt teken til Konung paa kvart Ting og Folket strøymde aat honom fraa alle Leidom og vilde visa honom Hylle og Lydnad. Haakon gav Tryggve Olavsson og Gudrød Bjørnsson Konungs Namn og dei Fylki, som Harald hadde gjevet Federne deira i Viki.

Sidan drog Haakon Konung saman ein Her i Trondheim, og Vikverjarne samnadest og imot Illmannen Eirik Blodøks. Eirik baud og ut Her vest i Landet; men det var so leidt med di, at Folk vilde inkje fylgja honom. Daa for Eirik med eit litet Fylgje ut or Noreg til

1) Trælka, gjera nokon til Træl, taka Fridomen fraa honom.

Konung, i Fostring. Olav sette seg og i Yverkonungs-Sætet med Samtykkje av Vikværingarne; fyredi at ingen vilde koma under Eriks Vald; alt Folket hadde Illtykkje aat honom. Det var berre i Helgaland og vest i Landet, Eirik hadde Konungs Vald i Røyndi[1], medan Faderen livde, og dette var han myket illnøgd med. Etter Fraafallet hans Harald sagde Eirik, at han vilde gjera ein Freistnad mot Brødrom sine, um han inkje skulde faa Einvald yver alt Riket. Olav Konung i Viki og Sigfrød Konung i Trondheim hadde sidan eit Møte i Tunsberg og lagde Raad um aat halda Samstyrke imot Eirik, naar han vilde byrja Freistnaden sin. Men dei vaaro for seine til aat bua seg. Eirik Konung hadde dreget saman ein stor Her, og han siglde so snøgt til Viki, at ingi Njosn[2] gjekk fyre honom. Olav og Sigfrød hadde Bardage med honom utan fyre Byen; men Eirik hadde stort Overevle[3] og vann Siger; der fall Kongarne Olav og Sigfrød og vordo hauglagde paa same Staden. Daa lagde Eirik meir Land under seg; men det vardt no inkje stor Vinning. Han fekk endaa meir Hat av Folket; og Haakon Broder hans kom snart heim og rak Eirik fraa Landet (Aar 935). Eirik og Gunnhild aatte nokre Søner, som vordo Kongar i Noreg eingong sidan.

3. Haakon Haraldsson hin gode.

Haakon, den yngste Sonen etter Harald Haarfagre, var i Fostring med Adalstein Konung i England. Adalstein let døypa Haakon og læra honom upp i den kristne Trui, i god Sed og i allskyns Idtrotter[4]. Adalstein elskade honom meir en Frendarne sine, og dei unde honom væl alle, som kjende honom. Daa han voks til, so vardt han større og sterkare og fagrare en andre Menner, han vardt klok og ordhag og ein trufast Kristen. Adalstein gav honom eit Sverd, som Hjaltet og Medalkavlen paa var av Gull, men sjølve Branden[5] var daa en betre; han var so godt stælt,

---

1) I Røyndi, inkje berre i Namn men og i Gjerning og Gagn. 2) Njosn, Tidend, Spurn. 3) Overevle, større Evle elder Styrke. 4) Idtrotter, Mannsverk. 5) Hjaltet var Skaftet paa Sverdet kallat; Medalkavlen, Tver-Stykket framman fyre Skaftet; Branden, Bladet, Bit-Jarnet.

at Haakon hogg igjenom ein Kvernstein med det Sverdet lika til Augat. Difyre var det kallat Kvernbit.

Daa Haakon fekk spyrja, at Harald, Fader hans, var fraafallen, so vardt han hugad til aat fara heim til Noreg og freista, um inkje han og kunde faa seg eit Rike. Daa gav Adalstein honom Skip og Mannstyrke og budde honom væl til Ferdi. Haakon kom til Noreg og nord i Trondheim og fann der Sigurd Jarl. Sigurd hadde Jarldom i Trondheim etter Haakon Grjotgardsson, Fader sin. Han var halden fyre den djuppvitugaste Mann i Noreg og hadde myket Vald. Haakon og Sigurd bundo seg i Lag soleides, at Jarlen skulde hjelpa Haakon til aat verda Konung, og Haakon lovade honom en større Vald, um Raadi deira gjekk fram. Dinæst stemnde dei Ting, og der talade Sigurd fyre Haakon og bad Bønderne taka honom til Konung. Haakon stod og upp sjølv og talade; daa rødde Bønderne seg imillom, at Harald Haarfagre var der komen atter og vorden ung andre Gongen. Haakon bad Bønderne gjeva seg Konungs Namn og Styrke til aat halda med Konungdomen; og han lovade at gjeva Bønderne atter Odalen deira. Daa ropade all Bonde-Mugen, at dei vilde taka Haakon til Konung, og so vardt gjort (Aar 935). Haakon var daa berre 15 Aar gamall. Di næst tok Konungen seg Hyrd og for sud gjenom Landet. Den Tidendi for som Eld i Halm alt aust til Landsenden, at Trønderne hadde teket seg ein slik Konung, som var lik Harald Haarfagre i alt, og berre det skilde, at Harald hadde trælkat[1] alt Folket, men Haakon vilde kvar Mann væl og gjeva atter Bønderne Odalen deira; og alle vordo glade. Haakon vardt teken til Konung paa kvart Ting og Folket strøymde aat honom fraa alle Leidom og vilde visa honom Hylle og Lydnad. Haakon gav Tryggve Olavsson og Gudrød Bjørnsson Konungs Namn og dei Fylki, som Harald hadde gjevet Federne deira i Viki.

Sidan drog Haakon Konung saman ein Her i Trondheim, og Vikverjarne samnadest og imot Illmannen Eirik Blodøks. Eirik baud og ut Her vest i Landet; men det var so leidt med di, at Folk vilde inkje fylgja honom. Daa for Eirik med eit litet Fylgje ut or Noreg til

---

1) Trælka, gjera nokon til Træl, taka Fridomen fraa honom.

Orknøyarne. Der fekk han seg Mannstyrke og for til England og herjade og ranade fælt der. Adalstein Konung ynskte gjerna Fred fyre honom baade aat seg sjølv og aat Haakon Fosterson sin. Difyre gav Adalstein honom Eirik Konung eit Landstykke, kallat Nordhumbraland [1] som var folkat mest berre med norske Vikinga-Flokkar, som hadde stadnat der fyrr. Men den Konungen, som kom etter Adalstein, vilde taka Landet ifraa Eirik. Daa samnade Eirik ein stor Mannfjølde fraa Orknøyarne og andre Stader og hadde ein stor Bardage med Engelskmennerne; men daa hogg Blodøkst sidste Gongen, Eirik fall og myket Folk med honom.

Etter Eiriks Burtferd vardt Haakon Konung i alt Noreg. Han hadde Fylkes-Konungar av Haralds-Sønerne under seg paa Upplandet lika som i Viki. Haakon var ein myket god Konung, han var djupvitug og hadde fenget god Lærdom i England, so han visste væl aat styra Riket godt. Han heldt god Fred og Trygd i Landet, so ingen fekk nokon Skade paa Liv og Eigedom. I hans Tid var og gode Aar, og Fisket drog væl til, so Folket bergade seg væl. Haakon var og blid og uvand aat kvar Mann, og Folket likade honom so væl, at han vardt kallad Haakon hin Gode. Haakon Konung fekk og telja Folket i Jamtaland og Herjadalarne til aat gjeva seg under Noregsvelde.

Det vantade endaa myket i di, at Nordmennerne kjende seg som eit einaste Folk; det var liten Samtanke og litet Samhald millom Fylki; ei Konga-Ætt hadde berre lagt deim under eit Vald med Sverdet imot Folksens Vilje; og kvart Fylke hadde sin Log og Skipnad fyre seg sjølv (berre i Eidsvolls-Tinglaget var det annarleides). Difyre kunde det endaa snart vordet Skilnad og Strid millom Fylki innanlands, og ingen Styrke hadde daa Folket havt til aat verja seg, um ein utlendsk Fiende hadde viljat leggja deim i Trældom under seg. Paa alt detta vilde Haakon Konung gjera Umbot. Han fekk alle Fylki vest i Landet til aat samfesta seg under eit Lagting, som vardt haldet i Gulen [2]. Der sagde han fram eit Log-Emne, som Torleiv Spake (ein yngre) hadde hjelpt honom aat laga saman; og Folket samtykte Logi fyre alt Tinglaget. Den Logi vardt kallad

1) Nordhumbraland, Landet atmed Elvi Humber nord i England.
2) Gulen, i Eivindvik Prestagjeld i Ytre Sogn.

Gulatings-Logi, og Tinglaget kalladest Gulatingslaget. Lika so fekk han Fylki nord i Landet samfeste under eit Lagting, som vardt sett paa Frosta[1] i Trondheim, og der samtykte Folket ei Log, som han hadde lagat med Raadi hans Sigurd Jarl. Den Logi vardt kallad Frostatings-Logi, og dei Fylki, som lydde under henne, kalladest Frostatingslaget. Detta var eit storgagnlegt Verk. Alle Noregs Fylki vaaro no samanfeste i try store Tinglag[2] under tri goda Loger, som inkje vaaro myket ulike, og dei vordo aldri meir aatskilde. Denne Skipnaden maatte og læra Nordmennerne meir, at dei vaaro berre eit Folk, som skulde jamnan halda saman i alt, som var rett og godt.

Haakon hin gode hadde gjevet atter Bønderne Odalen, so kvar aatte Garden sin, og Folket sjølv aatte Landet, inkje Konungen; og det var sett fast i Logi, so no hadde Folket fenget atter den gamle Fridomen sin. Daa var det og Bønderne sjølve atter, som hadde Skylda til aat verja Landet imot Fiendmenner; og Haakon Konung skipade Landvorni paa ein god Maate. Han skifte alt Landet ut med Sjoen, so langt upp som Laksen gjekk i Elvom, i Luter, som kalladest Skipreidor. Aalmugen i kvor Skipreida skulde reida ut eit Herskip med Folk og Matnista og Vaapn. Det vardt fastsett i Logi, kvor mange Skip kvart Fylke skulde halda, kvor store dei skulde vera, og kvor mange Menner dei skulde hava. Det vardt og fastsett, kvor stort Manntal det skulde vera i Heren lenger inn i Landet. Det vardt sett Vitar elder Vardar[3] paa dei Fjelli, som vaaro synlege i stor Fraalengd. Paa kvar Vite var ei Stova og ein Vedbrote, og Menner vaaro sette der til aat halda Vard elder gløsa væl etter, um det kom nokon Her i Landet, og naar so var, so skulde dei kveikja[4] Eld i Vedbroten. Naar ein Vite brann, so vordo dei andre kveikte ein etter annan, og med di gjekk Ufredarbodet i berre 7 Dagar fraa ein Ende av Landet til den andre. Naar Varden lyste, so vardt og Her-ør[5] send med Bod fraa Granne til Granne, og

---

1) Frosta ligg atmed Trondheims-Fjorden litet inn fyre Byen. 2) Med Eidsiva-Tinglaget. 3) Enno finnst Namni atter, so som: Varen, Valen, Viten, Væten, Vaataan osv. 4) Kveikja: tendra, gjera upp Eld. 5) Her-ør, Ør er same som Pil; dei kløyvde ei Ør i Enden og ho skulde vera Teikn paa, at Ufredar-Her var i Landet, Her-øri vardt send so som det senda Bodstikka no.

daa luto Hermennerne skunda seg til Samnaden. Med denne Skipnaden var Herstyrken snøgt reidd til Mottaka, naar Fienden kom.

Haakon Konung var Kristen av fullt Hjarta, og han vilde gjerna føra Kristendomen til Nordmennerne. Han meinte, at Tidi var lagleg til di, daa Folket hadde teket ved Logerna hans, og han var so væl likad av Aalmugen og tyktest sitja fast i Riket. Han talde fyrst dei kjæraste Venerne sine til Kristen-Trui. Sidan bygde han nokra Kyrkjor paa Møre, og fekk Prestar ifraa England til aat halda Gudstenestå i deim. Dinæst stemnde han Aalmugen til Frostatings, og der sagde han, at det var hans Bod og Bøn til alt Folket, at kvar skulde lata seg døypa og tru paa ein einaste Gud, og halda seg ifraa Blot og heidne Gudar, halda Helg ein Dag av sjau og fasta kvar Fredag. — Den Tidi var inkje Kristendomen rett og rein, so som Apostlarne lærde honom, og som me no hava honom; mange Menner og mest Pavarne i Roma[1] hadde blandat sine eigne Meiningar inn i Gudsordet, og med di hadde dei rangleidt dei Kristne mykket baade i Tru og i Gjerning. Detta var den katolske Trui elder Pava-Trui. Fasta kvar Fredag var nokot, som høyrde til den Trui. — Det vardt eit stort Rop paa Tinget; Bønderne leto illa um detta, at Konungen vilde taka ifraa deim baade Trui og Arbeidet deira, so Landet maatte oydast; Arbeids-Folk sagde, at dei kunde inkje starva[2], naar dei inkje skulde hava Mat, „det var no eit Lyte hjaa Konga-Ætti, at dei vaaro knipne med Mat, endaa dei vaaro milde med Gull." Sidan reiste seg Hersen Aasbjørn av Medalhus[3] og svarade fyre Bønderne so: Det tenkte me Bønderne, Haakon Konung, daa me toko Deg til Konung og fingo Odalen vaar av Deg, at me hadde daa teket Hime'en i Henderna; men no tykkjest oss, som Du vil trælka oss av nyo paa den undarlege Maaten, at me skulo sleppa den Trui vaar, som Federne vaare hava havt fyre oss, og som hever hjelpt oss godt. Me hava myken Kjærleike til Deg, Konung, og me vilja halda dei Logerna, som Du sette, og hava Deg til Konung, medan me liva, so framt Du vil halda Hov[4], og inkje krevja det av oss, som er ugjerande.

1) Elder Rom i Italia. 2) Starva, same som arbeida. 3) Segjest no Me'lhus, i Gauldalen. 4) Hov (Hoov), Maate.

Men vil Du no driva denne Saki so frekt, so vilja me Bønder skiljast med Deg og taka oss ein annan Høvding og hava den Trui, som er etter Hugen vaar." Daa sagde Sigurd Jarl, at Konungen vilde samtykkja med Bønderne og inkje skilja Venskap med deim. Jarlen var Venen hans Haakon; men han var og ein stor Blotmann[1] og dyrkade Aasgudarne med full Aalvora, so han maatte i Røyndi gjera Kristendomen den største Modstada, endaa han for løynlega med di. — Sidan nøydde Høvdingarne og Bønderne Konungen paa Livet, daa dei hadde Blot-Veitsla paa Lade, so han laut gapa yver Gryte-Hodda, der nokot Feitt hadde lagt seg av Hesta-Kjøtet, som dei hadde blotat, men han lagde fyrst ein Duk um Hodda. Dei Kristne den Tidi meinte, at det var lika so stor Synd aat smaka Hesta-kjøt, som aat blota aat Aasgudarne. Um Vetteren skulde dei gjera stor Blot-Veitsla fyre Konungen paa Mære i Sparbu[2]. Dei 8 Høvdingarne i Trondheim sambundo seg til di, at daa skulde dei øyda den Kristendomen, som var i Landet. Fjore av deim foro ut paa Møre og brende Kyrkjorna der og draapo Prestarne. Dei andre fjore skulde nøyda Konungen til aat blota. Paa Mære samnadest dei fjølge til Veitsla baade Høvdingarne og Bønderne. Daa trengde Mugen aat Konungen paa Livet atter, at han skulde blota med deim. Jarlen letst fara og semja Bønderne med Konungen, og det vardt so, at Konungen aat nokor Hesta-Liver og drakk dei Minnes-Skaalerna aat Aasgudarne, som Bønderne skjenkte honom, og han fekk inkje gjera Krossens Merke yver deim. Soleides gjekk inkje Kristendomen fram i Noreg endaa. Haakon Konung var vorden nøydd til aat gjera slikt, som han meinte var stor Synd. Han for fraa Trondheim so harm og vreid i Hugen, at han sagde, han skulde koma mannsterk atter og refsa Trønderne fyre Fiendskapen deira imot honom.

Sidan Eirik Blodøks var fallen, flakkade Gunnhild med Sønerne deira til Danmark. Der vordo dei væl imottekne av Konungen Harald Gormsson Blaatonn; han knesette ein av Gutarne, heitte Harald, til Fosterson sin, og gav deim Veitslor (elder Gardar til aat taka Landskyldi av)

---

1) Stor Blotmann, ein som blotade (offrade) tidt. 2) Sparbu, inn med Nord-Enden av Trondheimsfjorden.

til aat halda seg med. Dette gjorde Dana-Konungen, fyre di han vilde sidan bruka desse Gutarne til sjølvs sit Gagn. Konungen talde Ætti si fraa Ragnar Lodbrok, som hadde havt Vald yver Viki i Noreg; difyre tyktest han hava Rett til den Landsluten, og kunde han vinna meir til, so var det myket væl. Daa Eiriks-Sønerne mannadest so myket, so gav han deim Folk og Skip til aat freista, um dei kunde vinna Noreg; og gjekk det fram, so skulde Harald Blaatonn vera Yverkonung der, og dei Underkongar. Eiriks-Sønerne tykte no og, at det inkje helder vantade deim sjølve Rett til Rike i Noreg. So foro dei ofta med Hernad i Viki, og Tryggve Konung kjepptest myket med deim. Haakon Konung gjorde ei Herferd til Danmark og tok rikleg Hevnd fyre Fiendskapen. Men sidan, daa Haakon heldt paa aat samna Her imot Trønderne, so spurdest det, at Eiriks-Sønerne vaaro i Viki med stor Mannstyrke fraa Danmark; dei hadde havt Bardage med Tryggve og reket honom fraa Skipom og herjat vida um. Daa laut Konungen senda Bod til Trondheim etter Leidang[1], og Sigurd Jarl og dei andre Hovdingarne komo med Heren og fingo Sætt[2] med Konungen. So foro dei imot Eiriks-Sønerne og hadde Bardage med deim paa Agvaldsnes paa Karmøyi. Haakon Konung sjølv søkte hardt fram og hadde Hoggskifte med Gudtorm Eiriksson, Gudtorm fall og mange Menner med honom. Heren deira kom paa Flotte[3], og dei rodde burt, som dei kunde snøggast; men dei hadde eit illt Fylgje av Nordmennerne. Nokre Aar etter komo Eiriks-Sønerne til Noreg atter med ein Dana-Her. Haakon Konung hadde sett stor Refsing fyre det aat kveikja Varda-Elden, naar inkje Fiendher var komen; fyredi det hadde hendt, at Varden var uppskoten, um berre nokre Vikinga-Skip foro med Landet. No figlde Eiriks-Sønerne so, at Vard-Mennerne fingo inkje full Vissa um, at det var Fiende, og so torde dei inkje kveikja Varden. Av di gjekk ingi Njosn fyre Eiriks-Sønerne, fyrr en dei komo nord til Stad[4]. Daa var Haakon Konung

---

1) Leidang: Utreiding av Herstyrke til aat fylgja Konungen i Stridsferd. 2) Sætt, ei Avtala, som dei baade samtykte. 3) Flotte: det aat fly (renna undan Motstandaren sin); no verd oftast sagt Flugt, men det Ord kjem av fljuga (flyga). I Gamlemaalet: flotti, av flya. 4) Stad elder Staden, eit stort Utnes vest i Landet.

paa Frædøy[1] og han hadde inkje meir Mannstyrke med seg en Hyrdi si og nokre Bønder, som saato i Lag med honom. Han spurde deim um Raad, anten han skulde ganga imot detta Overeplet elder fara nord etter og samna meir Mannstyrke. Ein gamall Kappe var der, ein Bonde, heitte Egill Ullserk, som hadde fyrr boret Merket (elder Strids-Fana) aat Harald Haarfagre; han svarede Konungen so: „Eg var med Harald, Fader Dykkar, i nokre Bardagar; han bardest[2] stundom med meir Folk, stundom med mindre, men hadde Siger jamnan. Han vilde inkje hava den Raadi af Venerne sine, at dei skulde læra honom aat fly. Inkje vilja me helder læra Deg det, Konung. Me tykkjast hava ein gild Hovding, og det skal inkja skorta Deg Fylgd[3] av oss!" Konungen vilde og helder berjast med den Mannstyrken, han kunde faa der. Han sende Herør ut i Bygderna og fekk samnat ein Mannstyrke paa 9 Skip. Eiriks-Sønerne komo med 20 Skip, og dei gingo paa Land baade Herarne og heldo Bardage paa Frædøy. Men det var ingi Von til di, at den litle Mannstyrken hans Haakon kunde standa seg lenge. Men Egill Ullserk fann ei slæg Raad; han fekk seg 10 Merke av Konungen og 10 Menner til aat bera deim, og han gjekk med deim fram med ein Bakke og let stinga Merki i Vedret[4], so Fienden kunde sjaa deim men saag inkje Mennerne, som baaro deim. Daa Striden var snarpast, so vordo dei vare alle desse Merki — dei, som stodo attarst i Fylkingi med Eiriks-Sønerne; og so vardt det eit stort Rop i Heren deira, at ein ovstor Her vilde koma i Ryggen aat deim og ganga imillom deim og Skipi deira; daa var all Heren braadt paa Flotte. Gamle[5] Eiriksson skynade Bretta med Merki, og han freistade aat stadna Heren sin; men Nordmennerne trengde so hardt inn paa deim, at dei luto renna undan. Gamle Eiriksson fall og myket Folk med honom; sumt av Folket rende ut yver Fjell-Floget, sumt rende beint i Sjøen og sumt kom burt med Skipom. Der fall og Egill Ullserk. Konungen let setja upp nokre Skip og leggja Egill og dei andre fallne Nordmennerne i deim og kasta upp Haug yver deim, og Bauta-Steinar vordo sette

1) Frædøy elder Fræða ligg paa Nordmøre. 2) Bardest, av berjast: strida. 3) Fylgd, Fylgje, Hjelp. 4) I Vedret (Ve're'), i Høgdi. 5) Gamle heitte den eldste av desse Brøderne.

uppaa; desse Haugarne synest enno. — Seks Aar etter sat Haakon i ei Veitsla paa Stord-Øyi[1]; daa komo Vardmennerne[2] heim i Garden og sagde det, at mange Skip komo sunnan fraa. Alle trudde, det var Eiriks-Sønerne, og Eyvind Skaldaspiller[3] gjekk inn til Konungen og kvad ei Visa, som han sagde det i, at no vardt det knept Setoemne[4], fyredi Blodøksar-Hevnararne komo der. Konungen spurde Mennerne sine um Raad, anten han skulde fara nord og samna Folk, elder dei vilde berjast med den Styrken dei hadde der. „No ljota me strida imot større Overevle en fyrr, endaa me hava jamnan havt liten Mannstyrke imot Gunnhildar-Sønerne," sagde han. Det var inkje meir Folk saman en Hyrdi og nokre Bønder; men dei skynade, at Konungen vilde helst halda Bardage, og dei svarade, at dei vilde inkje fly fyre Danom, utan dei hadde røynt seg[5] med deim. Konungen takkade deim og bad deim vaapna seg. Sjølv drog han paa seg Brynja og sette gyld Hjelm[6] paa Hovudet; han gjyrde um seg Sverdet Kvernbit og tok eit Spjot i Handi og hengde paa seg ein Skjold[7]. So skipade han Mennerne sine i Fylking og sette upp Merket sit. Eiriks-Sønerne komo i Land med so stort Overevle, at dei hadde seks Mann imot kvar ein av Mennerne hans Haakon. Morbrøderne deira, heitte Alv Askmann og Eyvind[8] Skrøya, vaaro i Heren med deim; dei vaaro sterke Kappar og dei største Manndraaparar. Konungen og hadde Kappar i Hyrdi si, dei største var han sjølv og Torolv hin Sterke, som var halden fyre jamnsterk med Haakon. Det vard ein hard Bardage der paa Stordøyi. Haakon Konung og Torolv Sterke gingo fram um Merket og hoggo hardt til baade Sidorna. Den gyldne Hjelmen aat Konungen lyste so i Solskinet, at Fiendmennerne saago væl kvar dei skulde finna

1) Stordøyi ligg i Sunn-Hordaland. 2) Vardmenner: Vaktmenner. 3) Skaldaspiller tyder ein, som er so dygdug ein Skald, at han spiller (gjerer til inkje) andre Skaldar (Diktarar). 4) Seto-emne: Ro til aat sitja. 5) Røynt seg: freistat Styrken sin. 6) Brynja er ein Kjole, som det gjorde stundom av Bladjarn men oftast av Jarn-Ringar, som det krøkte saman som eit Net. Hjelm er Jarn-Huva. 7) Skjold er ei rundvori Skiva av Tre med Jarning paa, som det heldo fram fyre seg med vinstre Handi. Hjelm og Skjold og Brynja kalladest Livdar-Vaapn, fyre di dei livde seg med deim elder toko av Hogg og Styng og Skot. 8) Namnet Eyvind er avlagat til Øvind, Even, Æven.

honom, og det vardt stor Vaapnaburd[1] paa honom. Daa tok Eyvind Skaldaspiller ein Hatt og sette yver Hjelmen. Daa ropade han Eyvind Skrøya so: „Løyner[2] Nordmanna-Konungen seg no? Hever han flytt, elder kvar er no Gull-Hjelmen?“ Og han og Alv gingo fram og hoggo so, som dei vaaro galne. Daa ropade Konungen: „Haldt Du fram Stemna[3], Eyvind, so som no, um Du vil finna Nordmanna-Konungen!“ Eyvind kom snart og hogg etter Konungen; men Torolv sette Skjolden imot, so Eyvind ragade nokot. Daa lyfte Haakon Kvernbit med baade Henderna og hogg Eyvind og klauv baade Hjelm og Hovud paa honom, so han spurde inkje meir etter nokot. I same Ridi hogg Torolv til Alv Askmann, so han fall. Sidan gjekk Haakon so hardt fram, at alt Folket laut vika undan honom. Det kom Rædsla i Heren deira Eiriks-Sønerne, so dei snudde seg og flydde. Haakon Konung søkte hardt etter deim med Nordmennerne; daa flaug Spjot og Ørvar[4] imillom baade Herarne so tjukt som Hagl, og ei Ør vardt til stor Uheppa: ho flaug i Handleggen aat Konungen. Daa dei skulde binda fyre Saaret hans sidan, so fingo dei inkje Blodet til aat stadna. Han sagde, at dei skulde føra honom nord til Aalrekstad[5]; men dei komo inkje lenger en til Haakons-Hella[6], der som han var fødd; daa skynade han, at Dauden hans var nær. Konungen hadde ingen Son; og han ventade, at Eiriks-Sønerne vilde aldri enda Ufreden i Noreg, medan nokon livde etter av deim, um dei inkje fingo Riket; difyre sagde han til Mennerne sine, at han vilde, at Eiriks-Sønerne skulde verda *tekne til Kongar* i Noreg etter honom. *Der do Haakon Konung hin Gode* (Aar 961). Han hadde gjort *store og gode Verk* i Noreg; difyre syrgde alle baade Venerne og Uvenerne hans etter honom og sagde, at ein jamngod Konung kunde aldri koma i Noreg. Han vardt lagd i ein stor Haug paa Kongsgarden Sæheim i Norhordaland, og enno synest Haugen[7].

1) Stor Vaapnaburd: det vardt gjort mange Hogg og Skot. 2) Løyner, gjøymer. 3) Det er: Gakk aat same Leidi. 4) Ørvar, Fleirtal av Ør: Skøyta (Skjegte) elder Pill til aat skjota av Boge. 5) Aalrekstad, atmed Bergen. 6) No Haak'helleren litet sunnan fyre Bergen. 7) Sæheim ligg i Horsanger 2½ Mil nord fraa Bergen.

4. Harald Graafeld Eiriksson og Broderne hans.

Daa Eirikssonerne fingo spyrja Fraafallet hans Haakon Konung, so vaaro dei inkje seine til aat venda atter til Noreg. Der toko dei ved Konungdomen yver Fylki vest i Landet; dei vaaro daa hovding-lause, og Folket sette seg inkje imot deim, fyre di Haakon hin Gode hadde viljat, at dei skulde verda Kongar etter honom. I Trondheims-Fylki raadde Sigurd Haakonsson Jarl, og Tryggve Olavsson og Gudrod Bjørnsson vaaro Fylkes-Kongar i Viki; paa Upplandet vaaro Fylkes-Kongar av Ætti til Harald Haarfagre. Dei vilde alle halda med det Vald, som Haakon Konung hadde gjevet deim; og Eirikssønerne maatte samtykkja det baade aat Sigurd Jarl og Kongarne i Viki.

Harald Eiriksson Graafeld[1] var den eldste og mannlegaste av dei Brødrom, som daa vaaro i Live; han var størst i Byrding og raadde mest med Lands-Stjorni. Dei vaaro alle mykket fagre Menner, store og sterke og veldiuge Hermenner; men dei vaaro og illharde i Lyndet og gjruge etter Pengar og Gods, og dei foro jamnan fram med stor Hardleike imot Folket. Gunnhild Moder deira var med deim og gav deim vonde Raader, og dei vordo alle snart hatade av Almugen.

Gunnhild og Kongarne vaaro illnøgde med di, at dei fingo inkje alt Landet til Forraad. Gunnhild sagde so til Sønerne sine: „Kvorleides tenkja De med Landet i Trondheim? De bera Konungs Namn som Federne Dykkar fyrr, men De hava litet Folk og Land, og De ero mange til Skiftes. Viki hava dei Tryggve og Gudrød, og dei hava og nokon Rett til di etter Federne sine. Men eg veit inkje, kvat Skylda me hava til aat lata ein Jarl raada so stort Rike undan Dykker som alt Trøndalaget og lata honom halda fraa Dykker Fader-arven Dykkar. Harald Konung, Farfader Din (sagde ho til Harald Graafeld) han skulde inkje kvida seg fyre det aat taka ein Jarl ifraa Livet og Riket.“ Harald svarede henne so: „Det er inkje so letvinnt,

1) Graafeld er graa Skinnkjole (Mudd). Ein Islending kom til Noreg med slike Graafeldar, men ingen vilde kaupa av honom; daa gjekk Harald ut paa Skipet hans og valde seg ut ein Feld; sidan kaupte dei andre og, medan nokon Feld var atter. Av di fekk Harald dette Auknamnet.

Moder, aat taka Sigurd Jarl av Livdagom som aat drepa ein Kalv; fyre di han hever stor Ætt, han er vensæl[1] og sløg, og vist vilde alle Trønderne fylgja honom. Der gjera me daa berre ei uheppi Ærend.“ „Aa, sagde Gunnhild daa; me skulo vita ei onnor Raad og gjera oss mindre fyre di en aat freista Styrken. Harald og Erling og eg skal sitja paa Nordmøre i Haust, og daa faa me sjaa, kvat som til hover.“ — Sigurd Jarl hadde ein Broder, heitte Grjotgard; han var ovundsjuk og vreid paa Sigurd, fyredi han hadde so myket Land og vilde inkje gjeva honom med seg. Harald Konung sende Menner inn i Trondheim, og dei foro til Sigurd Jarl med søte Ord og Vena-Gaavor og vilde lokka Jarlen ut paa Nordmøre til seg, so dei kunde drepa honom. Jarlen gav blide Ord og Gaavor atter, men han gjekk inkje i Snara deira; han var klokare en so. Grjotgard for til Kongarne og vardt væl fagnad der og var i stor Kjærleike med deim. Daa minnte Gunnhild honom Grjotgard um det, at Sigurd Jarl hadde lenge latet honom vera liten Mann, og ho talde honom til di, at han skulde hjelpa Kongarne aat taka Jarlen av Livet. Grjotgard var so hjartalaus, at han samtykte denne Raadi. Han for heim og heldt Njosn[2] um Jarlen, Broder sin, so han kunde sende Kongarne Bod, naar det var likast aat fara yver honom. Sigurd Jarl hadde jamnan stor Mannfjølde um seg, fyredi han trudde inkje Kongarne; men same Hausten var han i Veitsla paa Aglo[3], og daa hadde han berre litet Folk. Det let Grjotgard Kongarne vita; og dei siglde same Natti inn i Trondheim. Grjotgard kom til deim, og dei foro til Aglo og lagde Eld i Husom og brende Jarlen inne. Han var daa myket gamal Mann, lika væl tenkte inkje dei aat spara honom. Med dette Illverket tenkte Kongarne aat faa Vald i Trondheim, men den Voni deira gjekk mist. — Sigurd Jarl let etter seg en Son, heitte Haakon; han var ein fager og dugleg Mann, hardla sløg og lynsk og ein stor Hermann, so han høvde væl til aat dragast med Gunnhild

1) Vensæl, den, som hever lett fyre aat gjera andre til sine Vener, so han hever mange av dem. 2) Halda Njosn, sjaa og spyrja væl etter og soleides sanka Tidender um nokot (njosna). 3) Aglo hever voret ei Skipreida (no Skatvol) i Stjordalen, der paa Garden Aure ero Gravhaugar og ein Bautastein. Suma Sagor hava Hauklo, Namnet paa ein Gard i Aasen i Frosta.

og Sønerne hennar. Strakst Draapet paa Sigurd Jarl spurdest vidare um Trøndalag, so samnadest Aalmugen og tok Haakon til Jarl og Høvding fyre seg, og han gav Eiriks-sønerne so hard Mottaka, at han heldt Landet ifraa deim, og dei fingo ingen Skatt elder Skyld, fyrr en dei gjorde Sætt med honom.

Men det var ingen Fred aat tru av Gunnhild og Sønerne hennar. Difyre hadde dei eit Raadalag paa Upplandet — Haakon Jarl og Fylkes-Kongarne Tryggve og Gudrød fraa Viki og Gudbrand Herse i Gudbrandsdalen, og dei gjorde Samband til aat hjelpa kvarandre imot Eirikssønerne, naar det turvtest. Gunnhild fekk høyra um dette Møtet; daa meinte ho, at dei hadde lagt Raad til Fiendskap imot Kongarne, og ho fann snart ei lynsk Raad, som dei skulde fara etter. Um Vaaren etter sagde Harald og Gudrød, at dei vilde fara i Viking saman, og dei drogo Folk til seg og budde seg. Men daa dei drukko Burtferdar-Øl, so byrjade nokre Menner at tala um, kven som var mest Mann av Kongarne; det vilde dei baade vera, og dei vordo vreide og gripo Vaapni sine og vilde røyna seg ein imot annan, so Folk laut ganga imillom deim og stadga deim. Men denne Uvenskapen var berre ein sløg Leik, at Fylkes-Kongarne i Viki skulde faa rang Tidend og inkje vara seg fyre deim. Gudrød Eiriksson siglde Aalmann-Leidi til Viki og sende Bod til Tryggve Konung og bad honom koma og tala med seg, so kunde dei fara i Viking saman. Tryggve ottadest ingen Faare, han for til Gudrød aust med Sotanes[1]. Men daa let Gudrød Mennerne sine renna aat honom og drepa honom. Harald Konung for lenger ut i Havleidi og stemnde inn til Tunsberg. Gudrød Bjørnsson var i Veitsla litet upp ifraa Byen, og Harald for der upp um Natti og kringde um Garden. Daa gjekk Gudrød ut med Mennerne sine og vilde verja seg, men der fall han. Sidan for Harald og fann Gudrød, Broder sin, og etter detta Illverket lagde dei all Viki under seg.

Dei heldo inkje lenge Sætti med Haakon Jarl helder, og sidan foro dei ofta til Trondheim med Hernad og vilde gjeva Jarlen same Kosten, som Fylkes-Kongarne fingo; men han varde seg væl fyre deim og heldt Landet ifraa deim.

---

1) Sotanes, aust med Gauta-Elvi, høyrer no til Sverike.

Haakon felde og Grjotgard til Hevnd fyre Fader sin. Sidst paa vordo daa Kongarne dei sterkaste i Trondheim, og daa var Haakon Jarl i Danmark ein Vetter.

Eiriksønerne vaaro Kristne paa si Vis, og dei foro og med aat skula kristna Folket; men det gjekk traudt med di, og inkje brydde dei seg myket med det helder, annat en naar dei vunnost med di aat brjota ned Hov og Guda-Bilæte og stadna Blot, so dei fingo rana aat seg Gull og Sylv og dyrt Gods, som det var myket av der. Difyre lagde Folket myket Illtykkje aat deim, som ventande var.

Det var ei hard Tid i Noreg, daa Eiriksønerne raadde. Dei heldo inkje myket av dei Logerna, som Haakon hin Gode sette i Landet, utan naar dei tykte det fellt fyre seg sjølve. Dei hadde kvar si Hyrd og turvte myket Gods til aat halda alt det Folket med; penga-giruge[1] vaaro dei og; difyre lagde dei store Skattar og Tyngslor paa Folket. Det var og sagt, at dei gjøymde Lausøyre i Jordi. Dei gjorde og ymse Illgjerningar baade med Menner og Kvinnor, umfram Høvdingarne, som dei myrde. Fyre alt detta unde Landsfolket deim berre alt, som illt var. Ataat all Harmen og Trengsla var det endaa Uaar og Svult i Landet. Dei Fjordbygderna i Sunnhordaland, som kallast Hardanger, skulo endaa hava fenget Namnet sit av di, at Kongarne saato der jamnast med myket Folk, so mest all Føda gjekk med til deim, og Aalmugen sat atter med Svulten. So stor var Trengsla endaa aat slike store Høvdingar som Eyvind Skaldaspiller, at han segjer det i eit Kvæde, at han laut kaupa Hav-Sildi med Boga-Sildi (Skot-Orvarne sine), so nær var Lausøyren hans gjengen upp. Sume av Kongarne fingo og ein Ill-Daude. Harald Konung og Sigurd Sleva, Broder hans, hadde Ting med Bønderne paa Vors[2], og dei gjorde Retten so hard aat Aalmugen, at Tingmennerne gingo paa deim og hadde drepet deim, um dei inkje hadde komet seg undan. Men siden sat Sigurd Sleva paa Aalreksstad; det spurde Klypp Herse, han hadde sjølv Urett aat hevna paa Konungen, og han samnade ein Mannflokk og for aat honom Sigurd, og Klypp sjølv lagde Sverdet igjenom honom. Erling Konung sat i Trondheim og nøydde Bønderne til aat reida meir Skatt og Skyld, en Logi sagde

1) Les gjiruge. 2) Vors i Nordhordaland.

fyre. Trønderne baaro illa Skaden sin, og dei samnadest og gingo paa Erling Konung og draapo honom, so som Haakon Jarl hadde bedet deim. No stodo dei andre Brøderne og paa Fall-Randi fyre Sløgdi og Svik-raadom hans Haakon.

Harald Blaatonn Dana-Konung hadde visst inkje stor Kjærleike til Harald Graafeld, Fosterson sin, paa den Tidi, fyredi det Brøderne hadde inkje kjendt honom fyre Yverkonung yver seg i Noreg, so som dei hadde lovat honom fyre den Herhjelpi, han gjorde deim. Men Haakon Jarl var i myken Venskap med Konungen den Vettren, han var i Danmark. Haakon hadde daa myki Umtenkning; han laag ofta paa Sengi og aat og drakk berre litet fyre Hovdabrots Skuld. Dana-Konungen hadde ein Broderson, heitte Gull-Harald. Han hadde faret myket i Viking og avlat seg myket Gods og Gull. Han var illa nøgd med di, at han hadde inkje fenget nokon Lut av Danmark, fyredi han var daa Son av ein Kongsson. Haakon Jarl heldt seg og til Venskap med honom, og Gull-Harald sagde Haakon den løynlege Raadi si, at han vilde no krevja Land av Danakonungen. Han spurde Haakon, kvorleides han meinte, det vilde ganga. Haakon saag daa, at no kunde han fremja si eigi Raad, og han svarade Harald so: „Danakonungen held no væl inkje fraa Deg Retten Din; detta fær Du daa vita best, naar Du røder med Konungen um det; men det veit eg, at Du fær inkje av Riket, naar Du inkje krev." Daa kravde Gull-Harald halve Danmark av Konungen. Men Harald Blaatonn vardt rjukande vreid og neittade det hardla. Daa gjekk Gull-Harald til Jarlen og bar seg illa fyre detta og bad honom um god Raad. Haakon bad honom hava Tankarne sine med seg sjølv, so inkje spurdest. „Det tarvst og til slike store Raadlegg, at Mannen er djerv og sterk og sparer kvaarkje godt elder illt til dess, at det kann ganga fram — det, som er til teket. Men det er faafengt aat taka upp stora Raader og sidan leggja deim ned med Skamm." Gull-Harald svarar: „So skal eg fremja Kravet, at eg skal inkje spara Henderna mina fyre aat drepa sjølve Konungen, so framt han vil neitta meg Retten min." Daa Haakon hadde sett so myket Staal i Gullharald, so kom Danakonungen sjølv sidan og spurde seg Raad av Jarlen og sagde so: „Eg gjerer meg litet fyre aat drepa honom, fyredi eg trur

honom illa, um han held traatt paa detta Kravet." „Gullharald vil visst inkje, sagde Jarlen, lata denne Saki falla ned. Det er og Von til, at han fær god Folkahjelp, um han reiser Ufred, fyredi Danerne elskade Fader hans mykjet. Men det er og den største Uhova fyre Dykker aat drepa Brodersonen Dykkar, fyredi alle vilja kalla honom saklaus i dette Hovet. Helder inkje vil eg raada Deg det, at Du gjerer Deg til mindre Konung en Fader Din var." „Kvat er Raadi Di daa, Haakon, naar eg inkje skal skifta Riket, og inkje drepa Harald og løysa meg or denne Otten?" Daa no Haakon hadde skræmt Konungen og gjort honom raadlaus, so lovade han aat tenkja ut ei Raad um nokre Dagar. No hadde han mykjet Hovdabrot av nyo, og daa Danakonungen kom atter, so sagde Haakon: „Eg hever vakat og tenkt Natt og Dag, og eg finn ingi onnor Raad, som kann duga, en den at Du hever alt Riket Dit men gjever Harald, Frenden Din, eit annat Kongarike, som han kann verda heidrad Mann med." „Kvat Rike skal det vera?" spurde Konungen. „Det er Noreg," sagde Haakon. Daa sagde Konungen so: „Noreg er eit stort Land og hardt Folk er der, og det er inkje godt at søkja med utlendsk Her. Harald Graafeld er og Fosterson min, fyre alt dette høver inkje denne Raadi væl." Daa sagde Jarlen so: „Lenge visste eg det, at De hever ofta gjevet Gunnhildar-Sønerne Styrke; men dei hava lønt Dykker berre med illo. Me skulo komast aat Noreg mykjet lettare en aat berja det aat oss med all Danaheren. Send Du Bod til Harald Graafeld og bed honom koma til Deg og faa det Land av Deg, som han hadde fyrr. Daa kann Gullharald vinna seg Riket i Noreg av Graafeld med eit litet Rykk." Danakonungen tenkte so litet paa Syndi og Skammi, at han samtykte, og dei vordo samde alle tri um denne Raadi.

Danakonungen sende Menner til Harald Graafeld og bad honom koma til Danmark; dei sagde og den Tidendi, at Haakon Jarl laag nær Dauden og var mest ifraa Vitet. Harald Graafeld vardt glad i detta Bodet, fyredi det var so trong Tid i Noreg, og han siglde til Danmark med 3 Langskip. Gullharald for imot honom med 9 Skip. Sidan talade Haakon Jarl til Danakonungen um det, at det var liti Von til di, at Gullharald vilde vera honom tru, naar han fyrst hadde fenget so stor Styrke som alt Noreg. „Det

sagde han til meg i Vetter, at han vilde drepa Deg, um han saag Tilføre til di. No vil eg helder vinna Noreg under Dykker og drepa Gullharald, daa vil eg gjerast til Jarl i Noreg under Dykker og sverja Dykker Truskaps Eid og reida Dykker Skattar av Landet; daa er Du og større Konung en Fader Din, naar Du raader yver tvau Tjod-land." Detta samdest dei og um, og Haakon Jarl for no etter Gullharald. Det vardt ein hard Bardage i Limfjorden [1] millom Harald Graafeld og Gullharald. Harald Graafeld sagde so til Gullharald: „Det gled meg, at eg ser Din Siger yver meg verda stutt, fyredi Haakon Jarl, Frenden vaar, kjem her med Herstyrke og drep Dykker fyre Fotom vaare og hevner oss so." Der fall Harald Konung Eiriksson (Aar 975). — Gullharald og Mennerne hans hadde inkje vunnet aat skifta Herfanget [2], fyrren Haakon Jarl kom aat deim med 12 Skip og drap Gullharald. Han fann tvo Kistor med Gull etter honom. So vidt hadde no Haakon Jarl naatt med Sløgdi si; denne djupe og krokotte Raadi hans hadde gjort honom stor Æra, um ho inkje hadde voret svortat av so stygg Svik og hjartalaus Illska.

5. Haakon Sigurdsson Jarl og Harald Grønske.

Harald Blaatonn Danakonung for sidan til Noreg med 600 Skip. Der var daa med honom Haakon Lada-jarl og Harald Grønske, Son etter Gudrød Bjørnsson Fylkes-Konung i Viki. Daa vaaro Nordmennerne so for-harmade paa Eirikssønerne, at dei hadde inkje Illtykkje til den utlendske Konungen, som kom til Landet med den store Herstyrken. Haakon Jarl talde og fyre Folket so, at det var han som skulde verda den eigenlege Lands-Stjornaren; og honom toko dei gladlega med, og so tenkte dei inkje myket paa det Framand-Valdet, som lagdest yver deim. Ein stor Fjølde Nordmenner samnadest, og paa Hauga-Ting atmed Tunsberg toko dei Harald Danakonung til Yver-Konung i Noreg. Harald Blaatonn sette Haakon Sigurdsson til sin Jarl i alt Landet, so nær som Upplandet, der som Fylkes-Kongarne raadde daa som fyrr, og Viki. Jarlen

1) Limfjorden gjeng inn nord i Jutland i Danmark 2) Her-fang: Gods, som Hermennerne taka ifraa Motstandararne sine.

skulde hava Kongsgardarne og all Skatt og Landskyld og alla Kongs-Eigorna i Fylki sine. Difyre skulde han reida Skatt aat Harald Blaatonn, 100 Merker Gull og 30 Falkar [1] fyre kvart Aar, og han skulde hjelpa Danakonungen med Herstyrken, naar han kravde det. Harald Blaatonn gjorde og Harald Grønske Gudrødsson til Fylkes-Konung i den vestre Luten av Viki; den øystre Luten vilde han hava sjølv. (Aar 975). Etter det for han atter til Danmark med Herstyrken sin. No vaaro berre tvo av Eirikssønerne i Live, det var Gudrød og Ragnfred, og dei laut flya or Landet med Gunnhild Moder si, likasom Fader deira gjorde fyrr. Andre Aaret etter kom Ragnfred Eiriksson med ein Her fraa Orkn-øyarne til Noreg og heldt seg ein Vetter vest i Landet Men Haakon Jarl vann Siger yver honom i ein hard Bardage paa Tinganes i Sogn, og etter det flydde Ragnfred or Noreg atter. Med di var Haakon Jarl Herre i Landet.

Haakon Jarl hadde Bustaden sin paa Lade Kongsgard, likasom Federne hans hadde fyrr; difyre var han og kallad Ladajarlen. Han var lik Sigurd Fader sin i di, at han var ein stor Blotmann, han dyrkade visst Aasgudarne so hjartugt, som nokon kunde. Daa han for kring um i Landet, so heldt han Folket til aat reisa upp Hovi atter og blota trottugt til Gudarne, og styrkte soleides Heidingskapen; det likade Folket og væl, og han vardt difyre kallad Blot-Jarlen. Det høvde og so væl til, at det vardt goda Aarferder atter; Folket fekk avla seg Korn, og Sildi gjekk inn aat Landet, so det vardt no god Tid aat liva i fyre Folket. Aalmugen trudde, at dette gode kom fraa Aasgudarne, fyredi Haakon blotade so trulega aat deim og blidkade deim atter. — Haakon Jarl styrde Landet so, at Folket likade det væl. Fyre alt detta lagde Nordmennerne myket Godtykkje til Jarlen i hans fyrste Tid.

Endaa hadde inkje Ladajarlen vunnet heile Leiken, som han byrjade med Danakonungen. Det hadde inkje voret Meiningen hans, at Danakonungen skulde hava Æra elder Gagn av di, at han (Haakon) fann Raad til aat reka Eirikssønerne ifraa Konungdomen i Noreg, helder vilde han

---

1) Falkar, Haukar, som det hadde med seg paa Veide, og som vaaro upptamde til aat taka andre Fuglar.

daa hava alt Gagnet sjølv, so framt han kunde faa det. Han bidde berre paa den fagre Dagen, at han kunde faa Tilføre til aat skilja Danakonungen med det Yvervaldet, som han hadde fenget i Noreg. No bar det so til, at Harald Blaatonn fekk Ufred av Otto Tydsklands Keisar, fyredi Keisaren vilde nøyda Danerne til aat taka ved Kristendomen. Daa sende Danakonungen Bod til Haakon Jarl, at han skulde koma med all Nordmanna-Heren og hjelpa honom imot Tydskarne. Denne Tilburden vilde Haakon gjera seg Gagn av; og han svarade Danakonungen, at han vilde gjerna gjera Skylda si og hjelpa honom; men han kunde inkje faa Aalmugen til aat gjera so stor Kostnad, som aat reida ut all Leidangen, utan so var, at Danakonungen vilde løysa Folket og Jarlen ifraa at reida Skatten sidan. Danakonungen vilde naudugt sleppa Yvervaldet sit; men han var i slik Otte og Trengsla av Tydskarne, at han laut løysa Nordmennerne av Skatt-Skylda, og med di gav han upp Yvervaldet. Daa baud Jarlen ut Her or alt Riket sit og siglde til Danmark og for sud til Danavirke (det er ein Borg-Mur tvert yver Landet imot Tydskarne). Der bardest Nordmennerne med Tydskarne og varde Landet væl, so Tydskarne viko undan. Daa for Haakon Jarl med Nordmennerne til Skipi sine og vardt liggjande nord i Danmark og bidde Bør. I medan komo Tydskarne atter og vunno Siger yver Danerne, so dei luto taka ved Kristendomen paa den Visi, det kunde vera. Harald Blaatonn tykte, at han hadde nokor Skamm av di, at han var nøydd til aat taka ved Kristendomen; og no var han og vreid paa Haakon Jarl, so han vilde gjerna føra sama Skammi paa honom. So sende han Bod til Jarlen og bad honom koma til seg. Kvor sløg Jarlen var, so vardt han daa narrad no, den Gongen han for til Danakonungen. Men daa heldt Keisaren og Kongen saman og nøydde Haakon til aat taka ved Daupen, og han laut lova, at han skulde kristna alt Folket i Noreg, og dei sende Prestar med honom. Dette kunde vordet til Velsigning aat Nordmennerne; men Jarlen lovade alt imot sin Vilje; det var og litet, han fekk vita av Kristendomen, og han vardt no hardare Heiding en fyrr. Han sløygde Prestarne paa Land; han herjade og i Riket aat Danakonungen; og daa han kom heim i Noreg, so gjorde han alt det, han

kunde til aat fremja Blot og styrkja Heidingskapen, og han for illa med dei Kristne, som han fande naa i Noreg.

Danakonungen angrade paa Yvervaldet, som han miste i Noreg, og han tykte, at Haakon og Nordmennerne vaaro nokor Hemnd verde. Han drog saman myket Folk og Skip og siglde til Noreg og for fram der med Ran og Draap og brende Bygderna; i Lærdalen i Sogn vaaro inkje meir en 5 Gardar ubrende etter honom. Haakon Jarl samnade Her og for imot honom; men daa snudde han um og siglde heim atter. Sidan vilde han helder freista aat senda i Vegen andre fyre seg. I Staden Jomsborg i Vendland hadde nokre danske Hovdingar samnat eit stort Lag av Vikingar; det var dei største og hardaste Kappar, som Folk visste aat segja av; dei kalladest Joms-Vikingar. Harald Blaatonn gjorde ei stor Veitsla, og der vaaro og Jomsvikingarne. Der var Røgdi av sterk Drykk, og Jomsvikingarne toko so myket til seg, at det steig aat Hovudet paa deim, og so byrjade Hovdingarne aat gjera store Lovnadar. Sigvalde var Jarl fyre Jomsvikingarne, han lovade, at han skulde fara til Noreg og drepa Haakon Jarl elder reka honom burt or Landet; Torkell Haave[1], Broder til Sigvalde, og Bue Digre lovade aat fylgja honom og hjelpa til. Hovdingen Vagn Aakason lovade, at han skulde inkje koma atter or Noreg, fyrr en han hadde drepet Torkell Leira (ein Lendermann elder Herse i Viki) og teket Ingebjørg, Dotter hans, til Kona. Harald Blaatonn var visst fegen, naar han fekk snutt Jomsvikingarne aat denne Leidi; Vikingarne sjølve vaaro inkje angerlause Dagen etter; fyredi dei tykte, det var for stort og vandt Verk, som dei hadde bundet seg til. Dei vilde daa vera Menner fyre Ordi sine, og dei gaavo seg strakst paa Ferdi og vilde fara braadt yver Jarlen, fyrr en han vannst med aat samna Her. Haakon Jarl hadde nokre Søner; ein heitte Eirik, han hadde fenget Jarldom paa Raumarike under Danakonungen; ein annan heitte Svein. Eirik Jarl kom med ein stor Mannflokk nord i Trondheim og sagde Fader sin Tidend um Tiltaket deira Jomsvikingarne; og dei foro um og samnade Skip og Folk so myket som dei kunde faa, baade Tegn og Træl[2]. Men

1) Haave, same som Høge (há = høg). 2) Tegn, fri Mann. Trælarne fingo inkje den Æra aat fylgja frie Menner i Strid, utan naar det var ovlega stor Faare fyre Landet.

Jomsvikingarne toko daa til aat rana Gods og drepa Folk, der som dei foro fram. Dei vaaro uppe paa Oyi Hød elder Hareidland[1] og førde Gods og Buse ned til Skipi; daa sagde ein Mann, heitte Ulv, so til deim: „De fara inkje hermannlega fram, naar De reka Kyr og Kalvar burt; større Veide var det, um De toko Bjørnen sjølv, som no er komen nær Bjørna-Baasen." „Veit Du nokot til aat segja um Jarlen?" „Han ligg no i Hjørunga-Vaag[2] med tvau elder try Skip." Daa skundade Jomsvikingarne seg til Hjørungavaag; men der fingo dei sjaa det, som dei inkje likade. Haakon Jarl laag der med 180 Skip; men dei vaaro daa smaae; Jomsvikingarne hadde 60 store Skip. Det var tri Høvdingar fyre Nordmennerne. Haakon Jarl lagde sine Skip midt i Fylkingi, og imot honom var Sigvalde Jarl med sine Skip; i den eine Armen av Fylkingi lagde Eirik Jarl fram, og imot honom var Bue Digre; i den andre Fylkingar-Armen var Svein Haakonsson imot Vagn Aakason. Der vardt det ein av dei største Bardagarne, som hadde voret i Nordlandi. Det galdt væl inkje um mindre helder en alt Noregs Rike. Det vardt stort Mannfall, og mest hjaa Nordmennerne i fyrsto. Vikingarne skuto beint igjenom Skjoldarne deira, og so strid Vaapna-Burd kom aat Haakon Jarl, at Brynja hans vardt reint utsliti, og han slengde henne av seg. Vagn Aakason søkte aat so hardt, at Skipi hans Svein vordo trengde undan og vaaro nær Flotten. Daa for Eirik Jarl der aat med Skipet sit, Jarnbarden, og bardest so hardt, at Vikingarne vordo trengde atter i det fyrre Lægjet. Men imedan Eirik var burte fraa sin Fylkingar-Arm, so gjekk Bue Digre so hardt paa der, at og dei Skipi vordo trengde atter. Daa lagde Eirik Jarl ataat Skipet hans Bue, og der vardt det daa den hardaste Hogg-Rid. Daa kom det og eit ovhardt Hagl-Vedr og slog so tungt og stridt i Augo paa Joms-Mennerne, som det skulde voret Stein. Daa vardt Modet tunnt i deim, og Sigvalde Jarl flydde med 35 Skip. Vagn Aakason ropade etter honom so: „Kvi flyr Du, vonde Hund, ifraa Lagsmennerne Dine!" og han fløygde Spjotet sit etter honom og raakade den Mannen, som sat med Styret, men

1) Hareidland er et Oy i Sunnmøre 2) Hjøringavaag er no og kallad Lidarvaag, paa indre Sida av Hareidland.

det var daa inkje Sigvalde sjølv. Daa lagde Haakon Jarl og ataat Bue, og daa fall Hoggi tjukt paa Mennerne hans. Ein av deim var Aaslak Holmskalle, han hadde so hard Hovudskolt, at inkje Vaapn hadde kunnat bita paa honom. Men Islendingen Vigfus, som var med Haakon Jarl, han tok eit Smidjested og slengde i Hovudet paa Aaslak, og det beit til Fullnads. Ein annan Kappe var Haavard Hoggande; Nordmennerne hadde hogget Føterne av honom; men endaa bardest han paa Kne. Bue Digre saag snart, at han var reint yver-sigrad, og so lyfte han upp tvo Kistor med Gull, og ropade høgt: „Fyre Bord, fyre Bord, alle Bua Menner[1]!" so støypte han seg i Sjoen, og mange Menner fylgde honom. Sidan vaaro alle Nordmennerne um Vagn Aakason, og snart var alle Skipi rudde fyre Jomsvikingarne, og 30 Menner vordo handtekne; der var Vagn sjølv med. Dei vordo førde paa Land og bundne alle med eit Tog um Føterne, og dei saato alle paa ei stor Laag[2]. Haakon Jarl vilde, at dei skulde døy, og Torkell Leira vilde hava det Starvet aat drepa deim. Torkell sagde so til Vagn Aakason: „Det lovade Du, Vagn, at Du skulde drepa meg; men no tykkjer eg, det er likare, at eg drep Deg." So harde vaaro Jomsvikingarne, at dei logo og trøydde seg, medan dei bidde Dauden. Ein sagde so: „Dette Fiskbeinet, som eg held i Handi, skal eg stinga i Jordi, so framt eg veit nokot, naar Hovudet er hogget av meg." Daa Torkell hadde drepet so mange av deim, at berre 12 Menner var atter, so kom han til ein hardla fager Mann med gult Haar; denne Mannen sagde so: „Gjer inkje Haaret mit blodott!" Daa heldt ein Mann upp Haaret; men daa Øksi fall, so kipte Vikingen undan Hovudet sit, og Hogget tok av baada Henderna av den andre. Vagn Aakason lo aat di og sagde so: „Enno ero daa inkje alle Jomsvikingarne daude." Daa kom Eirik Jarl aat og spurde, kven denne fagre Mannen var. „Folk kalla meg Sigurd, og eg er Son av Bue Digre." „Vil Du hava Fred?" spurde Eirik. „Fyrst vil eg vita, kven som byd meg det." „Han byd, som hever Vald til di: Eirik Jarl." — „Daa vil eg," sagde han, og han vardt løyst or Toget. Daa skreik

1) Bua Menner, Bue sine Menner. 2) Laag, Nedloga, Leggen av eit gamalt Tre.

Torkell Leira: „Vil Du, Jarl, gjeva desse Mennerne Fred, so skal daa Vagn Aakason aldri fara med Livet.“ Og han rende aat Vagn med uppkyst Oks; men daa velte ein Viking seg ned fyre Foterne hans Torkell, so han fall flat yver honom. Daa tok Vagn Oksi og hogg Torkell Dauda-Hogg og ropade so: „No hever eg daa fyllt den eine Luten av Lovnaden min.“ Eirik Jarl baud og Vagn Fred; men han vilde inkje taka mot, utan dei fingo det alle. Daa loyste Eirik deim lause alle saman, endaa Haakon Jarl vilde det inkje. Haakon Jarl og nokre Menner saato paa ein Stokk; daa small ein Bogastreng paa Skipet hans Bue, og Ori flaug i den Mannen, som sat atmed Jarlen. Daa gingo dei ut paa Skipet og vilde sjaa, kven som skaut; det var han Haavard Hoggande, og han spurde, kven som fall av Stokken. „Gissur,“ svarade dei. „Daa var Heppa mi mindre, en eg vilde, naar eg inkje raakade Jarlen.“ — „Uheppa var stor nog, sagde dei, men inkje skal Du vinna fleire“, og so draapo dei honom. — Med denne Sigren hadde Nordmennerne vunnet eit stort Verk; men storst Heider var Eirik Jarl verd, fyredi han gjorde mest til Sigren, og han var og mild imot deim, som yvervunne vaaro.

Fylkes-Konungen Harald Grønske heldt med Riket sit i Viki. Han var gift med Aasta Gudbrandsdotter; men skjost paa skjøytte han inkje um henne. Han for i Viking; og stundom vitjade han Sigrid Drotning, Einkja etter Eirik Sigersæle Konung i Sverike. Ho var rik og storlaati, og ho gjorde seg vensleg aat Harald Konung. Ein Gong bidlade han til henne, og ein Konung or Gardarike var og komen der i same Ærendi. Sigrid Drotning bad deim baade inn i ei stor Stova og let bera fyre deim Nøgdi av sterk Drykk, og dei drukko til dei vordo liggjande. Daa let Sigrid Drotning kveikja Eld i Huset og brende inne Kongarne. So skulde ho gjera Smaa-Kongarne leide av aat fara ifraa andre Land og bidla til henne, sagde ho. Sidan var ho kallad Sigrid Storraade.

Daa lagde Haakon Ladajarl under seg det Riket i Viki, som Harald hadde aatt, og no raadde han som ein Konung i næstan alt Noreg. Han hadde og gjort myket godt fyre Nordmennerne, han hadde løyst deim ifraa Hardstyret deira Eirikssønerne og frelst deim ifraa Danerne sit Yvervald og fraa dei faarlege Fiendar Jomsvikingarne. Difyre fekk han

endaa meir Godtykkje og Vyrding av Landsfolket. — Men sidan vardt han drukken av all den Heppa og Heidren, han fekk. Han vardt so storlaaten, at han meinte, at no var det inkje, som kunde stoppa ned Valdet hans i Noreg; han tenkte inkje meir paa det, at Aalmugen var Styrken hans; han gløymde Klokskapen og var hard mot Folket og for fram med Ulog og Illverk. Daa vardt det so, at Folket hatade honom snart so mykjet, som dei hadde elskat honom fyrr, og han vardt kallad Haakon hin Ille. Ovmodet hans sette honom paa Fall-Randi. Sidst paa gjekk det so vidt, at Aalmugen i Trondheim reiste seg imot honom, og han vardt so naudsett, at han laut løyna seg under eit Svinabol til aat berga Livet; men der miste han Livet lika væl (Aar 995). — Harald Blaatann Danakonung vardt reken fraa Riket fyre Svein, sin eigen Son, og vardt drepen. — Paa denne Tidi byrjade Kristendomen aat verda nokot kjend i Noreg mest i Viki, der som Folket hadde mest Samferd med andre Folk, som vaaro Kristne. Daa Blot-Jarlen fall, so var det ingen, som var nog veldug til aat halda upp Heidingskapen; han var og no komen aat Enden sin.

6. Olav Tryggvason.

Tryggve Konung i Viki, som Eirikssønerne draapo, var gift med Aastrid, Dotter til Eirik Bjodaskalle av Ofrestad[1]. Daa Tryggve fall, so gjekk Aastrid med Barn, og laut fly undan Gunnhild og Sønerne hennar. Ho løynde seg paa ein Holm i Randsjøen[2], og der fedde ho Sonen sin og kallade honom Olav. Sidan var ho med Fader sin paa Ofrestad, men ho laut fara der ifraa til Sverike. Gunnhild sende Menner etter henne, og ho laut fara yver Dystresjøen til Gardarike (Rysland) til Sigurd Eiriksson, Broder sin, som var i stor Vyrding hjaa Konungen der, heitte Valdemar. Men Vikingar komo yver deim paa Havet og toko Skipet deira, og dei skilde Olav ifraa Moder si og selde honom til ein Mann fyre ein Bukk. Sidan vardt Olav seld fyre eit

---

1) Det er fleire Gardar med Namn, som er likt Ofrestad; ein er det i Dyer i Gudbrandsdalen, og det er kanskje den, som her er meint. 2) Rond elder Randsjøen ligg paa Upplandet sudvest fraa Mjøsi.

godt Klædeplagg til ein Mann i Estland [1], heitte Reas, og der hjaa honom var Olav eit Bil. Daa hende det, at Sigurd Eiriksson kom til Estland i Konungens Ærend, og han fekk sjaa denne Guten, og han kjende honom fyre Systerson sin; han kaupte fri Olav og tok honom med seg til Kongsgarden. Olav var daa hjaa Sigurd, og ingen visste Ætti hans, fyrr en han var 12 Aar gamal. Daa kjende han atter der i Byen den Vikingen, som hadde teket honom ifraa Moder hans; Olav bar ei liti Oks, og henne hogg han i Hovudet paa Vikingen. Daa vart Olav daudadømd etter Logi der; men Sigurd leidde honom til Drotningi, og ho bad Konungen fyre honom, og Olav fekk Naade. Daa kom det upp, at Olav var av Konga-Ætt, og han fekk vera med Konungen i slik Byrding, som høvde ein Kongsson. Sidan vardt han Høvding fyre Heren, som Konungen sende til aat verja Landet, og daa vann han seg so stor Heider, at Landsens Høvdingar baaro Ovund imot honom og vilde leggja vondt fyre honom hjaa Konungen. Daa vilde inkje Olav vera der lenger, han raadde seg Skip og Folk og for ut i Viking. Han herjade og ranade vida um i Flamland [2] og England og Frankrike, og han vann seg myket Gods og Gull og vardt vida namngjeten. Han let seg kalla Konung Ole hin Gerdske, fyredi han vilde inkje, at Haakon Jarl i Noreg skulde faa nokor Tidend, fyrr en han kunde møta honom. Olav herjade med slikt Vald i England, at Konungen der laut kaupa seg Fred av honom fyre 20 Tusund Pund Gull og Sylv. — Olav talade og med Kristne i England, og med di fekk han kjenna Kristendomen; han vardt døypt og vardt ein hjartug Kristen. — Medan han var i England, so for der Bod, at alle Menner skulde koma til Ting; der kom ei fager Drotning, heitte Gyda; ho var Syster til Olav Kvaran Konung yver Nordmenner, som hadde busett seg i Dublin i Irland, og Einkja etter ein Jarl i England; no vilde ho velja seg ein Mann av deim, som vaaro der paa Tinget. Der stodo mange rike Menner i dyre Klæde og hæv Bunad; ein heitte Alvine, han var ein stor Kappe og rik Høvding, og han

---

1) Estland, ein Lut av Rysland atmed Dystresjoen. 2) Flamland, nokot av Holland og Belgia. 3) Irland ligg nær England, som det no høyrer til.

vonade, at Gyda vilde velja honom. Gyda gjekk ifraa deim alle, til ho kom aat Enden av Mannskaren. Der stod Olav litet ifraa dei andre med nokre Menner; han var i Vaas-Klædi og hadde lodi Trøya og sid Hatt paa seg. Gyda gjekk til honom og lyfte upp Hatten hans og saag honom væl i Augo; so spurde ho, kvat Mann han var. Han svarade, at han heitte Ole og vat fraa Gardarike. Daa sagde ho so: „Vil Du hava meg, Ole, so vel eg deg." „Inkje vil eg neitta det," sagde Olav, og etter det vordo dei feste. Men Alvine likade detta illa, han baud Olav til Holmganga, so dei skulde berjast med 12 Menner paa kvor Sida. Olav var inkje rædd fyre aat møta Alvine; han og Mennerne hans toko Okslar, og han sagde deim, at dei skulde fara aat lika eins som han. Alvine og Mennerne hans hadde Sverd. Daa dei møttest, so hogg Alvine til Olav; men Olav slog Sverdet or Handi hans med Oksi og lagde honom i Hovudet med Hamaren, so han fall i Uvit; di næst batt han Alvine, og lika so gjorde Mennerne hans Olav med dei andre. Daa fekk Olav Gyda og eit litet Rike med henne; men ho do snart ifraa honom.

Haakon Ladajarl hadde høyrt sagt nokot um Sjo-Konungen Ole Gerdske; han hadde ei Meining um, at det kunde vera Olav Tryggvason, og han ottadest fyre di, at Olav vilde koma heim i Noreg ein fager Dag og faa Aalmugen med seg og vinna Riket. Difyre sende Jarlen ein sløg Kaupmann, heitte Tore Klakka, Venen sin, til England aat samna Tidender um Ole og freista aat svika honom fraa Livet, um han var Tryggvasonen. Tore fann Olav Tryggvason og lokkade honom mykjet til det, at han skulde fara til Noreg og taka Riket ifraa Jarlen. Olav visste det fyrr, at Nordmennerne likade inkje lenger Haakon Jarl, og han var no raadd paa aat vaaga ein Leik snart med Blotjarlen. So siglde han heim til Noreg med 5 Langskip i Fylgje med Tore, men han for daa varlega.

Paa denne Tidi var Aalmugen nær til aat gjera Uppstand imot Haakon Jarl fyre Illverki hans, og no gjorde han sjølv so mykjet, at det bar laust. Han var i Veitsla paa Medalhus[1] i Gauldalen, og daa sende han Trælar til

1) Medalhus ligg paa øystre Sida av Gaulelvi i Medalhus Prestgjeld.

Orm Lyrgja, Bonden paa Bunes[1]. Orm var gift med Gudrun, som var so fager og væn ei Kona, at ho var av di kallad Lundarsol (det er Soli fraa Garden Lundar[2]). Trælarne skulde taka Gudrun fraa Mannen hennar og føra henne til Jarlen. Orm bad Trælarne til Bords, og so sende han Bod etter so mange Bønder til Hjelp, at Trælarne laut lata Gudrun Lundarsol vera og fara so heim atter. Di næst sende Orm og Haldor av Skjerdingstad[3] ut Her-ør alle Veger og bad Bønderne fara med Vaapn imot Haakon Jarl og hefna Hevnd yver honom etter Logi. Daa samnadest ein stor Manna-Muge, og Jarlen laut fly, og han hadde berre ein Træl, heitte Kark, med seg. Dei foro yver Isen paa Gaul, og der kjøyrde Jarlen ned Hesten sin og let Kaapa fi liggja atter paa Isbreiddi, at Bønderne skulde tru, at han var sjølv faren ned der. Di næst foro dei til Rimul[4], der budde ei Kona, heitte Tora, som Jarlen hadde stor Elska til, og han bad henne segja seg eit Rum, som var godt aat løyna seg i. Tora sagde: „Det er ein Stad her paa Bøen min, der som Ingen skal tenkja paa aat leita etter ein slik Mann som Du, det er Svinabolet.“ „Livet skal ein fyrst berga,“ sagde Jarlen, og Kark Træl grov ei Hola under Svinabolet, og der gingo dei two ned i, og Tora lagde Fjøler yver og førde Jord uppaa og let Svini trakka der.

I dette Bilet kom Olav Tryggvason inn i Trondheims-Fjorden. Tore Klakka hadde freistat aat taka Olav fraa Livet; men det lukkadest inkje betr en so, at Tore sjølv miste Livet. Olav møtte Erling, Son til Haakon Jarl, med nokre Skip. Erling rende paa Land; daa fleygde Olav Styrevolen etter honom, so han stod i Heilen hans. Daa fekk Olav Tidend um, kvat Staak Bønderne hadde med Haakon Jarl, og Bønderne fingo og Spurn av Olav, og han for til Lade. Daa leto Bønderne av aat leita etter Jarlen, og dei skundade seg inn paa Lade, og der toko dei daa Olav Tryggvason til Konung i Noreg. Sidan foro dei upp i Dalen til Rimul, og leitade etter Jarlen alt det, dei kunde; men det raakade inkje Løyndar-Staden

1) Lyrgja og Bunes i Staurens Prestgjeld. 2) Lundar i Stauren. 3) Skjerdingstad, litet ned fraa Medalhus Garden. 4) Rimul, paa Vestsida av Gaulelvi beint yver fraa Medalhus Garden.

hans. Daa let Olav blaasa i Ludren til Husting ute paa Gardstunet, og han steig upp paa ein stor Stein, som laag nær Svingbolet, og han talade høgt og lovade den Mannen baade goda Gaavor og Byrding, som kunde finna Jarlen. Dette høyrde dei baade Jarlen og Kark. Dei hadde Ljos ned i Hola, og Jarlen saag, at Kark skifte Hamlit; daa sagde Jarlen: „Kvi fyre er Du so bleik, men stundom svart som Jord? Er det so no, at Du vil svika meg?" Kark sagde nei; men Jarlen trudde honom inkje rett, og han heldt Vaka yver seg um Natti. Kark sovnade og let illa. Daa spurde Jarlen, kvat Kark drøymde? „Eg drøymde det," sagde han, at eg var paa Lade, og Olav Tryggvason lagde ein Gullring um Halsen min." Jarlen sagde so: „Det tyder, at Olav vil leggja ein Ring, som er raud av Hite, um Halsen din; vara Deg fyre di! Men av meg skal Du njota godt her etter som fyrr. Svik meg inkje!" Sidan vakte dei baade, kvar yver annan. Men imot Dagen sovnade Jarlen og let illa og høgt. Daa vardt Kark rædd, at nokon skulde høyra det, og han tok Kniven sin og skar Hovudet av Jarlen. Kark meinte, at han skulde faa goda Gaaver av Olav fyre dette Verket, og han bar Hovudet til Konungen. Men Konungen hadde talat til deim, som sokte aat Jarlen, fyredi dei hadde Sak med honom, men Trælen skulde berre voret sin Herre tru. Difyre let Konungen den vonde Trælen hengja ute paa Holmen[1]. — Eirik Jarl Haakonsson og Svein Broder hans flydde or Landet til Olav Skot-Konung, som daa var Konung i Sverike, etter Eirik Sigersæle, Fader sin. Daa var Olav Tryggvason Konung i alt Noreg, so han hadde og Vald yver Fylkes-Kongarne paa Upplandet og yver Viki, som Danerne hadde havt.

Olav Tryggvason var Kristen med fuldt Hjarta, og han hadde sett seg det fyre, at han skulde inkje spara Starv og Møda og inkje Livet helder til dess aat føra Kristendomen til alt Folket sit so væl, som det var gjerande. Han byrjade denne Gjerningi i Viki; fyredi der var Kristendomen nokot kjend fyrr, og der hadde Konungen mange Høvdingar i Skylda med seg, som baade vilde hjelpe honom og kunde det. Olav fekk og Spurn av Aastrid Moder si der, men ho livde inkje, daa han kom; ein Kaupmann heitte

1) Nidar-Holmen, Munkholmen, atmed Trondheims Byen.

Lodin fraa Viki, hadde funnet henne paa Træla-Marknaden i Estland og kaupt henne laus og fenget henne til Kona; Son deira var Torkell Nevja. Av Olavs Morbrøder vaaro der Jostein og Karlshovud og Torkell Dyrdill, og Maagarne hans varo Hyrning og Torgeir (gifte med Døtterna deira Lodin og Aastrid). — Konungen fekk snart kristnat all Viki og Agder. Dei, som inkje vilde med godo taka ved den kristne Trui og Daupen, dei fingo harda Refsingar; fyredi den Tidi vaaro mange range Meiningar blandade inn i Kristendomen og stor Vankunna hjaa dei Kristne, og dei visste inkje betre en so. Ein av dei Prestmennerne, som fylgde Konungen ifraa England og talade fyrst Guds Ordet til Nordmennerne, var Sigurd Biskop; han var ein mykket blid Mann og full av kristeleg Kjærleike, so han drog med di mange Hjarto til den sanne Gud. — Sidan for Konungen til Rogaland i same Ærendi. Men Bønderne møtte med Herbunad paa Tinget, og dei valde tri Menner, som maalsnildaste vaaro, til aat svara Konungen, at um han endaa var Konung, so skulde han daa inkje faa nøyda deim til nokot imot Logi. Daa Tinget var sett, so stod Konungen upp og bad Bønderne med fagre Ord, at dei skulde taka ved Kristen-Trui, men trugade med hard Refsing yver deim, som inkje vilde. Daa stod den fyrste av Talsmennerne upp og vilde svara imot; men det sette aat honom slik Hoste, at han fekk inkje Ord fram, og han laut setja seg ned. Daa stod den andre upp; men Motsvari vilde inkje falla seg likare fyre honom helder; han vardt so stam, at han kunde inkje bera fram eit Ord; alle toko til aat læja, og Mannen sette seg ned atter. Den tridje vardt so haas og raam, at ingen høyrde, kvat han talade. Men detta Meinet i Mælet deira vaaro dei nog mest Skuld i sjolve; det kom vonlega av di, at dei torde inkje mæla imot Konungen og inkje helder svika Saki fyre Aalmugen, og so var det likast fyre deim, at dei sagde inkje Ordet. No var det ingen der til aat tala imot Konungen, og inkje torde dei helder reisa Bardage imot honom. Difyre vardt Enden so, at dei toko ved Kristendomen og vordo døypte alle Mann der paa Tinget. Di næst vardt det sett Gula-Ting. Der møtte Bønderne og fullt budde til Strid; mange velduge Høvdingar av Horda-Kaara-Ætti — bland deim Olmod hin Gamle og Erling Skjalgsson av Sole — var der og vilde røkta sit

Gagn. Daa Konungen hadde boret upp Bodet sit um Kristendomen, daa svarade Olmod Gamle so: „Me Frendarne vilja fara alle etter ei Raad. Vil Du, Konung, brjota oss under Din Vilje med Naudung, so vilja me standa imot med alt vaart Evle; men er det so, Konung, at Du vil fremja Velferdi nokot aat oss Frendarne, so vilja me alle snua oss aat Deg med fullkomi Tenesta." Konungen spurde: „Kvat vilja De hava daa?" Olmod svarade so: „Det er no det fyrste, um Du vil gifta Aastrid, Syster Di, med Erling Skjalgsson, det gildaste Karlsemnet i Noreg." Konungen vilde, at Aastrid skulde svara sjølv til detta; og daa slito dei Tinget. Aastrid Konungsdotter vilde inkje gjerna hava nokon Mann, som inkje hadde Tign[1]. Daa let Konungen plukka all Fjødri av ein Hauk, som ho aatte, og sende honom so til henne. „No er Broder min vreid," sagde Aastrid; og Konungen sagde henne, at han kunde væl gjeva Erling Tign, um han vilde; daa samtykte ho. Sidan sette Konungen Tinget atter og baud Bønderne Kristen-Trui; Høvdingarne heldo no med Konungen, og ingen trøyste seg til aat mæla imot. Daa vardt det døypt alt Folket, som der var.

Sidan heldt Erling Brudlaup med Aastrid. Konungen var der, og han baud Erling, at han skulde faa Jarldom; men Erling svarade so: „Hersar hava Federne mine voret, og eg vil inkje hava større Namn en dei. Det vil eg bidja Dykker um, Konung, at De vil gjera meg til den største Hersen her i Landet. Daa gjorde Konungen Erling til Herse yver alt Landet fraa Sygna-Fjorden til Lidandesnes. Han vardt ein drjug Herse sidan.

Etter det for Konungen nord etter og kristnade Aalmugen i alle Fylke utan fyre Trondheims-Fjorden. So kom han inn i Trondalaget.

I Trondheim var Landsens meste Styrke. Der paa Lade hadde Blotjarlen Haakon setet, der vaaro dei hardaste og traa'aste Heidingar, og dei største Bloti aat Aasgudarne vordo der haldne. Av di hadde Olav Konung med Kristendomen det største Berget aat brjota der. Konungen for først til Lade og let brjota ned Hovet der og slaa Guda-Bilæti i Knas. Men daa sende Trønderne Herør ut i

1) Tign, Storvyrda, som Konungen og Jarlen hadde.

Bygderna, og ein stor Her kom saman og vilde fara mot Olav Konung og læra honom aat lata slikt Verk vera ugjort. Daa fylgde Konungen ut or Trondheim og var burte eit Bil, til dess Trønderne hadde stilt seg nokot. Sidan kom han atter til Trondalaget med ein stor Mannstyrke. Daa tok han til at byggja en By elder Kaupstad; der vilde han samna kristne Folk ikring seg og halda so myken Mannstyrke der, at Kristendomen kunde faa ein fast Heim og sidan breida seg der ifraa ut yver Landet. Han bygde daa ei Kyrkja[1] og ein Kongsgard paa ei stor Oyr, der som Nidar-Elvi fall ut i Fjorden, og han let byggja Skipsnaust der og gav Tufter til deim, som vaaro Kristne elder vilde verda det, so dei kunde byggja seg Hus og bu der, og det vardt snart ein liten kristen By, som vardt kallad Nidar-os elder Kaupangen[2] i Trondheim. (Sidan vardt denne Byen kallad berre Trondheim, soleides, som Lands-Bygderna ero kallade). — Det Kristen-Ljoset, som var i Byen, lyste og sidan ut yver Landet vidare og vidare. Nidar-os var sidan lenge den hævaste Byen elder Hovudstaden i Noreg. Paa Oyri nedan fyre Byen vardt haldet Oyra-Ting, og Logi baud, at der skulde Kongarne verda valde og tekne og faa Konungs-Namnet. — Sidan stemnde Konungen Frosta-Ting; men Bønderne gjorde Tingbodet til Hervør og baud saman Tegn og Træl. Daa Konungen sette Tinget, so var det ein hardla stor Bonda-Muge der, og Jarn-Skjegge fraa Upphaug paa Yrland[3] var Formann fyre deim. Konungen bad Bønderne taka ved Kristendomen; men Jarn-Skjegge øste deim upp so, at dei ropade og bad Konungen tegja, elder so vilde dei taka honom og reka honom burt. „So gjorde me med Haakon Adalsteins-Fostre, daa han baud oss slikt Bod, og inkje vyrda me Deg meir en honom." Daa Konungen saag Offen deira, so veik han Roda so sløgt der til, at han vilde no helst semjast med deim, „eg vil fara der til, som De hava det største Blotet Dykkar, og sjaa, kvat Sed og Aatferd De hava der, so kunna me taka Raad daa um denne Saki." Og det vardt fast-raadt, at dei

---

1) Det var Klemets-Kyrkja, som enno stend der tett atmed Domkyrkja paa den Sida, som veit aat Byen. 2) Kaupang, same som Kaupstad. 3) Yrlandet ligg paa Nordsida av Innlaupet til Trondheims-Fjorden.

skulde hava Midsumarsblot inne paa Mære[1], og der skulde Kongen koma. Bønderne tenkte no berre aat draga Overevle yver Kongen kvar Gong, so han skulde inkje kunna fremja Kristendomen. Men fyrren Motet vardt paa Mære, so heldt Kongen ei stor Veitsla paa Lade og baud heim Hovdingarne og Storbønderne i Ut-Trøndalag; der var hæv Veitsla og Nogdi av god Mat og sterk Drykk ein Dag. Andre Dagen let han blaasa i Ludren til Husting; daa rende Kongs-Mennerne ifraa Byen inn paa Lade, og daa Tinget var sett, so sagde Kongen so: „De hava kravt so traatt, Bønder, at eg skal blota aat Aasgudarne med Dykker, og me skulde gjera stort Blot inne paa Mære i Sumar. Men um eg skal blota med Dykker, so vil eg gjera det største Blot, som gjerast kann: eg vil inkje blota Trælar elder Illmenne; men eg vil gjeva Gudarne dei govugaste Hovdingarne. Eg nemner til dess: Orm Lyrgja, Styrkaar av Gimsar[2], Kaar av Gryting[3], Aasbjørn av Varnes[4], Orm av Leira[5], og Haldor av Skjerdingstad." Kongs-Mennerne gripo strakst desse Hovdingarne, og daa kom Rædsla i deim; det var væl nokot ognugt og aat verda burtgjevne aat Gudarne. Dei baado um Fred, og leto Kongen raada so, som han vilde. Daa vord'o dei døypte alle, som der vaaro. Denne Pretta hovde inkje med Kristendomen; men Kongen meinte det daa væl og visste det inkje betr. — Sidan bar det avstad til Mære, der Blot-Veitsla skulde vera. Daa vaaro dei komne der alle Hovdingarne, som stodo imot Kristendomen, med ein hardla stor Bondemuge, og Jarn-Skjegge var Ordførar fyre deim. Men daa hadde Kongen mange Menner med seg, som fyrr hadde voret imot honom; han sette Ting og baud Aalmugen Kristendomen. Jarn-Skjegge svarade so: „Me Bønderne vilja no som fyrr, at Du blotar, so som andre Kongar hava gjort her fyre Deg." Daa sagde Kongen, at han vilde ganga inn i Hovet og sjaa, kvorleides dei hadde det der. Daa fylgde tolv Bønder med Kongen inn i Hovet, og han hadde og tolv av sine Menner med. Dei luto alle vera vaapn-lause der; men Kongen bar ein Stav med

---

1) Mære ligg i Sparbu inn med Enden av Trondheims-Fjorden. 2) Gimsar i Medalhus Prestgjeld paa Vestsida aat Gaulelvi. 3) Gryting elder Grjote i Orkadalen. 4) Varnes, i Stjordalen. 5) Leira, i Strind.

Gullknap paa, og han gjekk fram aat Aasa-Tor, som sat høgst i Benken, og han gav Tor eit slikt Drag av Staven, at den Herren valt ned av Stallen; Mennerne hans rende daa aat dei andre Gudarne og støypte deim ned, so all Guda-Reidi vardt liggjande i ei Røra paa Jordi. Jarn-Skjegge vilde trengja seg inn; men Kongs-Mennerne draapo honom ut fyre Dyrri. Daa vardt Modet tunnt i Bønderne, Gudarne vaaro nedstøypte, Jarn-Skjegge var fallen, og ingen torde vera Forgangsmannen deira og reisa Merket sit til Bardage imot Konungen. So vardt Enden den, at dei vordo døypte alle saman. Konungen sende Menner med Prestar ut i alle Bygderna i Landet, der som Kristendomen var vedteken, at dei skulde læra og døypa Folket.

Olav Konung for sud gjenom Landet og rettade Trui hjaa Aalmugen og rudde burt Heidingskap og saag til, at der var Prestar i Bygderna, og at Kyrkjor vordo bygde, der som det turvtest mest.

Det gjekk Bod millom Olav Konung og den svenske Drotningi Sigrid Storraade um Giftarmaal; dei hadde eit Stemnelag i Kongahella[1] i Viki og vordo samde um detta. Men daa sagde Konungen, at ho skulde taka ved den kristne Trui; det vilde ho inkje, og Olav vardt so vreid fyredi, at han sagde so: „Kvi fyre skulde eg vilja hava Deg, ovgamle og hundheidne[2] Kjerring!" Og han slog henne endaa i Andlitet med Votten sin. Sigrid vardt daa og hardla vreid og sagde so: „Detta maatte daa væl eingong verda Banen Din!" Og sidan tenkte ho berre paa Hevnd. Sidan kom Tyre, Syster til Danakonungen Svein Tjugoskjegg Haraldsson, til Olav og bad honom vera Verjomannnen sin, fyredi Broder hennar hadde nøydt henne til aat giftast med ein heiden Konung i Vendland[3], som ho likade so illa, at ho laut fly ifraa honom; henne vardt Olav Konung gift med utan Sveins Vilje. Sigrid Storraade vardt sidan gift med Svein Tjugoskjegg.

Olav Konung var og paa Ringarike og fremde Kristendomen. Der raadde Fylkes-Konungen Sigurd Syr av Ætti til Harald Haarfagre; han var gift med Aasta Gudbrandsdotter, Einkja etter Fylkes-Konungen Harald Grønske;

1) Kongbella ligg aust med Gautaelvi (no i Sverike). 2) Hundheiden tyder so myket som full-heiden. 3) Vendland, Pomern paa Sudsida aat Dystresjøen.

og ein Son, som Harald hadde havt med Aasta, vardt fostrad der med Sigurd og Moder si. Sigurd og alt Folket hans vardt døypt, og Olav Konung heldt sjølv Haraldssonen yver Daupen og gav honom sit eiget Namn Olav[1]. Denne unge Olav vardt sidan myket lik Olav Tryggvason og fylgde etter honom i hans Verk.

Dei veldugaste Høvdingarne i Helgaland vaaro: Haarek av Tjotta[2] (Son av Eyvind Skaldaspiller), Tore Hjort i Vaagen og Eyvind Kinnriva og Raud hin Ramme av Godøy[3]. Desse vaaro harde Heidingar og hadde myken Styrke; difyre meinte Olav Konung, at det turvtest baade Sløgd og Vald til aat fremja Kristendomen der i Helgaland. Fyrst nytte han ei Pretta til aat fanga Haarek og fekk umsider telja honom til Trui; sidan hjelpte Haarek til aat handtaka Eyvind Kinnriva og føra honom til Nidaros. Eyvind var so hard i Heidingskapen, at han vilde kvaarkje med godo elder vondo verda Kristen. Daa for Konungen so illhardt med honom, at han let deim halda ei Kanna med Gløder paa Magen hans, til dess han sprakk sunder og do. Sidan for Konungen nord etter med myken Mannstyrke og heldt Ting med Bønderne og fekk deim til aat taka ved Kristendomen. Men Tore Hjort og Raud Ramme reiste Bardage imot honom: Konungen vann Siger, og dei flydde. Konungen rende etter Tore upp i Landet med Hunden sin, Vige, og han ropade til Hunden: „Vige, tak Hjorten!" Daa rende Hunden paa Tore og stadgade honom, medan Konungen fekk fløygja Spjotet sit i honom. Di næst tok Konungen Raud Ramme og talde myket fyre honom baade med godo og vondo; men det var faafengt alt; og Raud fekk og ein hardla pinsam Daude. Daa desse Hardhausarne vaaro burte, so vardt alt Folket i Helgaland kristnat.

Olav Konung vilde og føra Kristendomen til dei andre Landi, der som det budde Nordmenner med norskt Maal. Han fekk Folket paa Vester-Oyarne (atmed Skotland) til aat taka ved Kristendomen.. — Sigmund Brestesson heitte Lendermannen paa Færøyarne; Konungen talde honom til Kristentrui, og denne trufaste Mannen gav seg inkje, fyrren

---

1) „Ole, Oluf, Olaus" er Avlaging. Namnet verd no rettast uttalat der, som dei segja Olav og Ola. (Gamal Uttala: Olavr). 2) Tjotta, ei Oy i Alstarhaugs Gjeld. Vaagen, i Lofoten. 3) Godøy i Salten.

Færøyingarne vaaro kristnade; men difyre fekk han og sjølv Dauden av dei gamle, harde Heidingarne der. — Olav Konung starvade myket med aat kristna Islendingarne. Han gjorde deim til sine Vener — alle Islendingarne, som han raakade — og freistade aat telja deim til Trui. Han sende og Tangbrand Prest til Island aat tala Guds-Ordet til Folket der. Eingong vaaro mange Islendingar komne til Nidaros i Kaupferd, og Konungen talde myket fyre deim; men dei stodo imot. Han heldt deim lenge i Byen, so dei fingo inkje fara; fyredi han vilde freista deim. Men dei vordo myket illnøgde med di. Den hævaste av deim var Kjartan Olavson; Konungen gav honom ein raud Silke-Kjole til dess, at dei skulde blidkast nokot. Men likavæl talade Kjartan med Lagsmennerne sine um, at det var likaste Raadi, at dei brende inne Konungen. Men Konungen fekk vita det, og strakst sette han Ting og Islendingarne laato møta. Konungen talade som so: „Er det sannt, Kjartan, at Du rødde um, at De skulde brenna meg inne?" Kjartan svarade, som minst ventande var, ja til detta. Daa sagde Konungen: „Ein Mann er Du, som segjer Sanning, men denne Raadi Dykkar gjeng nog inkje fram. Du var Dauden verd fyre detta; men eg gjever Deg det til, fyredi Du verd væl snart Kristen og feler Lagsmennerne Dine med Deg. No skal Islendingarne saa fara i Guds Fred." Kjartan takkade Konungen og sagde so: „Det kann henda, at og vyrder Tor mindre etter denne Dag." Jolanatti vaaro Islendingarne i Kyrkja og vilde sjaa Aatferdi til dei Kristne, og dei fingo daa høyra Messa. Konungen talade og sjølv til Aalmugen um, at i den Stundi var han fødd den Herren, som dei alle hadde godt av aat tena. Etter det kom Kjartan med dei andre Islendingarne, og dei toko ved Døypingi alle saman. — Tangbrand Prest var ein braadlynd og strid Mann; han fekk umvenda berre faae Menner paa Island; sume gjorde Sneidverd um honom, og dette vardt Tangbrand so forharmad fyre, at han drap tri Menner. Difyre vardt han dømd utlæg og laut fara heim atter. Presten klagade hardt fyre Konungen yver Islendingarne. Daa vardt Konungen vreid og sagde, at alle dei heidne Islendingarne, som vaaro i Byen daa, dei skulde døy fyre detta. Daa gingo tvo kristne Islendingar, heitte Gissur Kvite og Hjalte Skjeggjason, fyre Konungen og

bad honom spara desse Mennerne, fyredi dei vilde verda Kristne; dei two leto og Bon um, at dei kunde faa kristnat Island, med aat fara folklega fram. Konungen samtykte detta og sende sidan Gissur og Hjalte til Island med Prestar; daa fylgde slik Heppa med deim, at dei fingo Islendingarne talde til aat logtaka[1] Kristendomen, og alt Landsfolket der vardt doypt.

Nokot fyrr denne Tidi hadde Nordmannen Eirik Raude funnet Grønland (nordst i Amerika) og gjort Bygd der. Son hans heitte Leiv; han var med Olav Konung og vardt kristnad, og Konungen sende honom med Prestar til Grønland, so det Landet og vardt kristnat. — Leiv Eiriksson fann eit nytt Land, som han kallade Vinland, det var lenger sud i Amerika. Soleides er Amerika fyrst funnet av vaare Forfeder. Men Nordmennerne heldo inkje lenge Bu der; men der ligg daa ein stor Stein med Runar og andre Merke etter deim.

Olav Konung gifte Ingebjørg, Syster si, med Rognvald Ulvsson Jarl i Vest-Gautland, og Jarlen vardt døypt med alt Fylgjet sit og lovade aat kristna alt sit Underfolk; Konungen sende Prestar med honom til Gautland.

Olav Konung hadde no med Guds Hjelp vunnet eit stort og velsignande Verk med di, at han hadde gjort Kristentrui nokorleides kjend og samtykt yver alt Landet (fraateket det meste av Upplandet) og endaa ført henne til andre Land. Det var fulla myket rangt og braadt framfaret med denne Kristningi i berre 4 Aar; men Prestarne fingo no fara um i Bygderna og tala Kristordet, og det vardt bygt Kyrkjor, i minsto ei i kvart Fylke, og so trengde Kristendomen seg med si eigi Kraft meir og meir fram og vann Siger.

Olav Konung hadde store Fyremuner framum andre baade i andleg og likamleg Dugleike, so som det store Verket visar, som han vannst med aat fremja i so stutt Tid. Han var sterkare og hagare en nokon annan. Han gjekk upp det bratte Fjellet Smalsar-Horn[2] og feste Skjolden sin paa Tinden. Ein Hyrdmann gjorde Veddmaal um, at han skulde ganga upp; men han kleiv eit Stykke og kom

---

1) Logtaka, samtykkja og setja fast med Log. 2) Smalsarhorn elder Hornelen, paa Brimangerland, ei Oy i Fyrda-Fylke sunnan fyre Stad.

so kvaarkje upp elder ned; daa gjekk Konungen upp til honom og bar honom under Handi si ned paa Sletta. Konungen gjekk paa Aararne ut fyre Skipsbordet, medan Mennerne hans rodde Skipet. Han leikade med tri Handsaksser (elder stutte Sverd) soleides, at den eine var jamnan i Lufti, og han tok deim stødt i Festet. Han var jamn-hag med baada Hender, so han skaut med tvau Spjot i Senn; den største Symjar var han og. Han var myket gladlynd og leiken, blid og smaalaaten, og hadde myken Aakave[1] med alt sit Verk; han var mykel gaavmild og hardla klædavand; i Bardage var han stridsnarpare en nokon. Han var den grimmaste Mann, naar han var vreid, og kvalde Uvenerne sine mykel. Fyre den Skuld vaaro Venerne hans mykel kjære fyre honom, men Uvenerne hans ræddadest fyre honom, og Framkoma hans var so stor av di, at sume gjorde hans Vilje med Blida og Venarhug, men andre av Rædsla.

Sigrid Storraade eggjade Svein Danakonung, Mann sin, og Olav Skotkonung i Sverike, Son sin, til aat fara mot Olav Tryggvason med Her, og hevna den Skammi, som ho hadde fenget av honom. Svein Danakonung tyktest og hava Rett til Riket i Noreg etter Harald Blaatonn Fader sin. Fyre alt dette kunde Olav venta Ufred av baade desse Kongarne. Tyre Drotning, Kona hans Olav Konung, aatte nokot Gods i Vendland, og ho likade mykel illa det, at ho inkje hadde Eigorna sine her i Noreg, og ho bad Konungen ofta, at han skulde fara etter Godset. Han vonade, at Uvenerne hans vilde byrja Strid med honom, um han for imillom Riki deira til Vendland, og han vyrde inkje detta Godset hennar so mykel, at han vilde draga Ufred yver Folket sit fyre det. Men ein Dag møtte Konungen paa Torget i Nidaros ein Mann, som bar Kvanner, som vaaro undarlega stora etter den Tid paa Vaaren. Konungen tok ei Kvann i Handi si og gjekk hjem i Herberget aat Tyre. Ho sat og gret. Konungen sagde: „Sjaa her, Drotning, er ei stor Kvann, som eg gjever Deg." Ho skuvade Noti fraa seg med Handi og sagde so: „Større Gaava gav Harald Gormsson, Fader min, meg, men mindre ræddadest han aat fara av Lande og søkja Eiga si, en Du gjerer no." Og detta gjekk Æra hans Olav Konung for nær; han rende upp

1) Aakave, sterk og braad Hug til aat faa fram nokot.

og mælte høgt so: „Aldri skal eg fara rædd fyre Svein Konung, Broder Din, og finnast me, so skal han vika fyre meg." Sidan baud Konungen ut Leidang og vilde fara til Vendland. Sjølv for Olav Konung og Tyre Drotning paa eit Skip, som han nyst hadde latet byggja og kallat Ormen hin Lange; det var det største Skipet, som var bygt i Nordlandi, det var 60 Alner langt, og skapat som ein Orm i baade Stamnarne med Gull paa Hovudet og Sporden. Manntallet paa Ormen var 6 Hundrad Kappar, so store og sterke, som dei funnost i Landet; ingen skulde vera yngre en 20 og ingen eldre en 60 Aar. Men ein var daa berre 18 Aar gamal, det var Einar Eindridason av Gimsar; han var ein hardla dugleg Bogaskyttar, Bogen hans var kallad Tamb, og av di var han sjølv kallad Tambarskjelver. Dei hævaste Mennerne fylgde Konungen med dei største Skipom; i alt var det 140 Skip. Daa det spurdest i Danmark, at Olav Nordmanna-Konung siglde til Vendland, so eggjade Sigrid Storraade Svein Danakonung og Olav Sveakonung og Eirik Jarl Haakonsson, at dei skulde halda Bardage med Nordmennerne, og desse tri Høvdingarne gjorde daa Samband imot Olav Tryggvason. Konungen fekk strakst Eigorna til Tyre; men han vardt daa verande der langt ut paa Sumaren, til den loglege Tidi fyre Leidangen var ute, og Bønderne fingo fara heim, so han hadde berre 60 Skip atter. Uvenerne hans bidde etter honom med 80 Skip, og dei fingo Sigvalde Jomsborgar-Jarl til aat fara til Olav som Ven og tala med honom so, at han trudde inkje, at Uvenerne hans vaaro ute, og han let dei fleste Skipi sine sigla fyre aat, so han hadde berre tolv Skip, daa han kom ut fyre ei Oy, kallad Svolder[1]. Der laag Danakonungen og Sveakonungen og Eirik Jarl med Herstyrken sin. Kongarne meinte det um fleire av Nordmanna-Skipi, at der var Ormen Lange; men Eirik Jarl sagde, at dei kunde berre lata deim fara; dei hadde nog lika væl i det, som atter var. Daa Jarlen saag Ormen Lange, so sagde han: „Detta hæve Skipet høver ein slik Konung, som Olav Tryggvason, fyredi han er so myket større en andre Kongar, som Ormen er større en andre Skip." Daa Nordmennerne saago detta store Overevlet, so raadde dei Konungen til aat sigla undan;

1) Svolder, vonlegast no Ryden innanfyre Rygen i Pomern.

men han svarade: „Aldri hever eg flytt ifraa Bardage, og inkje skal eg fly i Dag helder. Gud raader fyre Livet.“ Sidan lagde dei fram i Fylking baade Herarne. Olav Konung stod i Lyftingi [1] paa Ormen Lange högt yver andre; han hadde gyld Skjold og Hjelm, han var i Brynja og hadde ein raud Silke-Kjole yver henne. Daa sagde Olav Konung um Danerne: „Inkje ræddast me fyre desse Blautingarne, det er ingen Hug i Danerne.“ Um Svearne sagde han so: „Det var betre fyre deim aat sitja heima og sleikja Blotbollarne sine en aat ganga under Vaapni vaare paa Ormen Lange i Dag.“ Um Eirik Jarl og Styrken hans sagde han: „Han kann tykkjast hava Sak med oss etter Fader sin, og av desse Mennerne hava me Von til snarp Bardage; fyredi dei ero Nordmenner som me.“ Fyrst lagde Svein Danakonung fram; men Nordmennerne gjorde so stort Mannfall paa Danerne, at dei laut fly, fyrren alle Skipi deira vordo rudde. So lagde Svearne fram, og det gjekk deim lika eins. Men Eirik Jarl for etter ei sløgare Raad, han lagde Skipet sit, Jarnbarden, ataat dei ytste og minste Skipi hans Olav Konung, og Jarlen hadde slikt Overevle der, at han fekk rydja deim; Folket trengdest burt av Smaaskipi, til dess at alle stridføre Menner vaaro paa Ormen Lange. Daa lagde Eirik Jarnbarden fram aat Ormen medan Svearne og Danerne laago og skuto paa Nordmennerne, so Staal og Stein haglade yver deim; men dei vaaro so uppøste, at mange rende uppaa Skipsbordet, so dei kunde naa Uvenerne sine, og dei andsade seg inkje, fyrren dei gingo beint i Sjoen. Daa stod Einar Tambarskelver og skaut av Boge, og han tenkte aat senda Eirik Jarl ei Or slik, at dei turvtest ingi fleira; so kunde all Bardagen snøgt vera endad. Ei av Orvarne hans for tett yver Hovudet paa Jarlen og ei imillom Sida og Handi hans. Men so heppen var inkje Einar no, at han fekk senda fleira, so han kunde raaka Maalet; fyredi det flaug ei Or i Midten av Bogen hans, so han brast i tvau Stykke. Daa spurde Konungen: „Kvat brast so högt?“ Einar svarar so: „Noreg brast or Henderna Dine, Konung!“ „Inkje er væl so stor Brest vorden, sagde Konungen, tak

1) Lyftingi var den etterste Luten av Skipet der som Tilja var högst.

min Boge og skjot med!" Einar drog Bogen hans langt fram um Orvar-Odden og mælte so: „Ovveik, ovveik er Allvalds [1] Bogen!" Og han tok Skjold og Sverd og bardest mannelega. Eirik Jarl fekk jamnan Folk nog fraa Svearne og Danerne, og Folket tok til aat verda tunnt paa Ormen. Daa freistade Jarlen aat ganga upp paa Ormen, men Hyrning trengde honom ned atter; han freistade andre Gongen og kom seg upp og vardt daa verande der, fyredi det var so faae Menner atter til aat taka imot. Daa samnade dei Mennerne seg ikring Konungen, og Bardagen vardt svhard endaa; men daa fall Hyrning og Torgeir og Merkesmannen Ulv Raude og mange andre, so Konungen hadde sidstpaa berre 9 Mann atter. Daa rende Konungen ut fyre Bord og tenkte vonlega aat symja aat Land; Kolbjørn Stallare og Einar Tambarskjelver og fleire fylgde honom. Nokre vordo uppdregne av Sjoen, og baade Einar og dei andre, som komo i Eiriks Vald, dei fingo Liv og Fred av honom; men vonlegast er det, at Konungen tyndest i Sjoen. Denne Bardagen var i Aaret 1000. Olav Tryggvason hadde styrt Noreg i 5 Aar; hans Tid var stutt men daa stor. Tyre Drotning do av Sorg nokre Dagar etter Bardagen.

7. Eirik Haakonsson Ladajarl.

Etter Tidi hans Haakon hin Gode var det myket Sundersktifte av Riket i Noreg; Olav Tryggvason einade det alt under eit Vald atter; men etter Fraafallet hans vardt Noreg skift av nyo. Siger-Vinnararne fraa Svolder skifte Landet imillom seg soleides, at Eirik Jarl fekk fjore Fylke i Trondheim og endaa Helgaland og Naumdalen og Landet ifraa Stad til Lidandesnes, dertil Stor-Skipet Ormen Lange, som einast han var Mann til aat taka; Sveakonungen fekk dei andre fjore Fylke i Trondheim og til det Raumsdalen og Møre og Ranrike aust med Gauta-Elvi; Danakonungen fekk Viki og Yvervald paa Upplandet. Svein Haakonsson, Broder hans Eirik, hadde fest Dotter til Olav Sveakonung, og difyre fekk Svein Fylki hans i Noreg til aat vera Jarl yver og laut reida Skatt av deim.

1) Allvald elder Allvalde, Konungen.

Lika so var Eirik Jarl Maagen aat Danakonungen og fekk difyre styra det meste av Viki. Det syndest i dei tvo Stor-Bardagarne i Hjørungavaag og med Svolder, at Eirik Jarl var den klokaste og stridsnarpaste Hermann, og sjeldsengt var det Godlyndet, som han viste mot Uvenerne sine, som han hadde vunnet yver og hadde i sit Vald. Han var fager og vyrdeleg i Synom og ein rettvis og ordfast Høvding. Svein Jarl var den fagraste Mann, som Folk saag; men han hadde størst Hug til Leik i Lag med Venerne sine, so han brydde seg inkje myket med Lands-Stjorni. Difyre vardt Eirik Jarl mest den einaste Rikes-Stjornaren i Noreg, og Landsfolket kjende daa inkje myket av det Framand-Valdet, som no atter var lagt paa det. Desse Jarlarne hadde Bustaden sin mest paa Lade Kongsgard som Federne deira fyrr.

Bogaskyttaren Einar Tambarskjelver av Gimsom kom i Sætt med Jarlarne og vardt den beste Venen deira. Dei gaavo honom Bergljot Haakonsdotter, Syster si, til Kona og Herses Rett og store Herad aat raada yver i Trondheim. Han hadde Bustaden sin ymist paa Husabø og Gimsar i Gauldalen; rik var han sjølv, og han hadde og mange og velduge Frendar; med di var han til stor Studnad aat Jarlarne, og etter deira Dagar laut endaa sume Kongar skjelva fyre honom. Einar var so bogasterk, at ingen annan evlde aat spana Bogen hans, og fyre honom vaaro alle andre Bogarne „ovveike.“ Naar han kunde skjota ein oddlaus Stav igjenom ei raa Uksahud, som hekk laus yver ei Stong, so kann ein vita, at han kunde senda ei Or undarlega langt i Veg. Likaso stød var han til aat raaka Maalet, ellerst hadde han inkje voret kallad den største Bogaskyttaren i Nordlandi.

Ein annan Storhøvding var Hersen Erling Skjalgsson av Sole[1]. Han vilde inkje kjenna Uvenerne hans Olav Tryggvason fyre sine Yvermenner; han heldt aat seg Landet alt ifraa Lidandesnes til Stad og galdt ingi Landskyld av di. Jarlarne kunde inkje kuga honom under seg, fyredi han hadde for myken Styrke. Denne Hersen livde paa stor Vis, rett som ein Konung; han hadde inkje færre en nitti frie Menner i Tenesta si og med Bordet sit; ataat di aatte han mange Trælar, som gjorde Gards-Starvet, og mange

1) Sole, paa Jadren.

av deim fingo tena seg frie og fingo rydja seg upp Jord. Erling var halden fyre den gjævelegaste Mann i si Tid, og det var inkje so myket aat undrast paa, at Folk kallade honom Rygja-Konungen[1].

Jarlarne vaaro kristnade, men dei hadde nog inkje teket Kristendomen til Hjarta. Dei vyrde inkje aat fremja honom nokot; dei leto kvar Mann hava slik Tru, som han vilde. Men det kunde daa ingen stor Skade vera i denne Stillstada, fyredi det hadde voret brukat ovmyken Offe og Naudung med Kristningi fyrr, so det var og godt, at Folket fekk Ro til aat tenkja fyre seg, og Kristendomens Kraft fekk sjølv verka, der som Kunnskapen inkje var for orliten. Sume vordo med di myket fastare i Trui; men nokre faae vende seg og atter til Heidingskap og Avguda-Blot, slikt som Ukunna og Hjartans Hardleike kunde vera Skuld i.

Det hadde no i lang Tid voret ei Kapping imillom Konga-Ætti og Lada-Jarla-Ætti um det største Vald i Noreg; difyre hadde Jarlarne ingen Hug til aat stydja og fremja dei gode Verki, som Kongarne hadde byrjat. Jarlarne likade inkje væl By-Gjerdi hans Olav Tryggvason i Nidaros; dei leto den Byen øydast, og dei bygde seg sjølve ein By lenger inn med Fjorden og kallade honom Steinkjer; men denne Byen steig inkje myket i Storleike. Jarlarne heldo daa Landsens Log og styrde ellerst Riket so, at Folket likade det; det var og god Tid daa i Landet. Det hende inkje meir merkjelegt i Noreg i dei femtan Aari, daa Jarlarne styrde.

Danakonungen Knut, Son hans Svein Tjugoskjegg, heldt paa aat hertaka Englands Rike daa, og han kravde Herhjelp av Eirik Jarl etter Skylda hans, fyredi han var Danakonungens Jarl. Eirik hadde ein Son, heitte Haakon, og han vardt Jarl og fekk Lands-Stjorni etter Fader sin i Lag med Svein Jarl, og Einar Tambarskelver vardt Hjelparmannen til Haakon, fyredi han var ung sjølv endaa. So for Eirik Jarl til England med ein Her, og han kom aldri meir til Noreg.

8. Olav Haraldsson elder Heilag-Olav.

Olav, Son etter Fylkes-Konungen Harald Grenske, voks upp hjaa Stjupfader sin, Sigurd Syr paa Ringarike.

1) Elder Konungen paa Rogaland (Rygjafylke).

og Aasta, Moder hans. Sigurd var ein hardla klok og spaklynd Mann. Han bar inkje Kongs-Tigni høgt, helder livde han mest som ein Bonde; han aatte store Gardar og dreiv deim med myken Umtanke. Han gjekk sjølv og saag um Arbeidet paa Aaker og Eng, i Smidja og annanstad. Daa Olav voks nokot til, so likade han inkje denne Bondavisi med Sigurd Konung, og det syndest snart, at det var sterkt og stort Huglynde i Olav. Ein Dag, daa Sigurd vilde rida ut og sjaa um Onnarfolket, so var ingen Karl heima til aat sadla Hesten hans, og han bad Olav gjera det. Olav likade illa, at slikt Tenar-Starv vardt lagt paa honom, som var Kongsson: han gjekk aat Gjeita-Huset og tok den største Bukken og lagde Sadlen paa og drog honom fram aat Dyrri, so sagde han Sigurd, at Ridehesten hans var sadlad. Daa Sigurd fekk sjaa detta, so sagde han: „Det er andsynt, at Du vil inkje lyda mine Bod, og Moder Di tykkjer det og sømeligt at eg inkje bid Deg gjera det som er imot Hugen Din. Me tvo ero ulike i Lynde, og meir storlynd er Du, en eg er.“ Ein Gong skulde Olav standa fyre Lagingi til ei Veitsla og bidja Folk til henne. Daa bad Olav myket meir Folk til Veitsla, en Sigurds Meining var, og han let fella ned til Kost mest alla Kyrna paa Garden. Sigurd Konung vardt vreid og sagde, at slik Aatferd var verre Dyding. Olav svarade: „Det lyt no vera Skil paa ein Konung og ein Kotbonde.“ Daa Olav var 12 Aar gamal, so gav Sigurd honom tvau Skip med Mannstyrke til aat fara i Viking med; og dei leto ein Mann fylgja honom, som heitte Rane Vidførle og var som ein Fosterfader aat Olav: han skulde no raada med honom, so han inkje rende for braadt i Faaren. Mennerne hans gaavo Olav Konungs Namn, og so siglde dei til Danmark og sidan til Sverike, fyredi han vilde gjeva Svearne nokor Hevnd fyre Harald, Fader sin, som dei hadde brent inne. Det er fortalt, at han siglde inn i Vatnet Mælaren og for illa fram der med Ran og Herjing paa Strandi. Daa let Sveakonungen leggja Jarnlekkja yver Stokksund, den einaste Osen aat Havet, og lagde Mannstyrke der til aat taka Olav, naar det høvde. Men Olav let braadt grava seg ei Skipsrenna gjenom eit Eid, og der siglde han ut undan Straumen med fulle Segl og Aaratak, endaa Kjølarne struko Grunnen. Soleides var han burte, fyrren Svearne vonade det, og etter honom skulde

den minste Osen vera kallad Kongssundet sidan. Dinæst herjade Olav i Finnland[1] og annanstad og vann Siger yver andre Vikingar. Sidan fylgde han honom Torkell Haave med Jomsvikingarne til England. Daa heldo Danerne paa aat vinna England. Olav herjade stundom fyre seg sjølv, stundom var han med Danerne og stundom hjelpte han Engelskmennerne imot Danerne. Ein Gong vilde Engelskmennerne taka ei Bru i London; men dei kunde inkje koma nær henne, fyredi Danerne stodo uppaa og fløygde Stein og Vaapn paa deim. Daa gjorde Olav Timbertak yver Skipi sine og rodde upp aat Brui og lagde Tog um Stolparne og feste deim i Skipi; so rodde all Heren sterkt undan Straumen og drog Brui og myket Folk ned i Elvi. Detta vardt til stor Vinning aat Engelskmennerne. Sidan herjade Olav i Frankrike; ein Gong vann han ein sterk By der, og handtok Jarlen og myket Folk, som luto kaupa seg lause fyre 12 Tusund Gullskillingar. Jalt segjest fraa 15 Bardagar, som Olav hadde, og han vann seg med alt detta baade Fe og Frægd[2] paa den Visi, det var. — Medan Olav for i desse Lande imillom kristne Folk, so lærde han og aat kjenna Kristendomen betr, so han skynade, at det var Illverk aat fara i Viking, og at han inkje kunde vera sann Kristen med di; daa endade han og med Vikinga-Verket. Sidan for Olav Konung til England atter og spurde der den Tidendi, at Eirik Jarl var komen der, so han var no burte fraa Noreg, den veldugaste Mannen til aat verja Riket der. Daa figlde Olav heim til Noreg med tvo Knorrar (elder Kaupmanns-Skip).

Daa Olav var vaksen Mann, so hadde han og myken Dugleike og var ein stor Idrotta-Mann[3]. Han var inkje myket høgvaksen men tjukk og sterk og vardt difyre kallad Olav Digre. Han hadde gult Haar; han var breidleit, ljos og raud i Andlitet. Augo hans vaaro myket vælskapade, dei vaaro fagre, og so livande og kvass Augsyn hadde han, at det var ein Otte aat sjaa honom, naar han var vreid. Han kunde skjota væl av Boge og fløygja Spjot med Handi; han var dugleg til aat symja, han var hag og saag grant

---

1) Finnland, austan fyre Sverike atmed Ostersjoen (no i Rysland). 2) Fe og Frægd, same som Gods og Æra. 3) Mann til aat gjera Verk, som vaaro vande aat vinna.

paa allskyns Smidverk, kvaart som han sjølv hadde gjort det elder andre Menner. Han var djerv og snild i Ord, djupvitug og sterk i Hugen og kjær fyre Frendarne og Kjenningarne sine.

Strakst Olav hadde lendt i Noreg, so spurde han det, at Haakon Jarl, Son til Eirik, var faren inn i Sogn og var ventande nord atter. Daa siglde Olav til Saudungssund[1] og lagde eit av Skipi sine paa kvor Sida aat Sundet og eit sterkt Tog imillom deim; der hadde han Von til aat gjera eit godt Fiske. Haakon Jarl kom snart siglande nord med eit Skip; han saag desse tvau Kaupskipi, men av Kaupmenner ottadest han ingen Faare. Han for beint fram; men daa Skipet hans var komet midt yver Toget, so let Olav Mennerne sine vinda upp Toget med Vindaasarne, so Jarls-Skipet vardt upplyft og umkvelvt. Jarlen rende i Sjoen og vilde symja burt; men han vardt uppdregen og leidd upp paa Skipet til Olav. Daa var han berre 17 Aar gamal. Olav sagde til honom, at no meinte han, at Heppa var burtfari fraa dei Frendarne. „Inkje er no detta so stor Uheppa, som hever hendt oss. Det hever no lenge voret so, at ymse hava havt Siger av Dykkar og vaare Frendar. Me komost inkje til aat verja oss helder denne Gongen; ein annan Gong kann det takast betr til fyre oss.“ Daa sagde Olav so: „Finn Du inkje det Jarl, at no er det so aatboret, at Du hedan ifraa kann kvaarkje faa Siger elder Usiger?“ — „De maa daa raada denne Gongen, Konung,“ sagde Jarlen. Daa laut Jarlen sverja Eid paa det, at han gav upp alt Valdet deira Jarlarne i Noreg til Olav, og at han skulde fara or Landet og aldri strida imot Olav. Dermed slapp Jarlen laus og for strakst til England til Fader sin og Knut Danakonung Morbroder sin.

Dinæst for Olav heim paa Ringarike til Sigurd Syr og Moder si. Daa den storlynde Aasta Drotning fekk Bod um, at Son hennar var braadt ventande heim, so vardt det eit Staak og Stell i Garden med aat bua honom fullhæv Mottaka. Fjora Kvinnor let ho bua Stova med Veggja-Tjeld[2] og Benker med Dynor paa. Tvo Karlar baaro Halm paa Golvet[3]; tvo sette fram Bord og Kannor; tvo

---

1) Saudungssund, inn med Atla-Øyi synst i Fyrdafylke. 2) Veggja-Tjeld, Dukar til aat klæda Veggjerne med. 3) Dei brukade endaa inkje annat Golv en berre Jordi.

sette fram Mat paa Bordet; tvo sende ho burt av Bøen aat heimta som braadast det, som turvtest; tvo baaro inn Ølet; men alle andre baade Karlar og Kvinnor gingo ut i Garden. Fjyre Karlar sende ho ut i Bygdi at bjoda alle Stormennerne til Fagnads-Ølet, som ho vilde gjera aat Son sin. Alle luto taka dei beste Klædi paa seg, og deim, som inkje aatte sjølve, laante ho Klæde. Tvo Menner komo til Sigurd Syr, der som han gjekk og saag um Onnarfolket, og dei baaro fram hans beste Bunad og dei Ordi fraa Aasta, at no laag det myket Lag paa di, at han for stormannlega. Han hadde slik Bunad: Blaa Kjole og blaa Hosor, høge Skor bundne aat Leggerne, graa Kaapa og graa, breid Hatt, Url[1] um Andlitet, Stav i Handi med gyld Sylvknapp paa og Sylvholk kring um. Daa bytte han paa seg Karduans Skor med gyldne Sporar, Silke-Klæde og Skarlaks Kaapa ytst, og gyrde um seg gullprydt Sverd, sette gyld Hjelm paa Hovudet og steig paa Hesten sin, som hadde gyld Sadel og gyldt Begsel, isett med dyre Steinar. Sidan reid han heim med 30 vælbune Menner i Fylgje; og daa han reid inn paa Garden, so saago dei Olavs Merke kom flaggande fraa den andre Leidi, og der var han Olav sjølv med hundrad utvalde og vælbune Menner. Folk stodo i Rad ut paa Garden; og Sigurd heilsade strakst Olav Stjupson sin og Mennerne hans og bad honom inn til Veitsla med seg. Aasta kyste Son sin og bad honom aat vera der med seg, og ho leidde honom inn i Stova til Høgsætet. Sigurd Konung fekk Menner til aat varðveita Klædi deira og gjeva Hestarne deira Korn; sjølv gjekk han inn og sette seg i Høgsætet sit, og daa vardt det Veitsla paa stor Vis. — Sidan hadde Olav ei Maalstemna med Sigurd Konung og Moder si og Rane Vidførle, og der sagde han so: „No skal eg bera upp fyre Dykker det, som hever leget myket lenge i Hugen min: Eg etlar at taka atter Faderarven min, og inkje vil eg tigga, kvaarkje Danakonungen elder Sveakonungen um honom, endaa dei hava no ei Rid kallat det si Eign, som var Arven etter Harald Haarfagre; sant aat segja Dykker, so tenkjer eg aat søkja Fedra-Arven min med Odd og Egg og med Tilstudnad av alle Frendarne og

---

1) Url var ein Klut, som gamle Folk brukade aat bera fram fyre Augo.

Vennerne mine og av dei andre, som vilja halda med meg i denne Saki. So skal eg og fremja denne Krevjingi, at eit av tvau skal verda, anten at eg skal eignast alt det Riket, som dei felde Olav Tryggvason Frenden min ifraa, elder at eg skal falla her paa Fedrajordi mi. No ventar eg det av Deg, Sigurd Stjupfader, og alle dei Mennerne, som ero odalsborne til Konungdom her etter den Logi, som Harald Haarfagre sette at De vilja styrkja den, som vil vera Forgangsmann til aat hevja upp Ætti vaar." Sigurd svarar no so: „Inkje bur det litet i Hugen Din, Olav Konung, men det kann og vera aat orsaka, at slikt ligg tungt i Hugen deira, som hava nokot Hjarta, um all Ætti hans Harald Haarfagre og Konungdomen hans fell ned. Men eg vil inkje bindast i nokon Lovnad, fyrren eg veit Raadi og Tiltaka deira andre Kongarne paa Upplandet. Eg lovar Deg no Millomraadi mi med Kongarne og med andre Hovdingar og med Landsfolket." Sidan hadde Sigurd Konung eit Stemnelag med dei andre Upplendinga-Konungarne, og Olav var der med; daa bad Sigurd Kongarne um det, at dei skulde taka Olav til Yverkonung og styrkja honom til aat reka av det Yvervaldet, som Danerne og Svearne hadde lagt paa deim. Rørek Konung paa Heidmarki let so, at dei hadde slik Fred og Fridom under Danakonungen, at Retten deira vilde væl inkje batna med di, um Olav, Frenden deira, vardt Yverkonung. Ring Konung, Broder hans, tykte, det var betre, at Frenden deira vardt Yverkonung, og Olav vilde visst løna deim det med godo, um dei gaavo honom deira Styrke til aat vinna den høgste Tigni her i Noreg, so framt han var slik ein Manndomsmann, som alle sagde. Dei andre sagde kvar si Meining, og sidst vardt det so, at dei bundo Lag med Olav og svoro honom Truskaps Eid. Di næst stemnde dei Ting med Bønderne, og Olav fekk der Konungs-Namn yver alt Riket. Sidan vilde Olav vinna Trondheim, og han for der nord med ein Her. Einar Tambarskelver sende Herør aat alle Vegar og baud saman Tegn og Træl imot Olav. Men Olav Konung siglde inn til Steinkjer imot Svein Jarl, og han hadde væl komet uventad yver honom, um inkje Einar hadde sendt Varbod til Jarlen; men han fekk koma ut i Fjorden med Skipet sit og slapp undan. Svein hadde raadt til alt det, som skulde vera til Jolveitsla paa Steinkjer; det flutte Olav til Nidaros og

meinte at det skulde gjera Gagn der, naar Joli kom. Men no kom Einar Tambarskelver og Jarlen med so stor Mannstyrke mot Olav Konung, at han laut fara atter til Upplandet, og Svein fekk daa atter Jola-Maten og Drykken; han brende og ned Byen. Um Vaaren samnade dei Folk og Skip baade Einar og Svein og Erling Skjalgson i Trondheim og vest i Landet, og Olav og Sigurd Syr av Upplandet og or Viki. Dei møttest fyre Nesjar[1] i Viki, Olav og Sigurd med 24 Skip, og Svein med 45 Skip; og der vardt ein hard Bardage Palmsundagen (Aar 1015), men Olav Konung vann Siger og han hadde endaa teket Skipet hans Svein Jarl og mogelega honom sjølv med, hadde inkje Einar Tambarskelver kastat eit Akker i Skipet og dreget det ut or Bardagen. Sigurd Syr raadde Olav til aat fara etter Uvenerne sine, „seint tryggjer Du Deg Truskap av desse Storbokkarne, som jamnan hava voret vane aat setja seg imot Høvdingarne," sagde han. Men Jarls-Floten skildest, og Svein Jarl og Einar Tambarskelver for til Sverike.

Sidan for Olav til Trondheim og bygde upp atter Byen. Det spurdest no snart, at Svein Jarl var daaen i Sverike, daa toko Trønderne Olav til Konung. Men Sveakonungen var hardla vreid, fyredi Olav Digre hadde trøyst seg til aat setja seg i Fylki hans, og han vilde inkje sleppa det Valdet, som han hadde vunnet i Noreg. Han sende tvo Brøder, heitte Torgaut og Aasgaut, til Noreg til aat krevja Skatt av Fylki sine. Desse Karlarne vaaro so skamdjerve, at dei foro til Olav Konung i Nidaros og sagde honom, at han skulde fara til Olav Sveakonung og verda hans handgjengne Mann, daa vilde dei og bidja fyre honom, og so kunde han faa Landet i Laan av Sveakonungen. Olav Konung svarade daa berre stilt til detta, at dei skulde fara heim og segja Sveakonungen, at han kunde møta Olav aust med Gauta-Elvi og semja slik Sætt, at kvar hadde det Riket, som han var odalsboren til. Torgaut tok so myket til Vitet, at han vilde fara heim atter; men Aasgaut gav seg til aat krevja Skatt. Daa sende Konungen Gjesterne (elder Ærendsveinarne) sine etter honom, og han vardt hengd med sine 12 Menner paa Gaular-Aasen. Torgaut sagde Sveakonungen denne Tidendi; daa vardt han ovlega

1) Nesjar er Brunlaaneset nær Fredriksværn.

vreid og det skortade inkje store Ord um, at Olav Digre skulde saa harde Koster. Det vardt no i lang Tid nokon Ufred millom Noreg og Sverike.

Erling Skjalgsson av Sole, Hersen paa Rogaland, vilde inkje ganga under Olav Konung; han vilde vera sin eigen Konung, so som han lenge hadde voret. Men han kom daa til Møtes med Konungen paa Kvitingsøy[1] aat søkja Sætt. Erling vilde vera Konungens Mann, so framt han fekk hava det Landet, som Olav Tryggvason hadde gjevet honom. Konungen svarade so: „Eg tykkjer det, Erling, at Du kann gjerna taka mot so stort Vald av meg, som Du hadde fyrr; eg vil lata Deg vera den største Lendermannen i Noreg. Men eg vil sjølv skifta Landet etter min eigen Vilje og inkje lata det synast so, som at Lendermennerne ero odalsborne til Ættarleivdi[2] mi, og eg skyldug til aat kaupa Tenesta Dykkar med mangfaldt Verd.“ Venerne hans Erling talde myket fyre honom, at han maatte inkje setja seg upp imot Konungen, og daa vardt det so, at Erling gjekk i Konungens Tenesta med den Skildagen, som Konungen sagde honom; daa fekk Erling mest lika so stort Vald, som han hadde havt fyrr. — Sidan tok Olav Konung atter Viki ifraa Danerne og Svearne.

Ufreden med Sverike vardt inkje førd med nokon stor Bardage, fyredi Olav Skotkonung budde ingen Her ut imot Nordmennerne, han bardest berre med store Ord; og berre det som baade Kongarne sine Menner mottest, vardt det Strid; desutan foro dei no med Ran paa eigi Hand, dei som vaaro hugade til di. Ingen fekk Løyve til aat nemna Olav Nordmanna Konung annat en Digremannen, so Sveakonungen høyrde det. Olav Haraldsson forbaud Nordmennerne aat selja Sild og Salt til Svearne, og Kaupferdi stadnade imillom Riki. Baade Nordmennerne og Svearne vilde gjerna hava Fred, fyredi dei tykte, at dei hadde inkje aat hata kvarandre fyre, og Ufreden var berre til Skade aat deim baade. Disfyre vardt Olav Konung beden av mange Nordmenner um, at han maatte freista aat semja Sætt med Sveakonungen. Bjørn Digre var Stallaren hans Olav Konung; Stallaren var hævaste

---

1) Kvitingsøyarne liggja i Bokn-Fjorden nordanfyre Jadren i Rygjafylke. 2) Ættarleivd, det som Federne hava leivt: Arvaland.

Hyrdmannen og Raadgjevar aat Konungen, og han skulde tala paa Tinget um det, som Konungen vilde. Konungen sende Bjørn Stallare og Islendingen Hjalte Skjeggjason til Sverike. Rognvald Gautajarl, Maagen hans Olav Tryggvason, og Lagmannen Torgnyr Torgnyrsson ynskte Fred, og dei fylgde dei norske Sendemennerne til Uppsala-Ting i Sverike. Bjørn Stallare stod upp paa Tinget og mælte høgt so: „Olav Konung sende meg her til med den Ærendi, at han vil bjoda Sveakonungen Sætt og det Landaskifte, som hever voret ifraa gamal Tid imillom Noreg og Svitjod." Sveakonungen gjorde seg berre vreid og bad honom tegja. Daa reiste seg Rognvald Jarl og sagde fraa, kvor myken Skade Folket hadde av Ufreden, og bad Konungen gjera Fred med Noregs Konung og gjeva honom Ingegerd Dotter si til Kona. Men Konungen gav Jarlen harde Ord. Daa reiste Torgnyr seg; han var Lagmann fyre Upp-Svearne og var halden fyre den djupvitugaste Mann i alt Svitjod, og han hadde Skjegg, som tok alt til Knes; han gjorde ei hard Tala og endade so: „Det er Bønderne sin Vilje, at Du, Konung, gjerer Sætt med Olav Digre, Noregs Konung, og gifter Ingegerd Dotter di med honom. Men vil Du inkje gjera so, som me no mæla, so vilja me drepa Deg og inkje tola Ufred og Ulog av Deg lenger." Bønderne stadfeste Tala hans med stort Vaapnabrak. Daa laut Sveakonungen gjera slik Sætt, som Olav Noregs Konung baud til, og Ingegerd Konungsdotter skulde giftast med Olav Konung. Men Sveakonungen braut Sætti, Ingegerd fekk inkje fara til Noreg. Daa tok Olav den andre Dotteri hans, heitte Aastrid, til Kona, utan at Sveakonungen vardt spurd um det. Svearne gjorde full Uppstand imot Konungen deira, og han laut koma til Møte med Nordmanna-Konungen i Kongahella og gjera ny Sætt og Fred.

Olav Konung sat i Viki, medan Ufreden var med Sverike. Der bygde han ein By med Borgvegg elder Mur ikring atmed Sarpfossen og kallade den Byen Sarpsborg.

Olav Konung var ein trufast Kristen; og hans meste Gjerning var aat fremja Kristendomen det beste han kunde; det var og myket ugjort endaa i den Vegen. I Viki rettade han Folksens Tru og fremde Kristendomen. Dei, som sette seg imot, dei fingo og no hard Refsing. Konungen for og um paa Upplandet og kristnade Folket,

fyredi der var Aalmugen mest allstad heiden. Fylkes-Konungarne vaaro og ukristne (Sigurd Syr var dauen), og dei vordo myket hatige paa Olav Konung, fyredi han vilde nøyda paa deim den nye Trui. Dei hadde eit Stemnelag paa Ringsaker paa Heidmarki og lagde Raad um, kvat dei skulde til taka. Rørek Konung meinte, at det var best aat lata Olav raada som han vilde no, sidan dei hadde gjevet honom Valdet; dei andre meinte ymist. Men Gudrød Konung i Gudbrandsdalen sagde, at den vilde han inkje kalla Mann, som ræddadest fyre di aat taka Olav av Livdagom. „Aldri bera me freist Hovud, medan Olav liver." Den Raadi toko dei no alle; og dei vilde samna so myken Mannstyrke um seg, at dei hadde stort Overevle imot Olav. Men Uheppa var ute aat Kongarne: ein Ven av Olav Konung, heitte Ketill av Ringones[1], for til honom og sagde honom denne Tidendi, og han for braadt upp etter og kringde um Garden og handtok alle 5 Kongarne. Han tykte, at han laut gjera so med deim, at dei inkje kunde gjera meir Uppstyr. Ring og tvo andre slapp med di, at dei foro burt or Landet, og dei komo aldri atter. Gudrød, som hadde lagt den verste Raadi, miste Tunga si. Den sløge Rørek miste Augo. Sidan var det ingen Fylkes-Konung i Noreg, og med di vardt det meir Samhald og Styrke i Riket.

Det vantade myket i di, at Folket var fulla kristet. Myket Folk i Fjellbygderna hadde inkje høyrt nokot Gudsord endaa, mange vaaro døypte og hadde smutt seg til Heidingskapen atter; allstad var stor Ukunna, og Folket trudde paa Frett og Seid (elder Spaadom og Trollskap); ofta vordo Born, helst dei som vaaro vanheilsuge, utsette i Skogen aat ville Dyr, og mangehanda onnor heidi Aatferd hadde Folket; det var og Skort paa Kyrkjor og Prestar endaa, og Landslogi stod og imot Kristendomen i mange Stykke. Olav Konung hadde havt Prestar med seg ifraa England, og ein Biskop, som oftast fylgde honom, heitte **Grimkell**. Han hjelpte Konungen aat setja saman ei **Kristenlog**, som sagde fyre, at alle skulde døypast og hava den kristne Trui og halda seg ifraa allskyns Heidingskap, og kvorleides det skulde vera med Prestarne og Kyrkjorna og Folksens Sed og slikt meir, som varde og fremde Kristendomen.

---

1) Ringoness, i Stange paa Heidmarki.

Konungen vilde og bøta Landslogi. Han hadde ofta dei log-kunnugaste Mennerne med seg og let deim segja fram Logi aat seg, og daa tok han sumt ifraa og lagde sumt til, elder brøytte um Logi so, som honom tyktest vera best; so Landslogi kunde høva med Kristendomen; og sidan fekk han Aalmugens Samtykke til Logerna, so som han hadde skipat deim. Sidan vardt all Noregs Log kallad Heilag-Olavs Log. — Konungen for igjenom Landet med Prestar og 360 Hermenner. Han var i Helgaland og fremde Kristendomen og rudde burt Heidenskap, han sette Prestar der og let byggja Kyrkjor, og Kristenlogi og Landslogi vardt samtykt. Daa han kom atter til Nidaros, so var det Uaar nord i Landet; og Inn-Trønderne meinte, at det var Refsing ifraa Aasgudarne, fyredi Kristendomen hadde vakset i Helgaland. Daa hadde dei teket aat med full Avguda-Dyrkning; dei hadde havt Vetternatta-Blot paa Mære til dess, at Gudarne skulde gjeva godt Aar. Olver av Eggja[1] var Formann fyre Blotet. Konungen stemnde honom og fleire Bønder til seg i Nidaros; men Olver talade so sløgt um, at det var berre Jol-Drykkja, dei hadde paa Mære, so Konungen let deim sleppa til dess han fekk vita betre Grein. Um Vaaren lagade dei til stor Blot-Veitsla atter. Daa for Konungen inn paa Mære og kringde um Garden og tok deim midt i Verket; Olver og dei andre, som vaaro mest skulduge, vordo reffte med Dauden, andre slapp nokot lettare; men dei hadde visst inkje Hug til aat røyna meir slikt. Konungen hadde Ting med Bønderne og dei lovade, at dei skulde halda trufast med Kristendomen; og Kristenlogi vardt vedteki. Di næst friskade han upp Kristendomen og breidde honom vidare ut yver all Trondheim. Sidan for Konungen i same Ærendi til Gudbrandsdalen. Paa Hunddorp i Fron sat ein veldug Herse heitte Dala-Gudbrand. Det var eit stort Hov der paa Garden; og inni det var eit stort Guda-Bilæte, som skulde vera han Aasa-Tor. Denne Bulen var hol inni, og myket Sylv og Gull var hengt paa honom til Pryda. Kvar Dag gaavo dei Guden 5 Brand-Leivar og so myket Kjøt, som til høvde. Gudbrand Herse sette stor Tru og Trygd til denne Guden. Daa Olav Konung var ventande der, so baud Gudbrand saman Bønderne og ein stor Her og for

1) Eggja, nær Steinkjer inn med Trondheims-Fjorden.

imot Konungen; men Konungen vann Siger; og so heldo dei Ting til aat taka Raad um Trui. Gudbrand let bera Bulen hans Tor ut paa Tinget, at han skulde skjota Rædsla i Kõnungen og Mennerne hans. Bønderne lutte seg djupt fyre Guden sin. Gudbrand reiste seg og sagde: „Kvar er Din Gud no, Konung? No er vaar Gud komen, som raader fyre alt, og ser paa Dykker med kvasse Augo; og eg ser, at De ero no fulle av Rædsla og tora varla sjaa upp med Augdm." Konungen svarade: „Du vil ogna oss med Guden Din, som er baade blind og dauv og kann kvaarkje berga seg sjølv elder andre og inkje koma av Staden, utan han verd boren. Eg ventar, at det kjem braadt ei Uheppa aat honom. Sjaa no alle i Aust; der ser vaar Gud no med eit stort Ljos." Bønderne gjorde det strakst. Det var i det same Soli rann upp. Ein av Kongsmennerne heitte Kolbein Sterke, han hadde ei Klubba gjøymd under Kaapa si. Konungen gjorde Merke til honom, og Kolbein gav Bilætet eit tungt Drag av Klubba, so det brast isunder; daa kom ut or di Myser og Paddor og Odlor og Ormar. Bønderne vordo so rædde, at dei rende aat alle Veger; men Konungen kallade deim saman atter. Daa sagde Gudbrand so: „Med di at vaar Gud kunde inkje hjelpa, so ljota me no tru paa den Gud, som Du Konung trur paa." Gudbrand og alt Folket vordo døypte, og Gudbrand bygde den fyrste Kyrkja der i Dalarne. Daa Konungen hadde kristnat Gudbrandsdalen, so for han vida um Upplandet og kristnade det og bygde Kyrkjor og sende ut Prestar. Bønderne paa Raumarike reiste Bardage imot Konungen; men dei luto sleppa Heidingskapen lika væl. Kristenlogi og Landslogi vardt samtykt av Uplendingarne paa Eidsivating. Olav Konung sette og det fjorde Lagting i Noreg; det vardt haldet i Sarpsborg og kalladest Borgartinget, og Viki lydde under det. Sidan var Konungen paa Vestlandet og fremde Kristendomen; og Kristenretten og Landslogi vordo vedtekne av Bønderne paa Mostertinget.

Olav Konung sette og ei Log fyre Hyrdi, som sagde fyre, kvorleides det skulde vera med Fylgjet hans og i Huset hans. Han hadde 60 Hyrdmenner, og dei hævaste av deim var Stallaren og Merkesmannen (han bar Konungs-Fana i Bardage og ellerst). Konungen hadde og 30 Gjester, som han sende ifraa seg i Ærender, som ofta vaaro

faarlege. Det var og 30 Huskarlar, som gjorde Tenesta i Kongsgardarne og med Flutningi; og mange Trælar hadde det grovaste Starvet. Kongs-Stova var breid og myket lang, og det var Dyrrer paa baade Endarne. Fram med kvar Langvegg var Langbenken; og midt paa kvar Langbenk stod eit Høgsæte. Det eine Høgsætet, som veitte imot Soli, det var Kongssætet; i det andre Høgsætet sat Stallaren (Raadgjevaren). Paa høgre Handi aat Konungen saato Mennerne hans i halve Stova, og paa Konungens vingstre Sida saato Kvinnorna. Eldsstaden (Aaren) var midt i Stova og so lang, at han rokk mest til baada Dyrrerna, difyre var Stovo-Elden kallad Langelden. Dei drukko Ol og Mjød or store Horn, prydde med Gull og Sylv, som den eine Mannen rette yver Elden til den, som sat midt imot honom.

Høvdingarne i Noreg vaaro myket stride og einviljuge, so dei vilde berre søkja sit eiget Gagn paa kvar si Vis, og ingi Sak skulde ganga fram, naar ho inkje var til Lags aat deim, um ho endaa var nog so god og rett; dei tenkte inkje paa alt Rikjens Gagn men meinte, at dei skulde faa ragda so som dei vilde i den Landsluten, dei hadde Vald yver; dei sette seg gjerna imot Log og Rett og imot Konungen, naar dei berre torde. Olav Konung vilde læra Høvdingarne aat halda nokon Maate; han vilde setja Log og gjera Rett og god Skipnad i Riket og verka meir Samhald; han vilde fremja Kristendomen so myket som mogolegt var, og for og hardt fram med di. Fyre alt dette lagde Høvdingarne Hat aat Olav Konung. Daa Konungen tenkte aat fremja Kristendomen vest i Landet, so forbaud han Folket der aat selja Korn til Folk nord fraa Landet, at det inkje skulde vanta Mat aat Mannstyrken hans, naar han kom der vest. Ein veldug Høvding i Helgaland var Aasbjørn Sigurdsson paa Trondarnes. Han var i Ætt med Erling Skjalgsson, med Høvdingen Tore Hund og andre Stormenner. Han var van til aat halda store Veitslor; men i Uaari vardt det forlitet Malt aat honom; og han for til Erling Skjalgsson og vilde kaupa seg Korn. Erling torde inkje selja sjølv; men han sagde: „Du kann kaupa Korn av Trælarne mine, fyredi dei ero inkje i Log og Landsrett med andre Menner.“ Soleides fekk Aasbjørn seg Kornfarm; men daa han siglde nord etter, so lagde han

aat Land fyre Kongsgarden Agvaldsnes. Der hadde Konungen ein Aarmann (elder Gardsdrivar), ein Træl heitte Tore Sel; han gjekk ned til Skipet med 60 Menner og bad Aasbjørn ganga paa Land med Mennerne sine, medan han fekk rydja Skipet. Daa tok Tore ifraa honom all Farmen og endaa Seglet og gav honom eit gamalt Segl i Staden, „det er godt nog aat deim, som skal sigla paa lett Kjøl," sagde han. Aasbjørn vardt hardla vreid og harm i Hugen fyre detta; Skaden var stor, men Skammi verre. Han siglde no heim; men sidan siglde han sud til Agvaldsnes atter og gjekk eine upp i Garden. Daa var Konungen der; og Aasbjørn stod i Utstova og høyrde paa di, at Tore skrøytte fyre Konungen av detta Verket. „Graaten stod i Halsen hans, daa eg tok Seglet," sagde Tore. Daa rende Aasbjørn inn og sagde: „No ber eg daa inkje Graaten i Halsen." Og so hogg han Tore, so Hovudet datt ned paa Bordet fram fyre Konungen, og Bulen valt yver Knei hans. Daa vardt Aasbjørn sett i Jarn, og Konungen dømde honom til Dauden. Skjalg Erlingsson av Sole bad Konungen fyre Livet hans. Daa svarade Konungen det: „Er inkje det ei Dauda-Sak, Skjalg, aat brjota Paaskafreden, og den andre aat drepa ein Mann i Konungens Herberge, og den tridje aat hava Føterne mine til Hoggstokk?" Skjalg skundade seg heim til Fader sin, og Erling for med stor Mannstyrke og kringde um Konungen, daa han gjekk or Kyrkja, og han vilde nøyda Konungen til aat spara Aasbjørn. Men Olav stod som ein retteleg Konung i Faaren. Daa bad Biskup Sigurd innelega fyre Livet hans Aasbjørn, og Konungen sparde Livet hans, men dømde honom til aat taka ved Tenesta hans Tore Sel, aat vera Aarman. Aasbjørn vardt glad i detta, og han fekk Løyve til aat fara heim som snøggast; men han gjorde seg hard atter, og vilde inkje koma til Tenesta; difyre let Konungen honom missa Livet. Men detta kunde inkje Høvdingarne finna var rett, at Frenden deira skulde lida Refsing fyre Illverket sit, og dei lagde en meir Hat aat Konungen og ynskte Tilføre til Hevnd yver honom.

Dei Høvdingarne, som baaro mest Hat til Konungen var Erling Skjalgsson og Tore Hund i Bjarkøy paa Helgaland, Haarek av Tjotta og Einar Tambarskelver (han hadde voret heima etter Fraafallet hans Svein Jarl) og mange

fleire. Ein rik Mann budde paa Giske (ei Øy i Sunnmøre), han heitte Arne, og han vardt Fader fyre ei Ætt, som kalladest Arnunga-Ætti og var sidan lenge den veldugaste næst Konga-Ætti. Hans Søner Kalv og Finn og fleire vaaro Hyrdmenner med Olav Konung; og han gav Kalv Garden og Baldet etter Olver paa Eggja. — Knut Danakonung var illa nøgd med di, at Olav hadde teket ifraa honom Landsluten hans i Noreg. Men han hadde so myket Starv med aat vinna England under seg, at han laut lata Olav Konung sitja i Fred so lenge. Men daa han hadde kugat England, so vilde han og taka Noreg, fyredi han fekk aldri nog Rike denne Mannen. Han gjorde av Sendemenner med Bod og Brev til Olav Konung, at han skulde fara til Knut og gjerast hans Mann og reida honom Skatt av Noregs Rike. Olav Konung svarade, at Noreg var hans Fedra-Arv, og „og vil verja Riket mit med Odd og Egg og aldri gjeva Skatt aat nokon Mann av di. Fyrst lyt Knut orka aat eta alt Kaalet i England, fyrren eg gjever honom nokon Lydnad.“ Daa Sendemennerne sagde Knut Konung denne Svari, so sagde han: „Olav skal visst finna, at eg hever annat en Kaal innan Rivbeini mine; fyredi her etter skal det koma kalda Raader imot honom ut or kvart eit Riv.“ Sidan for han etter den lynske Raadi, at han freistade alt til aat telja Nordmennerne sjølve til aat svika den rette Konungen deira; og han fekk mange til aat vera i Lag med seg. Olav Konung visste, at Knut vilde søkja imot honom med Her, fyrst han saag Tilføre til di. Difyre baud Olav Konung ut Leidang og vilde byrja Striden fyrst, medan Folket var trutt nog til aat fylgja honom. Han gjorde Samband med Onund Sveakonung, Maagen sin; og dei bagde herjade i Danmark og lagde nokot Land under seg. Men Knut kom fraa England med ein hardla stor Her paa store Skip, so han hadde myket Overevle; Erling Skjalgsson og Tore Hund og fleire Nordmenner vaaro i Fylgje med honom. Daa for Konungarne Olav og Onund til Helga-Aa[1], og Knut kom etter. Olav Konung let gjera ein Stamm[2] uppe i Elvi, so Vatnet dyngdest upp myket; og daa Floten hans Knut var

1) Helga-Aa, ei Elv i Skaaney (synst i Sverike). 2) Elder Demming.

komen aat Elvi, so løyste han Stammen, og daa vardt det so stor Flaum og strid Straum, at dei store Skipi støyttest saman og sunder, og sume raako til Havs. I denne Ugreida gjorde Nordmennerne og Svearne Aatsokn aat Knut og volde stort Manfall i Heren hans. Med denne Sigren luto dei og vera nøgde; fyredi det var ingi Von til, at dei kunde standa seg imot all Styrken hans Knut, naar han hadde fenget samnat og nytt honom væl. Olav for yver Land heim i Noreg. Erling Skjalgsson og siglde heim, han hadde med seg Sendemenner ifraa Knut Danakonung, og dei foro kring um i Landet og talde Folket med Gaavor og Lovnad til aat vika ifraa Olav, Konungen deira, og halda Lag med Knut. Detta Illverket deira gjekk og fram. Olav Konung freistade aat samna Mannstyrke atter, men han fekk ingen. Knut for til Noreg med 14 Hundrad Skip, og Olav kunde inkje stadna honom. Høvdingarne foro til honom, og i Nidaros vardt han teken til Konung i alt Noreg; han sette Haakon Eiriksson til sin Jarl i alt Landet. Folket hadde no skilt seg ifraa Olav Konung, som hadde starvat so trulega i 13 Aar til aat fremja deira Lukka. Konungen saag ingi betre Raad en aat fara ut or Landet. Daa han siglde nord med Jadren, so laag Erling Skjalgsson der med stor Mannstyrke, og det tyktest vera ute med Konungen. Men han nytte Segl og Aarar som likast. Erling sette so braadt etter honom, at han siglde ifraa dei andre Skipi sine; daa snudde Olav imot honom med sine Skip atmed Utstein[1], og det vardt hard Strid. Erling stod snart einast atter, men han varde seg endaa so væl, at dei komo inkje innaat honom. Daa sagde Konungen til honom: „Du set kvass Augsyn imot oss i Dag, Erling." Daa svarade han so: „Aatsnudde skulo Orner kloast. Elder vil Du gjeva meg Fred?" sagde han. Konungen lovade honom det, og daa tok Erling Hjelmen av Hovudet og lagde ned Sverdet. Konungen tok Erling i Sætt soleides, at han skulde faa halda Liv og Land slikt som fyrr, men so skulde han fylgja honom altid og hjelpa honom med all sin Styrke og telja Frendarne sine og til di. Konungen hadde ei Von um det, at endaa kunde han med Hjelp av Erling og den store og velduge Ætti hans vinna atter Noregs Rike. Men so

---

1) Utstein elder Klausterøy, nordan fyre Jadren.

heppen vardt han inkje; ein Breidestyng sette i honom, so han snerte Erling i Kinni med Oksi og sagde so: „Nokolitet skal daa Kongs-Svikaren verda merkt.“ Ein av Kongsmennerne, som heitte Aaslak Fitjaskalle, meinte, at Konungen vilde, at Erling skulde hava Dauden, og han rende fram og hogg Erling Banahogg. „Uhepne Mann, sagde Konungen, no hogg Du Noreg or mina Hender.“ Daa Konungen kom nord til Sunnmøre, so vilde han ganga fraa Skipi og taka Landvegen. Daa for Kalv Arnason og mange andre Høvdingar ifraa honom og foro til Haakon Jarl; men Finn Arnason med tvo Brøder og nokre av Konungens true Vener fylgde honom. Olav Konung for aust yver Landet til Sverike, der vardt Aastrid Drotning atter, og der ifraa for han til Gardarike og hadde med seg Sonen sin, som heitte Magnus (Aar 1028). Konungen der heitte Jarisleiv; han var gift med Ingegerd, Dotter av Olav Sveakonung; dei toko væl og venlega imot Olav Konung.

Haakon Eiriksson Jarl hadde inkje lenge Gagn av Jarldomen sin; han kom burt i Englands-Havet, daa han vilde sigla heim til Noreg med Festarmøyi si. Bjørn Stallare for til Olav Konung i Gardarike og sagde honom den Tidendi, at Noreg var høvdinglaust atter (Knut var daa i England). Olav Konung hadde og ein slik Draum, at han tykte, at Olav Tryggvason kom til honom og sagde honom, at han skulde fara atter til Riket sit. Daa vilde han freista endaa ein Gong, um han kunde vinna atter Riket; og han gav seg paa Heimferdi med Fylgjet sit, men let Magnus, Son sin, vera atter i Gardarike. Olav fekk nokor Folkahjelp av Onund Konung og Løyve til aat samna so myket Folk i Sverike, som vilde fylgja honom, men det vardt inkje myket, fyredi Svearne tykte, at Nordmennerne vaaro for harde aat berjast med. Fylkeskonungen Rings Son heitte Dag; han hadde fenget sig eit litet Rike i Sverike, men han lengtade daa etter aat faa koma heim til Noreg. No fylgde han Olav Konung med ein Mannstyrke, fyred Konungen lovade honom, at han skulde faa atter det Riket, som Ring, Fader hans, hadde aatt, um det gjekk væl. Det kom og ein Flokk Nordmenner aust til honom, der var **Harald Sigurdsson**, Halvbroder hans, med; han var berre 15 Aar gamal. — Høvdingarne i Noreg hadde Tidend um Heimferdi hans Olav Konung, og dei vilde taka hardt

imot honom. Sønerne etter Erling Skjalgsson samnade ein stor Her sud i Landet, og Kalv Arnason og Tore Hund og Haarek av Tjotta samnade ein Her paa 14 Tusund Mann nord og vest i Landet. Daa Konungen var komen yver Landamerket ned i Verdalen[1], so gav Finn Arnason den Raadi, at dei skulde fara ut yver Bygderna og brenna Gardarne, so munde Bønderne verda lause i Samnaden, naar dei saago Eld og Røyk heima. Daa svarade Konungen, at han hadde nog brent fyre Bønderne, fyredi dei viko ifraa den sanne Trui; men det, at dei viko ifraa honom sjølv, det vilde han forlata deim. Daa han kom ned til Stiklastad med Heren, so var Dag Ringsson endaa eit Stykke atter med sin Flokk. Jalt hadde Olav 4 Tusund Mann. Daa kom den store Bondaheren; Kalv Arnason var Hovding fyre honom, Tore Hund gjekk fram fyre Merket, Haarek av Tjotta var der næst, og dei ropade: „Fram, fram Bondamenner!" Daa lant Konungen og ganga aat med Heren sin, endaa Dag Ringsson var inkje komen, og han ropade: „Fram, fram, Kristmenner, Krossmenner, Kongsmenner!" Daa rende Heren so hardt inn paa Bønderne, at dei trengdest atter nokot, og der vardt ein hard Bardage. Det hende og, at det var ein Solmyrknad, og daa vordo Bønderne rædde, fyredi dei meinte, at dette munde vera eit vondt Teikn, og Kongsmennerne gjorde stort Mannfall i Heren deira. Konungen hogg til Tore Hund; men han hadde mange Reinskinns-Stakkar paa, so Sverdet beit inkje paa honom; daa sagde Konungen til Bjørn Digre: „Slaa Du Hunden, som det inkje bit Vaapn paa." Daa gav Bjørn honom Tore eit Drag av Okshamaren, so Hovudet vardt skakt paa honom sidan. Men Tore lagde Spjotet i Bjørn og sagde: „So veida me Bjørnarne nord i Finnmarki." Sidan fekk Konungen eit stort Saar; daa kastade han ifraa seg Sverdet og saag upp imot Himmelen og bad til Gud. Tore Hund gav honom eit Saar til; og Folk meinte, at det var Kalv Arnason, som gav honom det tridje Saaret, so han fall til Jordi og do. Strakst etter kom Dag med sin Flokk, og daa vardt det ei hard Rid i Bardagen atter; men sidan snudde dei seg paa Flotte, som vaaro atter av Kongs-Heren. Kongssonen Harald Sigurdsson

1) Verdalen med Garden Stiklastad er i Inn-Trøndalag.

hadde fenget store Saar; men han kom seg til Sverike og for sidan til Gardarike. Denne Bardagen stod i Aaret 1030. Olav Konung var berre 35 Aar gamal, daa han fall.

Denne Konungen, som hadde starvat so trottugt med aat føra Guds Rike til Folket sit, og med aat løysa Nordmennerne ifraa Framand-Veldet og hjelpa deim med Log og Rett og annat godt Stell — han fekk soleides Dauden fyre det gode Verket sit. Sidan kom daa Folket til ei betre Meining um Olav Konung og kallade honom Olav hin Helge elder Heilag-Olav; daa vardt Stiklastads Kyrkja bygd paa den Staden, der som han fall, og ho stend enno til Minnesmerke um honom og hans vælgjerande Verksemd.

9. Svein Alfivoson (elder Knutsson).

Ei laakare Raad kunde inkje Nordmennerne teket, en den, at dei gaavo seg under Valdet hans Knut Danakonung og toko Olav Haraldsson av Livdagom. Knut for berre med Svik og vilde binda deim i full Trældom under seg. Han gjølte og smeikte og straadde Gull paa deim, til dess han fekk fast Tak i Riket. Einar Tambarskjelver sat still heima, medan Olav hadde Valdet; men sidst paa snudde og han seg til Knut. Og Knut visste, at Einar var ein Mann, som det var Mun i aat vinna med seg; fyredi han var sjølv ein veldug Høvding og hadde stor Ætt, so han kunde raada myket med Aalmugen i Noreg. Baade Einar Tambarskjelver og Kalv Arnason hadde fenget Lovnad av Knut um aat faa verda Jarl i Noreg. Men Einar skynade, at det var berre Lausord, som Knut for med; difyre var han inkje i Noreg, daa dei gjorde Uppreisningi imot Olav Konung. Kalv fekk og snart sjaa, at Jarldomen hans gjekk upp i Lygn, daa Haakon Jarl var fraafallen; fyredi daa sagde Knut, at Svein, Son hans, skulde hava alt Noreg, og daa turvtest ingen Jarl. Svein Knutsson for til Noreg og vardt teken til Konung; Alfiva Moder hans og ein Flokk Daner fylgde honom. Svein Konung var berre eit Barn baade i Alder og Vit; difyre vardt det Alfiva og den danske Biskop Sigurd og andre Daner, som styrde Riket. Alfiva var meir svikfull en skynsam, og dei andre Stjornararne var inkje likare. Dei starvade med aat taka fraa Nordmennerne Fridomen og Sjølvstada deira og binda

Noreg fast til Danmark, so Danerne skulde raada i Noreg, inkje Nordmennerne. Dei lyste nokre harda Loger, som vaaro gjeldande i Danmark, sume vaaro og hardare en dei der. Dei verste av desse Logerna vaaro desse: Ingen Mann skulde fara av Landet, utan han hadde Loyve av Konungen; for nokon lika væl, so fall Eigni hans under Konungen. Fall nokon Arv paa ein Mann, som var domd i Utlægd [1], daa skulde inkje Ættingarne hava Arven, men han vardt Konungens Eiga. Til kvor Jol skulde Bonderne gjeva Konungen ein Mæle Malt [2] fyre kvar Aare (elder Huseld) og ein Uksabog og eit Spann [3] Smor, detta var kallat Beite-Gaavor; kvar Husfroya skulde gjeva honom so stor ein Lintaatt, som ein kunde spenna um med lengste Fingrarne. Bonderne skulde gjera alle dei Husi, som Konungen vilde hava paa Gardarne sine. Kvar Mann, som rodde Fisket paa Havet, skulde gjeva Konungen 5 Fiskar. Kvar Kaupmann skulde halda eit Rum tvert yver Skipet uppe fyre Konungen elder gjeva Pengar fyre di. Danske Menner fingo so stor Byrding i Noreg, at eit Vitne av deira skulde fella fleire Nordmanna Vitne. — Naar Konungen skulde soleides hava Rett til aat taka Skatt av Aaker og Eng, av Fiske og Kaupferd, so var det inkje mindre en so, at han vilde eiga sjolv alt Landet med all Avdraatten av di og Folket med, etter di ingen skulde fara burt utan hans Vilje. Med alt detta toko Danerne Odalen ifraa Bonderna utan aat segja deim det, og dei gingo fulla til Botnar med Underkuget, so Danerne skulde faa alt Valdet i Noreg. Svein Konung hadde eit stort Ting i Trondheim og lyste desse nya Logerna. Daa fingo Nordmennerne sjaa grant, kvor ærlega Knut vilde halda Ord og Lovnad, og dei vordo harme og vreide, som ventande var. Dei, som inkje hadde voret med i Bardagen paa Stiklastad imot Olav Konung, dei sagde no so: „Take no, De Tronder, Venskap og Lon av Knytlingarne, fyredi at De felde Olav Konung ifraa Riket; no hava De og me alle berre Trældom fyre Illverket og Nidingskapen Dykkar." Og det var inkje godt aat mæla imot detta. Det var og trong Tid i Noreg, so Sigvat Skald, som hadde voret lenge

1) Utlægd, at vera landlyst, jagat burt or Landet. 2) Ein Mæle var vonlega ein Tridjung av ein Tunna. 3) Eit Spann var so myket som ei Skjeppa paa Lag.

med Olav Konung, han kvad um det, at dei aato Uksamat og endaa Skav so som Bukkar. Folket tok til aat tenkja sterkt atter paa Olav Konung, kvor godt han skipade i Landet, og mange meinte, at denne Naudi var ei Refsing yver deim fyre Illverket deira imot honom. Hovdingarne hadde og myken Hug til aat gjera Uppstand imot Svein; men dei kvidde seg endaa, fyredi Knut hadde mange av Sønerne og Ættingarne deira med seg i Gisling, so han kunde hevna seg paa deim.

Bonden Torgils av Stiklastad hadde teket Liket hans Olav Konung upp av Vigvollen og boret det i Hus. Men Uvenerne foro og leitade etter det, og han ottadest fyre, at dei kunde finna det. So gjorde han tvo Kistor og lagde Liket i den eine, den andre fylde han med Stein og Halm. Di næst for han til Nidaros med baade Kistorna og let Olavs Vener taka Liket, og dei jordade det upp med Elvi; so sende han Bod til den danske Biskop Sigurd, at han var komen med Liket hans Olav. Denne Biskopen var hardla rædd fyre, at Folket skulde tenkja myket paa Olav Konung; og han sende Menner til aat taka Liket og søkkja det ned, so det skulde ingen Grand vera atter av Olav Digre. Torgils gav deim den Kista, som det var Halm og Stein i, og dei rodde som braadast ut paa Fjorden og søkte ned henne; daa var Bispen glad i den Trui, at Leivningarne av Olav Digre foro der til Botnar. Sidan, daa Folket tenkte og talade so myket um Olav Konung, so for Grimkell Biskop til Einar Tambarskjelver, og dei fastraadde seg til di, at dei skulde freista aat faa Olav Konung kjend fyre ein heilag Mann. Grimkell og Einar foro til Byen og myket Folk samnadest der. Daa toko dei Liket upp or Jordi og funno det øvst uppi Jordsvorden; det vardt daa strakst eit Under, fyredi ingen trudde annat, en at Liket hadde skotet seg upp sjølv. So freistade dei aat grava Liket ned med Kyrkja; men 9 Dage etter var det uppkomet atter. Daa dei opnade Kista, so tykte alle, at ein undarleg god Daam gjekk upp fraa Liket, og alle, som hadde set Konungen den sidste Stundi, han livde, dei funno det, at Haaret og Skjegget og Neglerne hans hadde vakset sidan, og at Andlitet hans var lika so raudt og fagert, som daa han livde. Daa trudde alt Folket, at Olav maatte vera eit sant Heilagmenne, naar slike Under kunde henda med Liket hans. Men Alfiva var vantru.

„Hardla seint rotna Lik i Sand," sagde ho, „annarleides hadde det voret, um han hadde leget i Mold." Um Haaret sagde ho so: „Daa tykkjest det meg vera Heilagdom, so framt det inkje brenn i Elden." Daa tok Biskopen eit Glodkjer og vigde Elden og lagde Røykelse til, so lagde han Haaret paa Elden. Men det brann inkje. Daa bad Alfiva Biskopen, at han skulde leggja Haaret i uvigd Eld. Men daa sagde Einar so: „Tegje Du! Eg veit væl, kven som var mest verd til aat leggjast i Elden, det er Du sjølv." Daa vardt det inkje meir Motmæle. Men etter Biskopens Ord og med Konungens Samtykke og med Aalmugens Dom paa Tinget vardt det fastteket, at Olav Konung var ein sann-heilag Mann. Kista hans vardt no sett i Kyrkja i Nidaros, og sidan vardt det mange Under og Jartegner der, so som at Sjuklingar vaaro der og fingo Heilsa si atter og meir slikt. Han vardt sidan kallad Olav hin Helge, og den Dagen, som dei trudde var Dauda-Dagen hans (29 Juli) vardt ein Heilagdag (Olavsvaka, Olsvoka). Sidan vardt det bygt Kyrkjor til Heider aat honom inkje berre i Noreg men og i andre Land, endaa so langt burte som i Myklegard elder Konstantinopel, Keisar-Byen i Grækaland. Fyrr hadde Nordmennerne fenget Heilagmenne i Sunniva og Fylgjesmennerne hennar, som skulde etter Segni hava flytt ifraa Irland fyre Heidingar og vera komne i Land paa Oyi Selja (sud fyre Stad) og der døydde. Men siden vardt det sagt, at det skjein fagert Ljos, der som Liki deira laago. Daa vordo dei kjende fyre sanne Heilagmenne, og sidan vardt der bygt Kyrkja og Kloster[1] paa den Staden; og dei fingo sin Helgdag, som var kallad Seljumanna Messa (8 Juli).

Paa denne Tidi kom ein Mann, heitte Tryggve, vestan fraa England med ein stor Herstyrke. Han sagde det, at han var Son etter Olav Konung Tryggvason og Gyda, og han vilde vinna seg Rike i Noreg. Sume sagde det, at han var Son av ein Prest; men mange trudde honom og fylgde honom. Svein Konung var daa so heppen, at han fekk Herstyrke samnat imot Tryggve. Men Einar Tam-

---

1) Kloster, vaaro Hus som dei Mennerne budde i, som vilde skilja seg ifraa Verdi og føra ein heilag Livnad i Einsaka; dei kalladest Munkar og Reinlives-Menner. Det var og Nunno-Kloster (Nunnosæter) aat Kvinnor (Nunnor).

barskjelver og Kalv Arnason og Broderne hans vaaro heima og lagde Raad seg imillom og med Bonderne um, kvorleides dei skulde gjera Uppstand imot Danerne. Svein og Tryggve mottest i Bokn-Forden nord fyre Jadren og hadde Bardage der. Tryggve sloygde Spjot med baada Hender i Senn, so som Olav Tryggvason gjorde, og sagde det: „So lærde min Fader meg aat messa." Der fall Tryggve, og det, som var atter av Folket hans, flydde.

Sidan hadde Svein eit stort Ting i Trondheim. Daa vaaro Bonderne hardla vreide og hatuge paa honom og Danerne, og der fall vonde Ord paa Tinget. Einar Tambarskelver sagde so: „Inkje var eg Olavs Ven; men Tronderne gjorde daa eit illt Kaup, daa dei selde Olav Konung og fingo ei Merr med Folen hennar i Staden. Denne Konungen kann daa inkje tala helder, og Moder hans vil berre det, som illt er." Daa sagde Alfiva: „Setje Dykker ned, Bonder, og hoyre, kvat Konungen vil segja Dykker!" „Fare helder heim, Bonder, sagde Einar, fyredi no gjera De lika so Ken Ærend hjaa Alfiva som fyrr." Daa gjekk Einar fraa Tinget, og Bonderne gjorde lika so. Daa saag Svein og Danerne, at dei hadde mist Valdet sit nord i Landet; dei torde helder inkje vera det lenger, men saato sidan sud i Landet. Paa denne Tidi ventade Knut Ufred av Jarlen i Nordmandi, so han kunde inkje senda nokon Herhjelp til Svein. Daa hadde Einar og Kalv Raadalag i Nidaros. Det hende seg daa, at det kom vensamt Bod ifraa Knut til Kalv, um han vilde senda Knut tri Tylvter Oksar, som vaaro rett vælgjorda. Kalv svarade so: „Ingi Oksar sender eg Knut; men Svein, Son hans, skal eg gjeva so mange Oksar, at han skal inkje tykkjast skorta." Hovdingarne og Bonderne lagde Raad saman; og daa vordo Einar og Kalv og andre Hovdingar sende til Gardarike (elder Rysland) aat bjoda Magnus, Son hans Olav Helge, heim til aat taka Konungdom i Noreg. Magnus tok væl mot Bodet, og Sendemennerne svoro honom Truskaps Eid, og fingo Sætt og Trygd av honom fyre seg sjolve og alle, so ingen skulde verda resst fyre Motstada imot Olav Konung, Fader hans. Han kom heim og vardt teken til Konung paa Oyrarting. Strakst samnade han Her og for imot Svein. Svein og Fylgjes-Mennerne hans fingo daa snart so mange Oksar, at dei tuto sjaa væl til aat berga Livet, til dess dei

komo seg ut or Noreg (Aar 1035). Daa var det ute med Danerne sit Yvervald i Noreg denne Gongen.

10. Magnus Olavsson hin Gode og Harald Sigurdsson Hardraade.

Magnus Olavsson var berre tie Aar gamal, daa han vardt Konung i Noreg; men han var væl framkomen i Vitet etter sin Alder. Einar Tambarskjelver kalladest Fosterfader hans, og baade han og Kalv Arnason vaaro Hjelparmennerne hans med Rikes-Stjorni. — Baade Knut Konung i England og Svein, Son hans, døydde snart. Daa vardt Horda-Knut Knutsson Konung i Danmark, og den gamle Konga-Ætt i England fekk snart atter Riket sit der; soleides var Danaveldet, som Knut hadde vidkat ut so ovlega mest med Svik og Mord, no minkat til det rette Laget sit atter. Men Horda-Knut Konung vilde daa hava Noreg, som han tyktest hava Rett til etter Knut, Fader sin, og Svein Broder sin, og han hadde Ufred med Magnus Konung um detta i nokre Aar. Dei hadde ingi store Bardagar; men lika væl vaaro baade dei norske og dei danske Høvdingarne leide av Ufreden og vilde helst hava Fred. Difyre gingo Freds-Bod imillom deim, og Kongarne komo til Møtes i Gauta-Elvi. Der gjorde dei slik Sætt og Fred, at den Konungen, som livde lengst av Magnus og Horda-Knut, han skulde hava baade Noreg og Danmark; denne Sættargjerdi var no nokot undarleg, fyredi ho gav Von til det, at eit av Riki fekk framand Konng; men tolv Høvdingar ifraa kvart Rike stadfeste henne likavæl med Eid, og Noreg fekk ingi Uheppa av detta.

Magnus Konung let gjera ei fager og dyr Kista, som var prydd med Sylv og Gull og Adalsteinar, og lagde Liket hans Olav, Fader sin, i henne; paa Kista vardt det lagt dyre Dukar av Pell og Gullvev. Han bygde og ei ny Kyrkja i Nidaros, som vardt kallad Olavs Kyrkja, og der vardt Olavs Likkista elder Heilagdom sett sidan paa Høgaltaret. Tidender um Olavs Heilagdom og mange Under med honom spurdest vida um framande Land, og mange Ferdamenner ifraa Utlandi fyre utan Nordmenner komo til Nidaros og meinte aat faa seg baade Saalobot og Heilsobot av Heilagdomen hans Olav Konung, og dei lagde ned Gaavor der til Takk og Heider aat honom. — Kalv Arnason vilde

gjerna raada mest med Magnus Konung; men Einar Tambarskjelver vilde helst raada eine med honom; difyre kjepptest dei tvo um det største Valdet. Einar hadde og godt Tak i di, at han minnte Konungen um, kvat Kalv hadde gjort imot Fader hans. Eingong hadde Kalv Arnason sett seg i Rumet hans Einar næst Konungen; daa sette Einar seg paa Okshi aat Kalv og sagde so: „Den gamle Uksen lyt bæsast fyre Kalven,“ so trengde han Kalv undan og sette seg hjaa Konungen. Sidan var Konungen i ei Veitsla paa Kongsgarden Haug i Verdalen; daa sagde Konungen til Einar: „I Dag vilja me rida ut paa Stiklastad og sjaa Merki etter den store Bardagen.“ Einar svarade so: „Daa maa Kalv fylgja med; fyredi eg var inkje med i Bardagen, so eg kann inkje segja fraa, kvat som hende der; men Kalv veit væl Grein um dei Tilburdarne.“ Detta var illt aat høyra fyre Kalv; og det var væl mesta som det gjekk Is igjenom honom, daa Konungen sagde: „So lyt Du Kalv rida med!“ Kalv svarade so: „Det gjerer inkje godt, Herre, at me minna oss slikt, som hever hendt fyrr.“ Men Konungen sagde: „Fylgja skal Du no, Kalv!“ Daa laut han vera med; men fyrst sende han Skosveinen sin heim til Eggja med det Bodet, at Huskarlarne hans skulde flytja alle dei lause Eigorna hans ut paa Skipet, fyrren Sol gjekk ned. Daa dei komo til Bigvollen, daa spurde Konungen honom Kalv: „Kvar fall Olav Konung, Fader min?“ Kalv peikte med Spjotet og sagde so: „Her laag han fallen.“ „Kvar stod Du daa Kalv?“ spurde Konungen. „Her som eg stend no,“ sagde Kalv. Daa vardt Konungen blodraud i Andlitet, og han sagde so: „Daa kunde Du visst naa honom med Oksi di.“ „Inkje naadde Oksi mi honom,“ svarade Kalv, og han kastade seg paa Hestabaket; fyredi no tykte han, det var likast at forda seg, og han reid som braadast heim til Eggja og gjekk paa Skipet og siglde burt or Landet til Orknøyarne; han kom inkje heim atter, medan Magnus Konung livde. Kalv hadde nog inkje havt Livet spart, hadde han inkje komet seg burt; fyredi Frendarne til Magnus og andre eggjade honom upp til aat bera Hevnd yver dei Mennerne, som hadde gjort Fiendskap imot Fader hans; og daa Magnus tok til aat verda vaksen, so braut han det Trygdar-Ordet, som han hadde gjevet Olavs Uvener, og han gav mange Menner hard Refsing. Den gamle Haarek i Tjotta kom til

Nidaros og vilde søkja um Sætt med Konungen. Men han let ein Hyrdmann ganga imot honom og drepa honom. Tore Hund for ut or Landet og kom inkje atter. Sume vordo refste paa Liv elder Limer; sume miste Gardarne sine, sume luto bøta med myket Gods, ifraa sume let Konungen hogga ned Bufe'et deira. Daa Landsfolket saag, at Konungen braut soleides den Sætt og Trygd, som han hadde gjevet alle, so tok Aalmugen til aat leggja myket Illtykke aat honom, lika væl um han var Son etter Heilag-Olav, og slik Røda hadde Bønderne um Konungen: „Kvat tenkjer Magnus, med di han bryt den Logi, som Haakon hin Gode sette? Han skulde daa helder minnast, at Nordmennerne ero inkje vane til aat tola Ulog, men dei draapo Fader hans og andre Høvdingar, som foro fram uloglega.“ Bønderne i Sogn samnadest i Her, og Trønderne hadde Møte og lagde Raad til Uppstand imot Konungen. Daa bundo 12 av dei beste Venerne hans Magnus Konung seg i Lag um det, at dei skulde freista aat leida Konungen paa betre Tankar. Det var inkje godt aat ganga fram og segja Konungen Sanningi so bert ut, som det turvtest; difyre kastade dei Luter um, kven som skulde bera upp Maalemnet. Luten fall paa Sigvat Skald; han hadde voret Olavs Ven og var no ein god Ven med Magnus Konung; det var og ei Heppa fyre honom, at han var Skald; fyredi Skaldarne sagde ofta meir en andre torde segja. Sigvat gjorde eit Kvæde, som vardt kallat Bersøgle-Visorna, og i deim sagde han Konungen b e r t u t, at han braut baade Logi og den Lovnad um Trygd, som han hadde gjevet Folket, og at det var inkje raadelegt aat halda fram so, naar Folket var nær ved aat gjera Uppstand imot honom, „eg ynskjer innelega, at Du, Olavs gjævelege Son, maatte koma til betre Tankar!“ Desse velmeinte Ordi gjorde god Verknad paa Konungen, han var so retvis, at han tok væl med Sanningi og rettade seg etter henne. Dagen etter hadde han eit Ting, og daa talade han so godt og blidlega aat Bønderne, at dei sagde, at det var so som han var vorden ein annan Mann; han sagde, at han skulde gløyma all Uvenskapen og vera god med alle. Han tok av dei verste av dei trælkande Logerna, som Svein Knutsson hadde nøydt paa Nordmennerne, so dei vordo t r y g g e f y r e Odalen og Fridomen sin atter. Magnus Konung let og skriva upp Frostatings

Logi i ei Bok, som vardt kallad Graagaas, og det var den fyrste Uppskrifti av Lands-Logi (Kristen-Retten var nog skriven fyrr); men i den nyare Tidi hava dei inkje funnet atter nokot av denne Boki. Sidan var Magnus Konung so blid og mild aat Folket, at alle vaaro glade i honom, og Namnet hans vardt aukat til Magnus hin Gode.

Daa Magnus hadde voret Konung i Noreg i 7 Aar, so do Horda-Knut Konung i Danmark, og daa hadde Magnus Rett etter Sætti deira til aat taka Konungdom i Danmark i Staden hans. Magnus Konung baud ut Her or Noreg og siglde til Danmark og stemnde Aalmugen til Viborgar-Ting[1]. Hovdingarne heldo Eiden sin, og Magnus vardt der teken til Konung i alt Danmark. Etter det for Magnus Konung atter til Noreg. Det var ingen Kongsson i Danmark daa; men ein Mann, som heitte Svein, var Son av Knuts Syster Estrid og Ulv Jarl, som og var i Ætt med dei fyrre Danakongarne. Denne Svein Ulvsson meinte det, at han hadde Rett til aat vera Konung i Danmark; han hadde veldug Ætt baade i Danmark og Sverike; men lika væl kjende han seg inkje sterk nog til aat reisa Her imot Magnus Konung; difyre vilde han freista, um han kunde vinna nokot med Svik fyrst. Han for til Magnus Konung i Noreg, og han var so mykel fyre seg baade i Tala og onnor Aatferd, at han fekk telja Konungen til, so han gjorde honom til sin Jarl. Um detta mælte Einar Tambarskjelver so: „Ov-Jarl, Ovjarl, Fostre!“ Einar ottadest fyre di, at Svein vilde inkje nøgjast med Jarldom men vilde hava Konungdom i Danmark. Men Magnus vyrde inkje Ordi hans Einar, Svein svor Konungen Truskaps Eid og fekk styra i Danmark, naar inkje Konungen var der sjølv.

Det gjekk til so, som Einar hadde sagt. Strakst Svein kom til Danmark, so tok han til aat gjøla med Hovdingarne og telja deim til aat taka seg til Konung og vika ifraa Magnus. Danerne hadde og meir Hug til aat hava ein dansk Mann til Konung, og so bruto baade Svein og Hovdingarne Eiden sin og gjorde Svein til Konung i Danmark. Daa Magnus Konung fekk Spurn av detta, so baud han ut Leidang or Noreg og siglde til Danmark, og sidan laut

---

1) Viborg ligg mest midt inne i Jutland.

han i lang Tid halda Herstrid imot denne Ovjarlen. Svein hadde inkje Styrke nog; difyre gjorde han Lag med Venderne, og dei strøymde i uhorvelege Fjøldar inn yver Danmark og foro der fram med Ran og Brenna og Draap; dei vaaro Heidingar og hardla ville Ransmenner; og hadde dei inkje vordet stadnade med Fynd og Alvora denne Gongen, so kunde dei hava lagt Trældom og ny Heidingskap yver alle Nordlandi, fyredi det var so fjølgment eit Folk. Men Svein vyrde inkje denne Faaren, naar han berre fekk eggja deim upp imot Nordmennerne. Magnus Konung refste Danerne fyre deira Svik og lagde Landet under seg atter. Di næst for han til Jomsborg i Vendland og bardest med Venderne der og øydde den Borgi, so ho var inkje meir etter den Dag. So for han imot Venderne i Danmark. Venderne hadde so stort Overevle, at dei vaaro 6 imot kvar ein av Mennerne hans Magnus, som hadde faae Daner men mest berre Nordmenner. Konungen bad til Gud og Heilag-Olav mest all Natti, fyrren han skulde møta Venderne; og han sagde Nordmennerne ein Draum, som han hadde, at han tykte, at Heilag-Olav kom og lovade honom Hjelp; og han sette god Hug i deim med med di. Baade Herarne møttest paa Lyrskogs-Heide[1], og der vardt ein av dei største Bardagarne som hever voret i Nordlandi. Vedret var varmt, og daa Magnus Konung gjekk fram med Nordmennerne, so støypte han av seg Brynja, so han hadde berre ein raud Silke Kjole paa, og han rende fram med Konung Olavs Oks, som var kallad Hel, og hogg ovlega hardt til baade Sidorne, so Venderne fall mest som Gras undan Ljaaen. Som Herren gjekk, so fylgde Sveinarne. Nordmennerne gjorde ofsa stort Mannfall paa Venderne. Dei rende undan aat ei Elv, og ho vardt so full av Lik, at ein kunde ganga turrskodd yver henne, og paa Sletta laago Venderne i høge, lange Dungar, so det var vandt aat koma seg yver. Der skulde vera fallne 15 Tusund Vender. Sidan spurdest det, at Venderne sagde seg imillom: „Hadde kvar Nordmann voret so stridsnarp som den fagre unge Mannen i den raude Kjolen (Konungen), so hadde inkje eit Mannsbarn komet med Livet der ifraa." Soleides frelste Magnus Konung Danerne ifraa ein stor Landa-Faare, og dei vitugaste Danerne

---

1) Lyrskogs-Heide ligg paa Skilet millom Jutland og Slesvik.

elskade honom fyre di og hatade Svein, som vilde vera Konungen deira og drog lika væl slik Uheppa yver deim. Magnus Konung laut halda mange Bardagar med Svein, og kvar Gong vardt Styrken hans Svein uppøydd; men han fekk daa Folk til aat fylgja seg atter. Ein Gong møttest dei fyre Helganes, daa hadde Svein avlat seg ein fager Herstyrke; men Mennerne hans Magnus rudde alle Skipi hans, og han rak Svein upp igjenom Skaanøy alt til Sverike. Men daa kom Harald Sigurdsson i Lag med honom.

Harald, Son av Sigurd Syr og Halvbroder til Heilag-Olav Konung, flydde ifraa Bardagen paa Stiklestad og kom seg til Sverike. Sidan for han til Gardarike (Rysland), og Konungen der sette honom til Herstyrar; fyredi denne Guten var myket fyre seg. Harald saag og Von til aat faa Dotter aat Konungen (ho heitte Elisabet) til Kona, naar han kunde vinna seg meir Fe og Frægd. Han spurde mange Tidender um, kvor gildt det var aat vera Væring i Myklegard. Væringarne vaaro nordlendske Menner, som Keisaren i Grækaland leigde til Vardmenner um seg, og stundom sende han deim ut i Bardage til Landvorn. Dei fingo myket Gull i Løn, fyredi der var det nog av det Slaget; dei vaaro i stor Byrding, og dei kunde ogso faa vinna seg Æra av Manndoms Verk i Strid. Detta var nokot, som Harald likade, og han for i Fylgje med ein stor Mannflokk til Myklegard elder Konstantinopel. Der fekk han Tenesta hjaa Keisaren og vardt Herstyrar fyre ein Landvarnar-Her. Fyrst bardest han med Vikingar; sidan stridde han med Arabar elder Serker, som Nordmennerne kallade deim, i Babylon og Syria[1] og Egyptaland[2]. Harald og Flokken hans tok myket Sylv og Gull til Herfang ifraa Serkerne, og vann myken Metnad; daa for han og til Kristi Grav i Jerusalem, sidan for han atter til Myklegard. Daa var han fullvaksen, han var 4 Alner høg, ein drusteleg Mann og fager i Synom. Han steig og so, at han vardt Høvding fyre ein Flokk av Væringarne, og han for med denne Flokken i Herferd i Lag med ein Græka-Her, som hadde til Høvding ein Mann, heitte Gyrger. Dei drivo Hernad paa Sisilia, og skulde freista aat leggja detta Landet under Keisarriket. Mange Nordmenner or Nordmandi i

1) I Asia. 2) I Afrika.

Frankrike komo og til Italia og gaavo seg i Lag med Grækerne. Alle desse Hermennerne gjorde mange Manndoms Verk, dei toko manga Borger og store Byar og vunno seg myket Gull og Sylv og annat dyrt Gods og myki Æra. Det var Væringarne hans Harald og dei franske Nordmennerne, som gjorde mest til Vinningarne, fyredi dei vaaro stridsnarpe Menner, men Grækarne vaaro blaute. Lika væl vilde Grækarne hava større Lut, naar Herfanget skulde verda skift, og dei freistade aat svika Nordmennerne, so dei skulde jamnan faa berre litet Gods. Men Harald var inkje den, som var nøgd med litet, og han var dugleg til aat graapa aat seg, so han inkje miste. Det Gullet og Sylvet som Harald vann, det sende han til Konungen i Gardarike, og han vardveitte det aat honom. Men Landet vunno dei inkje under Keisaren; dei fingo duglause Herstyrarar, som daa vaaro so svikfulle, at dei franske Nordmennerne skilde seg ifraa Heren og stridde imot Grækarne. Sidan for Harald med Væringarne atter til Myklegard. Væringarne hadde ein undarleg Sed; anten dei fingo Løyve til di elder inkje, det er inkje greidt aat vita, men visst er det, at med kvart Keisar-Skifte, so rende Væringarne igjenom alle Husi, der som Keisaren hadde alt Gullet og Sylvet, som han aatte ovlega myket av, og kvar Væring tok so myket Gull og Sylv, som han vann aat riva med seg. Detta kallade Nordlendingarne Polota-Svarv. Harald var med i tri slike Svarvar, og han var myket lang til aat røkka fram, so han var visst inkje den laakaste til aat svarva, so han vann seg væl myket Gull paa den Vegen og. Harald spurde den Tidendi heiman, at Magnus Olavsson var Konung baade i Noreg og Danmark. Det tykte Harald var for myket aat ein Mann, naar han sjølv inkje Rike hadde. Han sagde upp Tenesta si hjaa Keisaren og vilde fara heim til Noreg; fyredi no hadde han faret vida um i Verdi og vunnet Rikdom og Æra nog, berre han no og fekk Elisabet og eit Kongarike. Men det vardt Ufred millom Grækarne og Ryssarne (i Gardarike) og Grækarne toko alle dei Ryssarne, som vaaro i deira Vald, og kastade deim i Fangahuset, og dei kjende inkje helder Harald fyre annat en ein Ryss, so det bar same Vegen med honom og. I Fangahuset var eit gløypande Dyr (Krokodil?), som hadde tynt dei Illgjerdar-Mennerne, som hadde voret nedkastade der; men Harald og tvo Islendingar gaavo seg i Vask med detta

Dyret, og dei gingo so lenge paa det med ein Rakekniv og Mannabein, at dei toko Livet av di, utan at dei fingo nokon Skade sjølve. Sidan kom Harald seg ut, og han gjorde endaa Keisaren ei ill og skamleg Pretta, fyrren han for. Harald siglde burt med tvau Skip; men det var lagt ei Jarnlekkja yver Hamni fyre Fiendmennerne, so Farvegen var stengd. Harald let Mennerne sine renna atter i Skipi med kvar si Byrd, so Framstamnen lyftest upp, og Skipet rende langt inn paa Lekkja; strakst rende daa Mennerne fram i Skipet, og daa seig det ned paa andre Sida. Det eine Skipet brotnade, men med det andre komo dei væl burt. Harald kom til Gardarike og fekk Elisabet til Kona; so fekk han Gullet og Sylvet sit og siglde til Danmark og spurde Magnus Konung, um han vilde halva Noregs Rike med honom. Magnus Konung svarade, at i denne Saki vilde han gjera etter den Raadi, som Høvdingarne funno likast. Einar Tambarskelver gav den Raadi, at Harald skulde skifta Gullet sit med Magnus, um han skulde faa Helvti av Noreg. Det vilde inkje Harald. Daa lovade Einar, at han skulde standa imot Krevjingi hans alt det, han kunde. Dei andre Høvdingarne gaavo same Raadi. Daa for Harald til Sverike og fann der Ovjarlen Svein Ulvsson, og dei gjorde Samband til di, at dei skulde hjelpast aat, so Svein kunde faa Danmark, og Harald Noreg ifraa Magnus Konung. Dei foro fyrst til Danmark og foro illa fram der med Ran og Draap. Daa Magnus Konung spurde, kvat Svein og og Harald Farbroder hans gjorde, so samnade han Her og for fyrst imot Svein. Daa saag Harald sin Kost, og han for til Noreg og fekk Hersen Tore paa Steig til aat stemna eit Ting og gjeva seg Konungs Namn. Fyre den Tenesta fekk Tore ei Sylvkanna full med Sylvpengar og meir til.

Magnus Konung vende heim til Noreg atter og for imot Harald. Men Skyldmennerne (elder Frendarne) deira gingo imillom deim og fingo deim til aat koma saman i eit Møte paa Garden Aaker atmed Mjøsi og tala um Sætt. Der hotade Høvdingarne med det, at dei skulde taka Livet av den, som inkje vilde semjast med den andre. Daa laut Harald taka ved slik Sætt, at han skulde faa halve Riket i Noreg, og so skulde han gjeva Magnus Konung Helvti av Gullet sit. Konungen og Harald hadde ei stor Veitsla; den fyrste Dagen kom Konungen inn i Stova med nokre

Menner, som baaro dyrt Gods, dyre Klæde og Vaapn og Gullringar, og han gjekk fram med Langbenken, der som Haralds Menner saato, og gav kvar av deim ei god Gaava. Sidst gjekk han til Harald med tvo Røyrkjeppar og sagde so: „Kven vil Du hava av desse tvo Kjepparne, Frende?“ „Den næste — den beste,“ sagde Harald. Daa sagde Konungen: „So gjever Me Dykker med denne Kjeppen halve Luten av Noregsvelde med Skatt og Skyld og Eigor, so Du er allstad i Landet Konung med lika stor Rett som eg, og eg vil berre vera den fyrste i Byrding so som i Heilsing og Sæte, Skips-Lægje og slikt nokot.“ Daa stod Harald upp og takkade fagert fyre den Tigni, som Magnus Konung gav honom; so sette dei seg ned baade og vaaro gladvære og leikne. Andre Dagen gav Harald Mennerne hans Magnus Konung goda Gaavor, og daa han kom til Magnus; so let han setja fram tvo Stolar, og der sette dei seg baade. So vardt det breidt eit stort Klæde (som ei Uksahud) paa Golvet, og Mennerne hans Harald baaro inn mange smaa Sekker fulle av Gull og sturte ut or deim paa Klædet; det vardt ein ovlega stor Dunge av det raude Gull, alle vordo storlega undersame yver detta, og ingen hadde set so myket Gull saman paa ein Stad. Daa stod Harald upp og talade so: „No hever Me voret i framande Land og vaagat Livet i mange Faarar, fyrren Me fingo samnat alt detta Gullet. Detta vil Me no skifta med Dykker, lika som De skifte Konungdomen med meg.“ Daa vardt Gullet veget og skift, og det gjekk trøysamt til med di. Harald tok upp eit Gullstaup, so stort som eit Mannhovud og sagde so: „Hever Du, Magnus Frende, eit Gullstykke til aat setja upp imot dette Knapp-Hovudet?“ Daa svarade Magnus so: „Me hever væl havt nokot Gull fyrr; men no er det genget med til aat kosta Herferdi, so eg hever inkje meir Gull atter en denne Ringen, som Fader min gav meg, daa me sidst skildest.“ — Sidan hadde dei Ting, og Magnus lyste det fyre Bønderne, at han hadde skift Konungdomen med Harald Sigurdsson (Aar 1046).

No var Magnus og Harald vordne samde; men det var litet aat venta, at det skulde verda lenge væl imillom deim, so ulikt Huglynde, som dei hadde. Magnus var braadlynd men rettvis; Harald var hardlynd og strid og nokot sviksam. Magnus var vensam og mild aat Folket og vilde inkje leggja stora Tyngslor paa Aalmugen; difyre lagde

og Folket myki Elska aat honom og heldt honom i stor Heider. Harald var nauv og knipen aat alle og hadde sterk Traa etter meir Pengar, og han lagde strakst stora Tyngslor paa Folket, so han vardt snart illa likad, og mange synde honom, at dei vyrde Magnus myket meir en honom. Harald vardt og ovundsjuk paa Magnus, fyredi han fekk meir Byrding av Folket, og det syndest snart, at Harald bar inkje myket Godtykke aat Magnus. Mennerne deira vaaro usaatte og stundom Kongarne sjølve med. — Baade Konungarne skulde no hjelpast aat imot Svein, og dei samnade Her og siglde sud etter. Ein Kveld skulde dei baade taka same Hamni; Harald kom fyrst og lagde Skipet sit i Kongs-Lægjet, so Magnus skulde nøydast til aat leggja seg utan fyre. Daa Magnus Konung kom og saag detta, so vardt han vreid og let greida til Bardage imot Harald Konung. Men daa Harald saag Aalvora hans Magnus, so let han leggja Skipet undan; „fyredi no er Magnus, Frenden min, vreid," sagde han; og Magnus lagde seg daa i Kongslægjet. Harald Konung sagde so um detta: „Det er eit gamalt Ord, at Barn er braadt i Hug." Daa svarade Magnus: „Eg vil halda væl dei Skilordi, som er sagt oss i millom, men det same vil eg og, at De skal gjera." „Den vitugaste vægjer," sagde Harald. Sidan raako dei Svein ifraa Danmark; Danerne likade no Magnus betre en Svein, so Magnus hadde kanskje haldet trygt med Riket sidan, um han hadde livt lenger. Men det var ein Dag, daa han reid inn etter Landet, so bykste Hesten hans galen, av di ein Hare rende fram um honom, og Konungen stupte med Hovudet imot ein Rotstuv og fekk eit stort Saar. Daa vardt han liggjande sjuk og ventade Dauden; so sende han Tore, Halvbroder sin, og ein Mann med honom til Svein Ulvsson med det Bodet, at Magnus Konung gav upp Danmark aat honom, so Svein skulde med full Rett hava det Riket etter honom. — Magnus Konung do der i Danmark (Aar 1047). — Harald Konung vyrde inkje dei Ordi, som Magnus Konung hadde sagt um Danmark, og han vilde taka Riket ifraa honom Svein med den Nordmanna-Heren, som han hadde der. Daa sagde Einar so: „Det sømer Deg betre, at Du fylgjer Magnus, Frenden Din, til Gravi, en at Du vil taka ein annan Konungs Rike. Helder vil no eg fylgja Magnus daud en nokon annan Konung livande." Einar tok aat

Ferdi med Trønderne, og so laut og Harald fara heim med Heren denne Gongen, ellerst kunde han inkje vera trygg paa aat verda Konung i alt Noreg. Magnus Konung vardt nedsett i Olavs Kyrkja i Nidaros; Folket stod graatande um Gravi hans, og Aalmugen syrgde lenge etter honom.

Daa Harald Konung kom heim ifraa Danmark, so vardt han teken til Konung i alt Noreg, inkje av di Folket likade honom væl, men av di dei hadde ingen annan Konungsson av Ætti til Harald Haarfagre aat taka til Konung. — Harald Konung vilde inkje lata Svein Konung faa hava Danmark, han letst hava Rett til det Riket etter Magnus Olavsson. Han plaagade Danmark med Ufred i mange Aar; kvar Sumar for han til Danmark med Herstyrke og bardest med Svein naar dei møttest; men mest for han med Ran og Herjing og fylde Skipi sine med Danerne sit beste Gods; med di gjorde han myken Landsskade der. — Harald Konung var ein djupvitug Mann, so han hadde godt Skyn paa, kvat som gagnade Riket; viljasterk var han og, so den Raadi laut fram, som han hadde teket; han gjorde mange gode Verk i Noreg baade fyre Kristendomen og Riket. Strakst etter han vardt Einkonung, so bygde han ein By i Viki, som vardt kallad Oslo, der bygde han ei Kyrkja (Marie-Kyrkja) og ein Kongsgard. Paa denne Tidi fingo og Vikværingarne eit Heilagmenne; han heitte Hallvard, og var i Ætt med Heilag-Olav Konung. Han var ein rettvis Mann; ein Gong vilde han verja ei Kvinna, som nokre Menner vilde drepa, fyredi dei tenkte henne fyre Tjovskap. Men han vardt yvervunnen, og dei bundo eit Tog um Halsen hans og ein Kvernstein i Togenden, og so søkte dei honom ned i Dramns-Fjorden. Men Folk sagde sidan fraa, at Hallvard flaut med Kvernsteinen upp i Vatnet. Strakst trudde alle, at han var eit Heilagmenne, og Liket hans vardt lagt i ei dyr Kista og sett i Kyrkja i Oslo. Daa hadde Nordmennerne eit Heilagmanne i kvart Tinglag. Konungen hadde Umsut fyre, at det kom fleire Prestar til Landet, so Folket fekk høyra meir Gudsord. Strakst Kristendomen vardt vedteken i Nordlandi, so vilde Paven i Roma taka seg lika so stort Vald yver Folket der, som han hadde teket i dei andre Landi. Det Valdet, som Paven og Prestarne hadde for myket, vardt inkje brukat væl men ofta til Skade fyre Kristen-Mugen, og det kom av di, at dei foro myket etter range Meiningar,

som i den vankunnuge Tidi var blandade inn i Læra og Tru. Paven sette ein Erkebiskop i Bremen i Nord-Tydskland, og han skulde greida Pavens Ærender i Nordlandi; han heitte Adalbert. — I Noreg var det Konungarne, som hadde fört fram Kristendomen; og dei hadde kallat inn Prestar av norsk Ætt ifraa England. Det funno og Nordmennerne seg best hjelpne med; Kongarne og Prestmennerne og Aalmugen styrde og stelte so med dei Ting, som høyrde Kristendomen til, som dei tykte, det var rettast fyre Gud og gagnlegast aat deim sjølve. So vilde Harald Konung hava det; og Nordmennerne vilde inkje hava nokot Pava-Velde. Adalbert sende Menner med det Bodet til Harald Konung, at han skulde lyda Erkebiskopen, som Paven sjølv hadde sett til aat raada. Daa svarade Harald so: „Inkje veit eg nokon annan Erkebiskop elder Herre i Noreg en eg sjølv, Harald Sigurdsson." Med di fekk Paven inkje det Valdet, som han greip etter. — Konungen hadde illt Auga til dei velduge Hersarne (elder Lendermennerne) i Noreg, som vilde berre gjera so, som dei sjølve vilde, og gagna berre seg sjølv, so Konungen skulde inkje gjera annat, en dei vilde. Konungen gjorde myket til dess aat minka detta skadelege Høvdinga-Veldet; men han nytte myket Svik og Hardleike til detta; difyre vardt Namnet hans aukat til Harald Hardraade. Den veldugaste Hersen i Noreg i den Tidi var Einar Tambarskelver; honom hadde Harald havt Illtykke til, alt sidan det fyrste Møtet deira; og jamnan, naar Konungen var for hard aat Bønderne paa Tinget og lagde for stora Tyngslor paa deim, so førde Einar Ordet fyre deim og sagde som so, at Bønderne vilde inkje tola slikt, at Konungen for fram med Ulog imot deim; og stundom stadnade han Konungen i Raaderna hans. Ein Gong fannst det nokot Sylv og Gull i Jordi, som Haakon Ladajarl hadde gravet ned. Da for Einar til Nidaros med stor Mannstyrke og kravde Godset av Konungen, fyre di Kona hans, Bergljot, Dotter etter Haakon Jarl, var Erving til di. Konungen svarade so: „Logi segjer, at alt jordgravet Gods kjem Konungen til." „So er det, naar ingen Erving finnst, men liver Erving, so skal han hava Godset; og fær eg inkje Godset, so tek eg det med Avl." Daa sagde Konungen: „No stig Ovmetnaden Din høgt, Einar! Du fær aat so, som Du skulde vera den rette Konungen, og eg berre hava Namnet." Venerne

deira gingo daa imillom og talde til Sætt; men Harald laut ut med Godset. Sidan tenkte Konungen paa Hevnd yver Einar; men Einar varade seg, han for inkje til Byen, utan med stor Mannstyrke, stundom 5 Hundrad Mann. — Svein Danakonung sende Menner med Brev og Gull til Noreg og talde Hovdingarne til aat fylgja med seg imot Harald Konung. Men Konungen fekk handtaka Sendemennerne og nøydde dem til aat fara med Ærendi deira lika væl, men koma sidan atter og segja honom, kvat Hovdingarne svarade, fyre di Harald vilde nytta detta Tilføret til aat røyna Truskapen deira Hovdingarne. Daa Sendemennerne komo atter, so syndest det, at sume av Hovdingarne hadde inkje stadet seg væl i denne Freistingi; ein av deim var Steigar-Tore; men Einar Tambarskelver hadde svarat so: „Harald Konung er inkje min Ven; Svein Konung hever ofta synt meg Venskap. Men kjem Svein til Noreg med Her imot Harald, daa skal eg samna Frendarne mine og all den Mannstyrken, eg kan faa, og hjelpa Harald Konung til aat verja Riket sit.“ Um detta sagde Harald so: „Det var aat venta, at Einar vilde svara som ein stor Mann, um det en inkje kom av Kjærleike til meg.“ Lika væl vilde Konungen svika Einar fraa Livet. Han baud Einar heim aat seg. Einar for til Nidaros med ein stor Mannflokk; og han gjekk inn i Kongsstova sjolv eine, medan Eindride, Son hans, stod ute i Garden med Mennerne. Ljos-Gluggarne vaaro mest atterskotne, so det var halvmyrkt inne; daa sagde Einar so: „Det er myrkt i Konungens Maalstova.“ Men Hyrdmennerne rende aat honom med Sverdhogg; daa sagde Einar: „Kvast bita no Konungs Hundarne,“ og han rende fram og hogg paa Konungen; men det beit inkje, av di han hadde dreget paa seg tvo Brynjor. Eindride høyrde Ordi hans Einar, og han drog Sverdet og rende inn og vilde verja Fader sin; men der fall dei baade. Einar Tambarskelver var 80 Aar gamal, daa Livet vardt stolet av honom. Det sette ill Hug i Folket, at so gamal og vyrdeleg ein Mann, som hadde havt so myket aat raada hjaa fleire Konungar og Jarlar, at han skulde faa so svikfam ein Ende. Men Bønderne hadde i Braaden ingen Formann, og Harald Konung fekk fly. Daa sagde Bergljot: „Hadde Haakon Ivarsson, Frenden min, voret her no, so hadde nog inkje Banamennerne hans Einar fenget rott ut etter

Elvi." Haakon Ivarson var Sonarson av Syster hennar Bergljot, han var ein veldug Hovding paa Upplandet. Bergljot sende honom Bod, at han skulde søkja Rett og Hevnd fyre Einar. Harald Konung kom til den gamle Hovdingen Finn Arnason paa Austraatt [1], Frenden sin, og bad honom, um han vilde fara inn til Byen og telja Trønderne til aat halda Fred fyre det fyrste, og at han sidan vilde tinga honom Sætt med Haakon Ivarsson, so han inkje skulde gjera Uppstand imot honom. Finn var ordkvassare en andre, han sagde so til Konungen: „Fyrst gjerer Du det, som illt er, og sidan skjelv Du som ei Merr." Han spurde, kvat han skulde bjoda Haakon i Sætt. „Tinga med honom, sagde Konungen, men neitta honom inkje annat en sjølve Konungdomen, um han er hard." Finn fekk sjølv segja fyre, kvat Løn han skulde hava fyre denne vande Ærendi, men han bad berre um Fred og Trygd i Noreg fyre Kalv, Broder sin, og Eigorna og Lendermanns-Retten, som han hadde fyrr; det lovade Konungen. So for Finn til Byen, der var stor Mann-Samnad, men han fekk Lovnad paa Fred, til dei fingo Bod ifraa Haakon Ivarsson. Med Haakon Ivarsson gjorde Finn slik Sætt, at Haakon skulde faa Ragnhild, Dotter etter Magnus Konung, til Kona og der til Jarldom paa Upplandet. Med di vardt det Fred i Landet. Men Harald Konung var litet ordhalden. Kalv Arnason kom heim og fekk atter alt det, som han hadde aatt; men ein Gong daa han var med i Herferd til Danmark, so let Konungen Danerne faa søkja aat honom med Overevle og fella honom. Finn vardt so harm og vreid fyre detta, at han for burt or Noreg og gjekk i Tenesta hans Svein og fekk Jarldom av honom. Konungen vilde helder inkje halda Sætti med Haakon Ivarsson; det var med stor Naud, at han fekk Ragnhild; men Jarldomen vilde inkje Harald gjeva honom.

Harald Konung hadde stundom berre liten Herstyrke med seg i Danmark; og han kom i hard Klemba nokre Gonger, naar Svein kom imot honom med Overevle. Ein Gong vaaro Skipi hans tungsette av alt Godset, som han hadde ranat ifraa Danerne, og Harald var buen til aat fara heim. Daa kom Svein Konung med ein stor Landher og baud

1) Austraatt paa Ørlandet.

Harald ganga i Land og halda Bardage. Harald hadde for liten Styrke, og difyre svarade han Svein, at han kunde ganga paa Skipi og møta honom. Det gjorde Svein, men det turvtest nokor Tid til di, og Harald nytte henne til aat koma seg burt som braadast. Um Morgonen etter, saago Nordmennerne Dana-Skipi, og Harald let deim ro av alt Evle; men Skipi deira vaaro tunge aat driva fram. Dana-Skipi vaaro lette, og dei munade snart innpaa. Men Harald var inkje van aat vera raadlaus; han batt Mat paa Tiljor og sette paa Sjoen og kastade ut Øltunnor, fyredi han vonade, at Danerne vilde taka det upp og heftast med di. Danerne gaavo seg og Tid til aat samna Godset upp, fyre di det var lettare at taka det upp af Sjoen en ut or Henderna paa Nordmennerne; og med di fekk Harald nokot Fyredrag. Men daa Svein kom etter, so baud han Danerne berre fara snøgt etter Nordmennerne, og dei drogo seg snart inn paa atter. Daa sette Harald dyrt Gods paa Sjoen; men daa torde inkje Danerne taka det upp. Daa laut Harald taka den sidste Raadi; han let setja hertekne Daner paa Tunnor i Sjoen, og dei funno det inkje hugsamt aat rida soleides, dei skriko um Berging til Folket sit; daa sagde Svein sjølv, at dei skulde berga deim. Daa fingo Nordmennerne so stort Fyredrag, at Svein hadde ingi Von til aat naa deim. Sidan vardt Harald og Svein samde um det, at dei skulde halda Bardage i Gauta-Elvi, og den, som vann Siger daa, han skulde hava baade Riki. Harald Konung for aust etter med 360 Skip, og han laag og bidde etter Svein so lenge, at Leidangs-Tidi (2 Maanadar) var ute, so Bønderne foro heim med Skipi sine, og Konungen hadde berre halve Styrken (180 Skip) atter. Det hadde Svein ventat paa; fyre di han var sløg — han og; so siglde han med 360 Skip imot Harald, og dei møttest i Nifs-Aai. Sume gaavo Harald den Raadi, at dei skulde fly. „Nei, helder skulo me falla ein yver annan," svarade Konungen. Der vardt ein hard Bardage (Aar 1062). Dei bardest all Natti, og um Morgonen gjekk Harald Konung med Mennerne sine upp paa Skipet aat Svein og rudde det, men Svein kom seg burt i ein Baat; daa vaaro 70 Dana-Skip rudde, og dei Danerne flydde, som atter livde. Ein Mann kom roande til Skipet hans Haakon Ivarsson og vilde tala med honom. Haakon spurde, kven som var der. „Her er Vanraad, og eg tigget

mit Liv av Deg.“ Det var inkje ljost endaa, so ingen annan kjende honom en Haakon, og denne Mannen var Svein Danakonung. Haakon hjelpte honom, so han kom seg til Danmark, og han var Konung sidan som fyrr. Finn Arnason Jarl var med Svein i denne Bardagen; daa var han gamal og mest blind. Han vardt handteken og leidd til Konungen. Harald saag, at han var hardla vreid og uppøst, og han vilde trøya seg med honom, og so spurde Konungen: „Vil Du hava Fred, Finn, endaa Du er inkje verd det?“ Inkje av Deg, Hund,“ sagde Finn. „Vil Du taka mot Fred av Magnus, Frenden Din daa?“ „Kvat kann den Kvelpen raada fyre Fred?“ Daa lo Konungen og spurde so: „Vil Du hava Fred, av Tora Frendkona Di?“ (Magnus var Son til Harald, og Tora var Kona hans, Dotter av Torberg Arnason). Finn svarade: „Aa, er ho her; daa er det inkje undarlegt, at Du beit fraa Deg so væl, naar Merri fylgde Deg.“ Av Finn kunde Harald venta seg so kvasse og stygge Ord; og han slepte honom laus lika væl fyre det. Harald Konung vardt hardla vreid paa Haakon Ivarsson, fyredi han slepte Svein laus; Haakon laut fly til Svein, og fekk seg Jarldom av honom i Halland. Sidan gjorde han ymsa illa Prettor mot Harald. Tvau Aar etter Bardagen møttest Konungarne i Gauta-Elvi, og gjorde Fred med den Skildagen, at kvar skulde hava sit eiget Rike.

I England raadde den Tidi ein Konung, som heitte Harald Godvinason. Broder hans var Tostig Jarl, han unte inkje Harald Riket, fyredi han tykte, at han hadde meir Rett til di sjølv, og han søkte seg Herhjelp til aat vinna det. Jarlen i Nordmandi lovade honom Hjelp; og sidan for Tostig til Harald Konung i Noreg og bad honom fara til England og vinna Riket. Englands Konungen hadde mange Uvener der, sagde han, og han Tostig sjølv hadde mange Vener, som han vilde fylgja Harald Hardraade med; og vunno dei Riket, so vilde Tostig vera Jarl yver Helvti. Harald Konung tykte, at detta kunde vera eit gildt Tiltak, og det var inkje uliklegt, at han gjorde Samband med Vilhjalm Jarl i Nordmandi, at dei skulde koma ifraa kvor si Leid og halva England imillom seg. Harald samnade den gildaste Mannstyrken paa 240 Skip og siglde til Orknøyarne; der tok han Jarlarne og deira Mankstyrke med, so han hadde 30 Tusund Mann, fyre utan Styrken

hans Tostig. Daa dei komo til England, so siglde dei upp etter Humber-Elvi [1] og lagde Landet under seg alt til Byen York. Der vann Harald Siger yver tvo Jarlar med ein stor Her; og Bymennerne i York toko Harald til Konung, og Dagen etter skulde dei opna Borg-Portarne fyre Nordmennerne og gjeva deim Byen. Men um Natti kom den engelske Konungen med ein stor Her, som han hadde havt sud i Landet, um dei franske Nordmennerne skulde koma. Um Morgonen gjekk Harald Konung med tvo Tridjungar av Nordmanna-Heren til York, ein Tridjung skulde vera atter ned med Skipi; det var varmt Vedr; difyre toko dei berre dei lettaste Vaapni med seg og inkje Brynjorna; dei vaaro glade og leikne, og ventade ingen Uvena-Her. Men sidan fingo dei sjaa den engelske Heren koma imot seg; der vaaro Riddarar og jarnklædde baade Menner og Hestar. Daa sende Konungen Bod ned til Skipi etter den Styrken, som der var, og so fylkte han Heren i ein Ring. Han let Mennerne stydja Spjotskaftet i Jordi; dei fremste skulde setja Spjotsodden imot Fiendmennerne, og dei attarste imot Hestarne deira; ingen skulde ganga ut or Fylkingi. Konungen reid ikring og saag etter um alt var rett; han reid paa ein svart, blesott Hest, og han snaavade, so Konungen fall aat Jordi; men han rende strakst upp atter og sagde so: „Fall spaar Farmann Heppa." Den engelske Konungen saag det og spurde, kven denne store Mannen var, som fall av Hesten. Dei sagde honom, at det var Konungen Harald Sigurdsson sjølv; daa sagde han so: „Det er daa ein stor og drustleg Mann; men no hever nog Heppa hans faret ifraa honom." Sidan rido Engelskmennerne i fullt Renn inn aat Nordmennerne; men dei stodo stødt; so rido dei aat paa ymsa Sidor, men det munade inkje, og sidan rido Engelskmennerne attende. Daa orkade inkje Nordmennerne lenger aat standa stille, av di dei vaaro inkje vane til slikt; og dei rende etter Riddararne. Med di gjorde dei si eigi Uheppa, fyredi daa kunde Riddararne koma paa Nakken deira og rida aat deim so som dei vilde; Nordmennerne hoggo mannelega ifraa seg; men Engelskmennerne hadde fenget for godt Yvertak, og Mannfallet vardt stort hjaa Nordmennerne. Daa rende Konungen sjølv fram og hogg so ovlega hardt til baada

1) I Nordhumbraland nordst i England.

Sidorna, at det heldt kvaarkje Skjoldar elder Hjelmar elder Brynjor fyre honom, og Riddararne viko undan honom, der som han kom. Men Harald fekk ei Or i Halsen, so han fall der. Daa var den engelske Konungen so nøgd av denne Leiken, at han baud Nordmennerne Fred, um dei vilde fara; men daa bardest dei hardare til Hevnd fyre Konungen. Tostig gjekk og hardt fram, og no kom og Mannstyrken ifraa Skipi. Eystein Orre Torbergsson var Formannen deira; dei bardest hardt og gjorde stort Mannfall hjaa Engelskmennerne; detta vardt kallat Orra-Ridi, og ho varade til myrke Natti; daa flydde dei Nordmennerne som kunde, til Skipi. Denne Bardagen var hjaa Stanford Bru i Aaret 1066. Harald Hardraade var 51 Aar gamal, daa han fall. — Vilhjalm Jarl hadde leget sjuk, og han kom fyrst nokra Vikor etter Bardagen med Her til England. Den engelske Herstyrken var so veikat av Nordmennerne, at Jarlen vann lett Siger yver Harald Godvinason, som fall sjølv, og Vilhjalm tok daa England og vardt difyre kallad Vilhjalm Landvinnaren.

11. Magnus og Olav Kyrre Haraldssøner.

Harald Hardraade hadde tvo Søner, Magnus og Olav. Magnus styrde Riket, sidan Harald Konung for til England, til dess at Olav kom heim med Heren. Daa vordo dei baade Konungar i Noreg, men Magnus do snart; han let etter seg ein Son som heitte Haakon, og han var i Fostring med Tore paa Steig. Sidan var Olav einaste Konung i Noreg. — Svein Danakonung tyktest nokot større, daa Harald Hardraade var fraafallen; det var likt til di, at han traadde etter so mange Rike, som Gamle-Knut hadde fyrr. Han tok til aat yppa Ufred um Noreg; men Olav Konung møtte honom med slik Aalvora og Styrke, at han laut venda um Raadi si. Baade Kongarne hadde Stemnelag i Kongahella, og der vardt gjord lika eins Sætt og Fred imillom Riki som den fyrre Gongen.

Olav Konung var ein stor Mann i Vokster, fager og blidlaaten. Han var hardla ulik Fader sin, fyredi han var spaklynd og hadde ingen sterk Hug til Strid. Han var inkje rædd aat møta Uvenerne sine; men han hadde Skyn paa di, kvor stor Skade det kom av Ufreden, og kvor myket

Gagn Freden kunde gjera, naar det ingi full Naudsyn til Hernad og Ufred var. Difyre vardt Namnet hans aukat til Olav Kyrre[1]. Han var ein hjartug Kristen og las ofta i den heilage Skristi. Han gjorde og myket til aat fremja kristelegt Lynde og Livnad hjaa Aalmugen. Han bygde Kyrkjor og sette Prestar til deim; den hævaste av dessa Kyrkjorna var Kristkyrkja[2] i Nidaros; der vardt Likkista hans Heilag-Olav sett paa Høgaltaret og stod der sidan. Olav Kyrre baud og Biskoparne, at dei skulde fara trottugt kring um i Landet og verka fyre Kristendomen og taka av all heiden Sed og Aatferd

Paa denne Tidi tok Kristendomens Ande til aat trengja inn i Folket so myket, at Vikingaferderna stadnade; med di aukadest Kaupferdi, og Konungen hjelpte til aat auka baade henne og annat fredelegt Verk og Næring. Han bygde ein ny Kaupstad vest i Landet, han kalladest Bjørgvin (Bergen), og der samnadest Kaupmenner og Skip ifraa ymse Land, so det vardt snart den største Kaupstaden i Noreg. Dei gamle Kaupstaderne Tunsberg, Nidaros og Oslo aukadest og i Drift og Vælferd. — Den Tidi hadde Nordmennerne endaa myket hardt i Livemaaten og Husstellet og Klæde-Bunaden sin. Dei kjende mest berre dei Ting, som vaaro naud-turvelege i Livet; dei Ting, som gjera Livet lettare og hyggjelegare, kjende dei inkje mange av. Dei kunde hjelpa seg med faae og udyre Ting, som inkje vaaro so vande aat raada seg til, og so hadde dei no inkje helder so lang Veg til Rikdom paa si Vis. Soleides hadde Bønderne faae Hus til aat vera i, ofta berre ei Stova paa Garden, som Bonden med Bulyden[3] sin baade arbeidde og aat og sov i. Dei brukade inkje Tre til Golv men berre Jordi, som dei straadde Halm paa um Vetteren. Midt paa Golvet brann Langelden, og Røyken gjorde mange Krokar inne og gjekk sidst upp igjenom Ljoren[4], og um det Holet fingo dei og Ljos, fyredi dei hadde inkje Glas endaa. So nøgjesame vaaro dei og i Matstellet og Klædi, som alt var jamnast av det grove Slaget, som er lettast aat fyta til. Men av denne Livemaaten vaaro og Nordmennerne hardbalne

1) Kyrr, same som still. 2) No Domkyrkja. 3) Bulyd, det Folket (den Lyden) som høyrer til eit Hus (eit Bu), som stend under same Husfader. 4) Ljoren var eit Hol i Taket.

og sterke. Olav Konung førde inn i Landet myken ny Sed, som vardt funnen hjaa andre Folk (mest Engelskmennerne), som vaaro lenger framkomne i Sedhævd[2]. Han bygde paa Kongsgardarne slike Hus, som det var manga Stovor og Loft i, og Steingolv vardt nedlagt. Langelden rak han og burt og brukade Omnar i Staden. Ljoren og Gluggarne vordo umbytte med Stovoglas. Fyrr drukko dei ut or store Uksahorn, som vaaro prydde med Gull og Sylv; men i Olavs Dagar toko dei til aat bruka Staup og Koppar av Sylv. Dei gjorde og Umbrøyte i Klædnaden, so dei hadde fina Brøker, som dei snørde um seg og kallade Dramb-Hosor, og Kjolar med 5 Alner lange Ermar, som dei rukkade saman upp yver Henderna. Høge Sko med innsaumde Silkeblomar gingo dei i, og sume sette Gullringar um Føterne. I alt detta var det Konungen og Hyrdi og Høvdingarne som gingo fyre; Bønderne gingo etter i dei gagnlegaste Ting, slikt som dei saago seg Raad til, so dei kunde med di hava meir Hyggje i det daglege Livet, men sume komo væl og til aat ganga vidare, i Stas og Ovbunad, en som Penga-Pungen deira tolde, so dei fingo Skade av det nye i Staden fyre Gagn; fyredi det er vandt aat halda det rette Hovet.

Olav Kyrre tok seg og større Hyrd en fyrr var brukad. Nokre av Hyrdmennerne kalladest Skutel-Sveinar, og dei tenade ved Bordet. Nokre kalladest Kjerte-Sveinar, og dei vaarø livande Ljosstakar, dei skulde standa og halda so mange Ljos, som det sat govuge Menner ved Konungs Bordet. Konungen flutte Høgsætet sit ifraa Langbenken til den eine Enden av Stova; daa kunde han lett sjaa alle deim, som inne vaaro, og dei honom. Fram fyre Konungen stod Bord og Benk, og der saato Stallaren og dei største Høvdingarne og vende seg aat Konungen.

Den Tidi var og myki Ovdrykkja hjaa Aalmugen. Bønderne gingo i Flokk fraa Granne til Granne og fylde seg; endaa hadde dei inkje Brennevin, men dei drukko sterkt Øl og Mjød og Vin; denne Umrekstren var kallad Kvervings-Drykkjor. Kvar Mann bar og Vaapn, naar han gjekk ut, anten Sverd elder Øks elder Spjot, og det hende inkje so

---

2) Sedhævd, fin og fager Sed, Folkvis, som kjem av god Kunnskap.

sjeldan, at Drykkjo-Brøderne vordo usaatte, so dei gingo aat kvarandre med Vaapni, og daa vardt ofta anten Saar elder Daude Enden paa den Leiken. Slika Uheppor vilde Konungen gjera Raad fyre. Han bygde Gilde-Stovor i Byarne og fekk Menner til aat gjeva seg i Lag soleides, at dei skulde koma saman til Drykk berre i Gilde-Stova, og naar Gilde-Klokka ljomade, so samnadest Gilde-Brøderne. Det vardt sett Loger fyre Gildi, som dei Mennerne luto halda seg væl etter, og jamnan var ein Prestmann elder Hovding med i Gildet, fyredi det laut vera ein, som hadde Byrding til aat halda Styr paa Gildebrøderne. Men desse Gildelagi vordo inkje skipade berre til Gjestabod; det var Brødralag til aat hjelpa og verja kvarandre paa mange Maatar. Gildelaget i Nidaros vardt so rikt, at det kostade upp ei Kyrkja sjølv.

I Olavs Tid var goda Aarferder baade av Land og Sjo, so Folket hadde god Bergning. Dei skynade og paa, kvor myket godt Konungen gjorde aat Aalmugen, og difyre hadde alle myket Godtykkje aat honom. Ein Gong, daa Konungen var i ei Veitsla, so sagde nokre Menner det til honom: „Me og mange gledja oss i det, Herre, at Du er so blid og vensam aat Folket.“ Daa svarade Konungen so: „Kvi skulde eg inkje vera glad, naar eg ser baade Fridom og Gleda hjaa Folket mit! I den Tidi, daa Fader min styrde, so var dette Folket i Naudung og Rædsla og laut gjøyma Gullet og Ertperne sine fyre honom; men no lata dei slikt gjerna synast. Dykkar Fridom og Trygd er mi Gleda og mit Gaman.“

12. Magnus Olavsson Berføtte og Haakon Magnusson.

Daa Olav Kyrre var daaen, so toko Vikværingarne strakst Magnus, Son hans, til Konung. Men Haakon, Son etter Magnus Konung Haraldsson, skundade seg til Nidaros; Tore av Steig, Fosterfader hans, hjelpte honom aat telja fyre Trønderne, so dei toko Haakon til Konung i halve Noreg. Magnus Konung Olavsson var fulla ulik Fader sin, han hadde sterk Hug til Strid og treivst inkje med Fred. Strakst han hadde fenget Konungdomen, so gjorde han Herferd til Vesterhavet og lagde Suderøyarne vestan fyre Skotland under Noregsvelde og herjade myket i Skotland og Irland. Magnus likade illa det, at Haakon

skulde hava halve Riket, og Venskapen var berre tunn imillom deim. Dei vaaro saman i Nidaros ein Vetter, og daa hadde det nær vordet Fiendskap imillom deim; men Haakon Konung for til Upplandet, daa fylgde Bymennerne honom langt paa Veg, fyredi dei elskâde honom mykjet. Men dei luto snart fylgja honom til Gravi; fyredi han gjekk etter ei Rjupa so hardt paa Dovrefjellet, at han vardt sveitt og fekk sidan Kjøld, so han do av di.

Steigar-Tore ventade seg inkje godt av Magnus Konung, fyredi han hadde hjelpt Haakon Magnusson til aat verda Konung; disfyre heldt han Haakons Hyrd og Vener i Samnad med seg, og dei toko den galne Raadi, at dei gaavo ein dansk Viking, som heitte Svein, Konungs-Namn og gjorde soleides full Uppstand imot Konungen og imot all Log og Rett. Dei foro til Trondheim og fingo mange Vener der. Magnus Konung for mot deim med ein stor Mannstyrke; daa styrde dei til Helgaland og gingo i Land paa Bjarkøy. Der budde Jon Arnason (av Arnunga-Ætti) og Vidkunn Son hans; dei luto fly som braadast, og so ranade Tores-Flokken alt Godset og brende Garden og Langskipet deira. Daa Konungen kom etter, so fekk Tore og fleire Dauden fyre Illverket sit, men Svein kom undan. Daa toko og Trønderne Magnus til Konung.

I nokre Bygder aust med Gauta-Elvi var Folket hardt og einviljugt; dei kalladest Elvargrimar. Lendermannen Sveinke Steinarson var Hovdingen deira; han hadde og voret Fosterfader til Haakon, og han vilde inkje ganga under Magnus Konung og visa honom Lydnad. Konungen sende Lendermannen Sigurd Ullstreng til Elvargrimarne, og han stemnde deim til Tings og sagde deim fager Heilsing ifraa Konungen, at han lovade deim sin Venskap, so framt dei vilde snu seg til Lydnad aat honom. Daa steig det upp ein hardla stor Mann av Elvargrimarne, han hadde Skinnkjole paa og veitte Ulli ut, ei Staalhuva hadde han paa Hovudet og ei stor Boløks paa Nakken; det var Sveinke. Han glosle illt kringum seg og sagde so: „Det glett godt, sagde Reven, som drog Harpa paa Isen." Daa minte Sigurd deim um, kvor hard Refsing Tores-Mennerne hadde fenget av Konungen. Sveinke svarade berre so: „Det er Von til Snjo, sagde Finnen, som hadde Skidor aat selja." Daa talade Sendemannen hardt og hotade Sveinke med di, at han

skulde missa Valdet sit. Sveinke gav honom berre Skam-ord: „Daa Haakon Konung, Fostren min, livde, daa let Du inkje so stort; Du var so rædd som Mus i ei Skreppa, Du vardt stappad i Sekk som Korn i ei Hit, Du vardt reken ifraa Odalen Din som Skarv-Dyken ifraa Hestaflokken. Du kunde vera glad, um Du fekk fara med Livet her ifraa. Upp, Mennerne mine, og take honom!" Daa laut Sigurd kasta seg paa Hestabaket og fly aat Skogen som braadast. Sidan for Konungen sjølv aust aat Elvi til aat mjuka Sveinke; daa laut denne sjølvstyrne Lendermannen fara ut or Landet paa nokre Aar. Sidan komo mange Ransmenner ifraa dei svenske Skogarne og gjorde Skade i dei Bygderna, som Sveinke hadde raadt fyre, og det var inkje ulikt til det, at Sveinke Steinarson hadde Hand med i Ranet, av di desse Karlarne gjorde slik Skilnad paa Folk, at dei rørde inkje Eigorna deira Sveinke og Venerne hans. Elvargrimarne baado Konungen um Hjelp, og han tykte so, at slik ein Kause som Sveinke høvde likast til aat halda Landvorn der med Landaskilet imot Svearne; difyre fekk Sveinke Steinarson koma snart heim atter.

Magnus Konung laut hava Herverk og Strid atter, og han budde ut større Herstyrke en fyrre Gongen og siglde til Oyarne i Vesterhavet. Skotlands Konungen vilde hava Suderøyarne; men Magnus Konung nøydde honom til aat gjera slik Sætt, at Merket imillom Noreg og Skotland skulde vera so nær det faste Landet, som nokon kunde styra og fara med Skip. Men det var ei fager Oy der, som rokk saman med Landet i eit laagt Eid, som dei stundom drogo Baatar yver; denne Halv-Oyi kallast Kantire, og Magnus Konung vilde hava henne med. Daa gjekk han inn paa Skipet sit og sette seg med Styret og let Mannfjølden draga Skipet yver Eidet, og med di han soleides hadde styrt og faret med Skip innan fyre Kantire, so sagde han, at detta Landstykket høyrde med til Noreg. Skotta-Konungen kunde inkje segja um, at Sættar-Ordi vordo so langt uttøygde, fyredi han hadde inkje Styrke nog til aat standa imot Nordmennerne. Magnus Konung lagde og under seg ei stor Oy, kallad Man, og baade der og paa Suderøyarne bygde han sterka Borger (elder Festningar) og let fleire Nordmenner busetja seg der, so desse Landi skulde festast betr til Noreg. Magnus Konung hadde og Bardagar

med Engelskmennerne um Angelsøy. Ein engelsk Jarl, som heitte Huge, fylkte Heren sin paa Strandi og reid fram fyre Fylkingi. Nordmennerne stodo paa Skipi, og Kongs-Skipet laag næst Landet. Konungen saag, at Huge Jarl vyrde inkje dei Orvarne og Spjoti, som Nordmennerne sende aat honom, av di han var so tett jarnklædd, at berre Augo vaaro berre; daa sagde Konungen til ein annan Bogaskytar, at dei skulde skjota ei Or kvar aat Jarlen, so skuto dei baade i Senn og raakade Jarlen i Andlitet, og ei Or stod i Augat hans, og han stupte i Sjoen. „Lat laupa!" ropade Magnus daa. Engelskmennerne luto fly, og Nordmennerne vunno Angelsøy. — Daa Magnus Konung kom heim av denne Herferdi, so hadde han teket slik Klædnad, som dei brukade i Vesterlandi; detta likade inkje Nordmennerne, og han fekk av di Auknamnet Berføtt.

Magnus Konung stundade snart etter Herferd atter, og han fann upp eit gamalt Bein aat slitast med Sveakonungen um. Nokra Bygder vest med Venern hadde lydt under Noreg fyrr; men sidan vaaro dei komna under Sveavelde. Desse Bygderna vilde Magnus taka atter. Han for der aust med Her og lagde under seg den Landsbolken; og han bygde ei Borg paa Kvaldinsøy i Venern og sette atter ein Mannstyrke der. Men Svearne hadde ein dugleg Konung, heitte Inge Steinkellsson; han kom med ein stor Her til Kvaldinsoy og tok Borgi. Magnus og Inge hadde tvo Bardagar med Foksarne paa øystre Breiddi av Gautaelvi, og dei vunno Siger kvar sin Gong. Den Gongen, daa Magnus laut fly, so søkte Svearne hardt etter honom; fyredi Konungen var audkjend av Storleiken sin og det lange gule Haaret sit og den raude Silkes Kjolen, som han hadde, og det vardt vandt fyre honom aat sleppa undan Fiendarne sine. Ogmund Skoftason reid i Breidd med Konungen, og daa dei komo inn i ein liten Skog, so bad Ogmund um aat faa Kjolen, som Konungen hadde paa. „Kvat skal du med honom?" sagde Magnus. „Eg vil gjerna hava honom, og Du hever gjevet meg større Gaavor en denne," sagde Ogmund. Daa fekk han Kjolen og drog honom paa seg. Daa dei vaaro komne ut or Skogen, so skildest Ogmund fraa Konungen og tok ein annan Veg; Svearne saago etter Raudekjolen og sette etter Ogmund, som dei trudde var Konungen. Med di sette Ogmund seg i so

stor Faare, at det var med Naud, at han bergade Livet, men han gjorde det lett fyre Konungen aat koma seg heil og væl undan. Detta var eit Verk, som høver Nordmenner, aat vaaga sit Liv fyre Konungen sin! — Sidan komo Kongarne Magnus og Inge til Møtes i Gauta-Elvi og vilde gjera Fred; Danakonungen Eirik Eiegod var og der og hjelpte til aat semja Sætt. Dei gjorde slik Semja, at Kongarne skulde hava kvar sit Rike soleides som fyrr Ufreden, og Inge gav honom Magnus Dotter si, heitte Margreta, til Kona; ho vardt av di kallad Margreta Fredkolla[1].

Skofte og Sønerne hans vaaro dei duglegaste Menner og dei hævaste Høvdingar, og dei vaaro og i Skylda med Konungen og tenade honom trulega. Likavæl gav Konungen seg i Usemja med deim um nokot Arvagods, som Konungen hadde teket, men som dei inkje kunde skyna annat um, en at dei hadde Retten til det. Fyrst for Skofte til Konungen og talade um Godset, og sidan for Finn, Son hans med same Ærendi; men det gjorde ingen Mun. Sidan for Ogmund til Konungen og bad honom um Rett. „Det er Rett, som eg hever sagt Dykker," svarade Konungen. Daa sagde Ogmund so: „Det er inkje vandt fyre Deg, som Valdet hever, at taka Retten ifraa oss; og no gjeng det so, som Folk segja, at den som bergar Livet aat ein annan, han fær den laakaste Løni. Men no skal kvaarkje eg elder nokon av oss koma meir i Tenesta Di." Skofte og Sønerne hans siglde av Landet med 5 Langskip og foro sud um England og Frankrike og Spania igjenom Njørvasundet[2] til Roma. Dei skulo vera dei fyrste Nordmenner (fyre utan Vikingar) som foro igjenom det Sundet, og det gjekk mange Tidender um denne Ferdi. Skofte do i Roma, og ingen av Sønerne hans kom heim til Noreg.

Magnus Konung budde ut ein stor Herstyrke og siglde til Irland, fyredi han tenkte aat vinna nokot der. Han vann Siger yver den velduqaste Konungen, so han laut gjera Sætt med Magnus og kjenna honom fyre Yverkonung og gjeva honom Staden Dublin med Landet der kringum. Der budde Nordmenner ifraa Vikinga-Tidi, og Magnus bygde Borger og let fleire Nordmenner setja seg ned der,

---

1) Kolla er det same som Kjella (Kvinna). 2) Njørvasund, Gibraltar-Sundet imillom Spania og Afrika.

so Nordmennerne skulde faa fast Vald i Landet. Magnus var tvau Aar der og heldt mange Bardagar. Men daa han var buen til Heimferdi, so sende han Menner inn i Landet etter nokre Slagte-Naut, som Lydkonungen skulde gjeva ut. Magnus Konung tykte, at Sendemennerne vordo for lenge burte; difyre gjekk han med Heren inn i Landet aat sjaa um deim; daa motte han deim med Beisti. Men Irarne og Konungen deira hadde lagt Svik-Raad imot Magnus til aat frelsa seg ifraa Framand-Veldet. Paa Attervegen gingo Nordmennerne yver ei stor Myr, der som det var berre lause Laager aat springa yver paa. Der hadde Irarne samnat seg i stor Fjølde og dulde seg i Skogbyskjet, so Nordmennerne vordo inkje vare deim, fyrren det kom ei tjukk Skur med Spjot og Orvar. Nordmennerne gaavo deim same Slaget atter og Irarne fello tjukt, men det strøymde større Fjølde til i Staden. Daa sagde Konungen til Lendermannen Torgrim Skinnhuva, som var Formann fyre Bogaskytararne av Upplandet, at han skulde fara fyrst yver Myri med Flokken sin, medan Konungen heldt Irarne ifraa; sidan skulde dei skjota hardt paa Irarne, so Konungen kunde faa Livd til aat koma yver med Heren. Men Torgrim og Flokken hans rende berre undan aat Skipi og let Konungen etter i Vaaden; difyre bar Torgrim Skam alle sine Dagar. Konungen hadde raud Skjold med ei gyld Løva paasett og bar ein raud Kjole yver Brynja, paa Kjolen var og Løvor innsaumade med gult Silkje [1]. Nordmennerne gjorde stor Mannskade paa Irarne, men der var Folk nog lika væl. Konungen fekk eit Spjot gjenom baade Leggjerne sine; men han braut Skaftet av imillom Føterne og sagde: „So brjota me Sperreleggjer [2], Gutar! Late oss ganga hardt fram! Inkje skadar meg." Men sidan fekk Konungen eit Oksbogg i Halsen og seig til Jordi. Vidkunn Jonsson av Bjarkøy felde strakst Iren, som hogg Konungen. Daa bad Konungen Vidkunn, at han skulde sjaa til at berga Livet: „Du hever fylgt meg trulega og duglega; her skiljast me no. Heilsa Drotningi og Sønerne mine!" Der do Konungen. Vid-

1) Detta Merket, ei gyld Løva paa raud Botn, vardt sidan brukat av fleire Kongar, til dess det vardt Noregs Riksvaapn, daa fekk og Løva Olavs Oksi Hel i Framlabbarne. 2) Sperrelegg, Grannleggbeinet i Bakfoten paa Sauden. Dei brukade aat røyna Styrken sin med aat slaa sunder slike Bein.

kunn tok endaa Sverdet og Merket hans, og han var den sidste, som flydde. (Aar 1103). Magnus Berføtte hadde det Ordtøket: „Kongar ero til fyre Heiders Skuld, inkje fyre eit langt Liv.“ Men Bønderne hadde ei onnor Meining; dei vaaro illnøgde med alle Herferderna hans, som vaaro til stor Kostnad fyre Landet, og dei kallade honom Styrjaldar-Magnus, fyredi det var dei, som luto kosta Leiken hans baade med Liv og Gods.

13. Eystein, Sigurd Jorsalafare og Olav Magnussøner.

Magnus Berføtte hadde tri Søner. Eystein Magnusson var 15 Aar; Sigurd, Broder hans var 14 Aar, og Olav var berre 5 Aar gamal. Dei vordo tekne til Konungar alle tri etter Fader sin; dei tvo eldre Brøderne skulde styra fyre Olav, til dess han vardt vaksen.

Litet fyre den Tidi hadde Folk ifraa dei fleste kristne Landi teket til aat fara i Krossferd. Dei Kristne hadde i lang Tid voret vane aat fara til Jerusalem (som Nordmennerne kallade Jorsaler) i Judaland og gjera Bøni si til Gud der paa Kristi Grav, og der søkja seg Bot fyre Saali si; fyredi dei meinte, at med slik Ferd og Gjerning komo dei nærre til Gud og Himelsæla; so var Trui den Tidi. Men sidan hadde dei vantrue Tyrkarne fenget Vald i Judaland; og dei Kristne, som foro til dei heilage Staderne der, dei luto tola myket vondt av Tyrken. Det vardt klagat myket paa detta fyre Paven i Roma. Han sende Bod til dei Kristne i alle Landi med Uppmaning til di, at dei skulda fara til det heilage Landet og taka det ifraa Tyrken. Daa for det fyrst ein stor Her avstad og sidan fleire. Dei som vaaro med i denne Ferdi, feste ein raud Kross paa Ryggen sin; difyre kalladest desse Ferdamennerne Krossfarar, og Ferdi var kallad Krossferd. Høvdingen fyre den fyrste Kross-Heren var Gotfred av Bullion, han tok Jerusalem ifraa Tyrken (Aar 1099); sidan raadde ein kristen Konung der, som heitte Baldvin. Sume av dei Nordmennerne, som hadde fylgt Skofte og Sønerne hans, dei komo heim atter og fortalde myket um Krossfararne og Storverki deira. Daa vaaro inkje Nordmennerne dei, som vilde sitja atter heima. Mange Høvdingar og Menner baado Kongarne um det, at dei maatte bua til ei Krossferd or Noreg ogso, og ein av Ko-

nungarne maatte fylgja med og vera Hovding. Daa samnadest dei hævaste Mennerne med dei største Skipi, og Sigurd Konung for av Landet med 10 Tusund Mann paa 60 Skip. Han vitjade Konungen i England og for sidan sud med Frankrike og stridde med dei vantrue Arabarne i Spania og Portugal og vann mykje Gods ifraa deim og drap mange; fyredi dei Kristne meinte den Tidi, at dei tenade Gud med di, at dei slogo i Hel vantrue Folk. Sidan komo Nordmennerne til Judaland. Det er so fortalt, at daa Baldvin Konung fekk Spurn av Ferdi hans Sigurd Konung, so vilde han fagna honom med stor Heider; han let leggja fagert Klæde paa Vegen, der som Sigurd skulde koma, og han sagde so til Mennerne sine: „No kjem det her ein stor Konung ifraa Nordlandi, og vida gjeng det Ord um hans Vit og Storverk; difyre vil eg gjera honom stor Æra; so faa me og sjaa, um det er so vordet med Hævleiken hans, som det verd sagt. Rider han no beint fram yver Klædet, so kann eg vita, at han er van med slik Storvis; men kvider han seg fyre aat rida paa Klædet, so vyrder eg honom inkje mykjet." Sigurd Konung traadde mykjet etter Byrding og Æra; daa han kom ridande med Mennerne sine til denne Klædebrui, so sagde han til deim, at dei skulde fara aat so som han; og so rido dei alle i sterkaste Renn og letst so, som inkje var metande. Baldvin Konung gjorde stora Veitslor aat Sigurd og Nordmennerne. So gjorde dei Boni si paa Kristi Grav; og Baldvin fylgde Sigurd til Jordans-Elvi, og dei laugade seg der, som Krossfararne vaaro vane. Sidan hjelpte Sigurd honom Baldvin aat taka Byen Sidon ifraa Tyrken. Baldvin Jorsala-Konung og Prestarne i Jerusalem gaavo honom Sigurd Konung ei Treslis, som dei sagde var ein Mole av Kristi Kross; difyre lovade Nordmanna-Konungen, at han skulde fremja Kristendomen av alt sit Evle i Noreg, han skulde setja ein Erkebiskops-Stol, og telja Aalmugen til aat gjeva Tiend til Prestarne og Kyrkjorna, Kross-Molen skulde han leggja ned med Heilagdomen hans Olav Konung i Nidaros. Etter det foro Sigurd og Nordmennerne til Myklegard og vitjade Græka-Keisaren, og han gjorde Sigurd Konung so stor ein Heider, at han bad honom rida igjenom den Porten, som Keisaren reid igjenom, berre naar han hadde vunnet ein stor Siger. Keisaren baud Sigurd anten 6 Skippund Gull elder ein stor Leik, som

kostade lika myket, so han kunde sjølv velja. Sigurd vilde, at Grækarne skulde faa den Meiningi um honom, at han var hardla rik og veldug; difyre valde han Leiken, og daa visste inkje Grækarne, kvat dei skulde tru um denne Gull-Vandaren. Keisaren gjorde Veitslor aat Konungen og Nordmennerne. Sidan vilde Sigurd og gjera Veitsla aat Keisaren og Keisarfrua, og han let raada til Alting som hævast og dyrast. Men so er sagt, at Keisarfrua vilde meinka honom og sjaa, um han kunde greida seg ut or Uppraadi. Ho forbaud Grækarne aat selja Ved til Nordmennerne. Huskarlarne sagde Konungen, at dei fingo ingen Ved aat koka med. Men Konungen sagde: „Daa kunna De kaupa Valneter, so hava De Ved." Det luto dei no gjera, endaa det var dyr Ved. Daa Veitsla vardt, so fekk Keisarfrua sjaa, at Alting var væl lagad, so det syndest ingen Skort kvaarkje paa Ved elder annat. Daa sende ho Menner avstad til aat njosna etter, kvat dei hadde til Eldeved; og dei kunde segja henne, at Konungen hadde kaupt eit Hus fult med Valneter, som dei brende i Kokarhuset. Daa sagde Keisarfrua so: „Detta er ein storhugen Konung, han sparer inkje Gull fyre Æra." Konungen vilde fara Landvegen heim atter, og han gav Keisaren Skipi sine, og Keisaren gav honom ein Bibel med Gullbokstavar i. Grækarne sette det gylde Drakahovudet av Kongs-Skipet upp paa Peters-Kyrkja til Pryda og til Minne um Gjestingi hans Sigurd Konung. Sigurd for med Fylgjet sit igjenom Ungaraland og Tydskland og vitjade Tydske-Keisaren og andre hæve Høvdingar og kom yver Danmark heim i Noreg (1111), daa han hadde voret burte inn paa 4 Aar. Det var aalment Ord, at ingen hadde gjort større Heidersferd or Noreg, en denne var.

Eystein Konung var ein godlynd Mann og djupvitug og myket kunnug i Landsens Log og Rett, han var og blid og gaavmild og trottug til aat verka til Folksens Gagn. Difyre var han væl likad av Aalmugen. Sigurd Konung var stor og sterk og vyrdeleg i Synom, men faa-mælt og nokot sur i Lyndet; han var strid og streng i Lands-Stjorni. Olav Konung var ein fager og blid Mann; men han do snart. Eystein Konung styrde Riket, medan Sigurd var burte. Han gjorde mange gode Verk; han bygde Kyrkjor og Kloster og Kongsgardar, han let setja upp Fjell-Stovor paa Dovrefjell og Fiskarbuder i Lofoten; Lands-Logerna

skipade han, og han talde Jamtarne med Blida til aat gjeva seg under Noreg. Ein Vetterkveld vaaro baade Kongarne i ei Veitsla paa ein av Gardarne hans Eystein. Olet var inkje godt, og Mennerne vaaro tagalle. Daa sagde Eystein Konung so: „Kvi ero Folk so tagalle her? Det høver betr i eit Lag, at Folk ero leikne. Lat oss finna paa ein Trøyskap, Sigurd Broder, so verda nog Mennerne kaate.“ Sigurd svarade so: „Ver Du so snakksam, som Du vil; men lat meg faa tegja fyre Deg.“ Eystein sagde: „Det er aalmenn Ol-Sed, at ein vel ein annan til Samjamnad med seg, og no skulo me og gjera det.“ Sigurd tagde til di. Eystein: „Eg fær vel byrja detta Gaman, og eg vil velja Deg, Broder, til Jamnads-Mannen min: Me ero Kongar baade og hava lika Eigor; det er ingen Skilnad paa Ætti vaar og Uppalet.“ Sigurd: „Kann Du minnast, at eg varp Deg aat Jordi i Ryggjartak, naar eg vilde, endaa Du var Aaret eldre?“ Eystein: „Eg minnest og, at Du kom attum i dei Idrotterne, der som det laut vera Mjukleike.“ Sigurd: „Men kvorso bar det til med Symjingi? kunde eg inkje dukka Deg under, naar eg vilde?“ Eystein: „Inkje sumde eg mindre langt en Du, eg dukkade lika so godt, og so kunde eg renna paa Isleggjer[1] betr en dei fleste, men det kunde inkje Du likare en eit Naut.“ Sigurd: „Eg heldt det gagnlegare og meir høvdinglegt aat vera ein god Bogaskytar; men eg trur inkje, at Du kann spenna min Boge, um Du og nytte Foten med.“ Eystein: „Eg er væl inkje so bogasterk som Du; men eg skyt lika godt, og so renner eg myket betr paa Skidor en Du gjerer, det er og ein god Idrott.“ Sigurd: „Det høver ein Høvding myket betr, at han rokk upp yver Flokken — han, som skal vera Yvermann yver andre, og at han er sterkare og meir hermannleg en dei andre og audsynd og audkjend av Mugen.“ Eystein: „Det er lika stor Fyremun aat sjaa godt ut, med di verd ein og audkjend av Mugen, og det sømer ein Høvding, fyredi fager Utsjaanad og dyr Klædebunad høver væl saman. Eg er og meir ordhag en Du og meir logkunnug.“ Sigurd: „Det kann vera, at Du veit fleire Logkrokar en eg; inkje helder neittar nokon Deg ei mjuk Tunga; men det segja mange, at Du

1) Isleggjer, store Leggbein til aat hava under Foterne og renna paa Isen ned.

er litet ordfast, so Du held inkje det, som Du lovar; det er inkje konunglegt." Eystein: „Ofta lovar eg væl det, som dei bidja meg um, fyredi eg ser gjerna, at alle ganga glade ifraa meg. Men eg høyrer Folk segja, at Du held fulla det, som Du lovar, men so lovar Du oftast det, som illt er." Sigurd: „Det hever Folk sagt, at den Utanlands-Ferdi, som eg gjorde, var ei Høvdinga-Ferd; men Du sat heima medan, lika som Dotter til Fader Din. Eystein: „Der tok Du i Svollen; inkje skulde eg byrja denne Roda, hadde eg inkje vist aat svara paa detta; helst var det eg, som budde Deg ut heimanfraa som Syster mi til denne Ferdi." Sigurd: „Du hever væl høyrt sagt fraa alle dei Bardagarne, eg hadde, og at eg vann Siger i deim alle; Du Broder var inkje med i nokon av deim; eg var og i Apulia[1] og gav Roger Jarl hin Velduge Konungs Namn, men saag inkje Deg der, Broder; eg for til Jerusalem til Herrens Grav og saag inkje Deg der, Broder; eg for til Jordans Elv, der som Herren vardt døypt, eg sumde yver Aai; men eg saag inkje Deg der. Paa Aabreiddi stod det nokot Byskje; der batt eg Deg ein Knut, som bidar paa, at Du skal koma og løysa honom upp." Daa sagde Eystein so: „Smaatt er det, som eg hever aat setja imot detta. Du hadde fulla mange Bardagar utanlands; men meir Gagn var det aat Landet i det, som eg gjorde heima her imedan. Nord i Vaagen gjorde eg Fiskarbuder, at Faatøkfolk kunde berga seg der og hava nokot til Livs Uppehelde; eg let byggja ei Kyrkja der og sette Prest til og lagde Gods til henne, der som mest alle vaaro Heidingar fyrr. Folket der vil væl minnast, at Eystein var Konung i Noreg. Yver Dovrefjell laag Vegen fraa Trondheim; der fraus mange ihel og leid vondt paa Ferdi; men der let eg byggja Fjellstova og gav Jord til; dei Mennerne vilja minnast, at Eystein var Konung i Noreg. Utan fyre Agdanes var det Skjer og Grynna og hamnlaust, so mange Skip vordo brotne der; no er det ei god Hamn der og godt Skipslægje, og ei Kyrkja er bygd der. Eg let setja Vardar paa høge Fjell, som alle innanlands kunna njota godt av. Eg let byggja Kongs-Halli i Bergen og Apostla-Kyrkja med ei Sval imillom. Dei Kon-

1) Apulia, nokot av Neapel i Nedre-Italia. 2) Agdanes paa Sudsida av Innlaupet til Trondheims-Fjorden.

garne som koma etter oss, dei vilja minnast Namnet mit. Eg let byggja Mikjals-Kyrkja paa Nordnes og Klostret der. Logerna skipade eg, Broder, til dess at kvar kann gjera sin Næste Rett og Skil, og verda dei haldna, so gjeng Lands-Stjorni betr. Helder med blide Ord og Klokskap en med Styrke og Ufred fekk eg Jamtarne til aat gjeva seg under dette Riket. Detta er væl Smaating, men Landsfolket er kanskje betr tenat med det, en med at Du hakkade i sunder Blaamenner i Serkland aat Djevelen og sende deim til Helvites. Og batt Du meg ein Knut, so vil eg inkje løysa honom; men um eg hadde viljat, so skulde eg bundet Deg ein slik Knut, at Du aldri var vorden Konung i Noreg, daa Du kom atter her til Landet med berre eit Skip ifraa Ferdi. Lat no vituge Menner døma, um Du hever nokot framfyre meg; og det skulo De vita, De Gullhalsar, at enno er det Menner i Noreg, som ero Jamningar med Dykker." Etter detta tagde dei baade Kongarne og vaaro vreide. — Fyredi Sigurd for til Jerusalem so vardt han kallad Jorsalafare. Ferdamennerne flutte væl heim med seg nokot meir Kunnskap um dei andre Landi og Folki, og dei hadde vunnet myket Gull, men nokot stort Gagn aat Noregs Land gjorde inkje denne Ferdi, so Eystein Konung hadde nog Rett i Ordi sine um det. Nokre av dei Dyrgriperne, som Sigurd Konung hadde heim med seg, gav han til Olavs Heilagdomen; men Molen av den heilage Krossen (skulde vera) lagde han ned i Kongahella. Denne Byen hygde han seg myket til; han bygde ei Kyrkja og ei Borg der og hjelpte Byen til Framstig. — Ein Gong var det nær vordet Uvenskap imillom Kongarne. Sigurd Ranason, ein av Frendarne deira, hadde Finnferdi, elder Rett til aat driva Kaupskap med Finnarne i Finnmarki (det som ingen annan hadde Rett til), og so skulde han heimta inn Skatt av Finnarne aat Konungen. Sigurd Konung lagde Tjovs-Sak paa Sigurd Ranason, at han hadde haldet ifraa Konungarne nokot av Finna-Skatten. Men Eystein Konung vilde verja Sigurd Ranason, og det gjorde han med ei hardla sløg Sakførsla. Fyrst vardt Sigurd Ranason stemnd til eit Byting i Bergen; men Eystein Konung fekk Saki loglega burtvisad der ifraa, fyredi Sigurd Ranason var ingen Bymann. So sette Sigurd Konung eit Herads-Ting paa Landet; der fekk Eystein Saki burtvisad, fyredi ein Lenderman

kunde inkje etter Logi verda dømd paa eit Herads-Ting. Di næst vardt Sigurd Ranason stemnd til Gulating; der lagde Eystein det imot, at Sigurd Ranason var ifraa Helgaland, og der skulde han hava gjort Logbrotet, so kunde han inkje verda dømd paa Gulating, og med di laut Logretta visa Saki burt. Daa sette Sigurd Konung Ting paa Helgaland og stemnde Sigurd Ranason der til. Daa førde Eystein fram Vitne paa di, at Sigurd Ranason hadde gjevet ifraa seg Saki og han Eystein taket henne paa seg; so fann Logrètta, at Saki kunde inkje verda dømd der, fyredi Konga-Trættor skulde greidast paa Øyrating i Nidaros. Etter det vardt Saki prøvad paa Øyrating; men der vardt Saki gjord til inkje, fyredi ho var avvisad ifraa so mange Ting. Daa hadde Sigurd Konung vordet ergat so mange Gonger, at han vardt hardla vreid no, og han sagde so: „Eg ser det, Eystein Konung, at Du hever faret med Logkrokar, so eg fekk inkje Saki mi fram. Men no vil eg føra Saki paa ein Maate, som eg kjenner betr en Du“ (med Vaapn, meinte han). No var det Strid og Ufred imillom Kongarne innanlands aat venta. Men Sigurd Ranason gjekk til Sigurd Konung og gav seg i hans Vald og bad um Naade. Daa gav Konungen honom fri, men let honom reida stora Bøter aat alle tri Kongarne. Sigurd Ranason laante seg so myket Gull, som han skulde bøta aat ein, og han gjekk til Eystein Konung med di, men Eystein gav upp Bøterna; lika eins gjorde Olav Konung, og Sigurd Konung laut daa gjera det same, so han inkje skulde synast mindre Mann en Brøderne hans.

I Aaret 1122 do Eystein Konung Magnusson paa Kongsgarden Husastad i Raumsdalen etter 20 Aars Stjorn. Folket syrgde myket yver honom; og visst mintest mange sidan, at Eystein var Konung i Noreg.

Det stod illa til med Sigurd Konung i dei sidste Aari hans, han hadde myki Uro og Tyngsla i Hugen, og stundom var han reint ifraa Vitet. Ei Kvitsunnhelg[1] sad Konungen i Veitsla med dei hævaste Mennerne sine. Daa kom det ei Rid paa honom, so han slog Drotningi og kastade Bibelen med Gullbokstavarne paa Elden. Ingen av Noregs hæve Menner trøyste seg til aat rettleida Konungen

1) Kvitsunnhelg, same som Pintsehelg.

elder berga Boki. Men det var ein Bondason der, heitte Ottar Birting, som hadde tenat seg fram til Kjertesvein; han hadde Kjærleike til Konungen sin og Mod i Bringa til aat vaaga Livet fyre ein god Ting, han gjekk fram og tok Boki ut or Elden og talade vituge Ord til Konungen. Daa gjekk Sigurd ned av Hogsætet og drog Sverdet og lyfte det yver Hovudet paa Ottar. Men Ottar stod stød som ein Ljosstake og klypte inkje Augo helder, so det syntest ingi Rædsla paa honom. Daa gjekk Konungen til Hogsætet atter og rettadest med seg snart. Daa sagde han so: „No ser eg, kven som elskar meg. Denne er berre som ein Skosvein imot Hyrdmennerne og Hovdingarne, som her sitja; men han hever meir Manns Hjarta en De alle saman. Difyre skulo og Venerne mine sjaa, kvorleides eg vil løna honom; han var Kjertesvein fyrr, no skal han vera Lendermann, og endaa den største av Lendermennerne, som no ero i Noreg.“ Konungen takkade Ottar fyre Dygdi hans, og sagde so til honom: „Du hever tenat ut fyre Bordet no, Ottar, søk Deg her etter Sess hjaa Lendermennerne!“

Det kom ein Mann ifraa Irland til Noreg, han heitte Harald Gille, og han sagde, at han var Son etter Magnus Berføtte og soleides Broder til Sigurd Jorsalafare. Sigurd gav honom Løyve til aat sanna si Ætt med Jarnbyrd, men fyrst laut han sverja Eid paa di, at han skulde inkje krevja Rike i Noreg, medan Sigurd og Magnus Son hans livde. So gjekk Harald berfott paa nie glodheite Plogjarn, utan at brenna seg, og det vardt teket fyre godt Prov paa, at han var Kongsson, so som han sagde. Jarnbyrdi vardt ofta brukad sidan. Dei som skulde sanngjera Ordi sine, laut anten bera glødande Jarn elder ganga berfott paa det, elder og halda Handi nedi ein sjodande Vats-Kjetel; og Folket trudde det, at Gud gjorde det Undret, at dei inkje brende seg dei, som hadde Rett; difyre var det og kallat Gudsdom. Men Prestarne kjende eit Gras, som dei gjorde ei Smyrja av, som bergade fyre Brenning, og dei leto med di Jarnbyrdi lukkast aat deim, som dei unte det. Detta volde stor Ulukka i Landet sidan.

Sigurd Konung Jorsalafare do i Aaret 1130, daa han hadde styrt Riket i 27 Aar.

14. Magnus Sigurdsson Blinde og Harald Gille.

Daa Sigurd Konung var fraafallen, vardt Magnus, Son hans, teken i Oslo til Einkonung i Noreg. Han var fager i Synom men meinbægjen i Lynde og pengagirug, atpaa alt var han og ein stor Opdrikkar. — Harald Gille var blid og gaavmild men so udugleg, at Høvdingerne saago væl, at dei kunde faa raada so, som dei sjølve vilde, um han vardt Konung. Difyre vilde mange Høvdingar hava Harald til Yvermann, og dei talde honom til di, at han skulde freista Lukka si imot Magnus. Daa skaut Harald paa det, at den Eiden, som han hadde svoret aat Sigurd Konung, hadde han berre gjort av Naudung, og difyre var Eiden inkje sætande. So vardt Harald og teken til Konung. Magnus vardt hardla illnøgd med di og so vreid, som han kunde vera: men han hadde inkje Styrke nog strakst til aat vaaga eit Bask med Harald. Difyre gjorde dei slik Sætt, at dei skulde vera Konungar baade tvo; og so letst dei vera Vener i try Aar.

I sit Rikes fjorde Aar samnade Magnus Konung ein stor Her imot Harald Gille. Med di var han byrjad den Ufreden og Striden millom Nordmennerne innanlands som varade i 100 Aar med berre smaae Upphald ender og daa. Etter Noregs Log hadde kvar Kongsson Rett til aat vera Konung, inkje berre den eldste; og det bar no so til, at ein Kongsson etter den andre kom fram med Krevjing um Riket, stundom var det og fleire i Senn, og dei samnade Ufreds-Herer i Landet og stridde um Riket. Det var ei ognug Tid i Noreg, medan denna Samlendinga-Ufreden stod paa: Nordmenner stridde imot Nordmenner, Frendar imot Frendar, stundom Broder imot Broder og Son imot Fader. Folk hadde liti Trygd fyre Liv og Gods; Høvdingar og Bønder vordo brende inne elder drepne, medan dei minst vonade nokon Faare. Det var mange, som vilde freista Lukka til aat verda Konung lika væl, um dei vaaro inkje fødde til di, naar dei berre saago seg nokor Raad til di, og Prestarne hjelpte slike Skjelmar til aat bera glødande Jarn til Syn fyre Segni deira, at dei vaaro sanne Kongssøner. Men Lygni deira volde myket illt, fyrr en dei hadde spelt ut Leiken sin.

Magnus for imot Harald med 6 Tusund Mann. Harald drog og saman Her; men han vann inkje aat faa meir en 15 Hundrad Mann. Han var paa Fyresleiv [1] i Viki, daa det spurdest, at Magnus kom med Heren; daa bad han Mennerne sine taka til Vaapni, og han sagde so: „Vil Magnus, Frenden min, berjast, so ljota me og vera med." Men det syntest mindre Mod i Aatferdi hans en i Ordi, fyredi han hengde paa seg tvo Brynjor, daa han gjekk aat Bardagen; Kristrød, Halvbroder hans, for aat annarleides, han slengde av seg den Brynja, han hadde, og gjekk fram som hardast i Bardagen. Møtet deira Magnus og Harald vardt so, at Magnus vann Siger, og Harald flydde, og han for til Danakonungen Eirik Eimun og bad honom um Herhjelp. Daa raadde Høvdingarne honom Magnus til di, at han maatte halda Herstyrken sin saman; fyredi Harald kunde snart koma atter i Noreg med Her. Men Magnus Konung vilde berre raada seg sjølv; han let Folket fara heim kvar til sit, sjølv for han til Bergen og sat der. Harald fekk stor Folkahjelp av Danakonungen, og han for imot Magnus. Daa spurde Magnus seg Raad av Mennerne sine, men ingi Raad vardt til Lags aat honom. Daa sagde ein klok Høvding Sigurd Sigurdsson: „Det er enno ei Raad atter: sit her, til dess Harald kjem aat Deg med Overevle!" Denne Raadi fylgde Magnus. Harald kom og handtok honom, og han var so hjartalaus, at han let Trælarne sine stinga ut Augo paa Magnus og hogga av honom den eine Foten, so han skulde inkje duga meir til aat vera Konung. Daa var Magnus berre 18 Aar gamal. Han vardt sett i Klostret paa Holmen atmed Nidaros, og han kalladest sidan Magnus **Blinde**. Harald for illa med sume av Venerne til Magnus og. Han meinte, at Reinald Biskop i Stavanger hadde gjøymt Gullet og Dyrgriperne hans Magnus. Biskopen neittade det, og ingen visste det rett; men Harald let hengja Biskopen.

Harald Gille var inkje berre udugleg men og likasæl um det, som han skulde gjera; han kunde inkje helder tala det norske Maalet rett. Han sat i Bergen og let alt raada sin eigen Gong, og hadde ingi Umsut fyre Landsens Born imot Fiendmennerne. Venderne vaaro Heidingar endaa, og

1) Fyresleiv, ein Gard aust med Gauta-Elvi.

dei foro um i Landi med Ran og Draap paa gamal Vis. Ratibor, Konungen deira, kom med ein stor Venda-Her til Kongahella og ranade alt Godset, som dei saago seg Gagn i, og sidstpaa brende dei upp Byen og tok myket Folk med seg til Trælar; fyredi det kom ingen fullstor Her til aat stadna deim. Medan Venderne gjorde detta Verket, so saato nokre Bønder i Lag og drukko upp i Bygdi; ein heitte Olver Myklemunn (elder Stormunn). Det kom Tidend der um Venderne; daa rende Olver upp og sagde so: „Hei Gutar, take Vaapni! Me ljota fara og hjelpa Bymennerne; Skam var det, um me vilde sitja her i Mak og renna i oss Ol, medan mange djerve Menner berjast til Bane imot Venderne.“ Dei andre svarade, at dei vaaro for faae til aat gjera Hjelp imot ein stor Her. Daa sagde Olver so: „Vil ingen fylgja, so gjeng eg einsaman; tvo Heidingar um inkje fleire skulo viest stupa fyre meg.“ So tok han Oksi og strauk avstad. Aatte Vender komo kring um honom ut fyre Byen; men Olver lyfte Oksi si og bar henne so langt atter, at han felde den Mannen med Hamaren, som stod attanfyre honom, di næst kloyvde han Hovudet paa den, som han hadde framfyre seg; sidan felde han tvo til. Dei fjore rende undan, og Olver etter deim ut i ei Myr; der felde han endaa tvo Vender, men so vardt han sjolv sitjande fast i Myri, so dei tvo Venderne, som atter vaaro, komo seg burt med bergat Skinn. Lagsmennerne hans Olver komo og drogo honom upp or Myri og hjelpte honom med aat greda Saari hans. Olver fekk det Lovet av Folk, at einsleg Kappe kunde inkje gjera større Verk, en han gjorde.

I Dagarne hans Harald Gille kom ein Mann fram, som letst vera eit fullgodt Kongs-Emne. Han heitte Sigurd; og Folk visste inkje annat, en at han var ein Prestson; han var boklærd og vigd til Djakn (elder Klokkar). Men han var ein veldug Kappe, hardbalen og ustyren, so han hovde illa i Lag med Prestar; difyre var han kallad Slembedjakn. Moder hans skulde hava sagt, at han var Son av Magnus Berføtte, og daa Sigurd fekk vita det, so for han til framande Land, han var i Jerusalem og for sidan i Kaupferd. Di næst kom han heim til Noreg og fann Harald Konung i Bergen. Han sagde Konungen, at han var Son av Magnus Berføtte, og han bad Harald, at

han maatte kjenna honom fyre Broder sin. Men Harald Gille vilde ingen Broder hava, han lagde Sak paa Sigurd, at han hadde drepet ein Hyrdmann fraa honom, og difyre skulde han døy. Daa flydde Sigurd. Men sidan kom han løynlega atter til Bergen, og daa talde han mange Menner til aat gjeva seg i Lag med honom, og mange Hyrdmenner sveik og Harald, Konungen sin, og gaavo seg i Lag med Sigurd. Ei Natt rende Sigurd og Fylgjes-Mennerne hans inn i Stova, der-som Harald Konung sov, og draapo Konungen. Um Morgonen sagde han Bymennerne det, at Harald Konung var daaen, og bad deim gjera so væl aat taka honom til Konung, som han var fødd til aat vera. Dei svarade honom so: „Er Du fødd til di, so er Du ein Brodermordar, og daa fer Du mist, naar du trur, at me vilja tena Deg.“ So sette dei Ting og dømde Sigurd og Lagsmennerne hans utlæge (Aar 1136).

15. Sigurd Munn, Eystein den Andre og Inge Krokrygg Haraldssøner.

Strakst Harald var fallen ifraa, so komo Høvdingarne saman og fingo Sigurd og Inge, Sønerne hans, tekne til Kongar. Dei vaaro berre Smaaborn, Sigurd var fjore, og Inge tvau Aar gamal, so det vardt dei største Høvdingarne, (bland deim var Ottar Birting og Tjostolv Aalason), som styrde Riket fyre deim. I det sette Stjornar-Aaret deira, kom ein Mann ifraa Skotland, heitte Eystein; han sagde, at han var Broder deira Sigurd og Inge, og nokre Høvdingar kunde minnast, at Harald hadde sagt, at han hadde ein Son i Vesterlandi; soleides hadde no Eystein god Hjelp og vardt teken til Konung. Sigurd Slembedjakn for nord i Trondheim og tok Magnus Blinde ut or Klostret og hadde honom i Lag med seg; fyre di han vonade, at mange maatte aumkast yver Uheppa hans Magnus og hjelpa honom, og med di fekk han og meir Mannstyrke. Sigurd for til Orknøyarne aat samna Her. Magnus kjøyrde til Upplandet og fekk seg ein stor Her der. Men Høvdingen Tjostolv Aalason vann ein stor Siger yver honom paa Minne paa Raumarike. Tjostolv bar Inge Konung med seg i Bardagen; Striden var hard kring um Høvdingen; daa fekk Guten

Hogg og vardt krokryggott og vanheilsug alle sine Dagar. Magnus Blinde narrade og Karl Sonason Jarl i Gautland med seg inn i Noreg med ein stor Her; Tjostolv for imot deim og skam-slog deim. Daa flydde Magnus til Danakonungen Eirik Eimun og eggjade honom til Herferd imot Nordmennerne. „Kjem Du til Noreg med ein Dana-Her, sagde han, so tora dei inkje skjota eit Spjot imot Deg." Eirik Eimun vilde gjerna vinna seg Rike i Noreg lika som dei fyrre Danakonungarne; og han for til Noreg med 200 Skip. Han freistade aat gjera Landgang i Tunsberg; men Vatn-orm Dagsson med Bymennerne toko so mannelega imot Danerne med Vaapn og Stein, at dei luto berre forda seg. Daa foro Danerne til Oslo og brende Byen og gjorde med di ein stor Skade, som dei sjølve ingi Vinning hadde av. Tjostolv Aalason kom ned til Byen med ein Her; men daa skundade dei seg ut paa Skipi og rodde burt. Sidan styrde Danerne vest med Landet; der kom Høvdingen Aamunde Gyrdsson imot deim og gav deim so hardt Skrubb, at dei luto halda undan til Danmark. Folk sagde, at dei visste inkje aat segja fraa større Skamferd med so stor Herstyrke som denne. Eirik Eimun var vreid paa Magnus og sagde til honom, at seint skulde han faa Hjelp av honom meir. Sigurd Slembedjakn kom atter vestanfraa med ein Mannstyrke og for ovlega hardt og illa fram med Ran og Draap her og der i Landet. Ein Gong vaaro dei uppe i Land i Viki og vilde skifta Herfanget; daa komo Tunsbergs-Mennerne og hjelpte deim so med Skiftet, at Sigurd miste Godset og kom seg med Naud der ifraa. Um Vettren sat Sigurd i ei Berghola i Finnmarki, og han fekk Finnarne til aat byggja seg tvau Skip, som vaaro bundne saman med Vidjor i Fellorna, og inkje Jarn var i deim. Um Vaaren siglde han og Magnus sud etter paa desse Skipi, som dei ferdadest snøgt med, og dei gjorde mange Illverk; men daa var det og snart ute med Ferderna deira. Kongarne Sigurd og Inge heldo Styrken sin saman, og baade desse Lagi møttest ved Holmengraa[1] i Viki. Slembedjakn hadde mange Daner med seg; og daa Bardagen vardt som hardast, so flydde dei. Baade Hovdinga-Skipi,

---

1) Holmengraa er ei av Kvaløyarne i Viki austanfyre Oslofjorden.

som Sigurd og Magnus var paa, vordo rudde. Daa rende Hyrdmannen hans Magnus, Reidar Grjotgardsson, til Sengi aat Konungen sin og tok honum upp og vilde bera honom burt paa eit annat Skip; men eit Spjot flaug igjenom deim baade. Dei sagde det alle, som saago detta, at Reidar var ein, som hadde fylgt sin Konung trulega. Sigurd rende i Sjoen og støypte av seg Brynja og sumde under Skjolden. Men han vardt uppdregen og gjeven i Henderna aat dei verste Uvenerne sine, som vilde hemna deira mange Frendar, som Sigurd hadde teket av Livet. Dei dengde honom med Svipor og pinde langsamt Livet av honom; Sigurd var so hardbalen, at han letst inkje illt kjenna, og han song Salmar, til han andadest.

Daa Sigurd Konung vardt vaksen, so var han ein stor og sterk Mann; han hadde myket breid Munn og fekk Auknamnet sit av di, han var maalsnild, men nokot mein i Lyndet, so han kunde inkje gjera seg vel likad av Aalmugen. Eystein var inkje so storvaksen, han var slog men hardla girug etter Pengar; di fyre var han illa likad av mange. Inge var blid og gaavmild, og han let Høvdingarne raada med seg jamnan; di fyre hadde han dei fleste Venerne og meste Styrken, endaa han var vanheilsug sjolv. Det vardt laakt med Venskapen millom Kongarne, daa dei vordo vaksne, og dei Høvdingarne fello ifraa, som hadde hjelpt deim med Stjorni.

Paa denne Tidi vardt den merkjelege Tilburden, at ein Kardinal kom til Noreg. Kardinalar kallast Pavens Raadgjevarar, og dei ero dei hogste Prestmenner næst Paven. Denne Kardinalen heitte Nikolas; og det var Ærendi hans, at han skulde skipa Kristendoms Greidorna so, som Paven vilde. Han reiste ein Erkebiskopsstol i Nidaros og ein ny Biskopsstol i Hamar paa Upplandet. Under Erkebiskopen i Nidaros lydde 10 Biskopar, 4 i Noreg: i Bergen, i Stavanger, i Oslo og i Hamar, 2 paa Island, ein paa Grønland, ein paa Færøyarne, ein paa Orknøyarne og ein paa Suderøyarne. Nikolas Kardinal lagade det so, at Prestarne fingo meir Innkoma, og at Pavens Vilje kom til aat raada meir i Noreg. Men Pavavelde vardt inkje saa stort og skadelegt her som i andre Land; fyre di Noreg var for langt avleides ifraa Roma, og Kongarne bægde imot det framande Veldet. Kardinalen freistade og aat semja Kongarne; men

han var meir vensam mot Inge en mot Broderne hans; det sette Ovund i dei andre, og Illtykkjet millom Broderne vardt med di endaa storre.

Strakst Kardinalen var faren, so vordo Sigurd og Eystein Uvener; men snøgt vordo dei samde um det, at dei skulde setja Inge ifraa Konungdomen og skifta hans Lut i Riket imillom seg, fyre di han var for vanheilsug til aat vera Konung. Denne Saki skulde greidast paa eit Møte, som dei skulde hava alle tri Kongarne i Bergen. Denne Semja deira fekk Inge Njosn av, kvat ho lydde paa. Inge hadde ein trufast Ven i Lendermannen Gregorius Dagsson, han var ein hardla dugleg Mann og til den beste Studnad aat Inge Konung. Ein annan Hovding var Erling Skakke, han ættadest ifraa Lada-Jarlarne og var gift med Kristina, Dotter etter Sigurd Jorsalafar; han hadde voret i Krossferd, og daa hadde han fenget eit Saar i Halsen, so han bar Hovudet skakt sidan; han var og ein veldug Hovding i Tenesta hans Inge. Inge Konung fekk snøgt samnat ein stor Herstyrke og kom til Bergen fyre Broderne sine. Daa Sigurd Konung var komen, so sette Inge Ting og lyste fyre Aalmugen, kvorleides Broderne hans vilde fara med honom. Daa sagde Bonderne, at dei vilde hjelpa honom Inge Konung. Sigurd Konung sagde, at den Illraadi, som Ingi sakade Broderne sine fyre, var berre ei Drosa av Gregorius; „men snart maa det no verda freistat, um inkje Gullhjelmen[1] skal detta av honom. „Eg er buen, naar Du er hugad, sagde Gregorius, men eg tenkjer, at Du veit inkje, kvat Du leitar etter.“ Sidan vardt ein av Hyrdmennerne hans Inge drepen, med det same Ingerid Drotning, Inges Moder, gjekk ifraa Kyrkja. Daa hadde dei Raadstemna Inge og Hovdingarne hans; dei fleste gaavo den Raadi, at Freden skulde verda halden; men Gregorius baud Konungen si Hjelp med hundrad Mann og sagde so: „Det synest daa bert no, kvorleides dei vilja drepa Mennerne Dine og oyda Styrken Din; braadt kunna dei drepa meg elder nokon av dei andre Hovdingarne, som Du hever best Studnad av, og sidan gjera det, som dei hava ætlat med Deg sjolv og. Men inkje vil eg bida, til dess dei slaa meg i Skallen som eit Naut, men i denne Natt

1) Han meinte inkje berre Hjelmen men Hovudet med.

vil eg gjera av Kaupet med Sigurd Konung!" Daa bad Inge Mennerne sine aat taka Vaapni og fylgja honom. Dei kringde um Huset, der som Sigurd sat i Veitsla med Mennerne sine; dei varde seg mannelega ei Rid, men sidan flydde dei alle ifraa Konungen sin, so berre ein trufast Mann, som heitte Tore Husfrøya, var atter med honom. Dei gingo ut, fyre di Sigurd vilde bidja um Sætt og Fred; men han fekk ingen Ljod, og der fall baade Konungen og Tore, som hadde fylgt honom so væl (Aar 1155). Eystein Konung kom strakst etter til Bergen, og han gjorde Sætt med Inge, so myket han kunde sleppa ut or Glessa; fyre di han hadde inkje nog Styrke imot Broder sin. Men sidan brende han Garden Bratsberg fyre Gregorius og let og nokre Menner kveikja Eld i Skipnaustet hans Inge i Nidaros. Daa braut Striden ut atter. Kongarne komo nær kvarannan med kvar sin Mannstyrke vest i Landet; Eystein eggjade Mennerne sine til aat fara i Bardage mot Inge; men daa sagde en Høvding so: „Send Penga-Kistorna Dina avstad, og lat deim verja Deg no!" Um Natti foro Mennerne hans burt ifraa honom, so han laut fly til Viki. Inge Konung for etter honom til Viki, daa vardt Eystein Konung skild fraa Mennerne sine atter, og han gjøymde seg i Skogbyskjet. Men Simun Skalp, Lendermannen hans Inge, fann honom der og heilsade honom so: „Heil, Herre!" „Nei, sagde Konungen, no tykkjest væl helder Du vera min Herre." „Det fær væl vera so, som det høver til no," sagde Simun. Konungen bad Simun, at han maatte lata honom faa sleppa burt: „Kom i Hug, at Du hadde fyrr glade Dagar med meg!" Simun for etter si eigi Raad og spurde inkje Inge helder, kvorleides han skulde fara aat med den handtekne Broder hans; han let Eystein Konung berre faa høyra Messa, og so drap Simun honom (Aar 1157).

Fraafallet hans Eystein Konung gjorde inkje Ende paa Ufreden. Sigurd Munn let etter seg ein Son, heitte Haakon, og han var paa denne Tidi 10 Aar gamal. Dei Høvdingarne og Mennerne, som hadde fylgt Sigurd og Eystein, dei toko daa Haakon til Konung etter Fader hans og stridde fyre honom imot Inge, Farbroder hans; Sigurd av Røyr[1] var Herstyraren til Haakon. Det fyrste Baskket,

1) Røyr, paa Heidmarkt.

som dei hadde, var i Kongåhella; daa fingo dei Hogg av Gregorius Dagsson og flydde. Sidan mottest dei med Inge Konung i Gauta-Elvi, og daa hadde Haakons-Flokken lagt Skipi sine so, at Uvenerne deira luto ro imot stride Straumen, um dei vilde deim nokot, og det var stor Vaade med di. Gregorius raadde berre til aat ro imot deim; men Erling Skakke vilde syna fram eit litet Døme paa Sløgdi si, so han kunde vinna seg meir Byrding; han rodde attum ein Holme med nokre Skip; Haakons-Mennerne meinte, at der for Inge Konung med so faae Skip, og dei løyste Skipi sine og foro ned med Straumen imot dei andre. Daa for Erling undan, men Haakons-Mennerne heldo innpaa, til dei komo fyre all Floten hans Inge. Daa vardt det Bardage, og Inge vann ein stor Siger. Sidan draapo Haakons-Mennerne nokre Frendar fyre Gregorius. Gregorius for braadt etter deim og vilde taka Hevnd. Dei møttest nær Kongahella, men ei liti Elv var imillom deim, og Haakons-Mennerne hadde støytt sund Isen og kastat Snjo uppaa. Det saag Gregorius, og han vilde inkje ganga ut paa Isen. Daa sagde sume i Flokken hans: „Aldri saago me fyrr, at Gregorius var rædd.“ Desse Ordi kunde Gregorius inkje tola, og han svarade: „Det skulo De aldri sjaa helder, men no fær kvar vara seg.“ So gjekk han ut paa Isbroti, dei skuto aat honom av Boge ifraa hi Sida, og ei Or flang i Halsen paa honom gjenom eit litet Glop imillom Jarn-Klædi hans. Der fall denne duglege Høvdingen, og Heppa hans Inge Konung fall med honom. Inge syrgde so etter honom, at han gret som eit Barn, daa han spurde Banen hans, og di næst sagde han so: „Det sver eg i Dag, at eg skal fara imot Haakon og inkje gjeva meg fyrr en eg fell sjølv elder ser Haakon liggja daud fyre Fotom mine.“ Haakon herde daa og meir paa med aat søkja Retten sin til Riket, som Fader hans var feld ifraa. Han for imot Inge Konung med ein stor Herstyrke; Inge hadde og ein stor Her, og dei møttest paa Fjord-Isen ut fyre Oslo, og der vardt ein stor Bardage. Inge vardt sviken av den meste Heren sin, med di ein Flokk gjekk yver til Haakon, og ein Flokk rende burt med Vilje. Dei true Mennerne hans Inge raadde honom til di, at han skulde rida upp paa Raumarike, so fekk han Folk nog i Staden. Men Konungen svarade so: „Gud raader fyre Livet, kvor langt det skal verda,

men aldri vil eg fly!“ Der fall Inge Konung Haraldsson Aar 1161.

16. Haakon Sigurdsson Herdabreid imot Magnus Erlingsson.

Daa Inge Konung var fallen, so reiknade Haakon Herdabreid seg fyre Konung i alt Noreg, fyre di han var Son etter Sigurd Konung Haraldsson og var Sigervinnar yver deim, som fyrr hadde Vald i Riket. Haakon Konung var ung endaa, men var ein stor og fager Mann, han var myket breid yver Herdarne (elder Okslerna) og hadde av di Auknamnet sit. — Men Heppa hans var berre stutt. Kristina Kongsdotter og Erling Skakke, Mann hennar, talde Høvdingarne og Mennerne, som hadde fylgt Inge, til aat halda saman Laget sit og taka seg ein annan Konung en Haakon. Dei hadde ei Raadstemna i Bergen; Erling letst no skjota paa ymse Menner der, som dei kunde taka til Konung, men alle baado dei seg undan Konungs-Tigni, og ein sagde so: „Det hover ingen betr no til Konung en Magnus, Dotterson hans Sigurd Jorsalafar og Son deira Erling og Kristina.“ Same Meiningi hadde dei andre og. Erling svarade so: „Eg finn det, at Høvdingarne hava inkje myken Hug til den Storvyrda, som her bydst, og inkje veit eg helder, um det er Heider aat vinna med henne, elder det ber so til, som det er gjenget med ymse Menner, som vilde fljuga i Høgdi i denne Tidi.“ Men Erling tok væl imot Valet fyre Son sin. Daa vardt Magnus Erlingsson, 5 Aar gamal, teken til Konung imot Noregs Log, som gav berre Kongssønerne Rett til Riket; og Erling skulde vera Verjemannen hans og styra Riket fyre honom. Sidan for Erling til Danakonungen Valdemar, og bad honom um Herhjelp; daa gjorde dei slik Semja, at Danakonungen skulde styrkja Erling med Her, og difyre skulde han faa Viki. — Haakon Herdabreid for til Trondheim og fekk Konungdomen tildømd seg paa Øyrating; daa gjorde han Sigurd av Royr til sin Jarl. Sidan for han til Viki og hadde Bardage med Erling atmed Tunsberg, Erling vann Siger og tok Skips-Floten, som Haakon laut renna ifraa. Um Vaaren foro baade Herarne imot kvarandre. Haakon Konung laag i Steinavaag i Raumsdalen; daa komo tvo

Menner andpustne og sagde, at Erling kom siglande med 20 Skip. Hovdingen Eindride Unge sagde so: „Hardla nær Nasa, sagde Bonden, daa han fekk ei Or i Augat.“ Haakons-Mennerne vaaro ustelte; men dei luto daa hava Vardage der med Erling. Skipet hans Haakon vardt rudt, endaa Mennerne hans bardest mannelega; daa slengde Konungen paa seg ei graa Kaapa og smatt yver paa eit annat Skip, men so fekk han sjaa, at detta var Skipet hans Erling, og han laut bidja Mennerne der um Liv og Fred. Dei vilde og berga den fagre Kappen; men Erling lurde Livet av honom (Aar 1162). Sigurd Jarl av Røyr fann ein annan Son av Sigurd Munn, han heitte Sigurd, og han vardt daa Konungsemne aat Flokken deira; men fyrst fall Jarlen, og sidan vardt Sigurd Konungsson handteken og fekk Dauden av Erling Skakke.

17. Magnus Erlingsson imot Eystein Møyla og Sverre Sigurdsson.

No var Magnus Erlingsson eine um Riket eit Bil. Erling hadde stor og veldug Ætt og aatte Gerde, Studla og Etne i Sunn-Hordaland til Hovudgardar. Erling var ein hardla sløg og svikall Mann og ein dugleg Hermann. Han hadde drepet so mange Kongssøner, som han kunde yver koma; men lika væl ottadest han fyre, at endaa kunde nokon Kongsson koma fram til Mein fyre Magnus Konung, Son hans. Di fyre heldt han seg til Vens med Erkebiskopen Eystein Erlandsson i Nidaros og vilde faa honom til aat kryna Magnus; fyre di daa maatte Aalmugen meina det etter Folkatrui, at Magnus hadde med di fenget ein Rett av Gud til aat vera Konung, som bøtte paa alt annat, og som ingen kunde segja imot; ingen Kongsson skulde daa tykjast hava meir Rett til Riket. Dei hadde ein stor Manna-Samnad i Bergen; ein Sendemann ifraa Paven og 5 Biskopar og dei største Hovdingarne vaaro der. Daa smurde og vigde Erkebiskopen honom Magnus og sette Noregs Konungs Kruna paa honom. Magnus var daa 8 Aar gamal. Han var den fyrste Konung, som var krynd i Noreg. Men Erkebiskopen og Prestarne gjorde inkje lett Kaup. Erling laut samtykkja det, at Noregs Rike skulde vera Heilag-Olavs Odal og Eiga, og Konungen skulde vera hans Underkonung

og styra Riket fyre honom. Det var Erkebiskopen med dei andre Prestarne, som raadde yver Eigorna hans Heilag-Olav her paa Jordi, og med di var det Meiningi med denne Semja,. at Prestarne skulde faa lika so stort Vald i Lands-Stjorni som Konungen, um inkje endaa større. Denne Raadi av Eystein Erkebiskop var sløgt uppfunni, men ho var lika so rang og skadeleg fyre Landet. Men Valdet aat Prestarne vardt daa inkje so stort og varugt, som Voni deira var til.

Valdemar Danakonung hadde inkje hjelpt Erling med Herstyrke meir en ein Gong. Lika væl sende han Bod til Erling og Magnus, at dei skulde gjeva upp Viki aat honom. Erling letst vera viljug til aat fylla Krevjingi; men han laut daa spyrja Høvdingarne fyrst. Dei visste væl, kvat dei skulde svara; dei sagde, at slikt maatte aldri ganga fram, fyre di det var ei Hundatid i Noreg, daa Danerne hadde Vald her. Daa spurde Erling Sendemennerne um dei vilde fylgja med til Viki og høyra, kvat Bønderne sjølve sagde um denne Saki. So foro dei til Viki, og Erling hadde Ting med Bønderne og sagde som so: „Eg vilde gjerna halda den Semja, som eg gjorde med Valdemar; men no ljota De Bønder, segja, um De vilde helder tena Danakonungen en honom, som er vigd og krynd til Konung i Noreg.“ Bønderne svarade, at dei vilde slett inkje tena Danakonungen, „haldt Du Erling den Eiden, som Du svor honom Magnus Konung, at Du skulde verja Riket uminkat aat honom. Kjem Danakonungen i Noreg, so vilja me fylgja Deg imot honom alle som ein.“ Sendemennerne skynade det, at Erling for nokot falslega med Ærendi deira, og dei leto inkje væl um det aat Danakonungen. Aaret etter kom Valdemar Konung med Herstyrke til Noreg. Han fekk slik Mottaka, som Eirik Eimun hadde fenget fyrr. Men Erling tykte daa, at det var betr aat hava Danakonungen til Ven, um nokon Kongsson skulde reisa Ufredsher imot honom innanlands. Difyre gjorde han sidan slik Sætt med Danakonungen, at han skulde eiga Viki, men Erling skulde sjølv hava Jarldom der, so den Landsbolken kom inkje eigenlega i Danerne sit Vald lika væl.

Ein Mann heitte Olav og var Dotterson etter Eystein Konung Magnusson. Han reiste ein Ufredsflokk paa Upplandet imot Erling og Magnus Konung; fyredi, han var

likaso myket i Ætt med dei fyrre Kongom, som Magnus var, og tyktest hava lika so stor Rett til Konungdom, som han hadde. Denne Flokken kalladest Hettosveinarne. Erling Jarl Skakke for imot Hettosveinom; daa narrade ein Prest honom til aat liggja trygt Natti yver i Prestagarden; men Presten sende Bod til Hettosveinarne, at „no skulde dei koma og taka Bjørnen, medan han laag kvar i Hidet.“ Dei komo og, men dei hadde inkje Vit til aat lura seg inn paa „Bjørnen,“ dei toko til aat skrika og hua, det meste dei orkade; daa var inkje Erling sein til aat koma seg paa Føterne, og han for burt utan stor Skade. Sidan var Hettosveina-Hovdingen kallad Olav Ugjæva. Eit annat Møte, som dei hadde med Erling, endade so, at dei fleste vordo nedhoggne og dei andre burtrekne.

Erling Skakke hadde minkat Talet paa Kongssønerne so, at det var ingi stor Von til di, at nokon skulde liva atter. Men det kom daa ein fram, som heitte Eystein og sagdest vera Son av Eystein Konung den Andre; han kalladest Eystein Møyla, av di han var liten og grannvaksen mest som ei liti Møy. Han tykte, at han var et godt Kongsemne, og han samnade dei Mennerne, som hadde tenat Haakon Konung Herdabreid og andre Menner. Men i Fyrstetaket kjende dei seg inkje sterke nog til aat koma i Leik med Erling Jarl, dei luto fara jamnast i Skogom og Markabygdom, der som dei kunde rana slike Ting, som dei mest turvte til Livs Uppheld. Dei slito av seg Klæde og Skor og luto flekkja Næver av Bjørki og binda paa Føterne i Staden fyre Skor; difyre vardt denne Flokken kallad Birkebeinarne. Sidan flakkade dei til Nidaros og gaavo Eystein Møyla Konungs Namn paa Øyrating. Di næst foro dei atter til Upplandet. Men daa for Magnus Konung sjølv og Orm Konungsbroder (Halvbroder hans Inge) imot deim med Her og møtte deim paa Re nær Tunsberg; der vardt ein hard Bardage; Birkebeinarne vaaro mannsterkare, men Magnus vann lika væl stor Siger yver deim, og dei flydde. Eystein rende inn til ein Bonde og bad honom løyna seg; men Bonden drap honom (Aar 1177). Birkebeinarne flakkade til Gautland, der som Byrge Brosa var Jarl, til dei fingo seg ein fullgjild Hovding i Sverre Sigurdsson.

Folk kjende Sverre berre fyre ein Son av Unas Kambare (elder Kambmakar). Morbroder hans heitte Roe og var Biskop paa Færøyom, og Sverre var i Fostring med honom, og Roe lærde upp honom og vigde honom til Prest. Sidan fekk Sverre vita av Moder si, heitte Gunnhild, at han var Son av Sigurd Konung Munn. Daa fekk Sverre ingi Ro i seg, fyrr en han skilde seg med Presta-Embættet og kom til Noreg. Han for ukjend til Magnus Konung og fylgde Hyrdi; fyre di han vilde sjaa, kvor fast Valdet hans Magnus var i alle Maatar. Sume tyktest skyna, at Sverre var ein Karl, som bar nokot løynt i Hugen, og dei freistade aat skjenkja honom full, so han skulde forsnakka seg, so myket dei kunde faa vita nokot av den løynlege Raadi hans, men det gjekk no mist fyre deim. Sverre saag, at Magnus Konung hadde Godtykkje og Studnad av Folket mest allstad i Landet, og han spurde sidan Tidendi um Uheppa hans Eystein Møyla, Frenden sin. Daa slepte han Tanken um aat verda Nordmanna-Konung (etter di, som er sagt). Han for til Sverike og vitjade Jarlen Byrge Brosa i Gautland, som han var skyld med. Strakst etter han for der ifraa, so hende det, at Birkebeinarne komo til Byrge og bad honom um, at han maatte gjeva deim ein av Sønerne sine til Høvding. Men Byrge vilde inkje Son sin so illt, at han vilde sleppa honom burt i Vaaden med denne vesale Flokken; han sagde deim, at ein Son av Sigurd Munn hadde faret der nyst; dei maatte leita upp honom og leggja fyre honom tvo Koster: anten aat verda Høvdingen deira elder og missa Livet. Daa funno dei snart Sverre i Vermaland og gjorde honom Bodet. Sverre saag den store Naudi, som dei vaaro i: alle vaaro dei faatøke, sume vaaro sjuke av Saar, alle larvotte i Klæde, utan gode Vaapn og andre Ting til aat hjelpa seg med; han visste og, at dei vaaro einviljuge Karlar og vande aat styra. Difyre svarade han deim nei og sagde som so: „Eg finn inkje, at det kann gjera nokot Gagn kvaarkje aat Dykker elder meg, um eg toler Uheppa i Lag med Dykker; fyredi me hava inkje det, som me kunne hjelpa oss fram med, og De hava helder ingi onnar Vissa um Ætti mi, en berre det, som eg segjer sjølv, og De kunna snart vilja segja, at De vita inkje, kvat Mann De tena.“ Daa minnte dei honom um det, at dei hadde vaagat Liv og Gods fyre Frendarne hans og vordet utlæge

ifraa Fedralandet sit fyre den Skuld, „og vil Du inkje hjelpa oss, slikt Du kann, i Uheppa vaar, so skal Du vita, at me vilja drepa Deg og kaupa oss Fred med di av Magnus Konung,“ sagde dei. Daa laut Sverre gjeva seg til aat vera Høvding fyre Birkebeinarne og gjera seg Von um ei betre Tid sidan; Byrge Jarl lovade honom og Hjelp. Det syndest sidan, at ingen Mann kunde duga betre til Høvding fyre Birkebeinom en han Sverre; Saga syner fram Sverre Sigurdsson som ein makalaus stor Mann i Noreg baade i Hug og Dug og Framferd. Det var inkje aat venta, at denne armodslege vesle Flokken skulde vinna fullkomen Siger yver Magnus Konung og mest all Landsens Styrke; men det gjorde daa Sverre og Birkebeinarne. Sverre hadde Mod, som aldri fall i Faare og Møda og Naud; han var raadrik, so han fann jamnan Raad til aat hjelpa seg med, og raadsnøgg, so han fann braadt ei Raad, som dugde, der som Faaren var so nær og viss, at ingen annan hadde nokor Von til aat berga seg; han var hardla djupvitug og sløg og den maalsnildaste Mann, han hadde og høgt og fagert Maal. Han var inkje myket høg Mann men tjukkvoren. — Birkebeinarne gaavo Sverre Konungs Namn. Daa han skulde skoda Mannstyrken sin, so hadde han berre 80 Mann, dei andre hadde laupet ifraa honom, fyre di han vilde halda deim til aat fara fram som Folk, so dei fingo inkje rana og gjera Illverk, som dei vilde.

Sverre kunde inkje halda seg i Viki; fyredi der hadde Magnus myken Herstyrke, og Aalmugen var vreid paa Birkebeinarne, fyredi dei hadde ranat so illa fyrr. Han visste, at Trønderne elskade inkje honom Erling og Son hans meir en dei vaaro nøydde til aat laata synast so; difyre hadde Sverre mest Von um aat faa Medhald der. Trondheim var og den velldugaste Luten av Noreg; vann Sverre den Landsbolken, so vardt han sterk imot Magnus Konung. Difyre gav Sverre seg med Birkebeinarne paa Ferdi til Trondheim; det galdt um, at dei foro løynlega; difyre toko dei Vegen gjenom Skogarne austan fyre Landamerket og yver Jamtaland. Det var ei ovlega mødesam og hard Ferd; Skogen var so tjukk sumstad, at dei hadde stort Starv med aat hogga seg Veg; naar dei komo til Vatn, so luto dei fella Tre og binda Stokkarne saman til Flotar aat fara yver paa; stundom hadde dei inkje annat aat eta en Bær, som hadde

stadet yver Vettren, og Sevja og Snjo; det var um Vaaren, daa Føret var vaatt og tungt. Soleides ferdadest dei kringum hundrad Mil i 6 Vikor; dei sidste 5 Døgri foro dei so skundsamt, at dei fingo inkje Tid til aat eta helder, til dess at ingi Njosn skulde fara fyre deim til Byen. Lika væl hadde Bymennerne fenget Spurn av deim, og nokre Herar komo imot deim, so det var no mest som berre Dauden stod fyre Augom deira. Men Sverre gjorde sløge Krokveger burt ifraa sume Herar, og ein Her bardest han med og tok ifraa deim Heilag=Olavs Merket og rak deim fyre seg til Byen; daa gjekk han inn i Byen med Heilag=Olavs=Merket og 2 hundrad harde Kappar. Alt detta verkade so myket paa Bymennerne, at dei ringde med Kyrkjo=Klokkorna til hans Heider. Daa vardt det sett Dyrating, og Sverre vardt teken til Konung i Noreg (Aar 1177).

Sverre fekk Tidend um det, at Erling Skakke kom siglande nord imot honom med stor Herstyrke; daa visste han, at det vardt inkje godt Hus i Trondheim aat Birkebeinarne, naar han Erling vann seg fram. Daa for Sverre til Upplandet; men der stod Gravi opi fyre deim atter. Lendermennerne hans Magnus stodo der med 12 Hundrad Mann og ventade Birkebeinarne, naar Erling rak deim nordanfraa. Men Sverre gjorde en sløg Krok og for burt um deim og for sud til Randsjoen; der fekk han seg Skip til aat sigla sud etter. Men der stod Faare fyre deim atter: Orm Kongsbroder kom imot Birkebeinarne med Overevle. Sverre fann Raad, han letst greida paa Skipi sine til Bardage; daa gjorde Orm og det, og med di fekk Sverre nokor Tid, han skundade seg aat Land, og Birkebeinarne drogo Skipi sine paa Lunnar 5 Mil yver Land til Mjøsi; den Vegen kallast enno Kjølvegen. Daa sende Sverre Mennerne ut etter Njosn um Lendermanna=Heren, som han krøkte seg ifraa fyrr, og han fekk vita, at Lendermennerne saato trygt i ei Veitsla paa Saastad paa Heidmarki. So gjek Sverre med Birkebeinarne ubedne til denne Veitsla; men det vardt ingen venfam Fagnad der, av di Birkebeinarne tykte, at no var Tidi deira til aat gjeva Hogg, naar inkje Lendermennerne gjorde det fyrre Gongen. Sverre vann ein gild Siger yver denne store Heren, og han tok myket Sylv, som Lendermennerne hadde heimtat saman i Landskyld aat honom Magnus Konung; det kom no væl til Lags aat Birkebei=

narne. Kvinnorna stodo paa ein Haug atmed Garden og greto, fyre di Birkebeinarne draapo Mennerne og Frendarne deira; den Haugen kallast enno Graatar-Haugen. — Sverre og Birkebeinarne vunno jamnast Siger yver store Herar, elder og fann han ei sløg Raad til aat fara undan Faaren, difyre tykte mange, at det var gjildt og trøysamt aat vera med i detta Kappa-Laget, og med di voks Birkebeina-Flokken nokot fyre kvar Tid.

Magnus Konung og Eirik Jarl foro med stor Herstyrke imot honom Sverre; daa laut han fara undan til Bergen. Det vardt ei hard Ferd yver Fjell og Dalar; einstad luto dei fara etter ein Stig, der som det var so trongt fram med Fjellet, at berre ein Mann i Senn kunde ganga der; og ein Bondaflokk stod uppaa Fjellet og velte Stein ned paa Birkebeinarne. Daa kleiv Sverre og nokre Menner upp paa Fjellet paa ei onnor Sida og komo paa Nakken aat Bonderne, som inkje visste av deim, fyrren Sverdi deira Birkebeinarne søydde yver Hovdi deira; daa toko dei til aat skrika og renna og vilde ferdast myket snøggare, en dei kunde. Sverre fann store Herar imot seg, so han laut fara same Vegen attende. Daa kom det paa deim eit ubergelegt Hardvedr med Storm og Snjofok, so ingen visste aat segja av slikt; 20 Menner sette Livet til, 120 Hestar med gylde Sadlar og Begsl og mange Vaapn og Klæde og andre dyre Ting misste dei; i 8 Dagar foro dei i Villa paa Fjellet og hadde sidstpaa inkje annat etande en Snjo. Slikt var for myket aat halda ut endaa fyre dei hardbalne Birkebeinarne; dei vordo trøystlause og toko til aat tala um aat drepa kvarandre; men daa talde Sverre fyre deim med gode Ord og visade deim, kvor gali ei Raad detta var, og at dei skulde venta Hjelp av Gud som kristne Menner. Daa kveiktest Hugen deira nokot; og snart lagde Vedret seg so myket, at dei funno Vegen ned i Bygdi. Imot Jol komo dei til Oystredalen; der vilde Sverre halda Jol og han kravde Jolakost av Bonderne, fyredi dei hadde Skylda til aat gjeva Konungen med eit visst Fylgje Gjestahald. Men dei vilde inkje laga til kvaarkje Mat elder Drykk til Helgi. Daa sagde Sverre det, at han laut væl fara til Vermaland; og han for avstad; men so sende han berre hundrad Mann til Vermaland, sjølv for han atter til Oystredalen med dei andre Mennerne sine. Daa var Jola-Maten og Drykken komen

fyre Dag; og naar det berre var tillagat, so luto dei halda Veitsla aat honom Sverre og Mennerne hans, anten dei vilde elder inkje.

Sidan var Sverre i Jamtaland; daa gingo Jamtarne under honom. Men daa Birkebeinarne hadde spreidt seg ut yver Bygderna, so samnadest 12 Hundrad Jamtar og kringde um Sverre; det var i Skumringi, og han hadde berre hundrad Mann um seg. Sverre sagde til Birkebeinarne, at naar det vardt myrkt, so skulde dei freista aat draga seg aat den eine Sida og soleides koma undan Jamtarne, som stodo framfyre og bak fyre deim, „so kunde det henda, sagde han, at Jamtarne hogga paa kvarandre, til det dagast, og meina, at dei gjeva oss Birkebeinarne Daudahogg.“ Dette gjekk væl fyre Birkebeinarne, Jamtarne draapo kvarandre um Natti, um Morgenen vaaro Birkebeinarne kvilde og vunno lett Siger yver Jamtarne.

Birkebeinarne og Heklungarne (som Magnus Menner vordo kallade) mottest sidan i Nidaros. Sverre baud Magnus slik Sætt, at dei skulde hava halvt Rike kvar i Noreg; men det vilde inkje Magnus. Daa for Sverre upp etter Gauldalen og letst vilja fara til Upplandet. Daa sette Erling og Magnus seg trygt til aat drikka med Mennerne sine i Byen. Det var det, Sverre vonade, og han kom braadt atter til Byen. Erling og Magnus gingo daa med Heklungarne ut imot Birkebeinarne, og dei mottest paa Kalvskinnet upp med Elvi. Heklungarne vaaro 6 Hundrad Mann; Birkebeinarne vaaro myket faamennare. Men Sverre vann der ein stor Siger, Erling Skakke fall, og dei Mennerne, som raade yver Foterne sine, flydde som braadast. Daa Magnus Konung rende burt, so saag han Fader sin liggja paa Jordi, og han rørde Munnen endaa; Konungen fekk berre Tid til aat kyssa honom, og han sagde so: „Me finnast atter, Fader min, paa ein glad Dag!“ Denne Sigren (Aar 1179) skifte reint um Tilstandet fyre Birkebeinarne. Fyrr vaaro dei haldne berre fyre skarve Ransmenner, og Sverre Konung fyre det verste Illmenne og den største Svikar. Men etter desse Tilburdarne vordo dei rike og velduge Hovdingar og Kappar, Sverre vardt halden fyre Konung lika so myket som Magnus. Sverre Konung fekk no og Fat i Herskipi. Den sløgaste og verste Motstandaren aat Sverre og alle Konga-Ættingarne, han Erling Skakke,

var no burte. Sverre Konung gjorde sjølv Grav-Tala yver honom og sagde der i som so: „Merkjelegt hever Tidi no skift seg um; eine stend eg hér no i Staden fyre tri velduge Hovdingar, Magnus Konung, Erling Jarl og Eystein Erkebiskop.“ Han trudde inkje, at det var sant, som Erkebiskopen og andre Prestar sagde, at dei, som fello i Strid paa Magnus Sida, skulde hamna i Himelen, fyrr en Blodet kolnade i deim; denne Lygni deira kunde valda mange Menner stor Skade. Det var likast aat bidja godt fyre dei fallne og mest fyre Erling Jarl. „Eg vil fyre Guds Skuld forlata honom alt det ille, som han hever gjort meg.“

Etter Bardagen paa Kalvskinnet gingo mange velduge Trønder i Tenesta med Sverre Konung. Aalmugen i Trondheim var jamnan sidan eit trutt Underfolk aat honom, so der var han fulla Konung. Difyre kallade han Trøndelaget den rette Heimen sin. — Magnus Konung fekk seg jamnan Mannstyrke av Folket i Viki, og han kom atter til Nidaros med ein stor Her. Han talade um Sætt med Sverre, men det vardt inkje annat av di, en at dei skulde halda Bardage paa Ilovollen ut fyre Byen. I Tala si til Birkebeinarne sagde Sverre som so: „Det synest so, at me Birkebeinarne faa stort Overevle imot oss i Dag. Heklungarne breida seg ut yver alt Steinberget med gylde Vaapn og dyre Klæde, so det glittrar av deim i Solskinet. Men godt gjorde me Verket vaart, um me fingo bera desse Ting med oss inn i Byen i Kveld.“ Der vardt ein hard Bardage, og Enden vardt slik, at Sverre vann Siger, og Magnus Konung flydde med dei Mennerne sine, som endaa vaaro paa Føterne. Birkebeinarne baaro myket Herfang inn i Byen um Kvelden. Magnus hadde misst so myket, at han laut fly til Danakonungen og bidja honom um Hjelp. Erkebiskopen flydde til England og lyste Bann[1] yver Sverre Konung. Magnus kom atter ifraa Danmark med stor Herstyrke, og han rak Birkebeinarne fyre seg til Bergen. Men der bidde Sverre og lagde til Bardage fyre

1) Bannlysing var et andleg Refsing, som støytte Syndaren ut or Kristi Samband og ifraa Gudstenesta i Kyrkja, til dess han synte Teikn til Anger og Umvending Paven og Prestarne den Tidi brukade denne ognuge Refsingi til aat mjuka dei Mennerne, som inkje vilde tru elder lyda deim, anten so det var Rett og Grunn til di elder inkje.

Nordnes; han hadde 16 Skip, Magnus hadde 32 Skip. Det vardt ein hard Leik aat Birkebeinerne, men det skortade deim inkje Hug til aat herda fram. Sverre Konung sjølv steig upp paa Skipsbordet og song ein Salme til Enden, medan Orvar og Spjot og Skrik søydde kring um honom. Birkebeinarne rivo Sigren aat seg denne Gongen og; dei toko 18 Skip og myket Herfang ifraa Heklungarne.

En Mann som heitte Eirik, kom til Sverre Konung og sagde, at han var Son av Sigurd Munn og soleides Broder hans Sverre. Det var ein dugleg Mann, og han kunde vordet ein faarleg Motstandar aat Sverre. Men Sverre let honom faa bera Jarnbyrd etter Ynskjet sit, og han gav honom slikt Hovdings-Vald, at Eirik vardt nøgd.

Magnus Konung sat i Bergen og hadde Skipfloten, som Sverre hadde mist, medan han var burte ifraa honom. Sverre var i Trondheim og fekk seg 20 smaae Skip og siglde til Bergen og kom uventande yver Magnus. Dei hadde Bardage, Sverre vann Siger, og Heklungarne flydde. Der fekk Sverre hardla dyrt Herfang: mange fleire Skip en han hadde mist, og endaa Kryningar-Skrudet, det var Kruna av Gull og Konungs-Staven av Gull, og Kryningar-Klædi og meir til. Magnus flydde andre Gongen til Danmark.

Eystein Erkebiskop tok no til aat ottast fyre, at det var snart ute med Valdet hans Magnus Konung, difyre skilde han Laget med honom og gjorde Sætt med Sverre Konung og løyste honom av Bannet; det var Gagn i det aat Sverre, fyre di mange hadde trutt det fyrr, av di han var bann-lyst, at dei vaaro inkje skylduge honom Sverre annat en alt som illt var; men sidan hadde dei inkje det aat skjota paa. Sidan heldt Erkebiskopen med Stolen sin i Nidaros. — Sverre Konung lagde under seg Fylki vest i Landet og sette sine Lendermenner der. Men i Joli draapo Sygnerne nokre Hovdingar ifraa Sverre og sagde so, at med di draapo dei berre Tjovar og Ransmenner. Detta Illverket laut Konungen søkja Rett fyre; han stemnde Bønderne til Tings, men dei rende av til Skogs; daa var det ingi onnor Raad til aat gjeva deim Refsing, en at han brende Gardarne fyre deim, og ein By, kallad Kaupanger[1] i Sogn, vardt dermed

1) Gardarne Kaupang og Fimreite liggja i Sogndals Prestgjeld i Indre Sogn.

Sydd, so han komst inkje upp meir. Men daa komo og Birkebeinarne i ei faarleg Klemba. Magnus Konung kom i same Bilet atter ifraa Danmark; Sverre hadde inkje stor Mannstyrke saman, og Sygna-Aalmugen hadde daa beste Hugen til aat hjelpa Magnus. Det tyktest vera likast fyre Sverre aat fly; men daa vilde han hava Bardage, og han talade so sløgt fyre Birkebeinarne, at dei leto so, at dei vilde inkje fly, fyrr en dei hadde røynt seg. Daa sagde Sverre so: „No valde De den Ting, som hugar meg best, og i Dag maa de berjast mannelega, rett likasom De skulde vita, at De faa senda ein Konung til Helheim. Det er og berre ei Raad fyre oss, det er at vinna Siger yver Uvenerne vaare; oss nyter det kvaarkje aat fly elder bidja um Fred. Live væl kvarandre, Gud live oss alle!" Der vardt ein hard Bardage atmed Fimreite. Det haglade so tjukt av Orvar og Spjot og Stein paa Birkebeinarne, at dei vunno inkje annat en liva seg med Skjoldom i fyrste Ridi. Sverre Konung sjølv let seg ro imillom Skipi sine og eggjade Birkebeinarne, daa flaug det tjukt av Orvar kringum honom. Eirik Kongsson søkte hardt fram og rudde nokre Skip fyre Heklungarne, og daa flydde dei av det eine Skipet paa dei andre, so dei vordo tungsette, og fjore Skip sokko beint ned med Mannfjølden. Mannfallet vardt so stort fyre Magnus, at han saag berre Dyding. Daa støypte han seg i Sjoen og vilde symja burt, men der do han. Sidan flydde dei Heklungarne, som kunde koma seg burt, men dei, som baado Sverre Konung, dei fingo Fred daa som jamnan. Denne Bardagen var i Aaret 1184. Der fall Orm Kongsbroder og mange andre Høvdingar med 18 Hundrad Heklungar. Detta var ein fullkomen Siger fyre Birkebeinarne, men det var nær ved di, at dei skulde mist inkje mindre en sjølve Konungen sin. Daa Sverre Konung hadde faret imillom Skipi sine, so fekk han inkje koma upp atter paa Skipet sit Mariesudi, fyre di Skotridi var ovhard, men han laut ro aat Land; og medan han var der, so kom eit Heklunga-Skip flyande inn aat Landet, og hadde dei kjent den Mannen, som stod der mest einsaman, so hadde dei no snøgt sendt honom til Helheim. Men Sverre hadde strakst ei sløg Raad og ropade til deim: „Vende atter; no fly dei!" Og so gjorde dei og, fyredi dei trudde; det var ein av deira Menner, som ropade. Ein Mann spurde Sverre, um

han kjende desse Mennerne, elder kvifyre han ropade so aat deim? Han svarade: „Kvat annat skulde eg hava sagt, anten dei vaaro Birkebeinar elder Heklungar!“ (Var det Birkebeinar, meinte han, so skulde dei inkje fly, og var det Heklungar, so skulde dei daa inkje koma der og drepa Sverre Konung). Etter Bardagen sungo Konungen og Birkebeinarne ein Lovsang. — Magnus Konung Erlingsson var berre 28 Aar gamal, daa han fall. Han vardt graven i Kristkyrkja i Bergen. Sverre Konung gjorde Gravtala yver honom, og deri gav han honom godt Lov fyre Hermanns-Dugen hans; „lika væl fekk han Uheppa og det kom av di, at han hadde mindre Rett, en eg hever. Men det veit eg daa væl, at det gjeng Vargar og Lamb um kvarandre her, og stod det eit Horn i Skallen paa kvar Mann i dette Møtet, som vil honom Sverre illt; so skulde mange ganga fram hornotte. Gud løne alle deim, som her hava møtt og vilja hava Vaar Venskap!“

18. Sverre Sigurdsson og mange Motkonungar.

Etter Magnus Fall lagde Sverre under seg alt Noreg; og daa lønte han Birkebeinarne fyre Truskapen og den store Moda deira. Sume gjorde han til Lendermenner, og sume fingo andre gode Embætte og Namnabot, andre fingo Gods og god Gifta. Baard Gudtormsson av Rein i Trondheim fekk Sisilia Sigurdsdotter, Syster aat Sverre, til Kona. Fyrr hadde ho voret gift med Folkvid Lagmann i Sverike og hadde ein Son med honom, heitte Haakon Galen; med Baard aatte ho ein Son, som heitte Inge, som sidan vardt Konung; etter Fraafallet hennar Sisilia hadde Baard ei onnor Kona og aatte med henne ein Son, som heitte Skule. Konungen sjølv var gift med ei svensk Konungsdotter, som heitte Margreta; han aatte tvo Søner, som heitte Sigurd Laavard[1] og Haakon, og Dotter hans heitte Kristina.

Konungen og Birkebeinarne ventade, at dei sidan skulde faa hava Ro; men Ro fekk Sverre aldri her i Verdi, han hadde jamnan Ufreds-Flokkar aat bala med. Det samnadest snart ein Ufredsflokk, som hadde til Hovding ein, som heitte Jon. Han var ein Munk ifraa Klostret paa Hovudøyi[2];

1) Laavard tyder Herre, Yvermann. 2) Hovudøyi ligg nær Oslo.

men han sagdest, ellerst vera ein Son av Inge Konung Krokrygg. Birkebeinarne kallade honom Jon Kuvlung[1] og Flokken Kuvlungar. Mange og velduge Menner fraa Viki gingo i Lag med Munken, av di Vikværingarne vaaro dei urolegaste Nordmenner, og dei hadde og myken Illhug til honom Sverre Konung. Birkebeinarne hadde slik Styrke i Viki, at Kuvlungarne torde inkje røyna seg med deim; men dei foro til Bergen og gjorde myken Skade der. Sverre Konung for imot deim; men daa han kom til Bergen, so var Byen i ei Røra av Ovdrykkja. Tydske Kaupmenner hadde ført so myket Vin til Byen, at det vardt drukket so myket som Øl, og det volde stor Røra og Slagsmaal og Draap. Med di hadde Konungen myket Stræv langt ut paa Sumaren med aat reisa upp atter Folkavisi. Han gjorde gilde Talor aat Folket imot Fylla; og paa eit Ting lovade han Engelskmennerne, fyre di dei førde inn gagnlege Varor; men Tydskarne bad han forda seg burt som braadast, um dei vilde spara Liv og Gods; „her hava De inkje Gagn gjort Oss og Riket Vaart.“ Kuvlungarne gjorde ymse Mein men fingo og stor Skade av Birkebeinarne. Men dei flakkade daa til Trondheim og gaavo honom Jon Konungs Namn paa Øyrating og rivo ned Sverresborgi, som Konungen hadde bygt uppe i Steinberget atmed Nidaros. Der ifraa foro dei til Bergen og tok til aat nøyda Bymennerne til aat gjeva deim Jola-Kost. Men daa kom Sverre Konung med Kost aat deim; han slog Kuvlungarne og drap Jon, og med di skildest Flokken (Aar 1188). — Ein annan Ufredsflokk var Mordbrennararne, Høvdingen var ein Prestason som og sagdest vera Son av Inge. Birkebeinar og Bønder hoggo deim ned i ein Skog, fyre di dei vaaro so hardbalne, at dei inkje vilde fly eit Fet. Ein annan Ufredsflokk var Varbelgarne[3], dei funno seg eit Barn til Kongsemne, som heitte Vikar, og som dei sagde var Son av Magnus Erlingsson. Tunsbergs-Mennerne draapo baade deim og Kongsemnet.

Sidan Eystein Erkebiskop hadde fenget Sætt med Sverre Konung, so bygde han paa Kristkyrkja i Nidaros; han gjorde henne myket større og hævare, men det hævaste var Koren,

---

1) Kuvl var Namnet paa Munkakufta. 2) Tufti etter Sverresborgi kallast enno Svers-Berget. 3) Varbelgar skal kanskje tyda: Belgar, Kroppar, som Folk lyt vara seg fyre.

som han bygde, han var det største Kunst-Verk, som vera kunde. Sidan heldo dei paa i fleire Hundrad Aar og bygde paa henne. Ho hadde 4 store Taarn og fleire smaae, ho var det hævaste Hus og eit Under av Bygnad i Nordlandom, og ho hever stadet som eit stort Minnesmerke um, kvat Verk Federne vaare orkade aat fullføra med Hug og Samhald.

Eystein Erkebiskop do i Aaret 1188, og Eirik Biskop i Stavanger vardt Erkebiskop i Staden hans. Etter Eirik vardt Nikolaus Arnason Biskop i Stavanger og sidan i Oslo. Eirik var ein hardla æregirug og sjølvraaden Mann; han vilde taka seg meir og meir Vald. Men Sverre Konung var inkje so væl nogd med slikt som Magnus Erlingsson var, Sverre vilde helder taka ifraa Prestarne det Valdet, som dei hadde for myket, og som kom Konungen til, fyre di Prestarne visste inkje aat bruka det verdlege Valdet til stort annat en Ugagn, og dei viko fyrgjelega av ifraa det rette andlege Embættet sit. Erkebiskopen sette hardt imot Sverre Konung og sagde, at han kjende ingen annan Yvermann en Gud og Paven. Daa sette Konungen eit aalmennt Ting i Nidaros og let Kristen-Mugen sjølv døma i Saki. Domen lydde so, at Erkebiskopen skulde halda seg etter Heilag-Olavs Log (d. e. Noregs Rikes Loger). Men Eirik vilde inkje bøygja seg. Han flydde or Noreg og for til Danmark og las upp Bannlysing yver Sverre Konung, men det beit inkje paa honom. Daa for Eirik til Paven og fekk telja honom til aat senda ut eit Bannbrev imot Sverre. I Bannbrevet vardt Sverre kallad ein Djevels Prest og Helvites Utsending. Detta kunde voret ein stor Vaade yver Konungen; fyre di Folket trudde paa Pavens Vald til aat støyta Kristne ut ifraa Kristi Samband, og han gav Aalmugen Løyve til Uppstand imot den bannlyste Konungen og sagde det vera eit gudlegt Verk aat taka Livet av honom. Velduge Konungar og Keisarar hadde vordet mjukade av Bannlysing. Men Sverre Konung var so godt kjend i Prestarne sina Greidor, at han visste væl, kvorleides han skulde møta deim, og det hovde og so til, at Erkebispen vardt blind. Daa talade Sverre so slogt um detta aat Aalmugen, at han fekk Folket til aat tru, at det var inkje annarleides med Blinda hans Eirik en so, at Gud hadde blindat Augo hans til Refsing fyre di, at han vilde sjølv vera blind i Andi og inkje sjaa kvat Rett var, men bannlyste Konungen sin.

Soleides bergade han seg fyre Skade av Bannlysingi. — Ein annan av dei verste Prestarne den Tidi var Nikolaus (elder Nils) Bisskop j Oslo. Han var ein hardla dugleg Mann, men ovlega svikfull og æregirug; han skulde vera Prest, men han nytte sin gode Givnad til Svik imot Konungen og til aat vekkja Ufred med Brand og Mord i Landet.

Ein Mann heitte Hallkell Jonsson, han hadde fyrr voret med Heklungom, sidan hadde han fenget Lendermanns-Embætte av Sverre Konung. Hallkell samnade ein Ufreds-flokk paa Orknøyarne og kom til Noreg med honom; dei hadde ein, som heitte Sigurd til Kongsemne, og han sagdest og vera Son av Magnus Erlingsson. Nils Bisskop var i Lag med deim og gav deim Raad. Dei vilde vera gilde Karlar og kallade seg Gullbeinar; men Birkebeinarne kallade deim Øyaskjeggar. Birkebeina-Høvdingarne Sigurd Laavard Konungsson og Haakon Galen og Peter Stoyper (ein annan Systerson aat Sverre) vaaro i Viki med ein Her; men Øyaskjeggarne vaaro sterkare og vunno all Viki under seg. Men sidan vordo dei pengalause; daa foro dei til Danmark og ranade Kaupmanns-Skip. Sidan foro dei til Bergen og vilde øyda ei Borg (elder Festning) som Sverre hadde bygt der og kallat Sverresborg, men dei orkade inkje aat taka henne. Daa siglde Sverre til Bergen med 20 Skip og hadde Bardage med deim i Floruvaag. Øyaskjeggarne bardest hardt, dei vilde inkje selja Livet for godt Kaup; men der fingo dei daa Dauden baade Kongsemnet og det meste av Flokken, etter at dei hadde balat i tvau Aar (til 1194). Sverre Konung hadde Skipi og alla Eigorna deira.

Konungen lovade Nils Bisskop Refsing, som han var væl verd, naar han hadde sviket Konungen. Bisskopen var sløg og fin til aat orsaka seg; men han laut falla til Konungens Fot og bidja um Naade, og det fekk han. Sidan stemnde Konungen Bisskoparne og dei hævaste Høvdingarne og Prestarne til Bergen, og daa naut Konungen den Tenesta av Bisskopom, at dei krynde honom, Nils Bisskop sette Noregs Kongskruna paa honom. Konungen gav Prestarne goda Gaavor, og dei synte og honom Godvilje, so det vardt eit Møte næste Aar i Bergen; og daa vardt det avgjort eit Sendelag baade ifraa Konungen og Bisskoparne til Paven til aat greida Sverres Sak fyre honom, so Paven skulde taka

atter Bannlysingi. Ærendi deira greiddest væl; Eirik Erkebiskop fekk Sendemennerne drepne i Danmark, men lika væl kom Brevskapen deira til Noreg.

Daa Sverre Konung hadde styrt Riket i 12 Aar etter Magnus Fall, so for Nils Biskop til Danmark, og der reiste han og Erkebiskopen ein Ufredsflokk imot Sverre Konung. Dei hadde ein Gut til Kongsemne, som heitte Inge, og som Nils sagde var Son av Magnus Erlingsson; Hallvard av Saastad skulde vera Herstyrar. Denne Flokken kalladest Baglar (det er so myket som Biskops-Fylgjet; Bagall er Biskops-Stav); og detta vardt den verste Uppreisningi imot Birkebeinom og varade lenge etter honom Sverre, av di det var saa mange og velduge Menner med i Laget. Baglarne møtte Konungen og Birkebeinarne i Viki; men dei vaaro so mannsterke, at Sverre vilde inkje gjera Bardage med deim. Dei vaaro so nær saman baade Herarne, at dei ropade aat kvarandre; daa gjekk Biskopen fram paa ein Bergknatt og synte fram Hjelmen og Sverdet, som han bar, og sagde so: „Detta er den Biskopshuva og den Biskopsstaven, som Paven vil eg skal bera imot Deg, Sverre, til dess Du er ihelslegen elder reken ut or Landet.“ Konungen for til Trondheim og baud ut Leidang or Fylki der og vest i Landet og for sidan imot Baglarne med 6 Tusund Mann. Dei møttest i Oslo. Daa trøyste Biskopen Baglarne med di, at Birkebeinarne vaaro so bannlyste, at Sverdi deira kunde inkje bita paa kristne Menner, og kanskje torde dei inkje ganga aat deim helder. Men det røyndest snart, kvor myket sannt Biskopen talade: Birkebeinarne rende paa Land imot Baglarne og gaavo deim so harde og tette Hogg, at Bagla-Fylkingi vardt myket tunnare. Biskopen sat paa Hesten sin langt upp i Byen; daa kom ein Mann rennande og sagde so: „Rid ned til Bardagen, Herre, og set Hug i Mennerne, det tarvst væl; inkje kunna me sjaa, at Sverdi deira Birkebeinarne ero sløe, oss tykkjest dei vera ovlega kvasse.“ Daa sagde Biskopen til Fylgjet sit: „No er Djevelen laus med Sverre ned paa Bryggjom. Late oss rida burt som braadast!“ Det gjorde dei og stadnade inkje, fyrren dei komo paa Gjallaraasen, tvo Mil undan. Baglarne kunde inkje standa imot Birkebeinarne, dei fingo hardla stor Mannskade, og so flydde dei etter Biskopen. Birkebeinarne vunno so stort Herfang der, at kvar Mann fekk Verd fyre tri

Merker Sylv. Konungen vilde sjølv hava Bagla-Skipi men gjeva Birkebeinarne 15 Merker Gull fyre deim. Det vaaro dei illnøgde med, og nokre Menner toko til aat skifta Segl og annan Bunad. Daa tok Konungen eit halvt Tunneband og slog i Flokken med di, og so myket Herravald hadde no Sverre, at dei rende undan honom og leto honom raada so, som han vilde. — Baglarne vordo ofta slegne og miste myket Folk; men Nils Biskop talde fyre Aalmugen, og Vikværingarne vaaro so hatuge paa Birkebeinarne, at Baglarne fingo Mannstyrke nog, og etter kvart Skadatak komo dei fram atter lika sterke elder sterkare en fyrr. — Etter Oslo-Bardagen foro dei til Nidaros og gaavo honom Inge Konungs Namn paa Dyrating og toko Herskipi ifraa Sverre Konung. Snart hadde dei Valdet baade i Viki og paa Upplandet. Sidan møttest dei med Birkebeinom i Bergen, Baglarne fingo Hogg, so dei torde inkje fara upp i Byen. Daa kom Biskopen fram med den ille Raadi, at dei skulde brenna upp Byen, og ei Natt kveikte dei Eld paa tri Stader i Byen, 6 Kyrkjor og største Luten av Byen vardt til Oska. Detta var berre eit stort Illverk og ingi Vinning kvaarkje fyre Biskopen elder Baglarne. Ein Dag, daa Sverre Konung var burte, so gingo Baglarne upp til Borgi og brende Skipi hans, so Birkebeinarne luto fara Landvegen til Nidaros.

Det vil den største Motgang og Trengsla til, um det skal røynast væl, kvat Hug og Styrke det bur i slike Menner som Sverre Konung. Fyrst i Aaret 1199 sat Sverre i Trondheim; Baglarne hadde Styrken baade sunnan fyre (paa Upplandet og paa Vestlandet) og nordan fyre (paa Helgaland). Sverre Konung hadde inkje Skip, so han kunde kvaarkje fara imot Uvenerne sine elder fly ifraa deim, naar dei sette aat honom. Endaa kom det eit nytt Bann-Brev yver Sverre ifraa Paven, som gav Uvenerne hans en meir Styrke og Medhald av Aalmugen. Men det var Lukka hans Sverre, at han hadde Venskap med Trønderne; han hadde Ting med deim og fekk telja deim til aat byggja nokre Skip, sjølv let han byggja 8 store Skip. Detta var litet aat fara imot Baglarne med, men Birkebeinarne vaaro harde nog fyre den Munen, som vantade i Talet og Bunaden. Baglarne komo nordan av Helgaland inn i Trondheims-Fjorden og foro um der med Ran og Draap; fyredi endaa

hadde inkje Konungen Skipi sine utbune. Dei freistade aat brenna upp Skipi hans; men det vunno dei inkje. Biskopen vilde gjera eit Herverk med den nye Staven sin, men det laut vera der, som inkje Birkebeinarne vaaro med sine Stavar. Han for med Skipet og Mennerne sine til Ila og vilde ganga paa Baksida inn i Byen; men Sverre saag Skipet, og han let draga ei Skuta igjenom Byen og for imot Biskopen. Men daa vardt Nils berre ei Harahykja, han snudde um og bad Mennerne sine: „Roe no, Gutar! det sterkaste De orka; eg gjever Dykker raude og grøne Kjolar; men nei, det munar daa inkje undan. Meg vilja no Birkebeinarne hava Fat paa." Og han flydde ifraa Atterstamnen til Framstamnen paa Skipet sit; han naadde daa atter til Bagla-Floten, so han slapp med Rædsla. Sverre Konung for etter Baglarne, og inn med Tautra[1] vardt ein ovlega hard Bardage. Men Birkebeinarne fingo Siger, dei rudde og tóko mange Skip ifraa Baglarne, Hallvard av Saastad fall og mange Baglar med honom. Baglarne flydde alt aat Danmark, og Sverre for etter deim sud med Landet og minkade Mannfjølden deira. Denne Bardagen vardt ein stor Skadasteyt aat Baglarne, som dei seint vunno etter, og ei stor Upphjelp aat Birkebeinarne.

Sverre Konung for inn i Viki, og der lagde han paa Aalmugen slik Skatt, at kvar Legd skulde gjeva eit Naut og eit Pund Rug. Denne store Skatten sette illt i Hugen aat Bønderne, og dei bundo seg i Lag til Uppstand og sette fyre ein Dag, daa dei skulde søkja aat Birkebeinarne i Oslo ifraa alle Sidorna; denne Raadi var spunni so vidt ut yver Landet, og det var faret so sløgt og løynlega fram, at ingen kunde hava tenkt slikt, og Birkebeinarne fingo ingi Njosn um det fyrren um Kvelden fyre den tilsette Dagen. Daa let Sverre Ludren sin, Andvaka[2] ljoma til aat kalla Folket saman; og snart saago dei ein Bondaher paa Isen ut fyre Oslo, og ovan fraa Landet komo tvo Herar so store, at det syntest som ein Skog med Spjot yver ei stor Vidd. Det kom ialt 50 Tusund Bønder. Birkebeinarne hadde berre halvtridje Tusund Mann; men Birkebeinarne vaaro no myket vane til aat taka alt som det fall

1) Tautra er ei Øy litet inn fraa Trondheims-Byen. 2) Andvaka tyder: den, som er vaken stødt og jamnan.

og inkje reikna paa Runen. Konungen sette Sønerne sine, Sigurd og Haakon, med ein Flokk ovan fyre Byen til aat stadga dei tvo Bonda-Flokkarne der. Sjølv gjekk han med dei andre Birkebeinarne imot Bonda-Heren utpaa Isen. Sverre brukade det gamle Herropet, „fram, fram Kristmenner, Krossmenner, Heilag-Olavs Menner!“ Han reid urædd fram tett inn paa Bønderne, og som Herren gjekk so fylgde Sveinarne; Birkebeinarne rende Storm paa Bonda-Mugen og gaavo tunge og tette Hogg og skriko ataat so ognugt, som dei kunde. Det kom snart Rædsla i Bønderne og dei komo i Ulag; daa vilde dei berga seg med Føterne, men det vardt stor Skade, at dei vaaro so fjølge, den eine valt yver den andre. Sverre Konung hadde inkje fyrr skilt seg med denne Flokken, fyrr en dei saago Bymennerne ifraa Tunsberg ferdast inn etter Isen. Dei hadde voret ute i ymse Bask fyrr, men denne Gongen vordo dei lika so illa slidde, som dei fyrste. Dei øvre Flokkarne hadde trengt Kongssønerne undan og gingo imot Konungen. Daa sagde Sverre so til Birkebeinarne: „No ljota me ganga ifraa Olkanna og Lessa og laata so, som me ero spildrande nye. Me skula renna paa Bønderne so hardt, at dei faa Illhug aat denne Leiken.“ Detta var den største Bonda-Mugen; men Konungen og Birkebeinarne gaavo deim velduge Hogg. Sverre reid tett inn aat deim, daa skriko dei aat kvarandre so: „Drep honom, hogg honom, stikk honom, drep Hesten undan honom!“ Men han synte so drusteleg og konungleg ei Uppsyn, at dei trøyste seg inkje til aat setja ein Odd imot honom. Det kom Rædsla og Ugreida i Heren deira, og dei nytte Føterne, som dei kunde likast. Daa Sverre Konung hadde bergat seg or denne store Faaren, so takkade han Birkebeinarne og Oslo-mennerne fyre Truskapen og det mannelege Verket deira, og so for han til Bergen. Der kom Baglarne og; daa fingo dei leid Heilsing av Birkebeinarne atter, og dei miste Skipi sine og luto fly til Fjells aat Viki; daa var det laakt med Tilstandet deira. Baglahøvdingen Reidar Sendemann gjorde seg ei Borg upp paa Berget atmed Tunsberg og hadde ein stor Bagla-Flokk der. Sverre Konung for og til Viki og vilde heimta Skatten, som han hadde lagt paa Aalmugen. Bønderne samnadest paa Strandi her og der og vilde meinka honom Landgang; men Sverre kom i Land lika væl og daa stemnde han Ting med Bønderne; men dei ottadest

Refsing fyre Ufreden og rende til Skogs med Godset sit, so Konungen ingen Rett skulde faa paa deim. Daa brende han Gardarne deira, til dess dei saago Uraadi si og komo til Tings; daa gaavo dei Saki i Konungens Vald, og han dømde Hovudmennerne til slik Refsing, som han fann skaplegast; daa ynskte dei visst, at Herverket deira hadde voret ugjort.

Di næst for Sverre Konung til Tunsberg og vilde taka Borgi ifraa Baglarne. Birkebeinarne rende Storm aat Borgi, men det gjorde ingen Mun. Daa freistade Konungen ei sløg Raad, og ein Vaagahals, heitte Svein Munke, tok paa seg det faarlege Verket, at han lurde seg um Natti upp imot Borgi og drap Vardmennerne og feste eit Tog i Borgar-Veggen. Hundrad Mann drog i Toget, so dei kjende, at Veggen skokst, men daa gjekk Toget sundt. Konungen fann ut fleire sløge Maatar, som han freistade, men han vann inkje Borgi. Reidar sende Bod til Inge Baglakonung og bad honom fara aat Birkebeinarne utanfraa. Men Inge og Baglarne svarade, at dei hadde røynt so myket av Sverre Konung, at dei vilde inkje hava Møte med honom meir. Sverre visste av denne Bodsendingi, og han fann ei ny Raad, fyrr en Svari kom. Daa det leid til den Tidi, at Reidar kunde venta Hjelpar-Heren ifraa Inge, so let Sverre ein Flokk Birkebeinar ganga ut um Natti, og i Lysingi skulde dei koma farande til Borgi fraa den Vegen, der som Inge var, likasom dei skulde vera komne ifraa Inge. Ein Flokk av Birkebeinarne laag paa Lur nedan fyre Berget. Sverre for med Her imot den Flokken, som kom farande imot Borgi, og hadde Bardage paa Leik med deim, so myket at Reidar skulde tenkja, at det var Baglarne ifraa Inge, som Sverre stridde med; og meinte han det, so vilde han visst koma ut med Baglarne sine og hogga paa Birkebeinarne paa Bakslag, naar det var so godt Tak til di. Gjekk det no etter denne Voni, at Reidar let seg narra ut or Borgi, so skulde dei Birkebeinarne, som laago paa Lur nedan fyre Berget, stengja Vegen fyre Reidar og Baglarne og hogga paa Nakken deira, so komo dei baade Birkebeina-Flokkarne til, aat hava Baglarne innklemde imillom seg. Men denne Pretta av Sverre gjekk inkje fram, fyre di Reidar var og baade sløg og varsam; han stod lenge og gløste paa denne Bardagen hans Sverre, men so sagde han:

„Kvat Bardage hava desse Mennerne? Dei leita seg eit turt Rum til aat falla paa." Sidan visste Sverre ingi onnor Raad til aat taka Borgi en aat sitja der og svelta ut Baglarne. Vettren kom, og Birkebeinarne toko til aat kny um di, at dei fingo inkje fara heim men skulde sitja der og tola illt. Daa sagde Konungen, at det var Skam fyre Hermenner aat kny, endaa dei inkje altid hadde Magen full. „Det skal De vita, at det slepp ingen her ifraa, fyrr en Baglarne hava gjevet seg i vaart Vald. Daa verda dei væl og mest glade dei, som gnella mest no." Sidan tagde dei. Snart vardt Svulten hard aat Baglarne paa Berget; fyre di dei fingo inkje fara ut etter Mat. Inge Baglakonung gjorde ei Ferd til Bergen; fyre di han meinte, at Sverre skulde daa ganga ifraa Borgi og fara etter honom. Men i Bergen var Lendermannen Dagfinn Bonde med ein Birkebeinar-Flokk, og han gav Baglarne rett eit Skadahogg og tok ifraa deim baade Godset og Vaapni og Skipi deira, so dei luto fly som Fantar yver Fjelli. Birkebeinarne saato harde paa Berget, endaa Naudi var stor aat deim og. I Borgi var Svulten so stor i Joli, at dei aato Skinnbrøkerna og Leder-Greidorna sina. Sidan sende Reidar det Bodet til Sverre Konung, at daa maatte han snart ganga ned, kvor hardt Kor han en skulde faa; men han bad um Liv og Fred. Konungen lovade dei verste Uvenerne sine Naade; og Reidar kom ned med alle Baglærne, og dei svoro Truskaps Eid til Sverre. Konungen hadde Reidar med seg sjølv og let Baglarne faa god Rokt; men mange do, naar dei fingo eta seg mette.

Etter det vardt Sverre Konung sjuk av alt Hovdabrotet og Møda, han hadde havt. Daa for han til Bergen og gjekk upp i Kongs-Halli paa Sverresborg. Sotti hans vardt verre og verre; daa bad han Hyrdmennerne, at dei skulde setja honom i Hogsætet, og der vilde han sitja, til han fekk anten Batnad elder Bane. Han takkade Gud, som hadde hjelpt honom i so mang ein Vaade, og sagde, at alle Uvenerne hans skulde vera tilgjevne det ille, som dei hadde gjort honom. Der do Sverre Konung Sigurdsson i Kongsstolen sin (Aar 1202). Han vardt nedsett i Kristkyrkja i Bergen; og ei Tavla med Gravskrifti hans vardt hengd yver Gravi. I denne Skrifti var han kallad: Noregs Born og Heider, alle sine Manna Hyggje og Gleda.

Fraa Sverres Tid ero Lagmenner nemnde i Noreg, dei hadde det høgste Domar-Valdet, og det var 10 elder 12 av deim i alt Landet. — Paa denne Tidi vordo og dei gamle Konga-Sagorna, som hadde gjenget i Segn hjaa Folket fyrr, uppskrivna i Skinnbøker; det var Islendingar, som drivo mest paa det. — Sverres Saga vardt skrivi av Karl Jonsson Aabote (Klosterfader), medan Konungen sjølv saag til med di. — Manga andra Bøker vordo og skrivna i Noreg ifraa denne Tidi; ei av dei gildaste er „Konungs Skuggsjaa[1],“ som det er meint, at Sverre Konung var med aat stila. Nordmennnerne vaaro dygduge til aat nytta deira eiget Tungomaal baade i Brev og i Bøker paa den Tidi, daa dei fleste Folk skrivo mest berre i det latinske Maalet, som Prestarne hadde fort inn i Landi.

19. Haakon Sverresson, Gudtorm Sigurdsson og Inge Baardsson, imot Baglakonungarne.

Etter Sverre vardt Haakon, yngste Son hans, teken til Konung paa Øyrating i Nidaros. Sigurd Laavard Sverresson var daaen fyre Fader sin, han let etter seg ein ør-ung Son, heitte Gudtorm. Haakon Konung var lik Sverre Fader sin, han var klok og maaksnild og so vensam, at han drog aat seg baade Vener og Uvener. Paa den Tidi hadde inkje Baglarne myken Styrke; men daa dei spurde Sverres Fraafall, so vilde dei freista aat risa upp atter. Dei samnade Folk og Skip og siglde vest etter. Daa sende Haakon Konung honom Peter Støyper med Mannstyrke imot deim; og Baglarne vordo slegne i Stavanger og miste Skipi sine. Daa flydde dei til Upplandet og sidan vaaro dei myket rædde fyre aat møta Birkebeinarne; dei heldo seg paa Helga-øyi i Mjøsi og toko burt alle Skutorna og Ferjorna, so inkje Birkebeinarne skulde faa koma og heilsa paa deim. Konungen lovade alle Baglarne Naade, naar dei vilde koma til honom; daa gingo mange Baglar i Tenesta hans. Erkebiskopen og Nils Arnason og fleire Biskopar, som Sverre hadde reket or Landet fyre Ulydnad og Illverk, dei komo og heim atter og fingo Sætt med Konungen. Detta gjorde Tilstandet verre fyre Baglarne; fyre di

1) Skuggsjaa er det same som Spegjel.

daa hadde dei mist den beste Hjelp og Studnaden, som Prestarne gjorde deim. Sidan sende Konungen ein Birke-beina-Her til Upplandet og Bønderne fylgde med av God-vilje aat Konungen; dei komo seg uvehtande ut paa Helgaøyi; der vardt eit fælt Blodbad, Inge Baglakonung fall, og meste Luten av Baglaflokken fekk Dauden; det er og sagt, at Inge vardt drepen av sjølvs sine Menner. Dei faae Baglarne, som vaaro atter, dei flydde ut or Landet elder løynde seg einkvarstad. Med di vardt det no Upphald med Bagla-Ufreden eit Bil.

Margreta Drotning, Einkja etter Sverre, var ei ill-lynd Kvinna. Haakon Konung var inkje hennar Son; men han var blid mot henne og heldt henne i god Vyrding; men Drotningi hatade honom. Konungen vardt sjuk i Jólahelgi og do Nyaarsdagen 1204 i Bergen. Magreta hadde nyst sagt slike Ord, at Folk maatte tenkja henne fyre det, at ho hadde gjevet Konyngen Dauda-Drykk. Den Mannen som ho skulde hava brukat til dette Illverket, han vardt nedsøkt i Fjorden; og Margreta hadde og visst fenget ein ill Ende, hadde inkje Haakon Galen hjelpt henne, so ho kom seg ut or Landet. — Systerdotter hennar Margreta heitte Kristina, ho vardt atter med Haakon Galen, fyre di dei tvau likade kvartannat væl; av di kom eit nytt Illverk sidan. Nord-mennerne syrgde myket etter Haakon Konung Sverresson.

Birkebeinarne og Bønderne toko Gudtorm, Son etter Sigurd Laavard, til Konung. Han var berre 4 Aar gamal; difyre vardt Haakon Galen gjord til Jarl og til Rikes-Styrar, medan Konungen var Barn; Peter Støyper og Einar Prest Kongsmaag vordo Fosterfeder til Konungen og skulde gjeva honom god Upplæring. Inge Baardsson av Rein, Halvbroder hans Haakon Jarl, vardt Lendermann og fekk stort Vald i Trondheim. — Sverre Konung hadde i si Tid fenget Spurn av ein Mann, som heitte Erling, og som sagdest vera Son av Magnus Erlingsson. Sverre hadde fenget honom fastsett i eit Steintaarn i Sverike; men Erling gjorde Tog av Klædom sine og for med di ned av Taarnet; daa tok han ein leid Støyt i Veggen, so han vardt skakk i den eine Foten og fekk av di Auknamnet Stein-vegg. Sidan sende Sverre nokre Birkebeinar etter honom, og dei draapo honom. Lika væl livde ein Erling Steinvegg sidan, men det var visst berre ein annan Ljugar. Daa

denne Erling spurde Fraafallet hans Haakon Sverresson, so samnade han aat seg mange Baglar, og den svikfulle Reidar Sendemann og mange andre, som hatade Sverres Ætti, gaavo seg i Lag med honom; og han bad Danakonungen Valdemar Valdemarsson um Hjelp fyre det, som dei vaaro i Skyldskap med kvarannan. Denne Danakonungen vilde og likasom dei fyrre fremja Ufred og Mord i Noreg, han lovade Erling Hjelp, so framt han bar Jarnbyrd paa di, at han var Son av Magnus Konung; fyredi Folk maatte ellerst tykkja, at det var ovstor Skam fyre ein Konung aat gjera Lag med ein Stor-Ljugar. Erling Steinvegg bad Nils Biskop um Hjelp til Jarnbyrdi. Biskopen var lika svikfull endaa; men daa starvade han med aat faa Systersonen sin, Filip Simunson, teken til Baglakonung. Sidan fann han det, at Baglarne vilde helder hava Erling Steinvegg; daa svarade han honom Erling so: „Du fær ingi Hjelp av Aalmugen, so framt inkje eg hjelper Deg og tel Bønderne til Deg. Det veit eg og, at lukkast inkje Jarnbyrdi fyre Deg, so drep Danakonungen Deg. Eg veit og fulla væl, kvor myket sann Di Konga-Ætt er. Men det skal Du vita, at eg kann lika væl gjeva Jarnbyrdi den Vendingi, som eg vil. Vil no Du gjera etter mit Ynskje, at Du gjerer Filip til Jarl, so skal eg hjelpa Deg baade med Jarnbyrdi og i andre Maatar det meste, eg kann." Erling fann det, at Nils hadde mest all Konungdomen hans i si Hand, og han laut berre samtykkja Biskopens Vilje. Daa kom Danakonungen til Noreg med 3 Hundrad Skip; Erling bar Jarnbyrd og vardt teken paa Haugating til Konung, og Filip vardt Jarl. Danakonungen gav honom 35 Skip, og so siglde han heim atter, han var inkje hugad til aat møta Birkebeinarne. Soleides hadde daa Bagla-Flokken reist seg upp atter, og Erling fekk mange Høvdingar og myken Mannstyrke med seg. Birkebeinarne luto fara ut or Viki; men Haakon Jarl Galen samnade Herstyrke i Trondheim.

Gudtorm Konung var daa med Haakon Jarl. Men snart vardt han sjuk av ein hard Svide um all Kroppen. Birkebeinarne vordo hugsjuke fyre den litle Konungen sin, og dei spurde honom, naar han kjende Sviden fyrst. Han svarade, at den svenske Kona (det var Kristina) hadde smurt paa honom nokot, og daa kom Sviden. Strakst etter di do Gudtorm Konung Sigurdsson, fyrr en han hadde havt

Konungs Tigni eit Aar. Folk kunde vita, at Haakon Galen hadde havt Vækja si, Jomfru Kristina, til aat smyrja Eiter paa Konungen og drepa honom; fyredi daa hadde Haakon Von til aat verda Konung. Men dei kunde inkje ressa den velduge Mannen.

Haakon Galen hadde gjølt so med Høvdingarne, at dei vilde hava honom til Konung; men han hadde inkje Eirik Erkebiskop til sin Ven. Det var Konga-Val paa Øyrating i Trondheim, og der vardo dei nemnde desse Høvdingarne: Inge Baardsson, Haakon Jarl, Sigurd Baardsson, Roar Kongsfrende og Peter Støyper. Bønderne toko Inge Baardsson av Rein til Konung, og Erkebiskopen samtykte det Valet. Men Høvdingarne og Haakon Jarl gjorde myken Ustyr um det, at inkje Haakon vardt Konung, som var so dugleg Herstyrar. Daa ottadest dei andre fyre, at Haakon Galen kunde snart gjera eit galet Verk og valda Ufred; di fyre luto dei nøgja Jarlen med di, at han fekk vera Høvding fyre Herstyrken og hava Helvti av Konungens Innkoma; sidan vardt han gift med Kristina. Medan detta bar til, so foro Baglarne til Bergen; men der funno dei Dagfinn Bonde atter. Baglarne skuto paa Birkebeinarne i Sverresborg; daa sagde Erling Steinvegg: „Aa nei, skjote inkje paa Borgmennerne! dei ero mine Menner.“ (Han tenkte aat lokka Birkebeinarne aat seg med di). Men snart rende Dagfinn og Flokken hans ned av Borgi og gaavo Baglarne eit dygdugt Skadahogg, so Erling fekk sjaa væl, um dei vaaro hans Menner. Sidan raako Birkebeinarne deim vida um i Landet og gjorde deim Skade.

I Viki var daa fødd ein sann Son av Haakon Konung Sverresson. Denne Guten heitte Haakon, og han vardt eingong den hævaste Konung i Noreg. Moder hans heitte Inga, og ho var paa Garden Folkesberg i Borgarsysla[1], daa ho fødde honom, strakst etter at Haakon Konung var fraafallen. Det visste ingen av denne Kongssonen andre en Trond Prest, som døypte honom og hadde Kona si og tvo Søner til Fadderar aat honom, og ein Bonde, Erlend paa Husaby; alle desse hadde Godvilje til Ættingarne etter Sverre, og Presten hadde Barnet i Løynd med seg. Men daa Baglarne komo atter til Viki, so var det Faare fyre,

---

1) Borgarsysla er austan fyre Oslofjorden.

at dei kunde med einkvart Tilfelle faa ei liti Njosn um Kongssonen. Difyre vilde Erlend og Trond helder fara til Nidaros med Barnet og Moderi; og dei komo til Hamar um Jolakvelden. Biskopen der heldt med Baglarne; han fekk ei liti Spurn av desse Ferdamennerne, og han bad Inga med Barnet heim til seg i Helgi. Men Erlend og Trond skynade, at detta inkje var fyre godo; og dei svarade, at dei turvte aat kvila seg litet fyrst; Tridjedagen skulde dei koma; men dei foro um Joladags Kvelden upp etter Mjøsi med Barnet, og dei baado aat seg dei Birkebeinarne, som der vaaro. So foro dei upp etter Dystredalen og til Fjells; daa kom det slikt Snjo-vedr yver deim, at dei kunde inkje finna Leidi; men tvo gode Skido-Rennarar, Torstein Skeva og Skervald Skrukka, toko Barnet og struko avstad yver Fjell og Dal. Seint funno dei daa liti Livd i ei Løda; men so hadde dei inkje annat en brædd Snjo aat gjeva Barnet, det var no inkje Barnamat, men daa slik Kost, som Birkebeinarne hadde stundom gripet til fyrr. Sidan kom Fylgjet etter, og mange Birkebeinar og Bønder komo til deim og gav deim baade Kost og Hesta-Skjot. Hamar-Biskopen hadde sendt Bod til Baglarne, og 8 Høvdingar med kvar sin Flokk vaaro ute og leitade, men det var for seint. Daa Ferdalaget kom ned i Gauldalen, so strøymde det til so myket Folk, som vilde fylgja Kongssonen, at det kom ei ugreid Tidend til Byen, um at ein stor Mannfjølde ferdadest ned etter Dalen, so Inge Konung laut senda ridande Njosnarmenner upp etter, og sjølv for han etter med all sin Her, til dess Njosnarmennerne komo atter med greid Tidind. Daa vardt han glad, og han tok sjølv Barnet og takkade Gud og bad Konungssonen vælkomen til seg og til Birkebeinarne.

Baglarne bygde Skip i Viki og drog aat seg all den Styrken, dei kunde faa; sidan for Erling Steinvegg nord etter med 18 Skip og vilde til Bergen. Men han fekk vita, at Haakon Jarl var der med ein Birkebeina-Her; daa for han til Trondheim, og det vardt ei Uheppa fyre Birkebeinarne. Erling Steinvegg fekk den Tidend paa Vegen, at Torgrim av Ljaaneß skulde hava Brudlaup i Nidaros med Syster til Inge Konung. Daa toko Baglarne den Raadi, at dei skulde fara uventande yver Inge Konung. Haakon Jarl hadde sendt try Brev paa ymse Veger til Nidaros med Tidend um, at Baglarne vaaro ventande der, og det eine

Brevet kom fram fyrste Brudlaups-Kvelden. Daa vilde Inge Konung kalla saman all Mannstyrken med Ludr-Blaaster; men Brudgumen bad Konungen myket, at han maatte inkje brjota av Gleda deira, som dei daa hadde nyst byrjat, han meinte, at Baglarne torde inkje koma til Byen, naar dei spurde, at det var so myket Folk der; han vilde og lata Huskarlarne sine halda Vard um Natti. Daa vardt Konungen og alle sitjande med Drykken; sidan gingo dei og lagde seg, og det gjorde og Huskarlarne hans Torgrim, dei brydde seg inkje med aat vaka meir en andre. Daa dei laago alle i den fastaste Sømn og Orsla um Natti, so komo Baglarne til Byen, og dei gingo igjenom Gatorna og draapo Folket, som dei møtte. Fyrst daa Stormklokka ljomade, so vaknade Birkebeinarne, men dei vunnost inkje med aat samnast i Fylking til nokor sterk Mottaka. Brudgumen kom seg burt med Naud, men miste Huskarlarne sine. Konungen laut kliva upp paa Taket og liggja der, til Baglarne hadde gjenget um Huset; sidan kom han seg daa ned til Elvi i berre Underklædom og sumde yver; men han fall ned paa andre Breiddi og var dæst av Møda og Kalde, fyredi det var ei kald Vaarnatt. Daa kom ein av Mennerne hans, som heitte Ivar Fljodokoll, og Konungen bad honum um Hjelp. „Ein lyt væl berga seg sjølv fyrst," sagde Ivar, og so gjekk han. Men sidan kom ein av dei rette Birkebeinarne, som heitte Reidulv Gudtormsson, og daa han saag Konungen, so sagde han: „Er det De, Herre?" „Ja, so kallade De Birkebeinarne meg i Gaar," svarade Konungen. „Det er De i Dag og, sagde Reidulv, og skal vera det jamnan, um Gud vil, medan me liva baade saman!" Og han tok av seg nokre Klæde og drog paa Konungen og bar honom upp paa ein Gard, der som han kunde vera i Trygd. Ivar var ulik dei andre Birkebeinarne, fyredi dei vaaro jamnan true imot Konungen sin; difyre fekk han, som ventande var, berre Skam; men Reidulv fekk godt Lov fyre Hollskapen sin. Inge Konung samnade Her i Gauldalen og rak Baglarne ut or Byen; men dei struko av med Birkebeina-Skipi og ovlega stort Herfang, berre av eit Slag 3 Hundrad Ringbrynjor og Brynjo-Brøker, og det fall Verd fyre 3 elder 4 Merker Sylv paa kvar Mann av dei 16 Hundrad Baglarne. Detta var ein tung Skade fyre Birkebeinarne. Daa Haakon Galen fekk Tidend um detta, so brann Hevndi

i Bringa hans, og han fann Baglarne sidan i Bergen. Birkebeinarne vaaro i Borgi. Daa ropade Baglarne so til deim: „Er han komen no den vonde Hunden Dykkar?" „Jarlen vaar er komen, svarade dei, og han vil snart vitja Dykker." Baglarne: „Kann vera, at De hava nauver Kost i Borgi. Kome ned til oss, fyredi me hava Nøgdi av alle Ting!" Birkebeinarne: „Lenge skulo De inkje venta; me tenkja visst aat koma til Døgurds med Dykker i Dag." Jarlen gjorde eit hardt Utrenn, Baglarne fekk Skadahogg, og dei flydde. Erling Steinvegg hadde teket med seg Ludr-Sveinen hans Inge, Torfinn, med Sverres Ludren Andvaka, og no bad han Torfinn blaasa, so Baglarne skulde bida og fylkja seg imot Birkebeinarne atter. Daa letst Torfinn blaasa, men no kunde han daa inkje faa nokon Ljod av Ludren, sagde han; men sidan rømde han yver til Birkebeinarne; og daa bles han i Andvaka, so det dunde igjenom Byen. Men daa hadde Erling Steinvegg snart balat ifraa seg; han do strakst ettter. Daa talde Nils Biskop Arnason fyre Baglarne, so dei toko Jarlen deira, Filip Simunsson, til Konung. Ein av dei duglegaste Bagla-Høvdingarne daa var Arnbjørn Jonsson. Sidan møttest Birkebeinarne og Baglarne i Tunsberg. Baade Herarne vaaro myket mannsterke, og der fekk Filip syna eit Prov av Dugen sin: Strakst Fylkingarne hadde rent saman i Bardage, so snudde Bagla-Konungen seg paa Flotte; daa rende Baglarne etter, og Birkebeinarne gjorde hardla stort Manntyne paa deim. Inge Konung tok Bagla-Skipi og alt Godset deira, so dei vordo væl reinskade. Likavæl flakkade dei til Bergen og reiv ned Sverresborgi og handtoko Haakon Kongsson og Kristina Sverresdotter; Filip for myket vensamt med henne og leidde henne sjølv blidlega til Herberget. Reidar Sendemann tenkte endaa paa aat gjera Haakon til Baglakonung, so vilde dei gamle Birkebeinarne fylgja honom fyre Sverres Skuld, og daa maatte Baglarne verda det sterkaste Laget; men dei torde daa inkje fremja denne Raadi. Sidan gav Filip laus baade Haakon og Kristina, endaa han kunde væl nøydt av Birkebeinarne nokot Gagn aat seg i Utløysing fyre deim. — Sidan hadde Haakon Jarl jamnan Kongssonen med seg. Dei gamle Birkebeinarne vaaro myket kjære fyre honom og kallade honom Kongsemnet sit, endaa Inge Konung og Jarlen kunde inkje

lika detta so væl. Dei sagde, at Kongsemnet deira voks so seint, og dei toko honom stundom fyre Trøyskap og drogo i honom, og letst tøygja honom ut lenger.

Nils Bisskop hadde fenget Syn fyre di, at Baglarne kunde inkje halda seg imot Birkebeinarne og minst med ein slik Herstyrar som Filip imot den stridsnarpe Kappen han Haakon Galen Jarl. Difyre tykte han Nils, at det var likast, um Baglarne fingo slik Sætt med Birkebeinarne, som dei kunde vera nokorleides hjelpne med, fyrr en dei misste alt Valdet sit. Daa for Tore Erkebisskop og Nils Arnason imillom Birkebeinarne og Baglarne og det vardt eit Møte paa Kvitingsøy (Aar 1208). Der gjorde dei slik Sætt, at Filip skulde gjeva upp Konungs Namnet og nøgjast med det Høvdings-Namn, som Inge Konung vilde gjeva honom. Han skulde faa Kristina Sverresdotter til Kona, og i Heimangaava med henne skulde han faa Viki og Upplandet fyre seg og Baglarne; men so skulde dei tena Konungen med slik Herstyrke, som han baud. Daa Sætti var vedteki, so spurde Baglarne, kvat Høvdings-Namn Inge Konung vilde unna Filip, Herren deira. „Det skal no fyre det fyrste vera Namnet Dit, at Du kallast — Filip," svarade Inge. Med denne Semja var no denne verste Ufreds-Flokken stillt i Fred. Aaret etter hadde Filip Brudlaup med henne Kristina Kongsdotter. — Birkebeinarne og Baglarne vandest saman nokot um Senn.

Paa denne Tidi vaaro Birkebeinarne usamde seg imillom. Haakon Galen bar Ovund mot Inge Broder sin, fyre di han helder skulde vera Konung. Inge Konung var og sjukvoren, sidan han sumde yver Nidar-Elvi, det hadde og Haakon til aat skjota paa. Han lokkade mange av Høvdingarne til aat halda med seg, og han bad deim endaa um, at dei skulde gjeva honom Konungs Namn. „Inge Broder min skal eg væl faa til aat tola det," sagde han. Men daa Inge Konung fekk vita det, so hadde han Raadstemna med Høvdingarne sine og sagde deim Raadlaget hans Haakon Galen. „Men det skal De vita alle, sagde han, at medan Gud unner meg Livet, so vil eg inkje lata nokon kallast Konung i Noreg utan eg sjølv eine, so framt De vilja halda Eiden Dykkar og fylgja meg trutt." Daa skynade Jarlen, at det nytte honom inkje aat starva etter Kongsnamn, medan Inge livde; men han vilde daa hava Von til aat verda Konung etter Broder sin. Haakon hadde no og gjort Bisparne til

sine Vener; og Inge Konung vardt nøydd til aat gjera slik Sætt med honom paa Dyrating (Aar 1213), at Haakon Jarl skulde vera Konung etter Inge, um han livde etter honom, og etter Dauden deira baade, skulde dei adalborne [1] Sønerne deira vera Konungar. Haakon Galen hadde no glad Von til aat verda Konung eingong, fyredi Inge kunde daa væl inkje liva so lenge som han, meinte han, so sjukvoren som Inge var, og so hadde no Haakon stellt det so, at sidan skulde berre hans Son, som heitte Knut, verda Konung; fyredi Inges Son Gudtorm var inkje adalboren. Men den Herre Jarlen misreiknade seg ein liten Grand; men ingen vilde lasta Haakon Galen, so framt han inkje galnare hadde gjort en det. — Det rette Kongsemnet, Kongssonen Haakon Haakonsson, var etter denne Sætti utlukt med den største Urett ifraa Konungdomen; og dei gamle Birkebeinarne vaaro illnøgde med di, at dei vilde rana Arven ifraa Sverres Sonarson. Mest forharmad var ein, som heitte Helge Kvasse, han hadde Haakon myket kjær. Um Kvelden, daa Sætti var gjord, so kom Guten til Helge, so som han var van; Helge vilde røyna Hugen hans, og han skuvade honom veg og sagde: „Gakk ifraa meg, Gut! Eg bryr meg inkje stort um Deg no; fyredi i Dag hava Konungen og Jarlen dømt ifraa Deg Faderarven Din." „Ver inkje vreid fyre det Du, Helge min! sagde Haakon, det er uvisst um denne Domen deira stend med Lag; fyredi min Verjemann var inkje med og samtykte Domen fyre meg." Helge: So, hever Du nokon Verjemann, kven er Din Verjemann?" Haakon svarade so: „Gud er min Verjemann, og i hans Vald hever eg gjevet all Saki mi; han vil visst skifta so, at eg og fær min Lut." Daa var Helge inkje sein til aat taka Haakon i Fanget, og han sagde: „Heil Deg, Konungsson, fyre dei Ordi, Du der talade!" Daa var Haakon 8 Aar gamal. Fyrr hadde baade Konungen og Jarlen sagt, at dei saato i Faderarven til Haakon.

Haakon Jarl var inkje kallad „Galen" fyre inkje. Ataat dei Styrverk, han hadde gjort fyrr, so freistade han og aat drepa Inge Konung, Broder sin; men det lukkadest inkje fyre honom. Inkje fekk han verda Konung helder, fyredi Dau-

---

1) Adalborne vaaro dei Borni, som ein gift Mann hadde med Kona si.

den kom aat honom forsnøgt (Aar 1215), medan Inge livde. Inge Konung var jamnast sjuk. Skule Baardsson av Rein, Broder hans, raadde mest med Lands-Stjorni, og han fekk og Jarls Namn. Skule var ein hardla æregirug og missnøgjen Mann; han starvade mykjet etter aat verda Konung etter Inge. — Dei gamle Birkebeinarne baado Inge, at han maatte gjeva Haakon Kongsson ein Lut av Landet, so han kunde hava nokot aat sjaa Frendarne og Venerne sine til godo med. Men Inge sagde nei. Daa var det sume, som eggjade Haakon til aat taka med Vald det, som han hadde Rett til, og inkje kunde faa med Lempa. Men han svarade, at han vilde inkje, at nokor Uppreisning elder Ufred skulde gjerast i Noreg fyre hans Skuld. — Inge Konung Baardsson do i Aaret 1217.

20. Haakon Haakonsson (hin Gamle).

Daa Inge Konung var daaen, so vilde Venerne hans Skule Jarl hava Skule til Konung elder og Gudtorm Ingason, som var Barn endaa, so Skule kunde faa hava Lands-Stjorni lika væl. Men dei gamle Birkebeinarne, som hadde tenat Sverre, vilde ingen annan hava en hans Sonarson Haakon Haakonsson. Skule hadde Erkebiskopen og Prestarne paa si Sida, og dei hjelpte honom til aat gjera allskyns Svikkrokar, so han skulde faa Tid til aat vinna fleire Vener og meir Styrke. Men Gamlekarlarne gaavo honom ingi lang Tid, dei hadde Hyrdstemna i Nidaros og nøydde Jarlen til aat hava Haakon i Høgsætet med seg og kalla honom Konung. Men Jarlen sagde, at det var mange, som tvilade, um Haakon var Konungs Son. Daa minte Birkebeinarne um det, som Inge Konung og Haakon Jarl hadde sagt, at dei saato i Haakon sin Arv. Lika væl gjorde Prestarne Krokar og Mein til, aat hefta Haakon ifraa aat verda teken til Konung. Daa saago Gamlekapparne, at dei luto til aat gjera full Grein. Dagfinn Bonde var Stallare og Lagmann i Gulatinglaget, han stemnde Gulating og fekk Brev samtykt um, at Trønderne skulde strakst gjeva Haakon Konungs Namn; og daa Dagfinn kom med detta Brevet, so sagde han og dei gamle Lagsmennerne hans, at vardt det lengre Hefte daa, so vilde dei fara til Bergen med Haakon og taka honom der til

Konung. Daa vardt det stemnt Dyrating, og Bønderne møtte fjølgmennt. Det var Sed, at Heilag-Olavs Skrinet vardt boret ned paa Dyratinget, naar ein skulde faa Konungs Namn, og at han lagde Handi paa Skrinet, naar han svor Eiden; men Prestarne hadde stengt Kristkyrkja og lyst Bann yver deim, som rørde Skrinet. Men Birkebeinarne og Bønderne toko Haakon til Konung likavæl og dømde til honom Land og Folk um alt Noregs Rike. Soleides fekk Haakon sin rette Lut, so som han hadde sjølv vonat. Daa var Haakon 13 Aar gamal; men han var uppvaksen imillom baade godt og vondt Folk, so han hadde lært aat bruka Vit og Klokskap, og det var godt aat finna, daa han var komen i Lag med den svikfulle Skule, som vilde berre seg sjølv væl men Haakon illa. Haakon Konung var ein blid Mann, men fyndug og fast i Vilje og Ord, han var kristenlynd og djupvitug og maalsnild, inkje ulik Sverre. Han vann snart Folksens Godvilje, og han var sidan halden fyre den største Konung i Noreg i Heider og Velde.

Konungen og Skule Jarl siglde sud med Landet. Skule for jamnan fram med Svik; og det var nær ved di, at det skulde vordet full Fiendskap med deim i Bergen. Men daa vardt det sett Gulating der og talat um Sætt, og Sætti vardt so, at Jarlen skulde hava tridje Luten av alt Riket, endaa han var inkje verd, men han var inkje nøgd med mindre.

Paa denne Tidi do Baglakonungen Filip Simunsson. Daa skundade Konungen og Jarlen seg til Viki med stor Mannstyrke og freistade aat skilja sundt Baglalaget; men endaa fekk inkje Konungen lokka Baglarne fulla aat seg.

Daa samnadest ein ny Ufredsflokk atter. Det vardt seint Ende paa Sona-Flokken etter Magnus Erlingsson: Ein Mann heitte Bene Skinnkniv, han hadde fyrst voret Spelmann og sidan Prest, di næst tykte han, at han var eit fullgjildt Kongsemne, og han sagdest vera Son etter Magnus Erlingsson, og samnade aat seg ein Flokk med Ransmenner og andre Fantar. Denne Flokken vardt kallad Slitungar, av di Klædi deira vaaro slitne i Larvar; dei foro yver Bygderna og ranade fyrste Taket, men sidan gingo mange Høvdingar i Lag med deim. Bene Skinnkniv freistade aat lokka aat seg Bagla-Høvdingen Arnbjørn Jonsson; men Arnbjørn svarade, at han var i ei liti Uvissa, um han Bene var Son av Magnus; vilde Bene koma til Oslo, so

skulde han finna Arnbjørn og Mennerne hans i det rette Laget. Slitungarne komo og fjølge til Oslo; men den Ferdi skrøytte dei inkje av; dei fingo eit Skadahogg av Baglarne; Bene kraup inn i Skogbyskjet, daa Bardagen byrjade. Sidan gjorde Slitungarne Skade der, som dei komost til. Men so gingo Birkebeinar og Baglar saman og gaavo Slitungarne so myket Hogg, at dei vordo spake eit langt Bil.

Daa var Konungen og Jarlen i Trondheim; men Erkebiskopen vilde inkje syna Haakon nokor Byrding, som han var Konungen skyldug. Detta var Jarlens Skuld; men den unge Konungen var inkje rædd fyre di, at han spurde Erkebiskopen, kvifyre han vilde inkje gjera honom den skyldugе Æra. Erkebiskopen svarade, at det var inkje rett visst, at Haakon var Kongsson. Daa sagde Konungen so: „Slike Motlegg kjem berre ifraa dei Mennerne, som vilja setja meg ned og draga ifraa meg Arven min.“ Jarlen stod der og tagde til di. Daa stemnde Konungen eit Møte i Bergen, so dennne Saki kunde greidast. Paa det Møtet (Aar 1219) kravde Jarlsmennerne det, at Inga Kongs-Moder skulde bera heitt Jarn paa di, at Haakon var Son av Haakon Sverresson. Dagfinn Bonde sagde, at det var rettast, at dei baaro kaldt Jarn imot Konungens Uvener; men Konungen let Moder si bera Jarnbyrd lika væl; og daa lyste Erkebiskopen Bann yver den, som sidan vilde ytra Tvivl um Konungens Ætt. Der gjorde Erkebiskopen ei sløg Snuing; han saag det, at det nytte inkje meir aat bægja imot Konungen og dei gamle Kapparne hans, og inkje vilde han gjera Jarlen til sin Uven helder, men so nøytte han Jarnbyrdi og Bannlysingi til aat koma yver paa Konungens Sida, utan at Jarlen kunde tykkja nokot paa di, fyredi alle meinte, at Erkebiskopen gjorde berre rett med Bannlysingi, naar Jarnbyrdi var gjengi væl fram.

Sidan for Konungen og Jarlen til Viki med Herstyrke og skulde hjelpa Birkebeinarne der og Baglarne til aat kuga Slitungarne; fyredi dei hadde dreget aat seg so mange Illgjerdamenner, at dei vunno gjera myken Skade med Ran og Herjing. Nils Biskop var i Lag med deim. Konungen vilde fara mot deim i Oslo; men Biskopen gjorde so, at han fekk rang Tidend um Slitungarne, og med di fingo dei Tid til aat koma seg burt. Men daa Konungen kom til Oslo, letst Biskopen vera hans beste Ven. Mange Baglar komo til Konungen i

Oslo og feste seg i Tenesta hans, og han sende Brev til dei andre og lokkade deim aat seg. Den hævaste Baglahovdingen Arnbjørn Jonsson gjekk i Konungens Tenesta med alle Mennerne sine, og dei gaavo upp Bagla-Ramnet. Soleides fekk Haakon Konung skilt fullkomlega detta Baglalaget, som den vonde Niels Biskop og andre illtenkjande Menner hadde brukat i 22 Aar til aat fremja illa og æregiruga Raader til Skade aat Fedralandet.

Medan Konungen og Jarlen var i Oslo, so var det nær ved di, at det skulde vordet full Fiendskap imillom deim. Konungens Morbroder Gunnar for i Fylla og hogg mest Handi av ein Jarlsmann. Jarlen kom daa reint i Styrløypsa og bad Mennerne sine taka til Vaapni. Sume av Jarlsmennerne sagde, at dei skulde drepa baade Konungen og Mennerne hans; men andre sagde daa, at det var alt for stor Hevnd fyre ei Hand, og Konungen var saklaus. Dei gamle Birkebeinarne gjorde Manngard kringum Konungen og meinte so, at han skulde nog vera trygg fyre nokot Mein. Daa saag Jarlen ingi Raad til aat gjera nokot Storverk; men han gav daa honom Vegard av Veradal, ein av Konungens beste Studnadsmenner, ei Skraama i Andlitet, og slikt var haldet fyre ei stor Svivyrding den Tidi. Men Birkebeinarne med Konungen foro vitugt aat, og Dagfinn Bonde tingade Fred til næste Dagen, og daa vardt det gjort Sætt og Bøter gjevna fyre Meini. Med di det vardt ingen Ende paa Illska hans Skule imot Konungen, so gaavo Hovdingarne Konungen den Raadi, at han skulde gifta seg med Margreta, Dotter hans Skule, so maatte Skule elska honom som Son sin, meinte dei. Konungen tvilade um det; men han vilde freista alt, som kunde hjelpa til Fred, og han feste Jomfru Margreta. Med di vardt det Venskap millom Konungen og Jarlen eit Bil.

Ein Baglahovding heitte Gudolv av Blakkastad, han tykte, at Konungen hadde inkje sett honom høgt nog i Tenesta si; difyre vilde han finna seg ein ny Herre. Han for til Danmark og leitade upp ein Son av Erling Steinvegg, som heitte Sigurd Ribbung; og dei komo til Noreg og samnade ein stor Ufredsflokk, som vardt kallad Ribbungarne. Dei foro um med Ran og gaavo Kongsmennerne nog aat kjeppast med. Bene Skinnkniv og Slitungarne gjorde Lag med deim, so Sigurd skulde vera Konung, og

Bene skulde vera — Herstyrar. Konungen og Jarlen for imot deim med stor Herstyrke og slogo deim og raako deim til alla Leider; Bene Skinnkniv vardt handteken atmed Dyasjoen[1] og fekk Dauden, og Sigurd Ribbung fekk so stor Skade paa Flokken sin, at Nils Biskop raadde honom til aat søkja Sætt med Konungen. Sigurd meinte, at han skulde faa ein Tridjung av Riket og vilde endaa hava Dotter hans Skule Jarl til Kona. Jarlen sagde honom, at det vardt væl vandt aat faa desse Kosterne; men han gav honom Trygd, so han fekk fara til Konungen og tinga med honom. Med di gav Sigurd seg i Jarlens Vald.

Jarlen vardt inkje lenge god aat Konungen, endaa han skulde verda Verfader hans. Daa vilde Konungen lata Folket sjølv døma imillom deim. Han stemnde eit aalmennt Ting i Bergen; so der skulde det møta utvalde Menner ifraa alt Riket (Aar 1223). Der møtte Erkebiskopen og Biskoparne og mange Prestar, mange Lendermenner, Lagmenner, Syslomenner og dei vitugaste Odals-Bønder or kvart Fylke, og Konungen og Jarlen og Sigurd Ribbung var der; der skulde det avgjerast, kven som hadde Rett til aat vera Konung i Noreg. Møtet vardt haldet i Kongsgarden. Konungen byrjade Tinget med ei Tala og sagde fram Saki, som dei skulde tinga um, og bad kvar Mann kjenna og døma so, som rettast og sannast var. Di næst talade Erkebiskopen og reiknade upp dei Mennerne, som meinte aat hava Rett til Riket, det var Haakon Konung etter Fader sin, Skule Jarl etter Inge Broder sin, Gudtorm Ingason eiter Fader sin, Ungherre Knut Haakonsson etter Sætti millom Inge Konung og Haakon Galen, Sigurd Ribbung etter Fader sin (elder Lygni deira). Daa sagde Skule Jarl, at han var logleg Erving etter Inge Konung, Broder sin (daa og til Riket, meinte han). Konungen svarade, at Skule var visst Erving etter Inge til det, som Inge aatte med Rett, men inkje til Noregs Rike, som han hadde ingen Rett til, men styrde det berre fyre Haakon i Barndomen hans, so som Inge sjølv hadde sagt. Daa tok Jon Staal Ordet og skuldade nokre Lagmenner fyre det, at dei hadde lært Skule Jarl, at han var den rette Ervingen til Konungdomen, „eg meiner Ogmund Remba og Eystein Roason, som sitja der

---

1) Elder Dyeren austan fyre Oslo.

burt paa Benken." Men baade Lagmennerne sagde nei til detta. Arnbjørn sagde so um detta: „Hava Lagmennerne vaare sagt slikt, so maa Mjøden hava talat meir en Heilag-Olavs Logi, elder og kann goda Gaavor hava sett det i Hugen deira." Konungen kravde alle Lagmennerne til aat segja si Meining um Konga-Arven. Daa stod upp Gunnar Bonde Lagmann i Trondheim og sagde som so: „Det er eit vandt Verk, Herre Konung, som eg ein Bondason skal vinna, naar eg skal døma, kven av Dykker Hovdingar som hever Rett til Noregs Rike. Men eg vil lata Olavs Logi tala," — og etter henne dømde han so, at Haakon einast hadde Rett til Riket, og kvaarkje Skule Jarl elder nokon annan, kunde trætta ifraa honom den Retten. „Kvat det gjeld um Son hans Erling Steinvegg, so faa Vikværingarne segja fyre honom Logi." Lika eins dømde Dagfinn Bonde Gulatings Lagmann, at ingen av deim, som daa kravde Konungdomen, hadde Rett til di, utan berre Haakon Konung, „og det legg eg til, at eg vil gjerna berjast og lata Livet fyre honom, um det skulde turvast." Ogmund Remba dømde lika eins og ynskte, at det skulde skotet fram eit Horn i Skallen paa deim, som hadde gjevet verre Raad i denne Saki en Ogmund Remba; daa bar det væl til, um inkje detta Hornet vardt skapat som ei Biskops-Huva. (Biskoparne hadde gjevet verre Raad, meinte han). Dei andre Lagmennerne sagde same Domen, og han vardt samtykt av alt Tinget. Etter denne Domen lyste Erkebiskopen, at Haakon Konung var den einaste loglege Erving til Konungdomen i Noreg, og han talde daa fyre Konungen og Jarlen, at dei maatte vera Vener og halda den Sætti, som var imillom deim. Det same raadde Dagfinn Bonde og fleire til; og med di vardt Tinget slitet.

Strakst etter det do Gudtorm Erkebiskop, og Prestarne valde sin Mann i Staden, Konungen valde og sin Mann, Peter av Husastad[1]; baade Lagi skrivo til Paven um Valet, og Paven gjorde so, som Konungen vilde, og valde Peter.

Sigurd Ribbung fekk renna burt ifraa Jarlen i Nidaros, og han for til Vermaland og samnade Ribbungarne aat seg atter. Vermarne hjelpte deim med Folk og Bunad, og so foro dei til Noreg atter. Konungen for imot deim og

1) Husastad, i Hjørundfjords Prestgjeld paa Sunnmøre.

rak deim, og han gjorde og ei Herferd til Vermaland aat ressa Vermarne; han brende nokre Gardar fyre deim, so dei fingo væl angra, at dei hadde hjelpt Lands-Svikararne. Nils Biskop hjelpte jamnan Ribbungarne med Sløgdi si, so Birkebeinarne fingo inkje fullt Tak paa deim. Dei skilde seg i Smaaflokkar og gingo um paa Ran, og dei rende til Fjells, naar Birkebeinarne elder Bønderne foro imot deim, men dei fingo nokre Skadahogg lika væl.

Konungen hadde Brudlaup i Bergen med Margreta Skuladotter (1225); Veitsla var stor og gild og varade 5 Dagar.

Di næst for Jarlen ifraa Trondheim til Mjøsi og skulde byggja Skip der, og Konungen for Sjøvegen til Viki, og daa vilde dei kringganga Ribbungarne og freista aat øyda deim. Ribbungarne fingo Hogg; men sidan hadde Jarlen eit Stemnelag med Sigurd Ribbung, og dei talade lenge saman. Ingen fekk vita, kvat dei talade um; men etter det, som hende sidan, er det vonlegast, at dei vordo samde um det, at Jarlen skulde berga og liva Ribbungarne, det meste han kunde, og sidan skulde dei hjelpa Jarlen, naar han vilde gjera Uppstand imot Konungen. Jarlen hjelpte strakst Ribbungarne til di, at dei fingo tinga um Fred med Konungen, og med di fingo dei Tid til aat draga saman alle Skipi i Mjøsi, so inkje Birkebeinarne kunde naa deim ut paa Helgaøyi, der som dei heldo seg mest. Skule Jarl bygde Skip; men daa Konungen skulde bruka deim, so vaaro dei so grisne, at dei runno fulle. Daa hogg Jarlen deim sunder, og so for han atter til Trondheim utan aat nemna eit Ord um det til Konungen. Soleides spilte Jarlen med Sviken sin alt Starvet og Kostnaden, som Konungen hadde. — Konungen for til Oslo; daa laag Nils Biskop paa Sottarsengi, og daa tilstod han Illverki og Svikraaderne sine og bad Konungen um Tilgivnad; Konungen gav honom til alt saman. Denne store Syndaren dø i Aaret 1225. — Peter av Husastad vardt ein annan Mann imot Konungen, daa han vardt Erkebiskop; han og Jarlen vilde hjelpa Sigurd Ribbung til slik Sætt med Konungen, at Sigurd skulde faa ein Lut av Riket, og Erkebiskopen lovade endaa Bannlysing yver den, som inkje vilde gjera Sætt og Fred. Men Konungen sende Erkebiskopen eit Brev og bad honom berre gjera det, som var hans Embætte. „Gud skal styra Vaar Sak

men inkje Biskoparne skal det, alt medan Vaart Hovud er yver Jordi."

Konungen var i Bergen og budde ut Her imot Ribbungarne; daa kom ein Mann yver Fjellet og gav Konungen eit Runekjevle med den Tidendi, at Sigurd Ribbung var daaen, og at Knut Haakonsson vilda nog verda Hovding fyre Ribbungarne, um inkje Konungen kom snart der aust. Knut var i Gautland med Fru Kristina, Moder si. Konungen skreiv strakst til honom og gjorde honom godt Tilbod. Men lika væl for Knut med ein Flokk Gautar til Ribbungarne og vardt Hovding fyre deim, og dei gaavo honom Konungs Namn. Konungen og Birkebeinarne gaavo Ribbungarne store Skadahogg, so dei miste myket av Folk og Skip og Gods. Daa foro 12 Hundrad Bønder til Konungen i Oslo og vilde hjelpa honom imot Ribbungarne og lata til Helvti av Buse'et sit til Kost aat Heren, um han turvte det. Desse Bønderne fingo gode Ord av Konungen fyre Hollskapen sin. Sidan gjorde Konungen ein stor Mannskade paa Ribbungarne ved Vorma[1] paa Upplandet, so dei toko til aat ynskja Fred. Daa skreiv Konungen til Ribbungarne og baud deim Fred og god Tenesta, um dei vilde koma til honom. Daa kom og Erling Rumstav, ein av dei hævaste Ribbunga-Hovdingarne, og fleire til Konungen. Di næst kom Knut Haakonsson sjølv med stort Fylgje til Konungen i Oslo og gav seg i hans Vald. Daa hadde Haakon Konung med baade Alvora og Milda stillt denne Flokken, som i 8 Aar hadde haldet halve Landet i Ufred (1227).

Daa det no var Fred i Landet, so sende Konungen og Jarlen ein Herstyrke til Orknøyom og dei andre Oyom der vest, som jamnan hadde lydt under Noregsvelde, men hadde rivet seg undan i Samlendinga-Ufredens Tid. Jarlarne der paa Oyarne luto no kjenna Nordmanna-Konungen fyre Herre og gjeva Skatt lika som fyrr. Denne Ferdi gjorde so myket, at Noregs Namn vardt væl vyrdt der kringum i Utlandet.

Skule Jarl kunde slett inkje gjeva upp Tanken um aat verda Konung. Han fann paa allskyns Emne til Trætta og Kjekl med Konungen, og dei hadde fleire faafengde Sættar-Møte. I Aaret 1236 for Skule til Viki og lokkade aat

---

1) Eigenlega Varmaa, det er Elvi, som renn ut or Mjøsi ned i Glauma.

seg mange Høvdingar og Menner, so han fekk ein stor Flokk mest av dei fyrre Ribbungarne; denne Flokken hans Skule kalladest Varbelgar. Daa var det Syn fyre di, at Skule vilde gjera Uppstand imot Konungen og Landsens Log; men Erkebiskopen gjekk imillom deim, og Konungen vilde naudlega bera Vaapn imot Verfader sin, endaa han var væl verd den hardaste Refsing. Difyre vardt det endaa gjort ei Sætt i Bergen, og Konungen gav Skule Hertoga-Namn paa Dyrating. Men Skule Hertoge var det same Illmennet, som Skule Jarl hadde voret, han var lika illnøgd. Konungen stemnde honom til Bergen; men Skule let Varbelgarne gjeva seg Konungs Namn paa Dyrating, og tok til med full Fiendskap imot Konungen. Han sende ut Varbelga-Flokkar til aat drepa Kongsmennerne, og ein Flokk siglde til Bergen og skulde drepa Konungen; men dei fingo Motvind og komo fram for seint, og daa gaavo dei seg til aat hogga ned Kyr og Kalvar ifraa Konungens Vener. Konungen gav Knut Haakonsson Jarls Namn og sette honom og Arnbjørn Jonsson til aat verja Viki. Sjølv for Konungen til Trondheim, medan Hertogen for undan til Upplandet. Daa let Konungen gjeva Haakon Unge, Son sin, Konungs Namn. Di næst samnade han Her og trøyste Folket med di, at um ein Maanad vilde nog Saki deira faa ei god Vending. Knut Jarl og Arnbjørn med Birkebeinarne møtte Varbelgarne atmed Laaka paa Raumarike; men Skule vann Siger. Sidan for Skule til Oslo, og der kom og Konungen med Heren sin; og der vardt Bardage. Skule hadde stort Overevle; daa Fylkingarne gingo saman, so hogg han Sporarne i Hesten og vilde rida hardt fram imot Birkebeinarne, so Varbelgarne skulde fylgja honom lika eins; men Merkesmannen hans greip i Begslet og stadnade Hesten hans og sagde so: „Far varlega, og set oss inkje for hardt i Vaaden; fyredi Haakon Konung er her sjølv!" I fyrste Ridi av Bardagen miste Skule Modet reint midt i Illverket sit, og han snudde Hesten og flydde, og Varbelgarne fylgde honom; Birkebeinarne rende etter og gjorde ovlega stor Mannskade paa deim. Hertogen kom med faae Menner til Nidaros. Konungen sende Aasolv av Austraatt med nokre Skip etter honom, og dei komo myket snøgt til Trondheim. Skule fekk ingi Hjelp av Trønderne, han var myket vonlaus og laut fly yver Elvi og løyna seg med nokre

Menner i Helgesæter-Kloster[1]. Aakolv med Birkebeinarne komo etter der; daa gjorde Skule og det litle Fylgjet hans so hard Motstada, at Birkebeinarne saago ingi onnor Raad en aat brenna Klostret. Det forbaud Erkebiskopen; men Birkebeinarne svarade: „Naar det bur slike Menner i Klostret som desse, so ljota me visst brenna det." og so gjorde dei. Daa laut Skule ganga ned, og han sagde so til Birkebeinarne: „Hogg meg inkje i Andlitet, fyredi det sømer ein Høvding illa aat faa Saar der!" Skule Hertoge, den sidste Lands-Svikaren i denne Ufredar Tidi, vardt der drepen. (Aar 1240.)

Med Fallet hans Skule hadde Samlendinga-Ufreden Ende; daa hadde han stadet paa i væl hundrad Aar med nokre smaae Millombil, sidan Magnus Blinde og Harald Gille byrjade honom. Det kunde ventast, at ein slik lang og hard Ufred hadde talmat Vælferdi og Eigodomen og minkat Folka-Mengdi sterkt i Landet, helst i denne seinare Tidi, daa mest alt Landsfolket var skilt i tvau store Lag, som baaro Fiendskap imot kvarandre. Men Landsens Tilstand var daa tollega godt, og det kom mest av di, at det var goda Aarferder i Landet, og dei Herarne, som stridde, vaaro jamnast smaae i Samhøve med Folkamengdi; helder inkje var det brukat so skadsame Vaapn og gjort so stort Manntyne daa som i den nyare Tidi, og so vaaro og Sverre Konung og hans Ætmenner duglege til aat stydja og fremja Folksens Næring og Vælferd, lika so hadde Aalmugen frisk Hug til aat starva, so dei kunde vinna etter Skaden sin, naar Ufreden hadde herjat deim. Haakon Konung var Mannen, som baade vilde grøda Landsens Saar etter Ufreden og kunde gjera det; og det fylgde honom slik Hepna, at Noregs Rike vardt større baade i Velde og Vyrding, en det hever voret nokor Tid fyrr elder sidan.

Haakon Konung visste væl, at Kryningi gav Konungen meir Vyrding og Studnad i Folka-Meiningi den Tidi; di fyre vilde han og verda krynd likasom Sverre Farfader hans. Konungen hadde fenget eit vensamt Brev ifraa Paven, og han meinte, at Biskoparne vilde væl daa helst gjera Konungen sin nokot til Viljes; so spurde han deim, um dei

1) Helgesæter („Vollan") ligg nær øystre Elvar-Breidd atmed Byen.

vilde kryna honom. Men Biskoparne vilde inkje godt Verk gjera fyre Konungen, utan dei fingo mangfald Løn fyre det; dei svarade, at dei vilde kryna honom, so framt han vilde sverja slik Eid, som Magnus Erlingsson svor (at Heilag-Olav elder eigenlega Biskoparne skulde eiga Riket og hava Vald yver Konungen). Daa sagde Konungen til deim: „Inkje tarv Me so som Magnus Erlingsson aat kaupa Riket av Dykker, fyredi Me hever ervt det etter Federne Vaare. Difyre skulo de vita, at anten vil Me bera Kruna utan slike Koster, som De ingen Rett hava til aat krevja, elder og vil Me inkje hava henne paa Hovudet, medan Gud vil lata det so vera." Sidan gjorde Konungen av eit Sendelag til Paven, og Paven sende ein Kardinal til Noreg til aat kryna honom. Med di fekk Konungen større Heider, en um Erkebiskopen hadde krynt honom, og det vardt snøypplegt fyre Biskoparne, fyredi daa luto dei vera med, kvor motviljuge dei en vaaro. Konungen lagade Allting so til Kryningi, at ho skulde verda hardla storhæv. Kryningar-Møtet var i Bergen Aar 1247. Umfram Konungen og Vilhjalm Kardinal møtte der: Haakon Konung hin Unge, Sigurd Kongsson og Magnus Kongsson og Knut Jarl Haakonsson, Erkebiskopen og Biskoparne, mange andre Prestar og Klosterfeder, dei hævaste Lendermennerne, 5 Lagmenner, alle Hyrdmennerne, mange Syslomenner og nokre av dei gildaste Bønderne ifraa kvart Fylke. Det var so stor ein Mannsamnad, at der var inkje Rum nog i Kongsgarden; men Konungen hadde nyst latet byggja eit Skipsnaust, som var 90 Alner langt og 60 Alner breidt, og det vardt godt aat finna no; dei lagade det til som hævast og prydde det med litat Klæde utan paa og innan paa Veggjom og med gilde Benker med Silkje-Dynor, som vaaro utsaumde med Gull, og gilde Høgsæte vaaro uppsette der. Det var lagt ei Bru ifraa Kongsgarden til Kristkyrkja med Tak og Veggjer av raudt og grønt Klæde, so inkje den fagre og dyre Klædebunaden deira skulde vætast ut, um det vardt Regn. Fyrst um Morgonen Olavsvoko-Dagen (29 Juli) vardt det sunget Messa i alle Kyrkjom; di næst ljomade Ludren, og Aalmugen samnadest paa Kristkyrkjogarden. Paa baada Sidor av Vegen ifraa Kongsgarden til Kyrkja stodo Hyrdmenner med dregne Sverd; og Kryningar-Fylgjet gjekk til Kyrkja i slik Skipnad: Fyrst gingo mange Hyrdmenner tvo i Breidd, so gingo tvo Menner med tvau Merke, di næst

Skutelsveinar og Syslomenner, so Lendermenner med nakne Sverd, etter deim gingo 3 Lendermenner og baaro eit Bord paa Hovudi, som Kryningar-Klædi laago paa; so gjekk Sigurd Kongsson og Munan Biskopsson med tvo Riks-Stavar, paa ein Stav stod ein Gullkross og paa den andre ein Gullørn; di næst gjekk Haakon Konung hin Unge og bar Konungs-Kruna, og Knut Jarl bar Konungs-Sverdet. Sidst gjekk Haakon Konung sjølv og vardt leidd av Erkebiskopen og tvo Biskopar. Ut fyre Porten i Kongsgarden møtte Prestarne og fylgde so med. Kardinalen gjekk imot Konungen uppmed Kyrkja og leidde honom inn i Kyrkja og upp aat Høgaltaret. Fyrst vardt det daa sunget Messa, og so vardt Konungen smurd med Olje og krynd av Kardinalen med stor Heider. Etter Kryningi gjekk Fylgjet i same Laget ned i Veitsle-Stova (Raustet) og song Lovkvæde i Vegen. Konungen sette seg i Høgsætet paa den nordre Enden av Stova, paa høgre Sida aat honom sat Kardinalen, Erkebiskopen og dei andre Prestmennerne, paa vingstre Sida aat Konungen sat Drotningi og Fruerna, og etter deim saato Lendermenner og andre kvar etter si Byrding. Midt i Stova saato Konungen Haakon Unge, Knut Jarl og Sigurd og Magnus Kongssøner i kvar sit Høgsæte. I den attarste Helvti av Stova sat Konungs Hyrdi i tvo Rader. Sidan aato dei ved 13 Bord, endaa luto mange eta ute under Tjeld; den gildaste Mat var paa Bordi, og det beste Vin i Staupi. Etter Maaltidi gjorde Kardinalen ei kristeleg Tala og gav Nordmennerne godt Lov fyre deira gode Seder og takkade Gud, som hadde hjelpt honom til aat greida den store Ærendi hans, aat kryna Konungen. Sidan heilsade Konungen aat Høvdingarne og Bønderne og takkade deim fyre Møtet deira. I 3 Dagar stod Veitsla i same Stova og sidan var Veitsla i 5 Dagar i Kongsgarden aat dei hævaste Høvdingarne.

Det var og med det same som eit Storting i Bergen, so det vardt gjort nokre nye Skipnadar og Loger og Umbot paa ymse gamle Stell med Konungens og Kardinalens Tilraading. Kardinalen lagade det so, at Prestarne skulde faa raada seg sjølv meir, men Bønderne vordo og løyste ifraa nokra Tyngslor, som Prestarne hadde lagt paa. Det vardt Log i Riket, at J a r n b y r d skulde i n k j e v e r d a b r u k a t meir til Prov paa Sanning, men Vitne og Eid skulde vera

i Staden. Blodhevnd vardt forbodi, og hard Refsing sett fyre Draap. — Konungen lovade Paven, at han skulde gjera ei Krossferd, og han gav honom 15 Tusund Mark Sterling (yver hundrad og 20 Tusund Dalar), og Kardinalen fekk og stor Penga-Gaava, daa han for or Noreg til Sverike. Denne Kryningi maatte kosta ovlega mange Pengar. Nokre Utlendingar, som hadde voret i slike Møte fyrr, dei vaaro mykjet undersame yver all den Pryda og Hævskapen, som dei saago med denne Kryningi.

Haakon Konung hadde myki Umsut fyre det, at Folksens Næring og Vælferd skulde veksa, og i hans Dagar kom og Noregs Rike i sit største Vælstand. Konungens Kristenlynde verkade til di, at Kristendomen vardt væl vyrd og halden etter Trui den Tidi; Konungen let og byggja fleira Kyrkjor. Folksens Næring, so som Jordbruket og Kaupferdi, vardt større. Ein ny By vardt bygd, Marstrand i Viki. Konungen let gjera dei gamle Borgerna (Sverresborgerna i Trondheim og i Bergen og fleira) større og sterkare, og bygde fleira nya Borger til Landsens Vorn; ei stor Kongs-Hall[1] av Stein let han og byggja i Bergen. Det vardt og lagt betre Veger gjenom Landet. Haakon Konung heldt og paa og lagade til ei ny Logbok fyre alt Riket; men henne vann han inkje ferdug. — Daa var Riket so veldugt, at Konungen kunde gjerna bjoda ut ein Herstyrke paa 7 Hundrad Skip med 40 Tusund Mann, og umfram det var det endaa ein Landher og Konungens eigen Herstyrke. Denne store Herstyrken og Landsens Rikdom og Konungens Dygd og Dug gjorde so mykjet, at Noregs Rike kom i stor Vyrding hjaa dei andre Folkaslagom i Utlandet, og dei veldugaste Kongarne søkte Venskap med Nordmanna-Konungen. Han gjorde ei Semja um Kaupferdi med den engelske Konungen til Lette fyre norske Kaupmenner. — Paa den Tidi raadde ein dugleg Keisar i Tydskland, som heitte Fredrik den Andre, han hadde so mykjet Vit og Mod, at han vilde inkje hava Paven til Yvervalde yver seg, men han vilde styra Riket sit sjølv og inkje spyrja Paven. Difyre var Paven hardla vreid paa honom og vilde gjerna tugta honom elder taka Keisardomen ifraa honom. Men Paven hadde inkje so mykjet Velde, som han hadde Vilje til di. Daa freistade han

---

1) Ho stend enno paa Bergenhus Borgi.

aat faa andre Kongar til Hjelp imot Fredrik Keisar. Men Keisaren og søkte seg Hjelp, og han vende seg til Noregs Konung og gjorde Venskaps Lag med honom. Paven vilde gjerna hava Haakon Konung til Hjelparmann; di fyre synte han honom so stor Vensemd, og han baud endaa Haakon til, at han skulde faa den tydske Keisarkruna. Men Haakon Konung traadde inkje etter større Konungs Vald en det, som han hadde i sit Rike Noreg, so han kunde vera som ein Fader fyre sit eiget Folk, og han vilde helder inkje brjota det Venskaps Ordet, som han hadde gjevet Fredrik. Ludvig Konung hin Heilage i Frankrike bad Haakon Konung gjera Krossferd saman med seg, so skulde Haakon endaa faa vera Herstyrar yver baade den franske og den norske Herstyrken. Men Konungen saag inkje Gagn aat Noreg i ei Krossferd; difyre orsakade han seg sløglega baade fyre Ludvig Konung og Paven, so det vardt inkje av Krossferdi. — Ein Konung i Ryssland bidlade til Kristina, Dotter hans Haakon Konung, men fekk nei. Daa hadde Konungen i Spania betre Hepna, han bidlade til Kristina fyre Broder sin, og mange tykte, detta var eit heiderlegt Tilbod; difyre vardt det samtykt, og Kristina for til Spania med hardla stora Heimangaavor og eit hævt Fylgje. Den spanske Konungen batt og Venskapslag med Nordmanna-Konungen.

Med Sveakonungen hadde Haakon Konung ei liti Reikning aat gjera upp, fyredi Ribbungarne hadde fenget Fredland og Hjelp i Vermaland; men Svearne gjorde snart Sætt, og Haakon Konung hin Unge vardt gift med Dotter til Byrge Jarl, som styrde Sverike i den Tidi. — Danakonungarne hadde jamnan gjort Svik imot Noreg og hjelpt Landssvikararne og Ufredsflokkarne, so Nordmennerne skulde øyda Styrken sin imot kvarandre, til dess Danerne daa eingong kunde riva under seg Riket og gjera seg ei god Steik der. Dei hadde inkje fenget Steiki, men ymse Skadatak hadde dei fenget; likavæl meinte Haakon, at dei vaaro væl verde til aat bøta nokot fyre slik Fiendskap. Difyre siglde Konungen i Aaret 1257 til Danmark med 3 Hundrad store og gilde Skip. Danerne hadde ingen Hug til aat freista seg imot denne Styrken, og dei tingade um Sætt og Fred. Daa skulde kvar gjera upp Reikning yver den Skaden, han hadde fenget, og Haakon Konung let Danakonungen koma fram med si Reikning fyrst. Danerne hadde rett fenget stor Skade

paa Sjoferdi med; men dei tykte det var likast, at dei ingi Skada-Gjeld kravde. Haakon Konung var slikt Stormenne, at han vilde daa helder inkje krevja Skada-Gjeld, og soleides gjørde han ei Fredsætt med Danakonungen, som var Æra verd. Sidan vardt Magnus Kongsson gift med Ingebjørg, Dotter av Danakonungen; men Faderarven hennar vardt sidan eit langvarugt Emne til Ufred og Hernad imillom Rikjom.

Haakon Konung hadde lenge freistat aat leggja Island under Noregsveldet. Der hadde Ufred og Draap øydt Landet i lang Tid; Høvdingarne herjade og klembde ned Bønderne hardla, so mange Islendingar saago Frelse fyre Folket berre i di, um dei komo i Samfeste med Nordmennerne. Dei gaavo seg under Noreg sidan; men ein hæv Mann, som hadde med Saki aat gjera, sette Livet til fyrst. Det var Snorre Sturloson; han var ein rik og veldug Høvding paa Island, og det er han, som hever skrivet den gilde Boki med „Noregs Konunga Sagor," som fortelja um Tilburdarne i Noreg til Fallet hans Eystein Møyla i Bardagen paa Re. Snorre var i Noreg baade med Konungen og med Skule Jarl; daa gjorde Konungen honom til sin Lendermann, og so lovade han Konungen, at han skulde telja Islendingarne til aat ganga under honom. Men daa Snorre kom heim, so vilde han inkje halda denne Lovnaden aat skilja Fedralandet sit ved den Sjølvstada, som det hadde haldet med so lenge. Snorre heldt sidan med Skule Jarl i Striden imot Konungen; daa vardt Konungen vreid fyre det og skreiv Brev til Gissur Torvaldsson, som var Maagen til Snorre men laag med fleire Høvdingar i Strid med honom um Skiftes-Greidor, og Konungen bad Gissur um det, at han skulde senda Snorre, den utrue Lendermannen hans, til Noreg elder og drepa honom. Daa gjorde Gissur Lag med dei andre Uvenerne hans Snorre, og dei foro, 70 Mann sterke, til Røykjaholt, Borgi hans Snorre, og staalo Livet av honom (Aar 1241). Men Namnet Snorre Sturloson mun jamnan minnast med Heider fyre det gilde Verket Saga-Boki hans. Gissur og fleire Høvdingar tingade med Islendingarne um Samfestet, og i Aaret 1261 gaavo dei tri Fjordungarne av Landet seg under Nordmanna-Konungens Vald med det Skilmaalet, at Konungen skulde setja ein Islending til Jarl i Landet og hava Skatt av Islendingarne, men dei skulde hava si eigi Stjorn og dei Logerna, som dei

sjølve samtykte. Grønland gav seg og under Noreg, og den fjorde Fjordungen paa Island gjorde sidan lika so.

Konungen i Skotland, Alexander den Andre, vilde gjerna hava Suderøyarne til Riket sit. Han gjorde av Sendemenner til Haakon Konung og baud honom singlande Sylv fyre Øyarne. Men Konungen svarade, at endaa skortade honom inkje Sylv, so han fyredi skulde selja Arvalandi sine. Men i dei sidste Aari hans Haakon vilde Sonen Alexander den Tridje hertaka Øyarne, og han vann det, fyrren det kunde koma Herstyrke ifraa Noreg. Daa budde den gamle Konungen Haakon seg til Herferd endaa ein Gong til aat verja Landi sine. Daa var ingen annan av Sønerne hans i Live en Magnus, og han baud seg til aat vera Herstyrar, fyredi han var yngre til aat orka slikt Starv. Men Gamlingen tyktest vera betre van til Herverket, og han let Magnus vera heima og styra Riket; han hadde og fenget Konungs Namn. Sjølv siglde Haakon hin Gamle vest til Øyom med 2 Hundrad store Skip og rak Skottarne der ifraa; men so laut han og gjeva Skottarne so myket Hogg, at dei inkje snarlega skulde verda hugade til aat taka Øyarne andre Gongen. Det var han sterk nog til; men det leid for langt paa Hausten, so Hardvedret kom yver Nordmennerne paa Sjoen; det var so sterk Storm, at mange Skip drivo aat Land og knustradest imot Bergom. Daa var det ingi onnor Raad en aat bida til Vaaren, og Nordmennerne foro til Orknøyarne. Men Konungen livde inkje so lenge, at han fekk fullføra detta Verket til Born fyre Landi sine, han vardt liggjande sjuk i Byen Kyrkjevaag. Daa let han lesa av Bøker aat seg, der ibland Konunga Sagorna ifraa Halvdan Svarte og framleides um alle Noregs Kongarne. Etter Midnatt den 15 December 1263, vardt Konungen verre, Sverres Saga vardt daa nyst utlesi, og daa do Konungen. Han var 59 Aar gamal og hadde styrt Noreg i 46 Aar. Han vardt førd til Bergen og nedsett der i Kristkyrkja. Nordmennerne syrgde myket etter honom, fyredi der miste dei ein dugleg Konung og kjær Fader.

21. Magnus Lagabøter Haakonsson.

Magnus Haakonsson var Konung eine i alt Riket etter Fader sin. Magnus Konung var ein dugleg Mann i

annan Maate, men han hadde ov-stor Illhug til Herverk, han vilde fyre alt hava Fred og nøyta honom til Gagn aat Folket innanlands, som han og gjorde. Men i hans Tid turvtest det Herstrid, at inkje Landsens Byrding i Utlandet skulde spillast og andre Folk meina, at dei kunde gjera Nordmennerne Urett utan aat faa Hevnd fyre di, so som det og syntest snart. Med di veiknade og den mannelege Hugen, som Nordmennerne hadde til aat verja Landet og Fridomen sin. Magnus hadde ingen Hug til aat gjeva Skotlendingarne den Luten, som Haakon hadde ætlat deim, og som turvtest til Born fyre Oyarne. Han sende Askatin, Kantslaren (Skrivaren) sin, og Anders Nilsson Lendermann til Skotland aat gjera Sætt med Skottakonungen (Aar 1266). Sætti vardt so, at Skottakonungen skulde hava Suderøyarne og gjeva strakst 4 Tusund Merker Sylv fyre deim og sidan gjelda hundrad Merker kvart Aar til Nordmanna-Konungen; Biskopen paa Orknøy skulde taka imot Pengarne av Skottarne. Men Skottakonungen greidde inkje Kaup-Peningen rett, og Aars-Peningen skreiv han og snart sjølv i Gløymeboki, so Biskopen slapp no aat hava stort Starv med Reikningi; slikt fann Skottakonungen ingen Faare i, naar han ingi Aaminning fekk av Herstyrken or Noreg. — Paa den Tidi stridde tvo Kongssøner i Sverike um Riket der, Valdemar og Magnus Byrgessøner. Magnus Konung var Verbroder til Valdemar, og han vilde hjelpa honom, men det vardt inkje annat av di en nokre Sættar-Møte i Gauta-Elvi, som vordo mest berre faafengde. — Magnus Konung kravde Faderarven til Ingebjørg Drotning av Danakonungen; dei hadde Stemnelag i Gauta-Elvi, og Magnus Konung nøgdest med slik Sætt, at han skulde faa Arven sidan. Men Danerne lovade væl og heldo illa, fyredi Magnus vilde inkje stydja Krevjingi si med Spjots-Odden. — Karelarne, eit kvænskt Folk ifraa Finnland, foro i store Fjøldar inn yver Finnmarki og Helgaland og ranade og brende og draapo Lendermennerne. Men Magnus Konung sende inkje Herstyrke nordetter til aat halda Styr paa deim, dei saato i Landet hans og toko burt Skattarne ifraa honom i mange Aar. Med alt detta maatte Utlendingarne vyrda Noregs Konung og Folk mindre, en dei hadde gjort fyrr. — Paven bad Magnus mykjet, at han skulde gjera ei Krossferd;

men der fann han inkje rette Krossfaren, det var og gagnlegast fyre Riket, at det inkje vardt av slik Herferd.

Um inkje Magnus fremde Noregs Gagn og Æra med aat bruka Herstyrken med Hov, so nytte han daa Freden væl og gjorde hardla stort Gagn med di, at han bøtte Landsens Log og Rett. Konungen talade med Folket paa dei store Lagtingi, Frostatinget, Gulatinget, Eidsivatinget og Borgartinget, um Logi og sagde fraa, kvorleides han tykte, at sume Stykke turvte aat vera rettade og bøtte; daa fekk han Folksens Sämtykke til aat bøta Logerna so, som han fann det gagnlegast. Konungen hadde dei Mennerne med seg, som kunnugaste vaaro i Landsens Log og Rett, og med deira Hjelp fullførde han Logbøtingi. Det, som var ulikt i dei fjore Logerna, vardt gjort eins, so det vardt berre ei Log og eins Rett yver alt Riket, og Logi fekk mange gode Tillegg og Rettingar. I Aaret 1274 fekk Konungen Samtykke av Folket til den nye Logboki. Nordmanna-Folket for stødt etter det Ordtøket sit: „Med Log skal Landet byggjast;" difyre skynade Folket væl, kvor myket Gagn Konungen gjorde med det nye Logverket, og dei gaavo honom det Heiders-Namnet Lagabøter. Her stend eit Kapitel av Kristendoms-Bolken i Logi hans.

Um heit konungs.

viij. Nu af þvi[1] at konungr viti sik þvi heldr skyldugan log at halda ok um at bôta[2] við þegna sina þá[3] skal hann þessu iatta folke sinu með fullkomihni staðfestu þann tima sem hann er til konungs tekinn. Þvi iatta ek guði ok hans helgum monnum og þvi hans folki sem ek em overðugr ifir skipaðr at ek skal þau kristin log halda sem hinn helgi Olafr konungr hof ok hans rettir eptirkomendr hafa nu samþykt millum konungs ok þeirra er landit byggia með hvára tveggia samþykt ok með goðra manna ráðe ok um at bôta eptir þvi viti sem guð ler mer.

Um Konungens Lovnad.

8. Med di no at Konungen maa vita seg ogso skyldug til aat halda Logi og bøta um henne med Tegnarne sine, daa skal han lova Folket sit detta med fullkomi Stadfesta den Tid, som han er teken til Konung: „Det lovar eg Gud og dei heilage Mennerne hans og det Folket hans, som eg er skipad uverdug yver, — at eg skal halda dei kristne Logerna, som den heilage Olav Konung sette upp, og hans rette Ettermenner hava no samtykt millom Konungen og deim, som Landet byggja, med Samtykkje av deim baade og med Raad av gode Menner, og bøta um deim, etter

1) ſ les v i: af, hafa, ifir osv. þ var hard d (mest som t). 2) ð hadde Ljod som lang ó. 3) á er aa (i Logboki ofta skriven a).

En konungr er eigi at eins skyldugr at halda þenna eið við þá er þá eru á þingi hiá honum heldr við þá alla er i hans þegnskyldu eru alna ok uborna. — [1]

det Vitet, som Gud unner meg." Men Konungen er inkje einaste skyldug til aat halda denne Eiden imot deim, som daa ero paa Tinget hjaa honom, men og imot deim alle, som ero i Lydskylda aat honom, fødde og ufødde.

Den Bolken av Logi, som sette fast Konga-Arven, vardt daa umbrøytt soleides, at det skulde vera berre ein Konung i Senn, og den eldste adalborne Kongssonen var næste Ervingen til Konungdomen; dei andre Kongssønerne skulde faa Hertoga Namn elder Jarls Namn. Etter det kunde det ingen Strid verda um Konungdomen meir, naar berre ein Mann hadde Retten til honom. — Med den nye Hyrdskraai fingo Høvdingarne nye Byrdingar-Namn: Lendermennerne vordo kallade Baroner i Staden fyre Hersar, som dei kalladest fyrr i Tidi, og Hyrdmennerne nemndest Riddarar; baade Baronarne og Riddararne fingo og Namnet Herre, som berre Konung, Jarl elder Hertoge og Biskop hadde fyrr havt, (Herra konungr, herra biskop; sidan og: herra barun, herra riddare). Høvdingarne toko og til seg meir Vald yver Aalmugen; men det heldo dei inkje lenge med. — Magnus Konung gav og Islendingarne ei ny Logbok. Noregs Logi av Magnus galdt i 4 Hundrad Aar, til dess Logi av Kristian den Femte kom ut (Aar 1687).

Med denne Logsetningi drog Konungen aat seg meir Vald, og Folket hadde sidan mindre; fyredi det Samtykkjet, som Magnus Konung fekk av Aalmugen til aat setja Log denne Gongen, det nytte han og Konungarne etter honom sidan meir og meir til aat gjeva nya Loger elder Rettarbøter utan aat spyrja Folket um Samtykkje til deim. Folket vande seg av sidan meir og meir med aat mota fram paa Lagtingi, dei tyktest helder inkje turva det so myket daa som fyrr i Tidi; fyredi dei fingo og Dom i Sakerna deira av Lagmennerne paa Heimtingi, so dei nøyddest inkje so ofta aat fara til Lagtings. Men med di spillte Folket Tilføret sit til aat leggja sin Vilje med i Logi og Lands-Stjorni; og Hugen dovnade og Valdet veiknade hjaa Aalmugen til aat verja Fridomen sin. — At Konga-Veldet voks, og Folka-

1) Dette stend og i Hirdskraa.

Veldet minkade soleides, det vardt seinare til stor Skade fyre Nordmennerne.

Kongarne Sverre og Haakon Haakonsson hadde teket ifraa Prestarne det alt for store Valdet, som dei hadde rivet aat seg sjølve. Men Prestarne nøytte væl kvart eit Tilføre, som dei saago seg, til aat taka det atter; og dei gjorde ein hard Freistnad med Magnus Lagabøter. Daa var Erkebiskopen ein hard.a æregirug og einviljug Mann, heitte Jon Raude; han vilde hava same Vald og Serrett aat Prestarne, som Magnus Erlingsson hadde samtykt; og fekk han inkje det, so vilde han inkje samtykkja den nye Logi um Konga-Arven. Han sette seg og imot Kristen-Retten som Magnus gav, og gav sjølv ein Kristenrett etter sin eigen Hug. Magnus Konung freistade rett aat stadga Erkebiskopen; men han ottadest fyre, at Prestarne kunde taka til med nokot faarlegt Spel i Landet, som det var Døme nog paa i Samlendinga-Ufredsens Tid. Difyre gjorde han Sætt med deim i Bergen og siden i Tunsberg (Aar 1277). Prestarne kjende Logi um Konga-Arven gjeldande; men naar Konga-Ætti var avlidi, og ein Konung skulde verda vald av ei onnor Ætt so skulde Biskoparne hava mest aat raada fyre Valet. Prestarne skulde inkje standa under Landsens Log og Rett, dei skulde berre standa under Paven og verda dømde etter hans Log (den canoniske Retten); dei skulde sleppa Leidangs-Gjeld og onnor Utreidsla til Lands-Stjorni. Erkebiskopen skulde faa hava hundrad vaapnade Menner, og kvar Biskop fyrti. Med alt detta fingo Prestarne stort Vald til litet Gagn men myket Mein fyre Riket. Men endaa kom sidan ein Konung i Noreg, som kunde føra deim til betre Atterhald, so detta Valdet deira vardt kvaarkje varugt elder so stort, som Prestavaldet var i andre Land.

Paa denne Tidi gjorde dei tydske Sjo-Kaupstaderne Samlag imillom seg. Dette Laget kalladest Hansa; det vardt veldugt, og Hansamennerne brydde seg snart inkje um aat lyda Log og Rett i dei Landi, der som dei foro i Kaupferd. Dei fingo stor Sjølvraad av Magnus Konung, so dei drogo aat seg myken Kaupskap i Noreg; og Nordmennerne sjolve komo daa til aat ferdast mindre paa Havet i Kaupferd til framande Land.

Magnus Konung Lagabøter do i Aaret 1280; og

Nordmennerne syrgde myket etter honom, fyredi dei hadde set, kvor god Vilje han hadde til aat gagna deim.

22. Eirik Magnusson.

Tvo Søner livde etter Magnus Lagabøter, som heitte Eirik og Haakon. Eirik vardt Konung etter Fader sin, daa han var berre tolv Aar gamal, og Hakon vardt Hertoge. — Erkebiskopen Jon Raude vilde inkje kryna Eirik til Konung, utan han sjølv fekk endaa større Vald; han saag godt Tilføre til aat riva aat seg det no, daa Konungen var Barn. Eirik laut sverja den Eiden, at han skulde løysa av slika Loger, som stode imot Fridomen (Einviljen) deira Prestarne, og so krynte Erkebiskopen honom. Daa hadde Prestastandet so nær Vald yver baade Konungen og Logi; men det var god Hug i Eirik Konung sjølv, og han hadde duglege Raadgjevarar med seg, som hjelpte honom til aat skyna, kvat Raader Erkebiskopen for etter. Strakst Konungen og Raadgjevararne hans gaavo ut nokre Logbrev, so sagde Erkebiskopen, at dei stridde imot Fridomen aat Prestarne, og han var so full av Ovmetnad, at han gav ut Loger sjølv, som tverkade imot Konungens Loger. Konungen med Raadgjevararne forbaud Folket aat lyda Logerna ifraa Erkebiskopen. Men daa vardt Jon so raud, at han lyste Bann yver dei hævaste Kongs-Raadarne, Herre Baron Bjarne Erlingsson av Giske og Bjarkøy (av Arnunga-Ætti) og Herre Anders Plytt Riddar. Men daa spende han Jon Raude Bogen sin for hardt; Konungen og Raadarne hans rak Erkebiskopen og Biskoparne av Oslo og Hamar ut or Landet (Aar 1282). Jon Raude flakkade til Roma og vilde faa Hevnd av Paven yver Konungen; men Dauden sette aat honom so snart, at han vannst inkje med di. Paven sende Brev med Trugsler til Noreg; men med di slog han ingen Mann i Hel, og Konungen vardt inkje rædd av di. Sidan vardt det valt ein Mann, heitte Jørund, til Erkebiskop. Han kom i Usam og Kjekl med Prestarne; daa vardt det Konungen, som maatte stilla Ustyret, og Prestarne luto halda Maate. Erkebiskopen tok endaa mot Jarldom av Konungen, og det var Merke paa di, at han bøygde seg under Konungen, kvor rangt det var ellerst, at Presten var Landshovding. — Jon Raude vardt halden fyre eit Heilagmenne og kallad Jon hin

Heilage. — Eirik fekk i seinare Tider Namnet Prestahatar; men det var inkje sant Namn; fyredi han hatade inkje Prestarne, han hadde helder stort Godtykkje til deim.

Danakonungen hadde endaa inkje gjort Greida fyre Faderarven til Ingebjørg Drotning. Eirik Konung kravde honom; men Danerne vyrde det inkje. Difyre fingo dei Ufred med Nordmennerne; Eirik Konung gjorde mange Herferder til Danmark og herjade Gods; Danerne orkade inkje aat gjera sterk Motstada, og difyre fingo dei stor Skade. Herre Alv Erlingsson (Broder til Bjarne) var ein hardla dugleg Sjo-Hermann; han siglde um i Danmark og gjekk upp paa Strandi med Herstyrken sin og herjade og ranade paa gamal Vikinga-Vis, so at Namnet hans vardt ei Rædsla i Danmark og i dei danske Sundi og Fjordarne. Dei tydske Hansa-Mennerne hjelpte Danerne; difyre tok Eirik Konung ifraa deim nokre Skip i Noreg. Daa gjorde dei full Ufred med Noreg. So fingo dei og kjenna Alv, han tok ifraa deim mange Skip og gjorde deim stor Skade. Ein Gong sende dei ut inkje mindre en 30 Skip til aat taka honom; men medan dei laago og gjætte etter honom i Dyrasund, og meinte, at dei skulde hava honom der, so siglde han sud etter og herjade ein dansk By, og dei fingo inkje Fat paa honom. Det hadde set illa ut fyre Danmark, um inkje Eirik Konung hadde havt annat aat tenkja paa; men han fekk inkje Tid til aat driva Hernaden lenge, fyredi han hadde ei vigtug Sak aat fremja i Skotland. Difyre sende han inkje helder nokon stor Herstyrke imot Hansamennerne, endaa dei sende ut ein stor Skips-Flote og stengde Sjoen, so Nordmennerne fingo ingi Tilførsla av Korn; men han gjorde Fred med deim i Kalmar (1285) og gav deim nokor Skadabot. — Konungen lønade Alv med di, at han gjorde honom til Jarl. Men sidan var Alv uheppen, han drap ein Mann, og daa vardt Jarlen dømd utlæg og laut roma or Landet; so fast var daa Retten i Noreg fyre dei store som fyre dei smaae. Han løynde seg i eit Kloster i Sverike eit Bil; sidan for han i Viking i Danmark atter, daa kom det ein Gong stort Overevle aat honom, og han vardt handteken og førd fyre Agnes Drotning. Ho spottade honom fyre di, at han var so liten; men den uhepne Kappen svarade urædd so: „Kvor liten eg er, so liver Du daa aldri den Dag, at

Du føder slik ein Son." Daa slog Drotningi i Bordet og lovade honom ein pinsam Daude, og det fekk han.

Eirik Konung var gift med Margreta, Dotter av Konungen Aleksander den Tridje i Skotland, og ho var den einaste Erving til Riket i Skotland, av di Aleksander aatte inkje fleire Born. Ho do snart; men ho let etter seg ei Dotter med Eirik Konung; ho heitte og Margreta, og Aleksander sette henne til Erving etter seg. Etter Fraafallet hans Aleksander Konung sende Eirik henne Margreta yver til Skotland og gjorde den Semja med Edvard Konung i England, at ho skulde giftast med Son hans; men Margreta do paa denne Ferdi. Daa kravde Eirik Konung Riket i Skotland fyre seg sjolv i Arv etter Dotter si. Men det var fleire Krevjarar um Konungdomen der, og Edvard Konung vilde og gjera seg nokot Gagn av Umstødorna i Skotland, og talde fyre Skotlendingarne, so dei valde honom til Domar imillom Krevjararne, og han dømde Konungdomen til ein skotsk Hovding, som vilde kjenna honom fyre Yverkonung. Eirik vilde nog gjevet Edvard nokor Attergjeld fyre det, at han hadde kvaklat burt den rettføre Saki hans; men det fekk han ingi Tid til. — Eirik Konung Magnusson do i Tunsberg Aar 1299, berre 31 Aar gamal.

23. Haakon Haalegg Magnusson.

Etter Eirik vardt Haakon Haalegg[1], Broder hans, Konung i Noreg. Han starvade myket med aat brøyta um Rikssens gamle Skipnad, so Konungen fekk alt Valdet i Riket, og Folkssens Vilje fekk inkje raada med i Lands-Stjorni. Fraa gamal Tid hadde Folket sjolv havt Valdet til aat setja Log i Landet med di, at Tingmennerne anten samtykte og stadfeste dei Log-Emne, som dei vitugaste Mennerne raadde til, elder og neittade deim, naar dei inkje vaaro gagnlege aat Folket, og so vardt det ingi Log. Konungen og Hovdingarne luto styra Landet etter di, som Logi sagde fyre, og kvar Mann fekk den Retten, som Logi gav honom. Soleides raadde Folket sjolv fyre sin Rett og Vælferd, som fyre største Deildi vardt lagad med Logi og Lands-Stjorni, og annarleides skal det helder inkje vera, so visst som eit heilt Folk inkje er berre Born. Men ifraa Tidi hans Magnus

1) Haalegg, hog Legg: den hogfotte.

Lagabøter vardt denne gode Skipnaden meir og meir umbrøytt. Kongarne gaavo ymse Loger utan Folksens Samtykkje; men Haakon gjekk vidast, han gav mange Loger, men han spurde aldri Folket paa Lagtingi um Samtykkje til deim. Han høyrde berre etter, kvat Meining dei hævaste Lendermennerne og Hyrdmennerne hadde. Men Høvdingarne kunde helder inkje stadga Konungen elder gjera dei Logerna ugjeldande, som han vilde hava fram, og dei inkje likade. I den Tidi var Folket berre faamennt paa Lagtingi og, fyredi dei saago, at Konungen gjorde Logerna ferduga heima, og mange vilde væl og sleppa Tingferdi fyre Kostnad Skuld. Dei Mennerne, som inkje hadde vigtuga Saker aat føra, dei hadde daa helder inkje annat aat gjera paa Lagtinget en aat høyra paa det, at nya Loger vordo tinglyste, naar dei inkje lenger tenkte paa aat møta fram paa Tinget so som Federne deira med Sverd i Hand og Hug i Bringa til aat verja den gamle Fridomen sin. Den Tanken var og aalmenn i den Tidi baade i Noreg og andre Land, at Konungen var Landsens ubundne Herre og Folksens Fader og hadde Rett til aat raada eine baade med Log og Lands-Stjorn, og Nordmennerne hadde god Trunad til Konungen sin, at han gjorde inkje Ugagn. Det gjekk og væl, medan dei hadde gode Kongar. Men daa dei seinare i Tidi fingo illviljuge Kongar, so fingo dei harde Koster aat tola, fyredi Tankaløysa og den sømnuge Hugen hadde raadt for myket. — Med detta Umbrøytet sit tok Haakon Konung utan sin Vilje og Vitande ifraa Nordmennerne det Valdet og den Styrken, som dei skulde verja seg med fyre Framand-Veldet, som velte seg yver deim sidan. Men endaa gjorde Haakon meir av same Ugagnet paa ein annan Maate: I Aaret 1308 gav han den Logi, at ingen meir skulde hava Jarls Namn og Vald, utan berre Kongssøner og Orknøya-Jarlen, helder inkje skulde Lendermanns (elder Barons) Namn og Vald vera til lenger; Syslomennerne, Konungens Sveinar, skulde sidan gjera den same Tenesta. Med di at Haakon soleides tok burt Høvdinga-Valdet i Noreg, so gjorde han visst nog so myket, at Høvdingarne fingo inkje for stort Vald yver Bønderne, so som det var daa i mange andre Land, at Høvdingerne aatte mest all Jordi og Bønderne med, næstan som Kyr og Hestar. Men det vardt berre til aat gjera alt Folket endaa meir veikt og verjelaust; fyredi

Lendermennerne vaaro dei rette Talsmenner fyre Folket, og Aalmugen hadde havt god Trunad til deim og fylgt deim, naar det tyktest vera Torv til di; det var berre dei, som vaaro velduge nog til aat vera Forgangsmenner fyre Folket til aat slaa ifraa seg Framandveldet sidan. Men no hadde Konungen alt Valdet, og Folket inkje til aat verja seg med.

Haakon gav og ei ny Log um Konga-Arven, so myket Dotter hans kunde faa erva Riket etter honom; fyredi han aatte ingen Son. Ingebjørg, Dotter til Haakon Konung, var fest av Eirik Magnusson, svensk Kongsson og Hertoge.

Den lange Ufreden med Danmark um Arven hennar Ingebjørg Drotning varade Alt til Aaret 1309. Daa var det eit Møte i Gauta-Elvi, der var og Sveakonungen og skulde semja Sætt. Sættarmaalet deira vardt so, at Haakon Konung fekk ein Lut av Halland fyre Arven, og Ingebjørg, Dotter hans, skulde daa giftast med Magnus, Son til Byrge Sveakonung. Byrge hadde Strid med Brøderne sine, Hertogarne Eirik og Valdemar; Danakonungen hjelpte Byrge og fekk Sætti slik, at Magnus skulde hava Ingebjørg. Eirik Hertoge vardt illnøgd med di, som ventande var, og han førde Hernad imot Haakon; men det vardt daa slik Sætt med deim atter, at Eirik fekk Ingebjørg til Kona.

Haakon Konung tok ifraa Hansamennerne (elder dei tydske Kaupmennerne) den store Sjølvræda, som dei hadde rivet aat seg, so dei fingo inkje draga Kaupferdi ifraa Landsens Menner alt for myket. Han gjorde og myket annat Gagn aat Riket, han heldt Prestarne i det rette Hovet; han lettade Samferdi i Landet med di, at han let leggja betre Veger og sette Skifte elder Gastgjevar-Stader i Landet. Rikssens Eigodom var daa skild ifraa Konungens Eigodom; Haakon Konung samnade myket Pengar i Riks-Kassa, utan at han lagde for stora Tyngslor paa Aalmugen.

Eirik Hertoge og Ingebjørg fekk ein Son (Aar 1316), det volde stor Gleda i Noreg, av di dei saago daa Von til, at Konga-Ætti inkje vilde døy av so snart endaa; i denne Gleda gav Konungen 25 Menner Riddar-Namn. Men det kom snart ei syrgjeleg Tidend atpaa. Det hadde voret eit litet Stogg i Striden millom Byrge Sveakonung og Brøderne hans, Hertogarne Eirik og Valdemar; Byrge Konung bad til seg Hertogarne i Veitsla paa Borgi i Nykoping, og han fagnade deim væl og blidlega. Men um

Natti rende Mennerne hans inn til deim, og dei vordo tekne upp av Sømnen og sette fast i eit Steintaarn, og der let han deim svelta i Hel. Haakon Konung fekk Tidend um den Faaren, som Eirik, Maagen hans, var i, og han skundade seg inn i Sverike med ein Her til aat berga Hertogarne, men han kom for seint fram. Haakon Konung harmadest so yver denne grufelege Tilburden, at Sorgi minkade Livdagarne hans; han do i Aaret 1319. Daa livde ingen Kongsson atter av Ætti etter Harald Haarfagre; soleides var Noregs Konga-Ætt (Ynglinga-Ætti) paa Mannssida avlidi. Det vardt stor Skade fyre Noreg; fyredi det vardt ei av Orsakerna til di, at Nordmennerne miste meir og meir av Fridomen sin og sidan Sjolvstada si og komo under Danaveldet.

24. Magnus Eiriksson, Haakon den Sette Magnusson, og Olav hin Unge Haakonsson.

Etter Haakon Haalegg vardt Magnus, Dotterson hans og Son deira Eirik Hertoge og Ingebjørg, Konung i Noreg; han var daa berre 4 Aar gamal. Byrge Sveakonung miste Konungdomen fyre det store Illverket sit, og Svearne toko og Magnus Eiriksson til sin Konung. Etter Logi av Haakon vardt det sett 12 Riksforstandarar til aat styra Riket i Noreg, medan Konungen var Barn, og Svearne skipade si Lands-Stjorn lika eins. Daa var det fyrste Gongen, at Nordmennerne og Svearne vaaro saman um ein Konung; og utvalde Menner ifraa Sverike komo saman med Noregs Hovdingar i Oslo og sette fast nokre Skilmaal fyre Samfestet. Det var vedteket, at baade Riki skulde vera like, so det eine inkje skulde hava Vald elder Byrding yver det andre; dei skulde inkje annat hava ihop en same Konung, og han skulde vera lika lenge i kvart Rike. — Nordmennerne vordo snart illnøgde med Stjorni av dei tolv Riksforstandarar, mest fyredi at Ingebjørg Drotning, Moder aat Konungen, vilde raada for myket yver Rikskassa og øydde mange Pengar. Difyre sette dei av Stjornar-Tylvti og gjorde Drotseten Herre Erling Vidkunnsson (av Arnunga-Ætti) til Riks-Styrar einsaman i Magnus Konungs Namn og med Konungens fulle Vald; men han skulde daa høyra Meiningi aat Riks-Raadet. I Riks-Raadet vaaro dei

hævaste Hovdingarne og Biskoparne, som vordo valde til det Embættet aat gjeva Konungen Raad og hava Umsut fyre Landsens Stjorn. Erling Drotsete styrde Riket væl, til Magnus Konung var 15 Aar gamal (Aar 1331), daa tok Konungen sjølv ved Stjorni. Men det vardt laakt med Stjorni hans; han trøytte Tidi mest med kostasama Veitslor og glimande Leikar, og Drotningi hans, som heitte Blanka, var og hardla dugleg til aat øyda upp Riksens Pengar. Svearne vaaro illnøgde med honom fyre slik Dydsla. Nordmennerne vaaro illnøgde med honom, fyredi dei saago honom so faa Stunder i Noreg. Erling Vidkunnsson og fleire Stormenner reiste seg imot honom fleire Gonger, og i Aaret 1355 nøydde dei honom til aat skifta Valdet med Haakon, yngste Son sin, so han vardt Medkonung i Noreg. Svearne toko Eirik, den eldste Kongssonen, til Medkonung; daa vardt det Strid millom honom og Magnus Fader hans. Men Eirik livde inkje lenge.

Paa denne Tidi kom det stora Uheppor yver Noreg, som armade reint ut Riket. Dei tydske Hansamennerne fingo raada seg sjølve og rivo daa aat seg mest all Kaupferdi i Noreg til stor Skade fyre Landsens Folk. Sjoherstyrken vardt mest til inkje, av di Nordmennerne ferdadest berre litet paa Havet, og faae Skip vordo bygde; det vardt inkje gjort helder til aat halda Sjostyrken med Lag. — Dei hadde og ein uheppen Ufred med Ryssarne; det strøymde inn yver Helgaland og herjade og ranade hardla der. — Peterspengen var ein Skatt, som Paven tok af kvart Land. Nordmennerne hadde inkje greidt Peterspengen aat honom. Difyre lyste han Bann yver alt Landet, og det volde Uro og Rædsla i Hugen aat mange, naar dei saago, at at Kyrkjorna vordo stengda, ingi Gudstenesta vardt haldi, og inkje Lik nedsett i kristi Jord. — Paa Island braut det ut Bergeld, so Eldstraumen for ned yver fleire Gardar, og det var Jordskjelv ataat. — Gaulelvi i Trøndalag grov seg under Melen, so ho var inkje sjaa'ande ei Stund, men so kom ho fram atter og reiv burt 48 Gardar og nokra Kyrkjor, og halvtridje Hundrad Menne sette Livet til. — Men det som øydde Landet mest, var den gruvelege Farsotti, som var kallad store Manna-Dauden, Digredauden og Svartedauden. Fyrst herjade denne Sotti synste Luten av Europa, sidan kom ho til England og derifraa til Noreg.

Um Hausten 1349 rak eit engelsk Skip inn til Bergen; Skipsmennerne vaaro daude av denne Sotti, og ho breidde seg ut i Byen og yver alt Landet, og tynte Folk og Fe. Tridjungen av alt Folket do, og sume Bygder vordo reint folkaude; den Vettren vardt kallad Manndauda-Vettren, og han lagde Riket i syrgjeleg Vanmagt. Bønderne fingo inkje driva Jordi, av di det skortade baade Folk og Fe, og soleides stadnade all onnor Næring ogso myket, og Faa-kunna og Raaskap olst av Armodi. Kvor folkaudt Landet vardt, det synest av di, at det livde atter berre ein Biskop i Landet (Oslo-Biskopen), av Korbrøderne[1] i Nidaros livde berre ein atter, daa vardt han einsaman til aat velja den nye Erkebiskopen, og i Aaret 1371 var det inkje meir en 40 Prestar atter i Trondheims Umdøme, der som det hadde voret ikring 3 Hundrad fyre Svartedauden. — Haakon var ein god Konung; men han saag inkje Raad til aat hjelpa Riket upp or den store Armodi.

Paa den Tidi raadde ein sløg Konung i Danmark, som heitte Valdemar Atterdag. Han gjølte so med Magnus Konung, at han fekk honom til aat gjeva upp Skaanøy, som Svearne hadde teket ifraa Danerne fyrr. Svearne vordo so illnøgde med di, at dei sette av Magnus ifraa Konungdomen. Valdemar var og fram i Noreg med Sløgdi si og vilde faa Tak i Riket her; han gjølte og lirkade so med Haakon Konung, at Haakon feste Dotter hans, som heitte Margreta. Svearne vilde taka Haakon til sin Konung; men dei sette den Skildagen fyre, at han skulde skilja Laget med Valdemar og Dotter hans, fyredi dei vonade inkje godt av honom. Haakon lovade det og vardt krynd til Konung i Sverike (Aar 1362); men Valdemar vann so myket med Fyretolorna sina, at Haakon braut Ordet sit og gifte seg med Margreta. Daa vardt det gode Brødralaget millom Nordmennerne og Svearne avbrotet, av di Svearne toko seg ein Tydsker til Konung, som heitte Albrekt av Meklenborg; det var den same Uheppa med Svearne som med Nordmennerne, at Konga-Ætti deira var avdaai. Daa gjorde Kongarne Magnus og Haakon ei Herferd inn i Sverike, men dei tapade, og Magnus vardt

1) Korbrøder kalladest det Prestarne, som vaaro Biskopens Raadgjevarar og valde Biskop.

handteken og Haakon fekk Saar. Magnus sat fast i Sverike nokre Aar; men so for Haakon andre Gongen med ein Her imot Albrekt, og daa vann Haakon so mykjet, at han fekk Magnus, Fader sin, laus, men dei maatte segja ifraa seg Retten til Konungdomen i Sverike. — Magnus Konung druknade i Bummel-Fjorden Aar 1374, daa han var 58 Aar gamal og hadde boret Konungs Namn i 55 Aar. Haakon Konung do 6 Aar etter, daa var han 40 Aar gamal. (Aar 1380).

Haakon og Margreta aatte ein Son, som heitte Olav. Han vardt teken, medan Faderen livde, til Konung i Danmark etter Valdemar Atterdag, Morfader sin, og etter Fraafallet hans Haakon vardt han Konung i Noreg. Soleides vaaro daa Noreg og Danmark samfeste under ein Konung, og detta Samfestet vardt Byrja til langvarig Uheppa fyre Noreg. Olav Konung var berre 10 Aar gamal, daa han fekk Riket i Noreg; difyre vardt Drotseten Ogmund Finnsson (av Arnunga-Ætti) sett til aat styra Landet fyre honom. Men Olavs Konungdom varade inkje lenge. Konungen do, 17 Aar gamal, paa Falsterbu Kongsgard i Danmark (1387). Med Olav var no og denne Greini av den norske Konga-Ætt avdaai til botarlaus Skade fyre Riket. Nordmennerne syrgde mykjet etter Konungen og vilde mest inkje tru, at han var daaen. Daa fekk Margreta Drotning Vald til aat styra baade Riki.

III. Noreg i si Vanmagt.

1. Margreta og Eirik av Pomern. Kalmar-Samfestet. Kristoffer av Bayern.

Margreta Drotning fann, at Nordmennerne likade inkje det væl, at ei Kvinna hadde Konungdomen einsaman. Difyre fekk ho Nordmennerne til aat taka Eirik av Pomern, Systerson sin, til Konung (Aar 1389), enddaa det

livde atter nokre Ættingar paa Kvinnesida av dei fyrre norske Kongarne. Eirik var ein Tydsker og var berre 3 Aar gamal, so Margreta fekk hava Valdet i lang Tid endaa. — Svenskarne vaaro illnøgde med sin Tydsker, Albrekt Konung, og Margreta gjølte med svenske Hovdingar, so mange budo henne Riket. Albrekt neiste henne berre, kallade henne Konung Broklaus og sende henne ein Slipestein til aat kvessa Saumnaaler paa. Men Margreta sende ein Her av Danskar og Svenskar imot Albrekt, og han vardt handteken og sett i Fangahus, til dess han gav upp Riket aat henne.

Sidan vardt Eirik teken til Konung i Danmark, og i Aaret 1397 vardt han krynd i Kalmar[1] til Konung i alle try Rikjom. Margreta og Danerne talde og fyre dei norske og svenske Mennerne i Møtet der, so dei samtykte eit varugt Samfeste imillom Danmark, Sverike og Noreg med slikt Skilmaal: Dei try Riki skulde jamnan hava berre ein Konung saman, og Menner ifraa alle try Riki skulde møta i Halmstad[2] og velja ein ny Konung, naar det turvtest, men inkje Rike skulde taka seg Konung fyre seg sjølv. Kvart Rike skulde verda styrt etter si eigi Log og med sine eigne Hovdingar. I Ufred skulde alle try Riki hjelpast aat. — Denne Semja visste Aalmugarne i dei try Riki inkje av; ho vardt sidan kallad Kalmar-Samfestet.

Noreg hadde stor Uheppa og Skade av dette Samfestet. Kongarne sette Riket ned under Danmark og let det koma veint i Vanhævd. Det danske Riksraadet tok seg til aat raada fyre Noregs Greidor tvert imot Samfestes-Maalet. Danske Adelsmenner[3] fingo dei fleste Fylki her i Landet til Forraad, og dei styrde inkje myket etter Landsens Log og Rett, dei hadde berre liten Umhug fyre Landsens Gagn, og armade ut Aalmugen med ovstore Skattar og Tyngslor. Danskarne valde Kongar eine, dei vaaro duglause, og hadde liti elder ingi Umsut fyre Noregs Gagn. Det norske Riksraadet skulde hava det meste Vald i Landet næst Konungen, og det skulde verka til Rikssens Gagn og verja det fyre Urett og Yvervald av Danskom. Men danske

---

1) Kalmar, sud i Sverike. 2) Halmstad ligg atmed Niss-Aai sud i Sverike. 3) Adalsmennerne hadde stor Rett framfyre andre Folk; aatte dei Jordagods, so vaaro dei fritekne fyre mange Skattar og Tyngslor, og dei hadde største Retten til aat faa Hovdingsvald og dei beste Embætti.

Menner vordo Biskopar i Noreg og med di vordo dei med i Riksraadet; lika so snikte sume Danskar seg fram, so dei vordo inngifte i dei gamla norska Lendermanns-Ætterna og ervde dei største Jordagods og fingo Rett som Landsens eigne Menner og kom seg inn i Riksraadet med; og sidan vaaro dei fleste utrue imot Noreg og tenade det danske Riksraadet, so sidstpaa kunde inkje Nordmennerne faa fram ei god Raad til aat verja Noregs Fridom og Rett. Daa var det Valdet og Styrken burte, som dei fyrre Lendermennerne og Storbønderne hadde havt til aat verja Noregs Fridom. Enden paa Kalmar-Sambandet vardt den, at Noreg vardt kugat reint under Danaveldet som ein Landslut av Danmark.

Margreta do i Aaret 1412. Eirik av Pomern var ein hardla duglaus Konung. Han fekk Ufred med Greivarne i det litle Landet Holstein[1], som vilde hava Slesvik; daa tok han Skatt baade av Noreg og Sverike til aat kosta denne Herstriden med, som berre galdt Danmark. Men han orkade inkje aat stadga Holsteiningarne, so stor ein Styrke som han kunde havt ifraa dei try Rikjom sine. Dei tydske Hansamennerne hjelpte Holsteiningarne, og dei gjorde myken Landskade i Noreg, dei ranade hardla myket Gods i Bergen tvo Gonger (1428 og 29) og brende Byen; Nordmennerne hadde berre nokre smaae Skip atter, som dei inkje kunde verja Landet med. Sidstpaa gjorde Eirik ei skamleg Fredsemja, so Tydskarne fingo meir Vald til aat riva aat seg Kaupferdi i Noreg til stor Skade paa Næringi aat Landsens Menner. — Ryssarne foro med Ran og Draap i Finnmarki og Helgaland. — Eirik Konung sette mange Danskar til Embættesmenner i Noreg, og dei plaagade Aalmugen med store Skattar imot Logi. Nordmennerne klagade fyre Konungen, og dei gjorde endaa Uppstand i Viki, men alt var faafengt.

I Sverike foro Danerne lika uloglega fram; men der vaaro velduge Hovdingar, og dei gjorde Uppstand, so det munade, og dei toko Adalsmannen Karl Knutson Bonde til Riks-Forstandar i Staden fyre Konungen. — Danerne sjølve vaaro illnøgde med Eirik, fyredi han drog mange Tydskar inn i Riket. Eirik vardt og eingong leid av alle

1) Holstein er eit tydsk Land under Danakonungens Vald atmed syndre Enden av Danmark.

Klagmaali, han rømde ifraa Konungdomen sin og for til Øyi Gautland og dreiv der ifraa Ran og Vikinga-Verk i Riki sine i mange Aar.

Danerne valde Kristoffer av Bayern, Systerson aat Eirik, til Konung. Svearne vilde hava Karl Knutsson; men Prestarne fingo daa Kristoffer vald; og paa same Maaten vardt han og vald i Noreg (Aar 1442). I hans Tid var Tilstandet i Noreg litet betre. Han freistade aat halda dei tydske Hansamennerne i Age, men det lukkadest inkje. — I Sverike var Uaar og Svult; daa for Kristoffer der med so stort eit Fylgje mest av Tydskar, at Folket laut lata til 2 Hundrad Tunnor Rug aat Hestarne deira fyre kvar Dag, medan Aalmugen sjølv laut eta Borkabraud; difyre kallade Svearne honom Borkakonungen. Dei klagade og yver Ransverki av Eirik Konung; daa svarade han so: „Morbroder Vaar sit paa eit Skjer, og han lyt og hava noket aat liva av." Han do Aar 1448.

2. Karl Knutsson og Kristian den Fyrste av Oldenborg.

Danskarne bruto Sambandet atter, med di dei valde Konung sjølv eine fyre alle try Riki. Men daa vilde inkje Svenskarne og Nordmennerne tola Uret lenger av Danskarne. Svearne valde Karl Knutsson til sin Konung. Riksraadet i Noreg var deilt i tvau Lag: Erkebiskopen Aslak Bolt og Riddaren Olav Nilsson til Talgøy med den norske Aalmugen vilde helst hava Sigurd Jonsson, som ættadest ifraa dei gamle norske Kongarne, og som hadde voret Noregs Drotsete, men daa han inkje tyktest hava Styrke nog til aat verja Riket, so vilde dei helst hava Karl Knutsson og Samfeste med Sverike; — det andre Laget var Danskarne i Noreg, og dei fremste av deim var Hartvig Krummedike fraa Holstein, Høvding paa Aakershus Borg i Oslo, og den danske Biskop Jon i Oslo. Dei nøytte baade Svik og Vald til aat halda Noreg fast til Danmark. Dei fingo seg ein dansk Her og toko Erkebiskopen og Riksraadarne ifraa Oslo og førde deim til Marstrand og nøydde deim der til aat velja Kristian av Oldenborg. Men Nordmennerne vordo forharmade yver slikt Valdsverk; dei toko Karl til Konung, og han vardt

krynd i Trondheim (Aar 1449); daa sende Nordmennerne eit Brev til Kristian Danakonung og sagde der i so: „Aldri hever det voret vaar gode Vilje, og helder aldri skal det verda det, at De verd vaar Konung; og det mest fyre den Skuld, at De hever Ufred med Sverike, fyredi Noreg og Sverike hever ifraa gamal Tid voret saman i Einskap og Kjærleike, og denne Einskapen og Kjærleiken skal inkje slitast sunder, medan me liva." Men detta velmeinte Samfestet med Sverike fekk snart Ende. Lands-Svikaren Hartvig Krummedike og Danskalaget gjorde Upprøre imot Karl Konung. Karl hadde og mange Motstandarar i Sverike til aat kjeppast med, og hans eigne svenske Sendemenner sviko honom; med di dei gjorde imot hans Ord slik Sætt, at Noregs Rike vardt uppgjevet aat Kristian av Oldenborg. Det var og Ulukka, at Nordmennerne sin beste Formann Aslak Erkebiskop fall ifraa i det Bilet. Kristian kom til Noreg med Herstyrke og vardt teken til Konung (Aar 1450).

Kristians Stjorn vardt berre til fleira Uheppor fyre Noreg. Danerne vunno endaa so mykel, at eit nytt Samfeste vardt gjort paa eit Møte i Bergen, so Noreg skulde i ævenleg Tid vera saman med Danmark under same Konung; det vardt lovat Noreg løgleg Stjorn og Sjølvræda; men desse Ordi vordo lika so skamlega brotne, som dei fyrre. — Dei tydske Kaupmennerne gjorde Urett og Illverk i Noreg so, som dei vilde sjølve. Hovdingen paa Bergenhus Borg, Nordmannen Olav Nilsson, freistade aat halda Styr paa deim og han refste deim dygdugt. Daa gjorde Tydskarne fullt Upprøre; dei vaaro yver 2 Tusund Mann sterke med Byrsor og Bogar; og dei draapo Olav Nilsson og Torleiv Biskop og fleire — i alt 60 Menner i Munkaliv Kloster og brende Klostret. Kristian Konung brydde seg inkje med aat refsa Tydskarne fyre Illverket. Han gav etter Avgifti, som Skottakonungen skulde reida til Noreg fyre Suderøyarne, og gav honom endaa Orknøyarne og Hjaltland i Vedd fyre 60 Tusund Gulldukatar; alt detta skulde vera Heimangaava med Margreta, Dotter hans, som vardt gift med Skottakonungen Jakob den Tridje. Slikt gjorde han utan Samtykkje av Noregs Rikes Raad, og Øyarne vordo aldri atterløyste. Kristian do Aar 1481.

3. Hans og Kristian den Andre.

Kristian hadde tvo Søner, som heitte Hans (elder Johannes) og Fredrik. Danskarne toko gjerna med Hans. Men Nordmennerne hadde so ill Røynsla av Faderen, at dei vaaro slet inkje hugade til aat taka Hans til Konung. Dei sette Jon Svalason Smør til Riks-Forstandar og bundo seg i Lag med Svenskarne, som hadde Stein Sture til Riks-Forstandar etter Karls Fraafall. Men dei danske Noregshvarne kvaklade burt Saki fyre Nordmennerne denne Gongen og so Hans vardt Noregs Konung (Aar 1483), daa han hadde lovat aat taka Hevnd fyre Olav Nilsson og aat styra Landet etter Logi. — Stein Sture varde Sverike vel til 1497; men daa fekk Hans og Danskarne Yverhand, so han vardt og Sverikes Konung.

Men i Aaret 1500 for Hans med ein stor Danaher og ein tydsk Leigo-Her, som kalladest den svarte Garde, til Ditmarsken. Det var eit ørlitet Land vest i Holstein, og Folket der hadde jamnan raadt seg sjølv; men Hans vilde kuga deim under seg. Danerne gingo fram paa ein smal Veg millom breida og djupa Veiter og ropade so: „Vara Deg, Bonde, no kjem Garden!". Men Ditmarskingarne skuto med nokra Kanoner paa Danerne fram etter Vegen, og dei opnade Demmingi imot Havet, so Vatnet strøymde inn i Veiterna, og Danerne vaaro innklembde. Daa komo Danskarne i Ulag, og Ditmarskingarne gingo hardt paa deim og ropade: „Vara Deg, Garde, no kjem Bonden!" Konungen kom seg burt med Naud, men 6 Tusund Daner laago atter der, og Ditmarskingarne vunno seg ossa myket Herfang av Gull, Sylv og Adalsteinar; Gullet vardt so myket hjaa Bønderne, at dei bundo Hundarne sine sidan med Gullkjedjor, og visste inkje kvor dyrt Slag det var. — Tidendi um detta Skadataket kom inkje fyrr til Sverike, fyrren Svenskarne gjorde Uppstand og toko Stein Sture til Riks-Forstandar atter. — I Noreg hadde Knut Alvsson den største Vyrdingi; paa Fedrasida var han av svensk Ætt, men paa Modrasida ættadest han ifraa dei norske Kongarne, og hadde ervt dei stora Eigorna etter Arnungarne av Giske. Knut klagade yver all Uretten og Valdsverket av Danerne, men han fekk ingen Rett. Daa batt han Lag med Stein Sture, samnade Her og hadde god Framgang. Konungen

sende Henrik Hartvigsson Krummedike med ein dansk Her til Oslo; men Nordmennerne varde seg væl. Daa gripo Danerne til Svik atter; Henrik bad Knut koma ut paa Skipet hans og tinga um Sætt, og han skulde hava full Trygd medan. Knut gjek ut paa Skipet; men daa toko Danerne Livet av honom. Knuts Einkja, Fru Mereta Ivarsdotter, stridde og ei Stund fyre Noregs Fridom; men daa kom Konungens Son, Kristian Hertoge, til Noreg og fekk stadgat Upprøret. — Nokre Aar sidan reiste Herlog Hovudsat ein Her og drap nokre svikfulle Embættesmenner og kringsette Kristian i Hamar. Men Kristian fekk Yverhand sidstpaa og førde hard Hevnd yver Upprørarne, Formennerne vordo halshogne og Hovudi deira sette paa Stake, Herlogs Hovud stod i Midten med ei Jarnkruna paa. — Kristian hatade Adalsmennerne og tynte av inkje faa Menner av dei hævaste norske Ætterna. Med di veikade han det norske Folket endaa meir, og fleire Danskar fingo snikja seg inn i Staden deira i Jordgodsi og Embætti. Hans Konung do i Aaret 1513.

Kristian, Son etter Hans, var ein viljasterk Mann; og difyre laut han gjeva ut eit Handfeste-Brev, som gav Adalsmennerne og Prestarne Trygd fyre Valdet deira, og som minkade Konungens Vald, ellerst vilde dei inkje velja honom til Konung; han lovade Nordmennerne Umbot paa dei Greidorna, som dei klagade yver, og at han skulde løysa atter Orknøyarne og Hjaltland. Men daa han hadde fenget Konungdomen i Danmark og Noreg, so vyrde han inkje Handfesta, meir en han tykte det høva seg. Han vilde frelsa Bymennerne og Bønderne av den Trældomen, som Adalsmennerne hadde bundet deim i; fyredi Adalsmennerne aatte mest all Jordi i Danmark, og dei vilde eiga Bønderne med lika som Fenaden paa Gardarne.

Kristian gav manga goda Loger, som hjelpte Aalmugen til Rett, og som toko ifraa Adalsmennerne og Prestarne myket av det urette Valdet deira. Han nøytte og jamnan kvart eit Tilføre til aat taka Adalsmenner av Livdagom til dess aat setja Age i dei andre, so som han hadde gjort i Noreg, fyrr en han vardt Konung. Han hadde teket med seg ei hollendsk Gjenta ifraa Bergen, som heitte Dyveke og var hans Kjæraste; ho fekk ein braad Daude, og Kristian skuldade ein dansk Adalsmann, Torben Okse, fyre det, at han hadde

gjevet henne eiter-smurde Bær. Adalsmenner skulde verda dømde berre av Riksraadet, og det dømde honom saklaus. Men Konungen sagde, at „um den Uksen hadde nog saa diger ein Hals, so skulde han missa honom lika væl;“ og han sette berre ei Logretta av 12 Bønder til aat døma honom; dei sagde den tvityddande Domen: „Me døma honom inkje, men Gjerningarne hans fordøma honom;“ og derefter let Konungen drepa honom. I Noreg laut Riksraaden Knut Knutsson (av norsk Ætt) setja Livet til. Kristian Konung heldt og Styr paa dei tydske Kaupmennerne. Med alt detta fekk Konungen baade Adalsmennerne og Prestarne og Tydskarne med til sine harde Uvener.

I Sverike var Stein Sture den Yngre Riksforstandar. Han kom i Strid med Erkebiskopen Gustav Trolle og sette honom av ifraa Embættet. Gustav bad Kristian um Hjelp til Hevnd, og Kristian nøytte daa all Herstyrken sin til aat vinna Sverike. Stein Sture fall i Striden; Kristian lovade, at ingen skulde hava Ressing fyre si Motstada, og so vardt han krynd til Sverikes Konung (Aar 1520). Men strakst etter kravde Gustav Trolle Ressing yver deim, som hadde sett honom av; Kristian nøytte detta Tilføret og dømde deim ifraa Livet, og 50 av dei veldugaste Adalsmennerne og Prestarne vordo halshogne paa Stortorget i Stokholm; detta store Illverket vardt kallat det stokholmske Blodbadet. Sidan for Kristian sud yver Landet og tynte av Adalsmenner. Einstad skulde endaa tvo Smaagutar verda halshogne, ein var 8 Aar og den andre var 4 Aar gamal; daa den eldste var hoggen, og den litle saag Blodet av Broderen, so sagde han: „Kjære Mann, gjer inkje Skyrta mi blodott; fyredi daa fær eg Dengsla av henne Moder!“ Daa kastade Mannen Sverdet og sagde so: „Fyrr skal mi eigi Skyrta verda blodott.“ So vordo dei drepne baade han og Barnet. Det er sagt, at 6 Hundrad Mann ialt miste Livet; men det er nog væl myket tilteket. Med detta miste Kristian Sverike. Adalsmannen Gustav Eiriksson Vasa, som hadde mist Fader sin i Blodbadet, han reiste Her og rak Danerne ut or Landet; han vardt teken til Riksforstandar og i Aaret 1523 til Konung. Daa var det ute med Kalmar-Samfestet; Svearne hadde sidan sine eigne Konungar av Vasa-Ætti alt til Aaret 1818.

Kristian fekk Ufred med dei tydske Hansamennerne.

Daa gjorde og dei danske Adalsmennerne Lag med deim, og dei gjorde eit Brev og sagde fraa seg all Hollskap og Truskap imot Kristian; ein Adalsmann, som heitte Mogens Munk, for til Konungen med Brevet og lagde det atter i Botten sin. Kristian fall reint i Modløysa; Bymennerne og Bønderne baade i Noreg og Danmark elskade honom, so han kunde fenget god Hjelp av deim imot Adalsmennerne. Men han for ut or Landet (Aar 1523) og vilde faa seg Hjelp av Keisaren i Tydskland, Karl den Femte, som var Verfader hans.

4. Frederik den Fyrste.

Danerne valde Kristians Farbroder Fredrik til Konung. Dei beste Høvdingarne i Noreg, Erkebiskopen Olav Engelbretson, Riddar Olav Galle, og Nils Gyldenløve, som var gift med Fru Ingerd, Einkja etter den sidste Mannen av den norske Ætti Romar paa Austraatt, dei styrde Riket fyre Kristian den Andre, som Nordmennerne vilde hava atter. Men Henrik Krummedike, som starvade trottugt med aat kuga Noreg under Danmark, og Vinsent Lunge, Høvding i Bergen, fekk daa Fredrik vald til Noregs Konung (1524), daa han hadde kjent Riket fyre eit fritt Valrike, og lovat Nordmennerne norske Høvdingar og Atterløysing av Orknøy og Hjaltland. Men Frederik var ein Mann, som vandt kunde halda Ordi sine. Han gav snart dei sterkaste norske Borgerna og Fylki i Henderna aat danske Høvdingar: Mogens Gyldenstjerne fekk Aakershus og Klaus Bilde Baahus, Eske Bilde fekk Bergenhus og braut ned dei gilde Steinkyrkjorna Apostla-Kyrkja og Kristkyrkja, til aat gjera Borgi sterkare, — sagde han. Nordmennerne luto berre tola Urett, og dei angrade paa Kristian. — I Aaret 1531 kom og Kristian atter til Noreg, og Nordmennerne fagnade honom væl og sende Fredrik eit Skilnadsbrev. Dei bardest trulega fyre Kristian, men Borgerna vaaro inkje lette aat taka ifraa Danerne. Um Vaaren næste Aaret kom Biskopen Knut Gyldenstjerne (Broder hans Mogens) til Oslo med ein dansk Her, daa Kristian heldt paa aat taka Aakershus, og han baud Kristian fara med seg til Fredrik Konung og tinga Sætt med honom sjølv. Kristian fekk Trygdarbrev, so han skulde vera fri og utan Faare, og

han for til Danmark med god Von. Men Fredrik, Farbroder hans, tok til Svik og setle Kristian i Fangahus. Der laut denne ulukkelege Konungen trøyta 27 Aar, til han do (Aar 1559). Daa Kristian vardt sviken, so fekk Fredrik Konungdomen atter; daa kverkade han ut stora Pengabøter av Noreg. Han dugde væl inkje til stort annat en Svik; aat Noreg gjorde han inkje Gagn. Han do Aar 1535.

5. Kristian den Tridje. Kyrkja-Umboti. Noregs fulle Undertrykk.

Paa den Tidi styrkte Gud Martin Luther i Tydskland til aat gjera det store Verket, som er kallat Reformationen eller Lærdoms Umboti. Luther neittade dei mange range Meiningarne, som Pavarne hadde fort inn i Kristendomen; han lærde Folket Guds reine Ord, so som Kristus sjølv og Apostlarne hadde talat det; han skreiv Bibelen um paa Tydsk, so Folket fekk lesa Guds Ord sjølv og sjaa, kvat kristeleg Sanning er. Mange Høvdingar og Folket i ein stor Lut av Tydskland og i andre Land vende seg fraa Pavatrui og toko ved den reine Læra og Tru, som vardt kallad den evangelisk-lutherske Kristendom. Den nye Trui kom snart til Danmark og vardt talad i Bergen av Munken Andun i Fredriks Tid.

Etter Fredriks Daude vardt det Strid i Danmark um, kven som skulde veljast til Konung; Kristian, Fredriks Son, var den hepnaste. Dei beste Høvdingarne, som Nordmennerne hadde daa, var Erkebiskopen Olav Engelbretsson og Riksraaden Gaute Gallé; dei og Aalmugen vilde hava atter Kristian den Andre, men daa han inkje kunde koma laus, so vilde dei hava Fredrik av Falts, som var gift med Dotter hans, og freista av alt Evle aat halda Noreg skilt ifraa Danmark. Men Vinsent Lunge og dei andre Danskarne i Noreg kvaklade burt Saki fyre Nordmennerne denne Gongen og, med di at dei valde Fredriks Son Kristian; det vardt daa Strid millom dei tvau Lagi, til dess Uheppa kom fullgjørd fraa Danmark. Kristian vardt teken til Danmarks Konung paa ein Herredag i Kjøbenhavn, og med det same gjorde han den Semja med Adalsmen-

nerne, at Noreg skulde inkje lenger vera eit Rike fyre seg sjølv men berre ein Landslut av Danmarks Rike. Denne Avgjerdi var imot all Rett, ho var det skamlegaste og det illaste Verk, som eit Folk kan gjera imot eit annat. Paa same Herredagen vardt og den lutherske Læra vedteki. Nordmennerne saago ingi Raad til aat verja Landet; fyredi Danskarne hadde Borgerna og altfor fast Tak i Landet fyrr. Ein dansk Her kom til Noreg; Olav Erkebiskop laut fly or Borgi si, Steinvikarholm (i Stjordalen), og fara burt or Landet, og Danerne toko ifraa Nordmennerne Riksraadet deira og alt det, som dei hadde atter av sjølvstødug Lands-Stjorn; ein Jarl og ein Kantslar skulde styra Landet sidan. Paa same Tidi foro og Danerne med og skulde føra den lutherske Kristendomen inn i Noreg paa den Visi, at dei sette av dei Biskoparne og Prestarne, som inkje vilde taka ved den reinare Trui, og at dei ranade Gods ifraa Kyrkjor og Kloster og førde det til Danmark, rett som det skulde voret sjølvs deira Gods. I Domkyrkja i Nidaros funno dei mest og førde burt ovlega myket Gull og Sylv og Adalsteinar i tvau Skip; men det eine sokk fyre Agdanes, og det andre vardt teket av Vikingar; men likavæl kom myket Gull og Sylv til Danmark or Noreg. Danerne sagde, at dei toko Godset, fyredi dei vilde gjera Ende paa den gamle norske Avguda-Dyrkingi; men dei vilde daa hava sit eiget Avguda-Gull sjølve; dei vilde inkje, at andre skulde rana og røva Eigodomen ifraa deim. Danskarne skifte og myket av Jordgodset, som høyrde Kyrkjorna og Prestarne til; men nokot slikt vardt daa og atter aat Nordmennerne. Kyrkjo-Seden vardt umgjord; men Aalmugen fekk inkje Prestar og Upplæring i den sanne Trui, og han vardt katholsk i Meining og Hug lang Tid etter. — Dei danske Adalsmennerne skifte Noregs Fylke imillom seg, og dei styrde og dømde og toko Skattar og trengde Aalmugen so, som dei vilde, naar dei berre sende dei fyresagde Pengaslumparne til Danmark fyre kvart Aar; det var ingi Rikskassa meir i Noreg. — Men Odalsretten frelste daa Nordmennerne ifraa aat verda gjørde reint til Trælar under dei danske Adalsmennerne, so som Bonderne i Danmark vaaro. Atpaa all Uretten tok og Kristian ein Skatt av Nordmennerne til aat løysa atter Orknøy og Hjaltland med; men Øyarne vordo inkje løysta.

Etter slike Verk do han i Aaret 1559. Paa denne Tidi heldt daa Høvdingen Kristoffer Valkendorf, dygdug Age yver Tydskarne i Bergen; han lagde upp nokra Kanonor beint fyre Bryggjom deira og sende deim nokot Jarn, naar det turvtest, so dei vordo spake. Sidan vardt og Retten deira innknipen, so dei komo aldri meir til den gamle Sjølvræda.

Sidan Kalmar-Samfestet vardt gjort, so komo og dei try nordlendske Tungomaali i Nøra; det danske Maalet, som og fyrr hadde skilt seg mest ifraa dei andre, det vardt blandat med myket Tydsk, som væl mest kom inn med dei mange tydske Høvdingarne og Prestarne. Det vardt Sed hjaa Høvdingarne, at naar dei skrivo til Høvdingar i eit annat Rike, so skrivo dei fyre Venskaps Skuld mest i deira Maal i Staden fyre i sit eiget, so dei vande seg myket av med aat nytta og hævda kvar sit Maal i Skrift. Verre dei danske Høvdingarne saago til aat føra deira Maal i Bruk i dei tvau andre Riki. Svearne skrivo daa myket Dansk; men sidan dei hadde skilt seg ifraa Danmark, so toko dei uppatter deira eiget Aalmuga-Maal i Skrifti. Men i Noreg, der som Danerne fingo varugt Velde, der vardt og Danamaalet raadande, so vidt Folk kjende til det, so dei kunde bruka det, baade i Skrift og i Tala, paa Ting og i Kyrkja; og etter Undertrykket 1537, daa Danerne toko til aat svivyrda reint Nordmennerne, so vardt og det gamle og gode norske Maalet so svivyrdt og lastat, at dei lærde Folk og Byfolket tyktest vera nøydde til aat taka etter det danske Maalet myket i kvardagsleg Tala ogso, og Bønderne og Aalmugafolket fingo med alt detta ei laak og rang Meining um deira eiget Maal, at det var urett og stygt, likasom det norske Maalet inkje skulde verda so godt fyre Nordmennerne, som kvart annat Tungomaal er fyre det Folk, som eig det. Likavæl hever Bydar-Aalmugen jamnan haldet med og brukat sit eiget norske Maal; men Upplysingi vardt liti, av di Nordmennerne fingo inkje Upplæring og Bøker i sit eiget Maal.

6. Fredrik den Andre.

Etter Kristian vardt Fredrik, Son hans, Konung. Han og Sveakonungen Eirik den Fjortande (Gustavs

Son) vordo usamde um ymse Ting, so som at Danakonungen hadde 3 Krunor (Sverikes Vaapn-Merke) i sit Vaapn, likasom han skulde og voret Sverikes Konung, og Danerne meinte væl endaa, at dei vaaro fødde til aat valda yver Sverike, likavæl um det Riket var veldugare en Danmark. Det vardt ein hard Herstrid imillom deim baade paa Sjo og Land i 7 Aar (1563—70). Nordmennerne hadde Ilhug til aat strida imot Svearne, som dei hadde voret i so gamal Venskap med, og dei tenkte endaa paa aat gjera Lag med deim imot Dansken; men det vardt no Ende paa Venskapen. Svenskarne foro myket illhardt fram med Hernaden, so Nordmennerne vordo forharmade, dei vordo og uppeggjade av Danskarne, og med di vardt det eit inngrott Folkahat millom Nordmennerne og Svearne, som heldt deim hardt aatskilde i lang Tid og heldt Noreg dess fastare bundet til Danmark. I Noreg foro Svearne med Ran og Draap gjenom Jamtaland og Herdalen til Trondheim og toko Byen, men Nordmennerne toko honom atter. Paa Upplandet og i Viki herjade og Svearne gruselega og brende Byarne Hamar og Sarpsborg. Oslomennerne brende sjolve Byen sin undan Fienden. Svearne fingo stor Mannskade i Noreg; og baade Vagi vunno inkje annat en Dyding fyre seg sjolve, endaa Danerne fingo nokre Pengar av Svenskarne daa dei gjorde Fred (Aar 1570); 3 Krunor skulde dei faa maala baade. — Noreg var myket utarmat etter Ufreden; men endaa vardt det kanskje meir utarmat i Freds Tidi av dei danske Hovdingarne; dei verste Utsugararne var Ludvig Munk i Trondheim, som Bonderne luto gjera Uppstand imot, fyrren dei vordo kvit honom, og Eirik Munk paa Agder, som Bonderne sende mange Klagmaal yver til Konungen, fyrren han vardt avsett. Danerne svivyrde Nordmennerne so ovlega, at Adalsmenner, fødde av danske Foreldre i Noreg, vordo haldne fyre myket mindre Menner en andre Daner. — Hamar reiste seg inkje upp atter, Danerne forbudo aat byggja upp Sarpsborg, og Folket der ifraa laut flytja til Fredriksstad, som Danerne hadde gjevet Namn etter Konungen sin. Ein Mann skreiv um Landsens Tilstand paa den Tidi soleides: „Der som Forfederne vaare saadde 20 Tunnor Korn elder meir, der saa me no knapt 5.“ Det maatte vera trongt fyre Folket aat liva i ei slik Tid. — Fredrik do i Aaret 1588.

7. Kristian den Fjorde.

Eingong fekk daa Folket ein god Konung, det var Fredriks Son Kristian den Fjorde. Riksraadet styrde fyre honom i 8 Aar, til han sjølv vardt vaksen. Konungen hadde fenget god Upplæring, han var og ein hardla dugleg Mann og hadde god Vilje til aat gagna Folket sit, Nordmennerne ogso, med det innknipne Valdet, som Riksraadet let honom hava. Dei fyrre Danakonungarne hadde sjeldan umakat seg til Noreg; men Kristian den Fjorde var der mest kvart Aar ein Gong, stundom tvo; i alt var han der 50 Gonger, og ein Gong siglde han til Noregs nørdste Ende, um Nordkapp alt aust til Gandvik (elder Kvithavet). Han fekk Riksraadet til aat lova, at Noregs Kantslar skulde jamnan vera ein Mann, som var fødd i Noreg; med di meinte dei no berre ein Mann av dansk Ætt, men nokorkiti Umbot vardt det endaa; lika so vardt det lovat, at berre Nordmenner skulde faa Fylki i Noreg til Forraad. Med denne Konungen fylgde Naade og Milda aat Aalmugen, kvar som han for i Noreg. Folket kom fram med Klagmaali sine, og han gjorde all den Umbot, som han kunde. Urettvise Høvdingar vordo avsette elder refste fyre Utsuget deira, lika eins gjekk det med mange Lagmenner, som hadde rengt burt Retten. Konungen hjelpte og sume Nordmenner fram til Embætte. Dei danske Høvdingarne vaaro tornæme til aat skyna Noregs Logi av Magnus Lagabøter i det norske Maalet, og med di hadde dei dess betre Tilføre til aat gjeva ut slika Rettarbøter, som dei vilde sjølve, elder og døma etter sit eiget Hovud. Difyre let Konungen dei kunnugaste Mennerne skriva Logi um paa Dansk og retta og bøta henne, so Høvdingarne fingo sjaa væl nog, kvat Rett var, endaa Folket vardt lika klokt paa Logi som paa all annan Kunnskap, som vardt framsett etter det framande, danske Bokmaalet. Det var og stor Ukunna i Kristendomen hjaa Aalmugen, av di det hadde voret for faae Prestar til aat læra honom den lutherske, sanne Trui, og Folket skynade visst helder inkje myket av Ordet, naar Prestarne inkje talade det paa Folksens eiget Maal; soleides heldt Folket endaa med myket av Pavatrui. Kristian hadde Umsut fyre det, at det kom fleire lutherske Prestar og Skulemeisterar i Noreg, og han rak Pavens Ærendsveinar ut or Landet; ein Høgskule

skipade han og i Oslo. Konungen hjelpte og fram Folksens Næring i Noreg, han aukade Kaupferdi, Skipsbygnaden og Timberdrifti, og sette Bergverks-Drifti i god Gang. Han reiste Sylvverket og Bergstaden Kongsberg[1] og det store Koparverket med Bergstaden Røyros[2]. Byen Oslo var nokot uppatter-bygd etter Branden; Konungen let byggja meir til paa By-grunnen og sette Nordmennerne til, at dei skulde kalla Byen Kristiania, til Danakonungens Æra, rett lika som Oslo Byen, Noregs Hovudstad, skulde vera ei Gaava av Danerne. Kristian bygde ein ny By paa Agder og kallade honom Kristianssand, og dertil vardt Biskops-Stolen sidan flutt ifraa Stavanger. — Han gav og Bønderne Byrsor og Krut og Bly, og let deim faa læra aat bruka deim til Landsens Vorn.

Ryssarne hadde rivet aat seg nokot av Finnmarki, og Sveakonungen Karl den Niande, Gustavs Son, vilde taka det meire. Um det vardt det Ufred i 2 Aar. Denne Herstriden vardt i Noreg kallad Skotta-Striden etter tvo Herar som Svearne hadde leigt ifraa Skotland. Ein av desse var 14 Hundrad Mann under Høvdingen Munkhaven; han vilde taka Trondheims-Byen men vardt undanslegen, sidan fekk han daa sleppa igjenom Stjørdalen til Sverike, av di den danske Høvdingen Stein Bilde torde inkje føra Bondaheren imot honom. Den andre Skottaheren, 9 Hundrad Mann under Høvdingen Georg Sinklar, lende i Raumsdalen og nøydde Bonden Peder Klungnes til aat visa Veg til Upplandet. Peder visade deim den krokottaste og tyngste Vegen, so Bønderne fingo Tid til aat samna seg. Skottarne foro fram i stor Villskap med Myrding og Ran. Men Bønderne i Gudbrandsdalen samnadest „med kvasse Oksi paa Nakka, — — med Skotten vilde dei snakka." Høvdingarne deira var Syslomannen Lars Gram og Lensmennerne Lars Hage, Berdor Segelstad og Peder Randkleiv; og Samnaden var ved Kringom, ein trong Veg millom ein bratt Aas og Elvi. Uppaa Aasen hadde dei kjøyrt saman ei stor Velta av Stokk og Stein, og daa Storflokken av Skottarne kom der, so slepte dei avstad Velta, og ho knustrade Skottarne elder kastade

1) Kongsberg ligg atmed Elvi Logen vestan fyre Oslofjorden i Viki. 2) Røyros ligg paa Nordsida og den øystre Enden av Dovrafjellet.

deim aat Elvi; Georg Sinklar fall fyre Berdors Riflekula. Dinæst rende Bønderne etter den Flokken, som hadde gjenget fyre, og hoggo ned mest kvar Mann (Aar 1612). Detta syner kvor god Hjelp til Landvorn Nordmennerne hava i sjølve Landslaget. Enno stend det ein Minnes-Stolpe der, som Sinklar fall. Med Fredsemja i Knærød (1613) gav Sveakonungen Gustav Adolf (Karls Son) upp Krevjingi si og reidde 1 Million Dalar til Danerne. — Ein annan Herstrid hadde Kristian i Tydskland til aat hjelpa dei evangeliske Kristne imot Katholikarne og Keisaren. Fleire Uhapp meinkade honom, so han laut gjera Fred utan Vinning (1629). Sidan vardt Gustav Adolf Hjelparmannen aat dei evangeliske Kristne. I denne Ufreds Tidi skipade og Kristian ein standande Her i Noreg. — Den tridje Herstriden laut Kristian føra i Alderdomen sin imot Svensken, som Herstyraren Leonard Torstenson førde inn i Danmark ifraa Tydskland. Kristian fekk inkje nog Hjelp av Adalskapet, og difyre vaaro Danskarne uhepne baade paa Land og Sjo. Ein stor Bardage hadde Kristian med Svenskarne nær ved Oyi Femern; daa stod han sjølv Konungen paa Skipet sit og styrde Folket; ei svensk Kula knuste eit Bord paa Skipet, og 12 Mann fingo kjenna Flisarne, Konungen miste eit Auga og fall ned paa Tilja; daa vordo Mennerne hans handfallne og ropade „Konungen er daud!“ Men Konungen reis upp og sagde so: „Nei, enno hever Gud unt meg Liv og Styrke til aat strida fyre Folket mit, alt medan kvar vil gjera si Skylda.“ Sidan stod han og studde seg paa Sverdet, til dess han hadde vunnet Sigren. Nordmennerne varde væl Landet sit i denne Ufreden, og Jarlen i Noreg, Hannibal Sehested, førde deim paa Herjing inn i Sverike. Ein Bondaher var samnad til aat verja Landamerket fyre svenske Ransflokkar, men det var ingen Høvding til aat styra Heren. Daa bad Hannibal Presten Kjell Stubb i Ullensaaker (paa Raumarike), um han vilde taka Sverd atter; fyredi han hadde voret Herhøvding i Ungdomen. Kjell Prest vilde inkje lata Fedralandet vera uhjelpt i Naudi; han førde Heren aat Landamerket og reid sjølv med 12 vælvaksne Karlar att og fram med Landsskilet fraa Viki og nord i Trondheim og reinskade so væl fyre „framande Skogtroll,“ at det gjekk Spurn av honom langt inn i Sverike. Men Danerne kaupte daa Freden (i Brømsebro 1645)

med dei norske Fylki Jamtaland og Herdalen og nokre danske Landstykke. — Kristian Konung do i Aaret 1648. — Tanken um Noregs gamle Saga vaknade daa nokot i den Tidi, og Presten Peder Klausson i Undal skreiv um Snorre Sturlasons Sagabok paa Dansk i Staden fyre aat laga henne nokot etter det Maalet, som Nordmennerne daa talade.

8. Fredrik den Tridje. Noreg i Jamnad med Danmark under Einveldet.

Etter Kristian vardt umsider Fredrik, Son hans, teken til Konung, daa han hadde samtykt slik Handfesta, at han fekk mindre Vald en nokon Konung hadde havt, so han var mest berre som ein Ærendsvein fyre Riksraadet og Adalskapet. Lika væl gjekk det illa med tvo Stormenner Korfits Ulfeld og Hannibal, som baade vaaro gifte med Kristians Døtter. Korfits laut fly or Landet, fyredi han hadde sett seg imot Fredriks Val. Hannibal vardt kravd til Reikneskap fyre Landsstjorni si i Noreg. Han hadde soget ut Landet, og rivet under seg 11 Hundrad Gardar i Noreg; det var no inkje so beint aat gjera Grein fyre, og so laut han gjeva seg sjølv og Ranfanget sit i Konungens Vald, og med di slapp han daa, so snaud han var; men det var no burte ifraa Nordmennerne lika væl det, som dei hadde mist med honom. — Baade Landi og Herstyrken deira vaaro so veike og arme etter den sidste Ufreden, at dei kunde voret storglade, um ingen vilde taka paa deim med Ufred. Men daa vilde Adalskapet vinna atter Landsbolkarne, som Svensken hadde fenget av deim. Sveakonungen Karl den Tiande, Gustav Adolfs Systerson, hadde Herstrid i Polen, og det Tilføret vilde Danerne nøyta og slogo til. Men Karl kom braadt med Sveaheren og tok alt Jutland; daa supo Danerne etter Andi; men Karl gjorde det Baadaverket, at han gjekk med Heren yver Isen paa Sundi og tok Øyarne og, so sidstpaa stod han paa Sjæland. Danerne luto kaupa Fred i Roeskilde[1], og gjeva burt til Svensken fleire Fylke av Danmark og dertil Baahus og alt Trondalaget, endaa Nordmennerne hadde vart Landet sit væl. Det volde stor Harm i Noreg; men Lukka var, at Karl braut snart Freden, fyredi

1) Roeskilde, ein By paa Sjæland.

han angrade, at han inkje hadde teket alt Danmark med ein Gong, daa det laag so laust fyre honom, og so kom han og kringsette Kjøbenhavn. Danakonungen laut spyrja honom, kvifyre han for aat so. Karl svarade, at det kunde vera det same, anten Danakonungen heitte Karl elder Fredrik, og han skulde væl segja fraa Orsaki, naar Danmark var vunnet.

Nordmennerne gjorde Storverk i Landvorni si. Svensken hadde med stort Overevle rent Storm imot den litle Byen Halli[1]; men Høvdingen Tønne Hvitfeld og Kaupmannen Peter Olavsson Nordmann samnade Bønder og Bymenner og gaavo Fienden so harde Hogg, at han laut vika undan. Svenskarne vilde slaa av seg denne Skammi, og dei søkte aat Halli atter med 5 Tusund Mann og skuto gloande Kulor inn i Byen og rende Storm paa Jordskansarne, som Halli daa hadde fenget; men innan fyre vaaro Nordmenner, som varde seg endaa fyre denne store Styrken. — Det skar Trønderne i Hjartat, at dei skulde skiljast ifraa Landsmennerne sine og strida imot deim fyre Svensken. Dei gjorde Uppstand under Høvdingen Reichwein og stengde inne Svenskarne i Byen. Svenska-Høvdingen sagde, at fyrr skulde Svulten verda so hard, at han laut koka Supa paa Skinnbrokerna sina, fyrren han skulde gjeva upp Byen. Men han laut snart søkja um Sætt, og han laut endaa faa med seg Fylgje til Landaskilet, at inkje Bondamugen, som stod der, skulde hogga ned Svenskarne. Imedan rende Svearne Storm paa Kjøbenhavn; men daa varde Danerne seg væl, og dei fingo og Hjelp ifraa Holland, England og Tydskland, so Karl laut fara heim etter meir Herstyrke; men braadt etter do han. Daa vardt det gjort slik Fredsemja at Svearne sagde ifraa seg Trondheim.

Denne Ufreden drog etter seg eit stort Umbrøyte i Riks-Stjorni. Riki vaaro so utarmade, at Embættesmennerne og Hermennerne kunde inkje faa Løni si. Konungen stemnde Adalsmenner og Prestar og Bymenner (elder Borgarar) til eit Riksmøte i Kjøbenhavn i Aaret 1660. Adalsmennerne hadde Rikdom nog til aat hjelpa Landi upp or Armodi; men dei vilde, daa som fyrr, inkje lata til; Smaafolket skulde bera alle Tyngslorna. Men daa spende det

1) Halli, no Fredrikshall, aust i Viki.

dei Bogen for høgt. Folket vardt forharmat yver slik Urett, og Prestarne og Borgararne sette fast, at Konungdomen skulde ganga i Arv, og at Konungen skulde gjeva ei Grunnlog, som sagde fyre, kvat Maate Riki skulde verda styrde paa. Adalsmennerne vilde inkje samtykkja detta, fyredi daa komo dei til aat missa Valdet sit; men Konungen let stengja Byportarne, Bymennerne toko Vaapen, og dei vaaro mannsterkare; daa ottadest Adalsmennerne fyre eit Blodbad, og luto samtykkja, baade at Riket vardt arvgjengt, og at Konungen fekk ubundet Einvelde. — Denne nye Skipnaden vardt til Gagn fyre Noreg. Nordmennerne vordo inkje lenger so nedsette under Danerne, men kom i meir Jamnad med deim, av di Konungen hadde no lika myket Vald yver alle til aat fara med deim som han vilde. Fyrr hadde Nordmennerne havt so mange Herrar yver seg, som det var danske Adalsmenner her i Landet; men no hadde dei berre ein Herre, Einvalds-Konungen. Adalsmennerne fingo inkje lenger hava Fylki og taka Skatt, som dei vilde, og suga ut Aalmugen; men Konungen skifte Landet i Amt (Umbod) og sette inn Amtmenner (Umbodsmenner) til aat styra etter Konungens Vilje og Log, og under deim vaaro Syslomenner, som kalladest Futar (ein fyre kvart Fylke elder væl det); dei luto taka inn berre den Skatten, som Konungen lagde paa, og dei luto gjera Reikneskap fyre Pengarne. Embættesmennerne fingo inkje løna seg sjølve, dei fingo Løn av Konungen. Rettargangen vardt og betre; og naar Folket hadde nokot aat klaga yver, so hadde Konungen no Vald til aat hjelpa. — Konungen lønte dei dygduge Mennerne paa Halli med di, at han gav deim Kaupstads Rett, men han hengde og Namnet sit paa Halli, so Byen vardt kallad Fredrikshall. Han let og byggja den sterke Borgi Fredriksstein der. — Fredrik do Aar 1670.

9. Kristian den Femte.

Etter Fredrik den Fjerde tok Kristian, Son hans, Konungdomen i Arv etter Fader sin. Han drog inn mange Tydskar og livde i Leik og Gleda med deim og oydde burt Riksens Pengar. Han let sin dygduge Raadgjevar Peter Skomakar (elder Tydsk: Schumacher) starva med Stjorni, og han styrde godt. Det vardt skipat eit nytt og hævare

Adalskap, som Konungen skulde hava til Studnad imot det gamle Adalskapet, som angrade paa, at det hadde mist Valdet sit. Nokre av desse Adalsmennerne fingo sine Landskap i Noreg, det var Greivskapet Larvik, som Konungens Halvbroder Ulrik Gyldenløve, Jarlen i Noreg, fekk, — og Greivskapet Jarlsberg, som Peter Skomakar fekk fyre den utmerkte Dugleiken sin; daa fekk han og Namnet Griffenfeld. Paa Vestlandet hadde ein dansk Adalsmann lagt under seg so myket Jordgods, at det vardt gjort til et Baronie elder Friherraskap, som vardt kallat Rosendal. Men ingen Nordmann fekk Adalsnamn. — Peter Griffenfeld skreiv ei Konga-Log, som berre gjorde Kongarne skylduge til aat hava den lutherske Trui, aat bu heima i Riket og inkje skifta sundt Riket. Men Peter Griffenfeld vardt uheppen; han vyrde dei hævaste Adalsmennerne berre litet, fyredi dei dugde litet; men dei baaro Ovund aat honom, fyre di han hadde so stor Byrding og so myket Vald, og dei lagde vondt fyre honom hjaa Konungen, so han vardt sett i Fangahus og laut sitja der i 22 Aar, lengst paa Munkholmen ved Trondheim. — Kristian hadde Ufred i 4 Aar med Sverike, fyre di han vilde vinna atter dei Landsbolkarne, som vaaro miste fyrr. Danerne og Nordmennerne vunno yver Svearne fleire Gonger; men Frankrikes Konung hjelpte Svearne med Fredsemja (1679), so Dansken fekk inkje atter. — Kristian var i stor Pengaskort, som kom av Dydsla hans, og han selde danske og norske Hermenner til andre Rike og lagde paa usedvanlege Skattar; det vardt endaa Skatt fyre ymse Hovudbunad og fyre kvart Par nye Sko, som ein raadde seg til. Kristian gav Noreg ei ny Logbok, som gjeld myket enno i vaare Dagar. — Han do Aar 1699.

Paa den Tidi livde Skalden Peder Dass, Prest paa Helgaland; han skreiv mange Songar aat Aalmugen og ei Rimbok um Helgaland, som han kallade Nordlands Trompet. Maalet i den Boki er meir norskt en sedvanlegt var.

10. Fredrik den Fjorde.

Fredrik den Fjorde ervde baade Riki etter Kristian, Fader sin. Han helder kunde inkje sleppa Tanken um aat taka atter dei Landsbolkarne, som Svearne hadde vunnet fraa Danmark og Noreg. I Sverike var daa Karl den Tolvte

Konung; han var berre 18 Aar gamal, og dei meinte, at han dugde berre til Bjørnaveide og annan slik Leik. Fredrik gjorde Samband med Keisaren Peter den Store i Rysland og Konungen i Polen; di næst hogg han inn paa Hertogen i Holstein, som han visste, at Karl vilde hjelpa, fyredi Hertogen var gift med Syster hans. Men Karl tok imot den Leiken, som baudst, og braadt lende han paa Sjæland med ein Her og nøydde Fredrik til aat gjera Fred strakst. (Aar 1700).

Fredrik Konung var dygdug til aat skrapa saman Pengar i Freds Tidi, so han greidde Skuldi, som dei fyrre Kongarne hadde ført paa Riki. Men han fekk inkje alle Pengarne paa rettfør Vis; han selde 18 Tusund Hermenner, mest Nordmenner, til Tydskarne, Hollendingarne og Engelskmennerne. Dei foro vida um i frammande Land og fingo godt Lov fyre Verket sit i Bardagar imot Franskmenner og Tyrkar; men faae fingo sjaa atter Heimen sin. Fredrik reiknade dei Kyrkjorna i Noreg fyre sina, som det inkje fanst Brev um, at Aalmugen elder einskilde Menner aatte deim, og han selde deim og tok sjølv Pengarne fyre deim. Det var greidt aat vita, at Aalmugen hadde kostat dei fleste Kyrkjorna, so ingen annan aatte deim; men i gamal Tid gjorde dei inkje Brev um slikt. Soleides laut Aalmugen leiga Kyrkjorna sine sidan, til dess dei orkade aat kaupa deim andre Gongen.

Karl Sveakonung vann Siger paa Siger i Polen og Rysland, til dess han endelega miste all Heren sin i Bardagen med Ryssen fyre Pultava[1] og flydde etter det til Tyrkariket (1709). Daa detta spurdest, so byrjade Fredrik og Karls andre Fiendar Ufreden atter. Sviarne varde seg so godt, som ventande var, til dess Karl kom heim atter. Noreg var inkje buet til Herstrid; det meste av den standande Heren var førd til Danmark, so det var berre 6 Tusund Mann av honom heima, og dei vantade baade gode Vaapn og Pengar og hadde litet av Kost og Klæde.

I Aaret 1716 kom Karl inn i Noreg med ein stor Her; men han fekk snart eit Prov paa, kvor hard Mottaka det ventade honom. Tusund-Hovdingen Ulrik Kruse

1) Pultava ligg sud i Rysland.

sette aat honom med berre 2 Hundrad ridande Nordmenner, og dei stridde ovlega hardt, til dess Kruse hadde fenget so mange Saar, at han kunde inkje bruka Sverdet lenger; daa hadde han fellt ned med si eigi Hand 15 Svenskar og saarat tvo av dei største Høvdingarne, og i alt var 170 Svenskar fallne elder saarade; av Nordmennerne vaaro 60 fallne og saarade. Kruse gav seg yver til Karl sjølv med 20 Mann, dei andre komo seg undan. Karl heidrade honom fyre Manndomen hans, og gav honom eit Sverd og spurde honom so: „Hever Fredrik, Broder min[1], mange so duglege Høvdingar?“ „Mange nog, sagde Kruse; eg er inkje av dei duglegaste.“ Bønderne samnadest imot Fienden, og Folket bytte Braudet sit med Hermennerne, og dei lagde seg i Vegen fyre Svensken i Kleivar og Skogar og hoggo Herbrotar[2] fyre honom og gjorde honom Skade paa alle Viser. Karl for til Oslo og vilde taka Aakershus; men det vann han inkje, av di han hadde for smaa Kanonor, og fekk berre Mannskade. Han sende Høvdingen Askell Løven med Hundrad ridande Menner avstad til aat øyda Kongsbergs Sylvverket; dei luto fara til Krøks undan Nordmennerne og lægrade seg ein Kveld paa Norderhovs Prestagard paa Ringeriket; der kom og same Kvelden 3 Hundrad ridande Nordmenner og lægrade seg paa Garden Stein. Presten laag sjuk, og Kona hans, Fru Anna Kolbjørnsdotter, tok imot Svearne med stor Blidskap, at dei inkje skulde rana der. Men det slog eit norskt Hjarta i henne, ho vilde hjelpa Fedralandet. Ho gav Svenskarne fullt upp av Mat og Brennevin til aat gjera deim trygge, og ho bad Askell Løven um Løyve til aat kveikja ein stor Eld ut paa Gardtunet, so Hersveinarne kunde faa varma seg litet, og so vardt gjort. So sagde ho til Høvdingen, at ho vilde laga til slik Kveldsmat, som kunde høva Gjesterne hennar, men ho vantade ein Ting, som ho gjerna vilde senda Gjenta si ut etter. Det fekk ho og Løyve til, og med di fekk ho senda Bod til Nordmennerne paa Stein og segja deim, kvor trygge Svenskarne saato. Den tydske Høvdingen fyre Nordmennerne bar imot, at Overevlet var for stort, og Vegen vand aat finna i Myrkret, endaa Elden syntest; men Nordmennerne vilde

1) Kongarne kallade kvarandre Broder. 2) Støte Brotar av Tre og Stein, som dei stengde Vegen med og laago paa Lur bak um.

avstad, og Tore Hovland baud seg til aat visa Vegen, fyredi han „kjende kvar ein Gardstaur ifraa Stein til Prestagarden.“ Daa foro dei og komo dult yver Svensken og draapo 30 Mann og handtoko Løven og 160 Mann, dei andre flydde men vordo sidan drepne av Bønderne. Dagen etter Bardagen komo nokre av Svearne ridande til Garden og møtte Anna der. Formannen sette Stuttbyrsa fyre Bringa hennar og spurde so: „Kvor ero Nordmennerne, og kvor fjølge ero dei?“ Anna svarade urædd: „Tenar Du Konungen Din til aat skjota i Hel Kjerringar? Inkje hever eg talt Nordmennerne, men eg kann segja Deg, at dei ero hardla fjølge; dei samna seg der bak um Kyrkja og vilja fylgja Dykker paa Veg.“ Daa struko dei burt. Slike Skadahogg fingo fleire svenske Flokkar. Sidan vende Karl seg aat Fredrikshall. Der var Peder og Hans Kolbjørnssøner (Brøderne til Anna); dei og Klokkaren Olav Sveinsson Bakke samnade ein Friher og gaavo Karl hard Mottaka. Men Svenskarne bruto seg daa inn i Byen, medan Kulor og Takstein og Omnskivor haglade yver deim. Nordmennerne paa Fredrikssteins Borgi skuto hardt av Kanonor ned i Byen aat Svensken; men Husi livde honom for myket. Daa let Peder Kolbjørnsson kveikja Eld i Huset sit, og so gjorde dei andre lika eins kvar i sit Hus, so all Byen stod braadt i Loge. Svensken vilde sløkkja, men han laut berre forda seg ut. Den einaste Vegen var yver ei trong Bru, og der komo Kulorna i det stridaste Strok ifraa Borgi; Karl miste 16 Hundrad Mann av daude og handtekne. Sidan bidde han etter ein Skipsflote med stora Kanonor og annan Herbunad, som skulde koma til honom ifraa Sverike; so vilde han taka Fredrikssteinen. Men Peter Vessel Tordenskjold kom imillom med ei leid Pretta. Peter Vessel var fraa Trondheim, han gjorde store Manndoms-Verk paa Sjoen; i berre 10 Aar tenade han seg upp til næst det høgste Stig med Flota-Høvdingarne, og Konungen gav honom Adalsmanns Rett og Namnet Tordenskjold. Daa den svenske Floten laag i Dynekilen (i Baahus), so for Tordenskjold der til med 7 Smaaskip og fekk vita ein Dag, at mange av Høvdingarne vaaro upp i Land og hadde Veitsla; Svenskarne hadde mange Herskip og Føringar-Skip, og ein Her stod med Kanonor paa Strandi til aat verja Skipi. Tordenskjold lagde til Bardage, han

vardt hard og stod paa i 12 Timar, men endade so, at Nordmennerne hadde teket 21 Føringar-Skip og nokre Herskip og brendt upp nokre, og 931 Svenskar vaaro drepne elder handtekne. Nordmennerne hadde berre 76 daude elder saarade. Daa laut Karl fara heim atter. — I Aaret 1718 let Karl den Tolvte Herstyraren Karl Armfeldt fara inn i Trøndalaget med 9 Tusund Mann; og sjølv for han med 22 Tusund Mann imot Fredriksteinen og freistade av alt sit Evle aat taka Borgi. Men Nordmennerne varde henne væl. Daa let Karl grava Holveger imillom Bakkarne, og naar desse Vegerne naadde fram under Borgmuren, so vilde han sprengja honom med Skot. Dei hadde inkje rett langt atter til Borgi, daa stod Karl Konung ein Kveld uppmed Holvegen og saag paa Gravingi, men daa kom ei Kula ifraa Borgi og gjekk igjenom Hovdet hans, so det vardt Dauden. Etter det for Heren hans ut or Noreg. Den Sveaheren, som Armfeldt førde i Trondheim, hadde starvat med aat taka Byen; men Trønderne hadde vart seg væl, og Svensken hadde gjevet seg paa Heimvegen. Daa kom Tidendi um Karls Fall, og daa for han beinast yver Tydals-Fjellet; men der fraus Helvti av Heren i Hel atmed Dysandssjoen (Nyaarsleitet 1819). — Tordenskjold vilde taka den svenske Borgi Karlsstein atmed Marstrand; men han hadde alt for liten Mannstyrke, og fann paa manga Prettor til aat hjelpa seg med. Han spreidde ut den Tidendi, at han ventade stor Folkahjelp ifraa Danmark, og sidan sende Høvdingen fyre Borgi ein annan Høvding ned i Byen til aat sjaa etter, kvor myken Mannstyrke Tordenskjold hadde. Tordenskjold skjenkte Svensken full og gjekk so ut og synte honom same Mannstyrken i fleira Gator. Daa han kom upp i Borgi, so sagde han til Høvdingen, at all Byen var full av Tordenskjolds Menner; og det trudde Høvdingen og lovade aat gjeva seg yver til Tordenskjold ein viss Dag etter. Dagen kom, men Tordenskjold tykte, at det vardt so lenge aat venta, og so gjekk han med nokre Menner upp i Borgi. Stovoglaset var opet, og Høvdingen sat inne; Tordenskjold stak nakne Sverdet inn aat honom og ropade hardt so: „Tidi er ute, kvat hefter De etter!“ Daa vardt Høvdingen so skræmd, at han gav upp Borgi. — Denne Ufreden hadde varat i 11 Aar og endade i Aaret 1720 med slik Fredsemja, at Danerne fingo berre nokre Pengar av

Svearne. — Noreg skal hava mist ein Tridjung av Folkamengdi og Helvti av Vælferdi si i Ufreden. Nordmennerne hadde gjort dei hævaste Storverk i Striden, men dei fingo berre Vanntakk fyre det og vordo attersette fyre Danerne. — Tordenskjold vardt inkje vyrd vidare, sidan Freden vardt, han reiste utanlands og vardt drepen i Einvige med ein annan Hermann; daa var han berre 29 Aar gamal. — Paa denne Tidi vardt det sendt Prestar og Skulemeistrar til Finmarki til aat læra Finnarne Kristendomen. — Presten Hans Egede fraa Vaagen for til Grønland og vilde preka Kristendomen aat Nordmennerne der; Nordmenner var der inkje meir til aat finna, men Presten starvade trottugt med aat føra Villmennerne (Eskimo'arne) til Kristendomen. — Nordmannen Ludvig Holberg ifraa Bergen skreiv hardla mange Bøker og bergade Danskemaalet, daa det var nær ved aat verda tydsk, men han tenkte alt for litet paa Noreg, Fedralandet sit. — Tormod Torvason, ein Islending, sat paa Karmøyi og skreiv ei vidgreidande Noregs Saga, men han skreiv helder i det latinske Maal en i det danske. — Islendingen Arne Magnusson samnade gamle norske Brev og Bøker, nokot av det er enno i Kjøbenhavn. — Fredrik do i Aaret 1730.

11. Kristian den Sette. Fredrik den Femte. Kristian den Sjaunde.

Fraa Aar 1720 til 1801 hadde Riki Fred, og daa aukadest Skipsbruket og Kaupferdi og allskyns Næring og Vælferd i Noreg. Kristian den Sette styrde til 1746; han gjorde mykjet til aat fremja kristeleg Kunnskap og kristelig Tenkjemaate hjaa Folket. Biblar og gudlega Bøker komo ut, Aalmuga-Skulen vardt framhjelpt, og Konfirmationen (Trufestingi) vardt innsett. — Fredrik den Femte styrde til Aaret 1766. Han vilde gjerna gjera Folket væl og hadde ein dugleg Raadgjevar i Johan Bernstorf. Det vardt framhjelpt større Verkstader fyre Smide av Jarn og annat Emne og Vevnad, og meir Kunnskap vardt utbreidd. Nordmennerne hadde lenge ynskt ein

Allskule[1] i Landet sit, so dei kunde sleppa aat senda dei Unge utanlands aat læra, men det var eit faafengt Ynske; fyredi Danerne likade væl, at unge Nordmenner gingo nokre Aar i Kjøbenhavn og vordo bundne fastare saman med Danerne. Paa den Tidi livde 3 hæve Kunnskaps-Menner i Trondheim, Biskopen Johan Gunnerus, Gerhard Skøning og Peter Suhm; naar dei inkje kunde faa nokon Allskule, so bundo dei eit Lag av lærde Menner, Vitenskaps-Selskapet i Trondheim, som gjorde myket til aat breida ut Kunnskap. — Landaskilet imot Sverike vardt fastsett og avmerkt med ei breid Gata uthoggi i Skogen, og med Steinrøysar og andre Merke. Det var so som vanlegt, at Konungen øydde hardla mange Pengar, fyredi store Kongsgardar skulde verda bygde, og feita Veitslor haldna i Danmark. Ein ny Skatt vardt paalagd i Noreg (Atpaaskatten), 1 Dalar av kvart Mehne yver 12 Aar. Difyre gjorde Bønderne paa Vestlandet Uppstand, 4 Tusund Bønder sokte til Bergen og ranade ei Kassa og foro illa med sume Høvdingar. Uppstandet vardt nog snart stillt, men Skatten vardt daa og snart avløyst. — Ein Hertoge av Holstein hadde vordet Keisar i Ryssland og heitte Peter den Tridje; han kravde Slesvik av Danakonungen og sende Her imot Danerne. Daa luto 14 Tusund Nordmenner fara til Holstein til aat strida fyre Danerne, og dei laago der i 4 Aar. Men Lukka var, at Keisaren vardt drepen, fyrren Ufreden braut ut.

Kristian den Sjaunde styrde til Aaret 1808. Denne Tidi var lukkeleg fyre Noreg; Kaupferdi og Skipsbruket steig dygdugt fram, Rikdom og Kunnskap breidde seg ut og det som meir var, — Fridoms Hugen tok til aat vakna upp meir hjaa Nordmennerne, so dei tenkte paa den Fridomen og gode Retten, som Federne hadde havt i gamal Tid, og traadde etter det same. Mange Nordmenner trøyste seg til aat tala Noregs Sak baade i Danmark og heima og Skaldar kvaado um Fridom og Folkarett og kveikte upp Hugen i Folket med di. Kristian hadde ein Tydsker, som

1) Allskule, same som Universitet: der verda dei upplærde, som skulo vera Prestar, Sakførarar, Domarar og Stjornarmenner, Lækjarar og annat, som det tarvst stor Lærdom til.

heitte Struensee til Raadgjevar, og han styrde mest so som han sjølv vilde. Struense brøytte um manga Greidor, og eit gagnlegt Verk var det, at Prentingi vardt frigjevi, so kvar fekk Løyve til aat lata prenta Meiningarne sine i Bøker og Tidendablad, utan at nokon las igjenom det fyre aat og strauk ut nokot. Med di fingo dei kunnugaste Mennerne gjeva Folket meir Kunnskap um Retten deira. — Struensee forbraut seg imot Konungen, og Ovundmennerne hans fekk Yverhand, so han fekk Dauden. Konungen var veik i Vitet, og difyre var Ove Gullberg den fremste Stjornarmannen. Han bar fram Danerne si kjære Meining klaart og greidt soleides: Det skulde inkje vera Nordmenner og Noreg, men alt skulde vera danskt og kallast Danmark. Men Nordmennerne vaaro daa likavæl eit eiget Folk med sine Folkamerke og sin Folkarett, som og gjekk fram sidan. Sidan Aaret 1784 styrde Konungens Son Fredrik med den gilde Raadgjevaren Andreas Bernstorf Riki væl.

Paa denne Tidi var det stor Ufred og Hernad i Europa. Frankrikes Keisaren Napoleon vilde brjota under seg alle Folk, og det var berre Engelskmennerne, som stodo seg væl imot honom, av di dei hade so ovlega stor ein Sjostyrke. Engelskmennerne herjade og ranade Skipi ifraa dei andre Folk, kvar som dei funno deim paa Sjoen, fyredi dei andre Folki vaaro nøydde til aat halda med Napoleon so halvt. Difyre gjorde Danerne Samband med Ryssen, so dei skulde hjelpast aat og verja Kaupferdi deira. Engelskmennerne vilde riva sunder detta Sambandet, og dei sende den store Sjohøvdingen Nelson til Kjøbenhavn med 33 Skip. Der laag ein dansk Flote, som var mindre, men mannad mest med Nordmenner. Skirtorsdagen 1801 vardt det ein hard Bardage; endaa Engelskmennerne vaaro haldne fyre dei hardaste Stridsmenner paa Sjoen, og hadde denne Gongen stort Overevle med, so vardt det daa drepet 3 Tusund av deim, medan det fall berre 1 Tusund paa Danafloten. Men dei gamle, rotne Danaskipi vordo so sunderskotne, at dei dugde inkje meir til Born, og Engelskmennerne fingo sin Vilje fram. — Sidan fingo Engelskmennerne Njosn um det, at Napoleon vilde bruka Danerne sin Flote imot Engelskmennerne, og i Aaret 1807 sende dei ein sterk Her og Flote til Kjøbenhavn atter og kringsette Byen og skuto honom i Brand med Eldbumbor, og myket Folk sette Livet til.

Engelskmennerne luto faa Floten, so Danerne og Nordmennerne miste der den gilde Sjostyrken sin. Daa heldo Danerne seg til Franskmennerne; difyre fingo dei i 7 Aar Ufred og Sjo-Hernad av Engelskmennerne; og Noreg fekk myken Skade paa Kaupferdi si. Engelskmennerne heldo Sjovegen stengd imillom Danmark og Noreg, so Danakonungen laut setja eit serskilt Raad til aat styra i Noreg, og han laut lata Nordmennerne mest syta fyre seg sjølve. Formannen i detta Stjornar-Raadet var Kongsfrenden Kristian August, han var ein dugleg Mann og elskade Nordmennerne.

12. Fredrik den Sette. Noregs Skilnad ifraa Danmark.

Fredrik den Sette vardt Konung i Aaret 1808. Det var ei vand Tid: Engelskmennerne toko alle danske og norske Skip, som dei naadde i paa Sjoen, og herjade paa Strandsida i Noreg likasom dei gamle Vikingarne, so dei leto inkje helder Bønderne faa hava Baatarne og Sjoreiden sin uskadd. Men Nordmennerne paa mangt eit Kaupskip gjorde sløga og vaagsama Prettor til aat koma seg burt ifraa Engelskmennerne, endaa naar dei heldo paa og drogo deim til England. Dei norske Kanon-baatarne hadde mang ein heiderleg Strid imot engelskt Overevle. Dei norske Vikinga-Skip (elder Kaperskip, som Nordmennerne fingo Løyve til aat reida ut kvar paa si eigi Reikning og skada Fienden med) — dei toko og mange Kaupskip ifraa Engelskmennerne, og Herskip med vordo tekne ifraa deim. Men likavæl vardt daa Noreg myket utarmat. Nordmennerne turvte aat kaupa Korn og andre Matvaror av Utlandet; men dei fingo inkje føra heim aat seg, av di Engelskmennerne laago ute um deim paa Sjoen. Pengarne vardt det inkje stort Gagn i av Skort paa Sylv. Det vardt trong Tid og Faatøkdom i Noreg. Ataat alt detta kom endaa det, at Nordmennerne hadde Ufred med Svearne, som hjelpte Engelskmennerne. Men den gilde Høvdingen Kristian August førde Nordmennerne til Siger, dei vunno yver Svensken i Bardagarne ved Toverud (i Urskog) og Blaamyri (i Soløyr) og rak honom ut or Noreg. — Sveakonungen Karl den Trettande var gamal og sonlaus,

og Svearne luto finna seg eit Kongsemne, og so stor Byrding hadde dei fyre denne Hovdingen Kristian August, at dei baud honom til aat verda Erving til Everikes Rike. Kristian August tok ved Baket, etter at Fred var gjord (1809), og for til Sverike. Folksens gode Ynske og Vælsigning fylgde honom or Noreg, fyre di han hadde starvat trottugt med aat hjelpa Landet i Naudi og voret ein manndomsam Hovding og vensam Lagsmann aat Hermennerne. Men han do Aaret etter, vonlega av di han hadde teket seg for nær i Noreg. Daa valde Svearne ein av dei store franske Herstyrararne, som heitte Johan Bernadotte, til Krune-Erving, han kallade seg sidan Karl Johan. — Med di at Nordmennerne vaaro yvergjevne til seg sjølve soleides, og Danerne kunde inkje gjera deim Hjelp i Naudi, endaa dei lydde under Danmark, so voks Ynsket hjaa Nordmennerne um aat verda frie ifraa Danakonungens Velde. Det fann og Konungen, og han meinte, at han laut væl gjera eit godt Verk aat deim, at inkje Hugen deira skulde smuast fullt ifraa honom. Selskapet fyre Noregs Væl verkade sterkt fyre aat faa Allskule i Noreg og med aat mana upp Fridoms Hugen. I Aaret 1811 let Fredrik reisa den Allskulen i Hovudstaden, som Nordmennerne hadde traatt so lenge etter, og daa vaaro dei glade, fyredi dei hadde vunnet detta Stykket av Retten sin. I Aaret 1812 var det hardt Aar i Noreg, og det vardt so myket verre daa, naar dei ingi Tilførsla fingo; det var so hard Svult, at Folk laut eta Borkabraud til aat berga Livet med. Pengarne vordo so laake, aat 1 Papirdalr galdt inkje meir en 2 Skill. Sylv. Men Gud hjelpte so, at Hugen og Styrken deira voks med Naudi; fyredi den Tidi var nær, daa han vilde gjeva deim Tilføre til aat løysa seg or Framandveldet.

Paa den Tidi ræddadest alle fyre den Risen Napoleon Franka-Keisar; og Ryssland og England og Preussen lovade den svenske Krune-Ervingen Karl Johan, at dei skulde nøyda Danakonungen til aat gjeva ifraa seg Noreg til Sverike, fyredi Karl skulde hjelpa deim imot Napoleon. No for Napoleon til Ryssland med ein halv Million Hermenner; men Heren hans fraus i Hel der um Vettren 1812. Sidan møtte Napoleon alle Fiendarne sine i Tydskland; der var og Karl Johan med Svearne og hjelpte til, og Napoleon fekk ein slik Støyt, at det vardt no

snart ute med Valet hans. Dinæst førde Karl Johan Heren sin inn i Danmark og kravde Danakonungen til aat gjeva upp Noreg aat Sverike. Danerne komo i hand Klemba; og Fredrik den Sette gjorde den Fredsemja med Sveakonungen (i Kiel 14 Januar 1814), at han skulde hava Noreg med same Einveldet, som Danakonungen hadde havt, og Sveakonungen tok paa seg so stor Lut av den danske Riks-Skuldi, som høvde etter Folkatalet i Noreg og Danmark. Men Danerne heldo ifraa Noreg Island og Færøyarne.

IV. Noregs nye Fridoms Tid.

1. Eidsvalls-Grunnlogi av 17de Mai. Noregs Konung Kristian Fredrik.

Strakst etter Fredgjerdi i Kiel sende Danakonungen eit Brev til Nordmennerne, og i di løyste han deim av deira Truskaps Eid og Lydskylda til honom og bad deim, at dei maatte gjeva seg væl og viljugt under det svenske Høvdingskapet. Det var ei gledeleg Tidend aat Nordmennerne, at dei vaaro skilde ifraa Danmark, men gjevast under eit annat Rikes Velde, det vilde dei aldri, fyredi Danakonungen hadde ingen Rett, sagde dei, til aat gjeva burt eit heilt Folk, som inkje helder var yvervunnet, til eit annat Rike. Noreg var no atter eit fritt sjølvraadande Rike, og det skulde det verda; den Kosten vilde dei strida fyre til det sidste. Mod og Manndom skortade deim inkje. — Den sidste Riks-Styraren, som Danakonungen hadde i Noreg, var Kristian Fredrik, ein Sonarson etter Fredrik den Femte; han gav seg til aat vera i Noreg, av di han hadde Hug til aat verda teken til Konung; han sagde til Nordmennerne, at han vilde vera Høvding fyre deim, til dess dei hadde vart Fridomen sin. Nordmennerne kunde inkje ynskja honom til Konung, fyredi han var Erving til Danmark; men ein Høvding lutu dei hava, og so fekk Kristian Fredrik rø̈kta Stjorni. Han for strakst nord igjenom Landet

til Trondheim og vilde røyna, kvat Hug Folket hadde; daa fann han, at Aalmugen allstad hadde Hug og Mod til aat verja Riket imot Svensken. Gudbrandsdølerne hadde samnat seg ved Kringom til aat faa sjaa honom, og dei baado honom strakst um Krut og Bly. Ei gamal Kjerring trengde seg fram der um Kvelden med ei Skjaalykt i Handi og ropade: „Aa, lat meg faa sjaa Kongssonen!“ „Sjaa Du Moder, sjaa berre!“ sagde han. „So, Du er Kristian Fredrik?“ sagde ho og heldt Lykti nær aat Andlitet hans: „Det er fagert Kjøt og Blod i Deg, men for veik ser Du ut til aat verda Noregs Frelsarmann,“ sagde ho. Kristian Fredrik kallade dei kunnugaste Nordmenner til eit Raadalag paa Eidsvoll (den 16 Febr.). Allskule-Læraren Georg Sverdrup var ein av deim. Bonden, som skjotade honom, spurde honom, um han skulde vera med i Raadalaget paa Eidsvoll, og Sverdrup svarade ja. Bonden sagde: „Daa maa De inkje samtykkja, at Svensken fær Vald i Noreg.“ Sverdrup: „En naar Svensken kjem i Landet, kvat vilja De Bønder gjera daa?“ Bonden: „Daa vilja me setja atter Kjerringar og Ungar heima og ganga til Landaskilet alle Mann. Men kvat Du segjer elder gjerer i Dag, so kom i Hug, at Gud er atmed!“ Daa Sverdrup kom fram, so sagde dei, som hadde talat med Kristian Fredrik, at han vilde berre verda Einvalds-Konung, so no kunde Fridomen verda spillt atter. Kristian Fredrik sagde og sjølv til Sverdrup, at han kjende seg fyre rett Erving til Noregs Rike etter Fredrik den Sette. Daa rann Ordi av Bonden, „Gud er atmed,“ i Hugen aat Sverdrup og styrkte honom, og han svarade fast og urædt so: „Til di hever Dykkar konunglege Høgd inkje meir Rett en eg,“ og han greidde ut væl, at Fredrik den Sette hadde utan Rett og imot Kongalogi skift sunder Riket sit og gjevet ifraa seg Noreg; difyre kunde inkje Nordmennerne kjenna Fredsemja i Kiel fyre gjeldande; men no hadde Nordmennerne sjølve Rett til aat setja fast den Riks-Skipnaden, som dei vilde hava, og taka den til Konung, som dei funno duglegast; Arvaretten hadde Fredrik Konung sagt ifraa seg og sine Ættingar. „De hever Rett, De hever yvertydt meg,“ sagde Kristian Fredrik. Daa heldt han Raad med alle, og det vardt avgjort, at Aalmugen skulde velja Menner or kvart Fylke og By, av Heren og Floten, og dei skulde halda eit aalmennelegt Ting

elder Riksmøte paa Eidsvoll og gjera av, kvat Maate Riket skulde verda styrt paa. Ein Bønardag vardt halden yver alt Landet, og Aalmugen svor i Kyrkjorna den Eiden, at han vilde hævda Noregs Fridom og Sjølvstada. Riks-Møtet paa Eidsvoll byrjade den 10de April. Der kom Klagmaal um Naudi paa alle Leite i Landet; dei kunde venta stor Fiendher ifraa Sverike og ifraa Rysland, England og Preussen. Men Gud gav deim Mod, og den 17de Mai[1] alt hadde Tingmennerne fenget ferdug og svoret Eid til ei Grunnlog, som sagde fyre, at Noreg skulde vera eit fritt og sjølvraadande Rike med logbundi Kongastjorn. Di næst toko dei Kristian Fredrik til Noregs Konung.

Men Svearne vaaro illa nøgde med alt detta; dei hadde fenget Noreg i Herlaan, og so vilde dei og hava det. Karl Johan kom inn i Noreg med ein Svenskaher paa 35 Tusund Mann, og Karl den Trettande styrde sjølv Floten. Nordmanna-Heren (ikring 40 Tusund Mann) skortade myket baade i Kost og Vaapn og Pengar, so berre Helvti kunde ganga imot Fienden. Men Mod hadde Nordmennerne nog til aat strida fyre Fridomen, medan dei kjende Liv i seg; dei Gongerne dei støytte saman med Svensken, so stridde dei lika mannnelega som Federne hadde gjort fyrr, og dei vunno Siger yver Svensken i Lider og ved Matrand Bru[2]. Men Kristian Fredrik hadde slept Voni um aat kunna halda med Konungdomen sin i Noreg, og han baud Nordmennerne berre, at dei skulde vika undan Svenskarne, medan dei foro fram i Landet. Men so hadde det væl inkje gjenget lenge, fyrren all Aalmenningen hadde gripet Verja imot Fienden. — Karl Johan hadde og sjølv sagt, at han kunde inkje vinna Noreg med den Styrken, han hadde; Sverike var myket utarmat etter lang Ufred, so inkje Svearne helder hadde meir atter til aat kosta Herstriden med. Sveakonungen baud Nordmennerne, at dei skulde hava den Fridomen, som Grunnlogi deira sagde fyre; og Konungen Kristian Fredrik gjorde i Moss[3] slik Sætt med Karl Johan, at Kristian skulde gjeva

---

1) Den Dagen er kvart Aar ein Gledebag yver alt Landet, fyredi Fridomen var den Dagen fastsett med Løg. 2) Lider og Matrand liggja sunnan fyre Kongsvinger. 3) Moss, paa øystre Sida aat Oslofjorden.

ifraa seg Konungdomen til Folket sjølv gjenom Stortinget, so kunde Sveakonungen tinga med det, men Grunnlogi skulde inkje verda meir umbrøytt, en som det gjordest naudsynlegt fyre Samfestet med Sverike. Konungen stemnde inn Stortinget til 7de Oktober, so gav han ifraa seg Stjorni til Riks-Raadet, og sidan for han til Danmark.

2. Samfestet med Sverike. Noregs Framstig under Karl den Andre, Karl den Tridje Johan, Oskar den Fyrste og Karl den Fjorde.

Daa Stortinget var samnat i Hovudstaden, so sagde Konung Kristian Fredrik ifraa seg Riket. Daa sende Sveakonungen Menner til aat tinga med Stortinget, og den 4de November 1814 var det samtykt og vedteket, at Noreg skulde vera samfest med Sverike under same Konung; Grunnlogi var umbrøytt so, at ho høvde med Samfestet, og Sveakonungen Karl vardt vald til Noregs Konung; han sende sin skrivne Eid paa Grunnlogi, og Karl Johan var sjølv i Stortinget og svor Eiden og tok imot Folksens Truskaps Eid. Soleides heldo Nordmennerne med den Fridomen, som dei sjølve hadde skipat aat seg, og Samstet med Sverike var det, som dei klokaste Nordmennerne heldo fyre eit stort Gagn og ei god Vinning baade fyre Noreg og Sverike, og det finna alle no. Skilmaali fyre Samfestet vordo nokot greidare fastsette i Riks-Akti (av 1815), eit Brev, som det norske Stortinget og Sverikes Tingmenmenner paa Riksdagen samtykte med Konungen.

Etter Grunnlogi er Kongariket Noreg eit fritt, sjølvstandande Rike, som inkje kann verda skift elder burtlatet, og som er samfest med Sverike under same Konung. Konungens Vald er logbundet. Konungdomen er arvgjengd ned igjenom Karl Johans mannlege Ætt. Skulde ingen Krune-Erving vera til, so skal Noregs Storting og Sverikes Riksdag velja Konung saman. Konungen kan inkje verda lastad elder klagad. Han lyt høyra Meiningi av sit Raad, „Statsraadet“ (Riksraadet), og styra gjenom det. I Riksraadet er ein „Statsminister“ (Riksdrotsete) og minst sjau (no nie) Statsraadar (Riksraadar), som Konungen sjølv vel ut, alle av Nordmenner. Riksraaderne hava Aabyrg-

ſla fyre Stjorni, ſo Stortinget kann føra Dom og Refſing yver deim, naar dei inkje hava ſagt nei til ſlika Avgjerder, ſom Tinget held fyre ſkadelege. Større Motſtada kunna dei gjera imot ſlika Saker med di, at dei ſøkja ſeg ut or Riksraadet, og det gjerer inkje liten Verknad, naar dei og hava Folkſens Meining med ſeg. Konungen kann ſetja ein Nordmann elder ein Svenſke til Landshøvding (Jarl) i Noreg elder gjera Krune-Ervingen elder Son hans til Underkonung. Ellerſt ſtyrer Riksraadet, naar Konungen er i Sverike. Riksdrotſeten og 2 Riksraadar ſkulo jamnan vera med Konungen. — Konungen kann byrja Herſtrid og gjera Fred og Samband med andre Rike; han raader yver Herſtyrken, men lyt daa hava Samtykkje av Stortinget til aat nytta Noregs Herſtyrke til Aaſøkningsſtrid, ſom han ſjølv ſkal byrja. Han nemner ut Embættesmennerne; men berre dei høgſte Embættesmennerne kann verda avſette utan Log og Dom. — Folket ſjølv hever Vald ſaman med Konungen til aat gjeva Loger; og detta Valdet brukar Folket gjenom **Stortinget**, ſom vanlega ſkal ſamnaſt i Hovudſtaden tridje kvart Aar i Oktober Maaned. Stortingsmennerne verda valde av Valmennerne, og Valmennerne verda valde av dei valhavande Mennerne i kvart Preſtgjeld og kvar By. Valrett („Stemmeret") hever kvar Mann ſom er yver 25 Aar og hever voret i Riket i 5 Aar og anten er Embættesmann elder hever voret det, elder ſom er Bonde paa ſjølveigande Jord elder paa ſkyldſett Bygſlejord, ſom er feſt paa lenger Tid en 5 Aar — elder hever Borgarſkap i By elder eig Gard der ſom er verd minſt 150 Dalar. Men ingen kann nytta Valretten ſin, fyrren han hever paa Tinget ſvoret Truſkaps Eid til Grunnlogi. Stortinget legg paa Skatt og Toll, ſøkjer Pengalaan aat Riket, naar det tarvſt, læt til dei Pengarne, ſom tarvſt til Rikſens Utgifter, ſet fyre Løner oſv. Stortinget vel ut or ſeg ſjølv ein Fjordung, ſom er Lagtinget, det meire er Odalstinget. Kvart Log-Emne verd fyrſt framboret i Odalstinget anten av deſs eigne Menner elder ifraa Konungen; og naar Odalstinget hever ſamtykt det, ſo verd det ſendt til Lagtinget; verd det og ſamtykt der, ſo kann Konungen ſtadfeſta det med ſi Underſkrift til Log. Neittar Konungen ſi Stadfeſting paa det, ſo verd det Log lika væl, naar try Storting etter kvarandre ſamtykkja det lika eins. — **Valdet til aat døma** er hjaa Høgſteretten

i Hovudstaden, Yverrettarne i Stiftsstaderne og Underdomararne („Sorenskriverne“) paa Bygdar-Tingi. Konungen hever Rett til aat gjeva etter Refsingi aat slike, som inkje ero dømde av Riksretten fyre Brot imot Riksens Grunnlog elder Stjorn. — Odalstinget hever Rett til aat sjaa yver Bøkerna og Brevi, som syner Stjornar-Verki av Riksraadarne heima og av deim, som ero i Sverike med Konungen; og finnst det, at nokon hever forbrotet seg, so kann det lata honom verda dømd av Riksretten, som gjerest av Lagtinget og Høgsteretten tilsaman. — Prentingi er fri. — Adal finnst inkje. — Mest berre Nordmenner kunna faa Embætte. — Kvar Nordmann er skyldug til aat vera med i Landvorni. Noreg hever si Rikskassa og sit Pengastell fyre seg sjølv, og sit eiget Flagg.

Medan Karl den Andre[1] styrde, starvade daa Noreg seg nokot ut or den Armodi, som det ervde etter Danaveldet. Riksens Pengastell fekk Umbot med di, at Noregs Banken vardt grunnlagd i Trondheim i 1816; kvar Mann laut reida ut ein Sylvskatt, so det vardt lagt Sylv fyre 2 Millioner Dalar i Banken. Karl den Andre do i Aaret 1818.

Karl den Tridje Johan ervde baade Riki, og vardt krynd til Noregs Konung i Trondheims Domkyrkja (Aar 1818). I hans Tid vardt det gjordt myket til Gagn aat Riket. Stortinget i 1821 vardt kravt etter den Luten av den danske Riks-Skuldi, som Sverikes Konung hadde teket paa seg. Nordmennerne kunde inkje finna seg skylduge til aat reida ut desse Pengarne, fyredi dei hadde inkje kjennt Semja i Kiel fyre gjeldande; men Noregs Æra kravde det, so ingen skulde kunna segja, at han hadde greidt Skuldi fyre Noregs Rike. Eit annat godt Verk gjorde det same Stortinget i di, at det samtykte fyre tridje Gong ei Log, som gjorde Ende paa alt Adalskap i Landet, so alle Mann i Noreg hava sidan same Retten, og ingen slepp ifraa aat bera sin Lut av Landsens Tyngslor. Konungen gav fleire Gonger inn til Stortinget nokre Emne til Umbrøyte av Grunnlogi. I 1824 var det 10 slike Log-Emne, som vilde hava teket burt nokot av Folka-Fridomen, um dei hadde fenget Framgang.

---

1) I Sverike var han den trettande, i Noreg var han den andre Karl. Karl Knutsson var den fyrste.

Men Stortinget neittade deim. Konungen sette og berre **svenske** Jarlar i Landet alt til Aaret 1829. Detta og meir slikt volde nokot Illnøgje hjaa Nordmennerne. Det svenske Adalskapet angrade og paa, at Noreg var inkje gjort til svensk Landslut; difyre kunde inkje helder Nordmennerne annat en vera mistrygne imot Sverike. Men i Karls seinare Tid var god Venskap imillom Konungen og Folket og imillom Nordmennerne og den svenske **Aalmugen**. Stortinget i 1836 gav **Formannskaps Logi** og tok reint burt Landskatten, som fyrr hadde voret nedsett meir og meir, so Nordmennerne reida sidan ingen Skatt til Rikskassa. Formannskapi er ein myket gagnleg Skipnad; fyredi han læt Aalmugen sjølv i kvar Bygd og By styra sine eigne Greidor. Valrettarmennerne velja Formennerne og det fjølgmennare Raad („Repræsentanterne"); og dei leggja paa Bygdarskatten og Byskatten, og bruka Pengarne til Vegabygnad, til Aalmugaskulen og til Hjelp aat dei Faatøke og meir slikt, og skipa alt so godt, som dei vita, og som Bygdi elder Byen orkar aat kosta det. — Konung **Karl Johan do** i Aaret 1844. Folket syrgde myket etter honom.

Karls einaste Son **Oskar den Fyrste** ervde baade Riki etter Fader sin. Han var en dugleg og god Konung, og Nordmennerne elskade honom myket. Oskar gav Noreg atter dei ytre **Merke** paa Riksens **Sjølvstada**, so som eiget Her-Flagg; det er likasom Kaupskips-Flagget raudt med ein blaa Kross, som er kantad med kvitt, men det hever Kluft og Tunga og eit Samfestes-Merke, og det gamle Riks-Vaapnet, ei gyld Løva med Kruna, maalad paa raud Botn og standande paa tvo Føter og held Heilag-Olavs Øksi Hel millom Klørna. Konung Oskar gjorde myket til Gagn aat Noreg; og det var ei stor Sorg fyre baade Brødra-Folki, daa han do den 8de Juli 1859.

Oskars eldste Son **Karl den Fjorde**[1] ervde baade Riki etter Fader sin og vardt krynd til Noregs Konung i Trondheims Domkyrkja den 5te August 1860. Han styrer no. Paa Modersida ættast han ifraa **Harald Konung Haarfagre** i den 32de Ættlid. — I snart 50 Aar hever Noreg no havt Fred, og i den Tidi hever det stiget so langt fram i allskyns Vælferd, at den største Drøymar kunde

---

1) I Sverike den Femtande.

vandt hava spaatt slikt. Fridomen og Sjølvstada gjerer store Verk. Kaupferdi og Skipsbygnaden er aukad so, at Nordmennerne hava i Samhøve med Folkamengdi fleire Kaupskip en nokot annat Folk hever; Noregs Flagg syner seg paa alle Hav, og Nordmennerne ero av dei duglegaste Sjomennerne. Jordbruket hever og gjenget myket fram, med di Bønderne læra aat nytta betre Drivemaatar og aat røkta og føda Fenaden likare. Det skortar væl inkje myket i, at Folket kunde liva av Landsens eigen Avle i gode Aar, um inkje dei mange Tusund Tunnor Korn og Potetor fyre kvart Aar vordo støypte i Brennevins-Kjetelen til Skam og Skade fyre mange. — Bergverks-Drifti er større; Kongsbergs Sylverket gjever meir Sylv no en fyrr og fyller dygdugt i Rikskassa; og myket Kopar og Jarn verd selt til Utlandet. Timberdrifti er so stor, at Skogen mangstad inkje toler meir. Store Verkstader fyre Smide av Jarn og annat og store Vevnadsbruk er det vordet mange fleire av. Mange store Veger og Bruer ero gjorde, so Folk kann koma lett fram med Lass no, der som det fyrr gjekk med Slit og Dyding. Jarnveger med Eimvogner[1] verda bygde til Gagn aat Landet og til stor Framhjelp aat dei Bygderna, som naa fram til deim. Mange Eimbaatar ganga fram med all Sjostrandi og paa Storvatni inn i Landet med Gods og Ferdafolk. Dei gamle Byarne Hamar og Sarpsborg ero uppreiste, og fleire nye Kaupstader ero uppkomne. Nokre sterka Borger ero bygde til Landsens Vorn, so som dei paa Kaholmen og Horten[2]. Ein hæv Kongsgard er reist i Hovudstaden; og ein Stortingsgard er emnad paa. — Rikskassa er i nøgjande Stand. Bankens Eigodom er vorden mest ein Gong til so stor. — Men det største Merke paa Noregs Framstig maa væl det vera, at Folkamengdi hever vokset mest tvifaldt, sidan Fridomen var attervunnen. — Med Kunnskapen hever det og gjenget fram og mange Skular ero uppreiste. Men det gjeng traudt fyre Aalmugamannen aat vinna seg Kunnskap igjenom det danske Maalet (Bokmaalet), som den norske Folka-Andi hever stridt imot i fleire Aarhundrad, so at Aalmugen endaa

---

1) Eim, same som Gova (av sjodande Vatn). 2) Kaholmen ligg i Oslofjorden. Horten, vestanfyre Oslofjorden.

held sit eiget Maal upp imot det, — eit sterkt Prov paa det, at det norske Folket kann inkje hjelpast væl med nokot annat Maal en det norske.

Konung Karl hever faret myket um i Noreg og talat blidlega med Folket, so han kjenner baade detta Landet og detta Folket sit; og han hever visst baade Hug og Dug til aat gagna det. Han hever og alt no synt det, at han baade vil og veit aat halda paa Noregs Rett. Fyre slikt vil Folket visst og vita honom Takk og leggja Godtykke til honom. — Gud glede honom og vera jamnan med honom til Heppa og Vælferd fyre baade Brødrafolki.



